Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

Hushaldning budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)

Tal i heile tusen

| | 2014 Budsjett | 2013 Budsjett | Avvik kr | Avvik % | 2013 Prognose | 2012 Regnskap |
|-----------------------------------|------------------|------------------|---------------|---------------|------------------|------------------|
| Driftsinntekter: | | | | | | |
| Renovasjonsgebyr | 30 701 | 29 750 | 951 | 3,2 % | 30 099 | 29 503 |
| Andre driftsinntekter | 2 400 | 2 080 | 320 | 15,4 % | 2 353 | 2 747 |
| Sum inntekter | 33 101 | 31 830 | 1 271 | 4,0 % | 32 453 | 32 250 |
| Driftskostnader: | | | | | | |
| Varekostnad | -7 307 | -6 559 | -748 | 11,4 % | -7 095 | -6 817 |
| Sum varekostnad | -7 307 | -6 559 | -748 | 11,4 % | -7 095 | -6 817 |
| Lønn/personalkost. | -14 362 | -12 992 | -1 370 | 10,5 % | -12 373 | -13 460 |
| Avskrivning | -1 983 | -1 822 | -161 | 8,8 % | -1 739 | -1 744 |
| Andre driftskostnader | -7 607 | -8 767 | 1 160 | -13,2 % | -8 361 | -8 708 |
| Sum andre driftskostnader | -23 952 | -23 581 | -371 | 1,6 % | -22 473 | -23 911 |
| Sum driftskostnad | -31 259 | -30 140 | -1 119 | 3,7 % | -29 568 | -30 729 |
| Driftsresultat | 1 841 | 1 690 | 151 | 9,0 % | 2 885 | 1 521 |
| Finansposter: | | | | | | |
| Renteinntekter | 152 | 174 | -22 | -12,4 % | 150 | 177 |
| Aksjeutbytte | 19 | 0 | 19 | | 18 | 38 |
| Sum finansinntekter | 171 | 174 | -3 | -1,6 % | 168 | 215 |
| Renteutg. og andre finansutgifter | -887 | -824 | -63 | 7,6 % | -619 | -625 |
| Sum finansutgifter | -887 | -824 | -63 | 7,6 % | -619 | -625 |
| RESULTAT FINANS | -716 | -650 | -66 | 10,1 % | -451 | -410 |
| Resultat | 1 126 | 1 040 | 86 | 8,3 % | 2 434 | 1 111 |

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Næring budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)

Tal i heile tusen

| | 2014 Budsjett | 2013 Budsjett | Avvik kr | Avvik % | 2013 Prognose | 2012 Regnskap |
|-----------------------------------|------------------|------------------|------------|----------------|------------------|------------------|
| Driftsinntekter: | | | | | | |
| Renovasjonsgebyr | 5 077 | 4 794 | 283 | 5,9 % | 4 978 | 4 649 |
| Andre driftsinntekter | 758 | 700 | 58 | 8,3 % | 743 | 790 |
| Sum inntekter | 5 835 | 5 494 | 341 | 6,2 % | 5 721 | 5 439 |
| Driftskostnader: | | | | | | |
| Varekostnad | -697 | -741 | 44 | -5,9 % | -677 | -744 |
| Sum varekostnad | -697 | -741 | 44 | -5,9 % | -677 | -744 |
| Lønn/personalkost. | -2 131 | -2 097 | -34 | 1,6 % | -1 995 | -2 066 |
| Avskrivning | -406 | -371 | -35 | 9,4 % | -360 | -335 |
| Andre driftskostnader | -1 460 | -1 572 | 112 | -7,1 % | -1 395 | -1 275 |
| Sum andre driftskostnader | -3 997 | -4 040 | 43 | -1,1 % | -3 751 | -3 676 |
| Sum driftskostnad | -4 694 | -4 781 | 87 | -1,8 % | -4 428 | -4 420 |
| Driftsresultat | 1 141 | 713 | 428 | 60,0 % | 1 293 | 1 019 |
| Finansposter: | | | | | | |
| Renteinntekter | 15 | 19 | -4 | -18,9 % | 15 | 17 |
| Aksjeutbytte | 4 | 0 | 4 | | 4 | 7 |
| Sum finansinntekter | 19 | 19 | 0 | 2,1 % | 19 | 25 |
| Renteutg. og andre finansutgifter | -132 | -168 | 36 | -21,5 % | -127 | -120 |
| Sum finansutgifter | -132 | -168 | 36 | -21,5 % | -127 | -120 |
| RESULTAT FINANS | -113 | -149 | 37 | -24,5 % | -108 | -95 |
| Resultat | 1 028 | 564 | 464 | 82,3 % | 1 184 | 924 |

Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS

Slamtøming budsjett pr. 31.12.2014 (pr. 31.08.2013)

Tal i heile tusen

| | 2014 Budsjett | 2013 Budsjett | Avvik kr | Avvik % | 2013 Prognose | 2012 Regnskap |
|-----------------------------------|------------------|------------------|---------------|----------------|------------------|------------------|
| Driftsinntekter: | | | | | | |
| Renovasjonsgebyr | 0 | 0 | 0 | | 0 | 0 |
| Andre driftsinntekter | 5 834 | 2 900 | 2 934 | 101,2 % | 6 141 | 1 413 |
| Sum inntekter | 5 834 | 2 900 | 2 934 | 101,2 % | 6 141 | 1 413 |
| Driftskostnader: | | | | | | |
| Varekostnad | -4 478 | -2 400 | -2 078 | 86,6 % | -4 348 | -738 |
| Sum varekostnad | -4 478 | -2 400 | -2 078 | 86,6 % | -4 348 | -738 |
| Lønn/personalkost. | -475 | -240 | -235 | 98,1 % | -241 | -204 |
| Avskrivning | -7 | -2 | -5 | 250,0 % | -8 | -2 |
| Andre driftskostnader | -215 | -192 | -23 | 11,8 % | -176 | -469 |
| Sum andre driftskostnader | -697 | -434 | -263 | 60,6 % | -425 | -675 |
| Sum driftskostnad | -5 175 | -2 834 | -2 341 | 82,6 % | -4 773 | -1 412 |
| Driftsresultat | 659 | 66 | 593 | 898,5 % | 1 368 | 1 |
| Finansposter: | | | | | | |
| Renteinntekter | 0 | 0 | 0 | | 0 | 0 |
| Aksjeutbytte | 0 | 0 | 0 | | 0 | 0 |
| Sum finansinntekter | 0 | 0 | 0 | | 0 | 0 |
| Renteutg. og andre finansutgifter | -2 | -1 | -1 | 120,0 % | -2 | -1 |
| Sum finansutgifter | -2 | -1 | -1 | 120,0 % | -2 | -1 |
| RESULTAT FINANS | -2 | -1 | -1 | 90,0 % | -2 | -1 |
| Resultat | 657 | 65 | 592 | 911,0 % | 1 367 | -0 |

SSR 2014 –

Gebyrregulativ som skal godkjennast i kommunestyra:

(Alle prisar er ekskl. mva., men i prislista som skal endeleg presenterast for abonnentane vil også prisen inkl. mva. kome med. Prisen er inkl. hageavfallsgebyret som er i eit par kommunar.)

STANDARDABONNEMENT:

| Type abonnement: | Gebyr 2014: | Gebyr 2013 (samanlikning): |
|---|--------------------|--|
| Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå Henting annankvar veke | kr 3.141,60 | Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |
| Standardabonnement, sekk Sekkeløysing – 30 sekkar Henting annankvar veke | kr 3.141,60 | Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |
| Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 18 sekkar Henting kvar fjerde veke | kr 2.731,20 | Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |

STORHUSHALD:

| Type abonnement: | Gebyr 2014: | Gebyr 2013(samanlikning): |
|---|--------------------|--|
| Storhushald 240 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 36 sekkar Henting annankvar veke | kr 3.453,60 | Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |

HEIMEKOMPOSTERING:

| Type abonnement: | Gebyr 2014: | Gebyr 2013 (samanlikning): |
|-------------------------|--|---|
| Heimekompostering | kr 410,40,- i reduksjon på renovasjonsgebyr uavhengig av type abonnement. (Max to husstandar per kompostbinge) | Omtrent uendra (kun ei ørejustering) frå 2013 (då det var ei ny ordning). |

SLAMTØMING:

| Type abonnement: | Gebyr 2014: | Gebyr 2013 (samanlikning): |
|--------------------------------|--------------------|-----------------------------------|
| Tøming vanleg tank hushaldning | kr 760,- pr. år | Ned 5 % frå 2013. |

Forts.

ABONNEMENTSDELING:

| Type abonnement: | Gebyr 2014: | Gebyr 2013 (samanlikning): |
|--|--|--|
| Abonnementsdeling 140 l grøn – 240 l blå 2 husstandar, pris pr. husstand 3 husstandar, pris pr. husstand 4 husstandar, pris pr. husstand Henting annankvar veke | kr 2.731,20 kr 2.731,20 kr 2.731,20 | Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |
| Abonnementsdeling 660 l grøn – 660 l blå 5 husstandar eller meir, pris pr. husstand Henting annankvar veke | kr 2.731,20 | Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |
| (Tillegg for større dunk 240 l) | (kr 312,- pr. år pr. dunk - sjå storhushald) | (Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013)). |
| Tillegg for større dunk 370 l | kr 513,60 pr. år pr. dunk | Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |
| Tillegg for større dunk 660 l | kr 844,80 pr. år pr. dunk | Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |

FRITIDSABONNEMENT:

| Type abonnement: | Gebyr 2014: | Gebyr 2013 (samanlikning): |
|---|-------------|--|
| Fritidsabonnement, dunk (ca ¼ av standardprisen) | kr 780,- | Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |
| Fritidsabonnement, sekk (12 sekkar) | kr 780,- | Opp ca. 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |

Forts.

TILLEGGSTENESTER:

| Type abonnement: | Gebyr 2014: | Gebyr 2013 (samanlikning): |
|--|--|--|
| Utskifting av dunkar på løpande abonnement | kr 204,- pr. gong når SSR skiftar ut dunken hos abonnenten – gratis ved å levere/hente sjølv hos SSR (husk å avtale dette på førehand) | Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |
| Gebyr for ekstrahenting | kr 204,- pr. gong | Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |
| Avstandsgebyr * | Blir fastsett seinare. | -- |

* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køyreruter – gjeld avstand frå køyreveg.

TILLEGG:

| Type abonnement: | Gebyr 2014: | Gebyr 2013 (samanlikning): |
|---|-------------------|--|
| Pris pr. sekk | kr 52,- | Opp 4 % frå 2013, då det var 30 % reduksjon i forhold til 2012. (Inkl. mva. = 65,-) |
| Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement | kr 816,- pr. gong | Opp 2 % frå 2013. Prisen har vore den same i tre år (2011, 2012 og 2013). |

ANDRE SATSAR:

| | | |
|---|--|---|
| Levering til lokalmottak: | kr 2.032,- pr. tonn | Opp ca. 2 % frå 2013. |
| Minstesum ved levering til lokalmottak: | kr 52,- | Uendra frå 2013. (Inkl. mva. = 65,-) |
| Volumgebyr over 0,2 m ³ : | kr 428,- pr m ³ | Opp knapt 1 % frå 2013. |
| Dekk på felg: | kr 116,- | Opp ca. 1 % frå 2013. |
| Dekk utan felg: | Gratis innlevering på miljøstasjonen i Saunesmarka | |



Brannvernet

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | TL | Arkivsaknr: | 2012/2269 |
| | | Arkiv: | 231 |

| Utvallsaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------|---------------|------------|
| 204/13 | Formannskapet | 19.11.2013 |
| 165/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

FEIE OG TILSYNSGEBYR 2014

Møtebehandling:

Framlegg om at gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.01.2014.

Rådmannen si tilråding med framlegget ovanfor vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 19.11.2013

1. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2014 vert sett til kr 242 + mva pr. abonnent.
2. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn av 26.juni 2002.
3. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.01.2014.

Tilråding frå rådmannen:

4. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2014 vert sett til kr 242 + mva pr. abonnent.
5. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn av 26.juni 2002.

6. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

Særutskrift:

- Sevicetorget, her
- Økonomiavdelinga, her
- Brannsjef, her

Bakgrunn:

Saka gjeld fastsetjing av feie- og tilsynsgebyr for 2014.

Saksopplysningar/vurderingar:

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert utført i samsvar med samarbeidsavtale med Ulstein kommune om feie- og tilsynstenester av 6.2.2006. Avtalen går ut på at Herøy kommune leiger feie- og tilsynstenester frå Ulstein kommune på timebasis.

Status:

I samsvar med samarbeidsavtalen med Ulstein kommune om feie- og tilsynstenester har det i 2013 vorte gjennomført feiing på Remøy, Runde, Nerlandsøy og Bergsøya. Dvs. feiesone 1 som omfattar om lag ½-parten av abonnentane. Tilsyn er utført i om lag ¼ av kommunen dvs. tilsynssone 1 som omfattar Indre Herøy.

Av 2820 abonnentar manglar pr. i dag vel 780 abonnentar framleis tilkomst slik at feiing kan utførast. Talet på abonnentar utan godkjent tilkomst har siste året (2013) gått ned med om lag 50. Sjølv om dette er ein gledeleg nedgang er det enno langt opp og fram før alle abonnentar har godkjent tilkomst for feiing. Ein vil såleis måtte køyre ein ny runde med purring til dei som ikkje har tilkomstane i orden og følgje opp med fyringsforbod til dei som ikkje får retta på forholda. Trass i at mange ikkje har fått feiing på fleire år har det ikkje vorte registrert noko særleg auke i talet på pipebrannar. Det er berre dei som har lagt forholda til rette som får tilbod om feiing. Det er no svært liten misnøye med ordninga og feiar har gitt tilbakemelding om at abonnentane tek i mot han på ein svært god måte. Dette vil ein tilskrive både den generelle forståinga for viktigheita av feiing og tilsyn, godt utført arbeid av noverande feiar samt at ein har prioritert større eigne ressursar for å gjere tenestene betre.

Feiing skal etter vedteken ordning gjennomførast kvart 2. år, medan tilsyn skal gjennomførast kvart 4. år. Pr. i dag er ein ajour med feie og tilsynstenesta. I 2014 skal feiing gjennomførast i indre Herøy samt tilsyn hos ¼ av abonnentane i sone 2 dvs. Leinøy, Remøy og Runde.

Det er etter dei rutinane ein arbeider etter i dag lagt til rette for at nye eigedomar som vert tilrettelagde for feiing får tilbod om feiing når dei melder frå, uavhengig av om dei inngår i dei årlege og planlagde rundane. Utover dette er det lagt til rette for ei teneste som er tilgjengeleg gjennom heile året i samband med generell rettleiing

vedkomande piper og eldstadar samt bistand i samband med pipebrannar m.m.

Avgiftssystemet/økonomi:

Med utgangspunkt i vedtak i K-sak 126/06 vil det vere naturleg og sjå avgiftssystemet over ei 4 års periode der ein ved ovanstående tenesteintervall vil få utført 1 tilsyn og 2 feiingar. Kostnadane for desse tenestene inkl. løns- og prisstigning vert då å fordele på 4 år.

Pr. 01.01.2013 stod det 258.826 kroner i bunde driftsfond feiing. Kostnadene med feiing og tilsyn med fyringsanlegg vil i 2013 anslagsvis koste om lag 600.000 kroner. Innkravde feie- og tilsynsgebyr i 2013 er vel 690.000 kroner. Ein reknar såleis med at om lag 90.000 kroner kan setjast på fond slik at det pr. 01.01.2014 er om lag 350.000 kroner i bunde fond.

Gebyret vert også kravd inn frå dei som ikkje har tilrettelagt for feiing og dermed heller ikkje får tilbod om feiing. Tilsyn vert imidlertid gjennomført hos alle. Overskotet som har vore på tenesta skuldast i stor grad at det ikkje vert gjennomført feiing hos abonnentar som ikkje har tilrettelagt tilkomst for feiar. Kommunen må ha ein buffer på tenesta i og med at fleire og fleire abonnentar får tilrettelagt for feiing.

I 2014 vil Herøy kommune få utgifter på oppgradering til ny versjon av kommunens feie og tilsynsprogram og til innkjøp av datautstyr til bruk i felt. I og med at kommunen har pengar i fond treng ein ikkje sette opp feie og tilsynsgebyret for 2014, men behalde noverande avgift.

Vurdering og konklusjon:

Manglande feiing kan medføre fare for brann. Ein har til no køyrt ei rimeleg mjuk linje med omsyn til fyringsforbod for dei som ikkje har tilrettelagt tilkomst for feiing. Ein kan ikkje i lengda godta at vel 1/4 av abonnentane ikkje har oppfylt kravet om tilkomst for feiing då dette inneber stor risiko for tap av menneskeliv. Ein ser såleis føre seg at det vert gjennomført ein siste runde der aktuelle abonnentar vert varsla om at det vil bli nedlagt fyringsforbod dersom tilkomst ikkje vert ordna innan ein nærare fastsett frist.

Konsekvensar for folkehelse:

Brann i bustad får store konsekvensar for folkehelsa til dei som er råka i bustadbrann og deira nærmaste. Feiing og tilsyn med piper, eldstadar og slökkemiddel er godt førebyggjande arbeid for å unngå brannar.

Konsekvensar for beredskap:

Gjennomføring av feiing og tilsyn med eldstadar er eit viktig beredskapsmessig brannførebyggjande tiltak.

Konsekvensar for drift:

At om lag 780 abonnentar manglar tilkomst til pipa og dermed ikkje får feiing gjer at kommunen ikkje får yte denne lovpålagde tenesta til alle abonnentar. Alle abonnentar får tilsyn med piper, eldstadar og slokke utstyr.

For at ein skal vere sikker på å ha nok midlar til gjennomføring av feiing og tilsyn med eldstadar i 2014 vil rådmannen tilrå at det vert kravd inn gebyr på same nivå som i 2013 dvs. kr. 242,- pr. abonnent + mva.

Fosnavåg, 11.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Brannsjef

Sakshandsamar: Tore Langvatn



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | JRG | Arkivsaknr: | 2012/824 |
| | | Arkiv: | Q03 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------------|---------------|-----------------|
| 203/13 | Formannskapet | 19.11.2013 |
| 166/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

FASTSETTIG AV AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR FOR 2014.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 19.11.2013

1. Brøyteabonntar skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på Kr 260,-
2. For vegar med lengde 25 – 100 m skal det betalast kr 120,- pr. gong.
For kvar påbyrja 100 m over dei første 100 eit tillegg på kr 72,-
Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Tilråding frå rådmannen:

3. Brøyteabonntar skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på Kr 260,-
4. For vegar med lengde 25 – 100 m skal det betalast kr 120,- pr. gong.
For kvar påbyrja 100 m over dei første 100 eit tillegg på kr 72,-
Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Særutskrift: Anleggs- og driftsavdelinga
Økonomi

Vedlegg: Kopi av kostnadsindeks for drift og vedlikehald av vegar frå SSB (Statistisk sentralbyrå)

Bakgrunn for saka:

Saka gjeld fastsetting av avgiftsgebyr for brøyting av private vegar i regi av kommunen for 2014.

Saksopplysningar/ vurdering:

Dagens regelverk for brøyting av private vegar i regi av kommunen vart vedteke i K-sak 137/10 og gjort gjeldande frå årsskiftet 2010/2011.

Ordninga er meint å vere sjølvfinansierande og skulle i.h.h.t. K-sak 137/10 evaluerast etter 2 år. Ein vurderer at ordninga så langt har vore sjølvfinansierande slik intensjonen var.

Prisen på tenesta er 2-delt og for 2013 var prissatsane slik:

1. Fast årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle for alle abonnentar: kr 250,-
2. For vegar med lengde 25 – 100 m: kr 115,- pr gong
For kvar påbyrja 100 m over dei første 100 eit tillegg på kr 68,-
Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Statistisk sentralbyrå (SSB) sin indeks for vinterdrift av vegar viser ein kostnadsauke frå 3.kvartal 2012 – 3.kvartal 2013 på 3,1%.

Godtgjersla til kommunen sine brøytekontraktørar er regulert etter SSB sin indeks. Ein rår derfor til at avgiftssatsen for brøyting av private vegar i regi av kommunen inkl. den faste delen, vert auka med 3%.

Nye satsar gjeldande for 2014 vert då slik:

1. Fast årleg avgift. kr 260,-
2. Brøyting av vegar 25 – 100 m: kr 120,- pr. gong
For kvar påbyrja 100 m over dei første 100 eit tillegg på kr 72,-
Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2014.

Fosnavåg, 07.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde

[Gå til statistikkens arkiv](#)

Byggekostnadsindeks for veganlegg, 3. kvartal 2013

Publisert: 18. oktober 2013 - Neste publisering: 24. januar 2014

Økte kostnader for veganlegg

Byggekostnadene for veganlegg gikk opp 1,2 prosent fra 2. til 3. kvartal i år. Arbeidskraftkostnadene økte med 2,6 prosent, mens material- og maskinkostnadene steg henholdsvis 0,4 og 0,3 prosent.

| Byggekostnadsindeks for veganlegg. 1. kvartal 2004=100 | | | |
|--|-----------------|-----------------------------------|-----------------------------------|
| | 3. kvartal 2013 | Endring i prosent | |
| | | 2. kvartal 2013 - 3. kvartal 2013 | 3. kvartal 2012 - 3. kvartal 2013 |
| Veganlegg, i alt | 150,8 | 1,2 | 3,9 |
| Veg i dagen | 151,7 | 1,5 | 4,0 |
| Betongbru | 153,8 | 0,7 | 2,8 |
| Fjelltunnel | 144,7 | 1,0 | 4,9 |
| Drift og vedlikehold av veger, i alt | 152,1 | 2,1 | 3,8 |
| Asfaltering av veger | 171,4 | 3,3 | 3,2 |
| <u>Vinterdrift av veger</u> | 143,2 | 1,5 | 3,1 |



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | GEO | Arkivsaknr: | 2012/1957 |
| | | Arkiv: | 153 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------|------------|
| 229/13 | Formannskapet | 03.12.2013 |
| 167/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

BUDSJETTENDRINGAR 2013

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Det vert gjort slike endringar i budsjett 2013:

| | Opp/ned | Sum | *) |
|---|---------|------------|-----|
| Konto 18700 (skatt på inntekt og forue), ansvar 9013 og funksjon 800 | ned | 10 000 000 | 1* |
| Konto 18000 (rammetilskott), ansvar 9013 og funksjon 840 | opp | 8 100 000 | 2* |
| Konto 19092 (verdiuka aksjar), ansvar 9012 og funksjon 870 | opp | 3 000 000 | 3* |
| Konto 17280 (momskomp inv.), ansvar 9013 og funksjon 120 | ned | 1 770 000 | 4* |
| Konto 19050 (aksjeutbytte), ansvar 9011 og funksjon 870 | opp | 2 870 000 | 5* |
| Konto 15000 (renteutgifter), ansvar 9011 og funksjon 870 | ned | 1 000 000 | 6* |
| Konto 15100 (avdragsutg), ansvar 9011 og funksjon 870 | ned | 1 000 000 | 7* |
| Konto 18000 (statstilskott), ansvar 9011 og funksjon 870 | ned | 500 000 | 8* |
| Konto 10100 (lønn), ansvar 9017 og funksjon 190 | opp | 760 000 | 9* |
| Konto 10900 (pensjon), ansvar 9017 og funksjon 190 | opp | 120 000 | |
| Konto 10990 (arb.gj.avg), ansvar 9017 og funksjon 190 | opp | 120 000 | |
| Konto 15500 (avs. til dispfond), ansvar 9017 og funksjon 870 | opp | 2 700 000 | 10* |
| Konto 16400 (avg pliktig årsgebyr), ansvar 5131 og funksjon 353 | opp | 600 000 | 11* |
| Konto 16500 (avg pl sal av varer/tenester), ansvar 5131 og funksjon 353 | opp | 170 000 | |
| Konto 15500 (avsetning til bunde fond), ansvar 5131 og funksjon 353 | opp | 770 000 | |
| Konto 18101 (statstilskott), ansvar 1271 og funksjon 120 | opp | 650 000 | 12* |

| | | | |
|--|-----|---------|-----|
| Konto 11303 (datakommunikasjon), ansvar 1271 og funksjon 120 | opp | 650 000 | |
| Konto 18101 (statstilskott), ansvar 3421 og funksjon 244 | opp | 325 000 | 13* |
| Konto 10100 (lønn), ansvar 3421 og funksjon 244 | opp | 240 000 | |
| Konto 10900 (pensjon), ansvar 3421 og funksjon 244 | opp | 50 000 | |
| Konto 10990 (arb.gj.avg), ansvar 3421 og funksjon 244 | opp | 35 000 | |
| Konto 18101 (statstilskott) ansvar 3111 og funksjon 232 | opp | 190 000 | 14* |
| Konto 15500 (overf. til bunde fond), ansvar 3121 og funksjon 232 | opp | 190 000 | |
| Konto 18101 (øyrem statstilskott), ansvar 3121 og funksjon 232 | opp | 200 000 | 15* |
| Konto 15500 (overf. til bunde fond), ansvar 3121 og funksjon 232 | opp | 200 000 | |
| Konto 18101 (øyrem statstilskott), ansvar 3131 og funksjon 241 | opp | 600 000 | 16* |
| Konto 15500 (overf. til bunde fond), ansvar 3131 og funksjon 241 | opp | 600 000 | |
| Konto 18101 (øyrem statstilskott), ansvar 3141 og funksjon 241 | opp | 210 000 | 17* |
| Konto 1500 (overf. til disp fond), ansvar 9017 og funksjon 241 | opp | 210 000 | |
| Konto 18101 (statstilskott), ansvar 3331, funksjon 254 | opp | 780 000 | 18* |
| Konto 13700 (kjøp frå private), ansvar 3331, funksjon 254 | opp | 780 000 | |

Tilråding frå rådmannen:

Det vert gjort slike endringar i budsjett 2013:

| | Opp/ned | Sum | *) |
|---|---------|------------|-----|
| Konto 18700 (skatt på inntekt og forue), ansvar 9013 og funksjon 800 | ned | 10 000 000 | 1* |
| Konto 18000 (rammetilskott), ansvar 9013 og funksjon 840 | opp | 8 100 000 | 2* |
| Konto 19092 (verdiauka aksjar), ansvar 9012 og funksjon 870 | opp | 3 000 000 | 3* |
| Konto 17280 (momskomp inv.), ansvar 9013 og funksjon 120 | ned | 1 770 000 | 4* |
| Konto 19050 (aksjeutbytte), ansvar 9011 og funksjon 870 | opp | 2 870 000 | 5* |
| Konto 15000 (renteutgifter), ansvar 9011 og funksjon 870 | ned | 1 000 000 | 6* |
| Konto 15100 (avdragsutg), ansvar 9011 og funksjon 870 | ned | 1 000 000 | 7* |
| Konto 18000 (statstilskott), ansvar 9011 og funksjon 870 | ned | 500 000 | 8* |
| Konto 10100 (lønn), ansvar 9017 og funksjon 190 | opp | 760 000 | 9* |
| Konto 10900 (pensjon), ansvar 9017 og funksjon 190 | opp | 120 000 | |
| Konto 10990 (arb.gj.avg), ansvar 9017 og funksjon 190 | opp | 120 000 | |
| Konto 15500 (avs. til dispfond), ansvar 9017 og funksjon 870 | opp | 2 700 000 | 10* |
| Konto 16400 (avg pliktig årsgebyr), ansvar 5131 og funksjon 353 | opp | 600 000 | 11* |
| Konto 16500 (avg pl sal av varer/tenester), ansvar 5131 og funksjon 353 | opp | 170 000 | |
| Konto 15500 (avsetning til bunde fond), ansvar 5131 og funksjon 353 | opp | 770 000 | |
| Konto 18101 (statstilskott), ansvar 1271 og funksjon 120 | opp | 650 000 | 12* |
| Konto 11303 (datakommunikasjon), ansvar 1271 og funksjon 120 | opp | 650 000 | |
| Konto 18101 (statstilskott), ansvar 3421 og funksjon 244 | opp | 325 000 | 13* |

| | | | |
|--|-----|---------|-----|
| Konto 10100 (lønn), ansvar 3421 og funksjon 244 | opp | 240 000 | |
| Konto 10900 (pensjon), ansvar 3421 og funksjon 244 | opp | 50 000 | |
| Konto 10990 (arb.gj.avg), ansvar 3421 og funksjon 244 | opp | 35 000 | |
| Konto 18101 (statstilskott) ansvar 3111 og funksjon 232 | opp | 190 000 | 14* |
| Konto 15500 (overf. til bunde fond), ansvar 3121 og funksjon 232 | opp | 190 000 | |
| Konto 18101 (øyrem statstilskott), ansvar 3121 og funksjon 232 | opp | 200 000 | 15* |
| Konto 15500 (overf. til bunde fond), ansvar 3121 og funksjon 232 | opp | 200 000 | |
| Konto 18101 (øyrem statstilskott), ansvar 3131 og funksjon 241 | opp | 600 000 | 16* |
| Konto 15500 (overf. til bunde fond), ansvar 3131 og funksjon 241 | opp | 600 000 | |
| Konto 18101 (øyrem statstilskott), ansvar 3141 og funksjon 241 | opp | 210 000 | 17* |
| Konto 1500 (overf. til disp fond), ansvar 9017 og funksjon 241 | opp | 210 000 | |
| Konto 18101 (statstilskott), ansvar 3331, funksjon 254 | opp | 780 000 | 18* |
| Konto 13700 (kjøp frå private), ansvar 3331, funksjon 254 | opp | 780 000 | |

Særutskrift:

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Kommunen sitt økonomireglement gir føringar for når ein skal gjer budsjettendringsvedtak i politiske fora. For dei største avdelingane er det når dei reelle inntektene vert 5% over dei budsjetterte og for dei minste avdelingane er det ein sett ei avgrensing til at slik endring skal skje når dei reelle inntentene vert meir enn kr 100.000,- over dei budsjetterte.

I framlegget til vedtak har vi bak linjene sett opp eit nr og ei stjerne, slik 1*. Dett for at kvar einskild endring skal grunngjevast kvar for seg.

1*) Vi har budsjettert våre skatteinntekter til 253,2 mill kroner i 2013. Diverre vil vi nok ikkje oppleve den store auken dette året og vel difor å redusere budsjetterte skatteinntekter 2013 med 10,0 mill kr til 243,2 mill kr.

2*) Normalt sett gir ein skattereduksjon på 1,0 mill kr oss eit auka rammetilskott på 0,6 mill kr. På grunn av at skatteveksten på landsbasis blir høgare enn forutsett i statsbudsjettet for 2013 får vi ein auke i rammetilskotkotet som tilsvarar om lag 81% av dei reduserte skatteinntektene. Vi aukar difor budsjettert rammetilskott med 8,1 mill kr.

3*) Oslo Børs si verdiuikling fram til 01.11.2013 har vore langt høgare enn det ein budsjetterte med for 2014. I vårt budsjett hadde vi berekna ein netto vinst på totalt 3,5 mill kr (aksjar, obligasjonar og renter), medan det no ligg an til ein netto vinst på 6,5 mill kr. Sjølv sagt kan børsen endre seg fram til 31.12.2013, men i denne budsjettendringssaka må vi ta utgangspunkt i det som er kjent per dato og vel difor å auke inntektene med 3,0 mill kr.

4*) Vi var offensive (som vanleg) når vi budsjetterte med drftsinntekter som galdt momskompensasjon på investeringar i 2013. Vi budsjetterte med ei inntekt på 2,75 mill kr (20% av total momskompensasjon investeringar) men desse inntektene vert diverre mykje lavare. Dette skuldast i hovudsak 2 faktorar. For det første har vi investert mykje mindre enn det ein føresette i økonomiplan/budsjett og for det andre har ein valgt å la momsrefusjonen vere ein del av finansieringsplanen på nokre av dei prosjekta ein har gåande i 2013. Basert på den kunnskapen vi har i dag vert det foreslått å resdusere denne inntekta med 1,7 mill kr til 1,05 mill kr gjennom denne budsjettendringa. Totale momskompensasjonsinntekter per 1. november er om lag 0,9 mill kr.

5*) Aksjeutbyttet frå Tussa AS såg lenge ut til å bli mykje lavare enn budsjettert. Det ordinære budsjettet la opp til eit utbytte per aksje på kr 13.000,-. Tussa AS sitt ordinære utbytte vart kr 2.100,- per aksje, men i og med at KLP AS kom inn på eigarsida og talet på aksjar vart auka (vår eigardel vart redusert) vart det vedtatt at verdien på aksjeutvidinga skulle tilfalle eigarane. Dette utgjorde om lag kr 16.500,- per aksje. Vi vel difor å auke budsjettet for aksjeutbytte med 2,87 mill kr for 2013.

6*) Vi har i 2013 budsjettert med i alt 16,6 mill kr i renteutgifter på ansvar 9011 (renter/avdrag). Basert på det ein kjenner til per dato vil utgiftene bli om lag 15,6 mill i 2013. Våre budsjetterte renteutgifter vert med det foreslått redusert med 1,0 mill kr.

7*) Avdrag etter minsteavdragsprinsippet er budsjettert til 20,7 mill kr i 2013. Dette er høgare enn dei reelle bokførte avdragskostnadane i 2012 og også høgare enn det ein har budsjettert med i 2014. Ein vel difor å redusere denne budsjettposten med 1,0 mill kr.

8*) Statstilskott (rentekompensasjonen) er ei inntekt som vi får på lån knytt til bl.a. skular og omsorgsbygg (sjukeheimar, omsorgsbustadar m.m.). I 2013 budsjetterte vi med 3,5 mill kr i slikt tilskott, men i 2012 fekk vi berre 3,0 mill kr. Rentenivået har ikkje auka siste året og det har heller ikkje kome til nye bygg der ein får rentekompensasjon. Vi vel difor å redusere denne innektesposten med 0,5 mill kr til 3,0 mill kr.

9*) I budsjettet for 2013 tok vi med ei rammeinnsparing på totalt 1,0 mill kr og plasserte dette under område 90 (skatt, ramme, finans). Tanken bak innsparingsforslaget var å regulere denne posten opp mot vakante stillingar. Vi har ikkje fått melding om nokon vakante stillingar dette året og difor står denne posten uendra i budsjettet. Vi vel difor å sette denne budsjettposten til kr 0,-.

10*) Når alle dei 9 ovannemde endringane er summert syner det seg at inntektsveksten/utgiftsreduksjonane er om lag 2,7 mill høgare enn utgiftsveksten/inntektsreduksjonane. På grunn av at mykje som gjeld område 90 (skatt, finans, ramme etc) er usikkert vel vi å sette av denne summen til disposisjonsfond.

11*) På ansvarsområdet som gjeld kloakk er det to inntektspostar som syner auke ut over det budsjetterte i 2013. Årsgebyret ser ut til å bli om lag 0,6 mill kr høgare enn budsjettert og Herøy Vasslag har vore med i eit fellesprosjekt og skote inn 0,17 mill kr. Sidan dette er eit ansvar som skal gå i kr 0,- (sjølvfinansierande) vel vi å avsette heile summen (0,77 mill kr) til bunde fond sjølv om mange av driftspostane syner ein vekst i 2013.11.18

12*) Dette gjeld eit statstilskott til breibandsutbygging og gjeld i første rekke utbygging mot Kvalsvika. Tussa AS har utført denne utbygginga og summen er nytta til å betale dette selskapet i høve til avtale.

13)* Staten har satsa tungt på barnevern siste åra og i 2013 fekk Herøy kommune skjønsmidlar av Fylkesmannen for å styrke dette arbeidet. Ein har tilsett person i deltidsstilling og statstilskotet vert nytta slik at ein får dekt opp auka lønskostnadar (lønn, pensjon og arb.gj.avgift).

14)* og 15)* Herøy kommune har fått øymerka statstilskott for å styrke helsestasjonsarbeidet og skulehelsetenesta. Totalt utgjer dette om lag kr 390.000,-. Då ein ikkje veit kor mykje av tilskota som vert brukt i 2013 vel ein førebels å sette av summen til bundne fond.

16)* Herøy skal opprette to nye fastlegeheimlar. Ein av dei skal ligg ved Herøy legesenter og ein ved Myrvåg legesenter. Helsedirektoratet har godkjent denne opprettiga og ytt eit tilskott på kr 600.000,- til dette arbeidet. Dette er eit øymerka

tilskott som kom seint i 2013 og kostnadane i samband med dette arbeidet vil først bli utgiftsført i 2014 og ein råd difor til at summen vert overført til bunde fond.

17*) Dette gjeld forlenging av statstilskott for kommunepsykologen. Ein hadde ikkje rekna med øyremerka tilskott i 2013 og har såleis heller ikkje budsjettert med det. Denne løyvinga vel ein å setje av til disposisjonsfondet då mykje meir enn kr 210.000,- har blitt nytta til finansiering av kommunepsykologstillinga i 2013.

18*) Denne auken i det øyremerka statstilskotet gjeld ressurskrevjande brukarar i BuHab avdelinga (Nestunet). Slik det ser ut per dato har kostnadane knytt til brukarar blitt høgre enn forventa, noko som igjen gjer at tilskotet aukar. I denne saka har ein nytta brukarstyrt personleg assistent og avdelinga rår til at det auka øyremerka statstilskotet vert nytta til å kjøpe tenester frå private/andre då dette allereie er i funksjon. Totalt utgjer det om lag kr 780.000,- for 2013 etter dei berekningar som BuHab har utført.

Vurdering og konklusjon:

I denne saka har vi justert nokre kjende inntekts- og utgiftspostar. Nokre av dei er reelle postar og nokre er anslagspostar. Skatteinntektene kant t.d. bli 3,0 mill lavare enn det ein skriv i denne saka og så fall vil kommunen sine samla inntekter bli redusert med ytterlegare kr 600.000,-.

Ved å gjennomføre desse skisserte endringane har kommunen etterkome noko av det sentrale i føringar som staten gjer, nemleg at det skal vere best mogeleg samsvar mellom budsjett og rekneskap sjølv om budsjettstyringa nødvendigvis ikkje vil bli betra gjennom denne endringa.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 15.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | GEO | Arkivsaknr: | 2013/1028 |
| | | Arkiv: | 124 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------|------------|
| 212/13 | Formannskapet | 26.11.2013 |
| 168/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

TREDJE HANDSAMING. BUDSJETT 2014 OG ØKONOMIPLAN 2014-2017.

Møtebehandling:

Delt ut:

Tilråding frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Notat datert 25.11.13 – Egedomsavdelinga – Tilleggsnotat til formannskapsmøte
26.11.13

Økonomiplan 2014-2017

Notat datert 25.11.13 - Salderingstiltak frå Pleie og omsorgsavd.

Notat frå Sunnmørsbadet

Notat datert 25.11.13 u.off. §13 – Grøn omsorg.

Leiar for Økonomiavd. Geir Egil Olsen orienterte

Leiar for Kulturavd. Eileen Gjerde orienterte

Leiar for Anlegg og driftsavd. Jon Rune Våge orienterte

Det vart halde gruppemøte.

Formannskapet kom med slik ny tilråding:

1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:
Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

Arbeidsmiljø

- utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelge ressursar
- Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre god sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova.

Lokalsamfunn

- Leggje til rette for bustadbygging
- Satse på kultur og oppleving
- Omdømebygging

Økonomi

- Streng prioritering i drifta
- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond
- Ta ut synergjar gjennom samarbeid

2. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2014 (runda av til næraste kr 5.000,-).

| Område | Brutto Utgift 2014 | Brutto Inntekt 2014 | Netto Utgift 2014 | Netto budsjett 2013 |
|------------------------|--------------------------|---------------------------|-------------------------|---------------------------|
| Pol. Leiing | 3.735 | 40 | 3.695 | 4.350 |
| Adm leiing | 5.825 | 2.505 | 3.320 | 3.275 |
| Servicetorget | 3.830 | 825 | 3.000 | 2.775 |
| Fellessekretariatet | 2.345 | 155 | 2.190 | 2.300 |
| Økonomiavd | 6.865 | 700 | 6.165 | 5.975 |
| Pers og org. avd | 10.295 | 2.055 | 8.240 | 8.400 |
| IKT | 5.010 | 465 | 4.545 | 4.225 |
| Overføringar til andre | 34.650 | 25.855 | 8.795 | 8.600 |
| Barnehageavdelinga | 65.510 | 3.830 | 61.680 | 56.850 |
| Skuleavdelinga | 126.900 | 17.000 | 109.900 | 106.220 |
| Barn, familie og helse | 45.025 | 10.480 | 34.545 | 32.390 |
| Pleie og omsorgsavd. | 121.365 | 19.640 | 101.725 | 95.000 |
| Bu- og habilitering | 47.465 | 11.180 | 36.285 | 34.700 |
| Sosial g flyktning | 14.885 | 5.365 | 9.520 | 9.100 |
| Kulturavdelinga | 15.250 | 7.230 | 8.020 | 7.530 |
| Utviklingsavdelinga | 8.710 | 2.380 | 6.330 | 5.600 |
| Anlegg og driftsavd. | 37.495 | 21.255 | 16.240 | 15.110 |
| Eigedomsavdelinga | 29.505 | 14.365 | 15.140 | 15.900 |
| Samhandlingsreforma | 12.685 | 285 | 12.400 | 12.400 |

3. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2014.
4. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert Om ikkje anna vert bestemt særskilt.

5. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
- a) Barnehagesatsane følger den statlege maksimalprisordninga i 2014. Kr 2.405,- for heil plass + matpengar.
 - b) «Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert husleige vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsane for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.».
 - c) Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
 - d) Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
(Pr. 1.5.13 er 1 G kr. 85.245,-
Inntil 2 G – kr 175,- per mnd
2-3 G – kr 960,- per mnd
3-4 G – kr 1.220,- per mnd
4-5 G – kr 1.500,- per mnd
Over 5 G – kr 1.850,- per mnd
Timepris (til og med 4 timar per mnd) – kr 240,- per time
 - e) Leige tryggleiksalarmar kr 300,- per månad (kr 250,-).
 - f) Korttidsopphald institusjon kr 137,- pr døgn (kr 133,-)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
 - g) Dagplass ved institusjon kr 72,- pr dag (uendra – maksimalsats vedtatt av staten).Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
 - h) Sal av middag ved institusjonane kr 75,- pr middag (kr 70,-)
 - i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 90,- pr middag (kr 75,-)
 - j) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 1.776,- per døgn
 - k) Andre avgifter, betalingssatsar etc vert auka med 3,0 %
 - l) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming, elevavgift kulturskulen, prisar i skulefritidsordninga (SFO), vert fastsett for 2014 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.
 - m) Festeavgift vert sett til kr. 130.- pr. år pr. grav. (opp kr 5,- per år)
6. Herøy kommunestyre har lagt til grunn eit forventta utbytte frå Tussa Kraft AS på minimum kr 9.000,- pr aksje og ber rådmannen gjere selskapet merksam på dette.
7. Budsjettet for 2014 fører til slike nye stillingsheimlar:
- 100,0% stillingsheimel i servicetorget
 - 87,0% stillingsheimel i Bu- og habiliteringsavdelinga
 - 110,0% stilling med ansvar for kino- og kioskdirift ved Fosnavåg Kino.
8. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
- 9 . Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.

10. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 50.720.000,-, - for 2014. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
- 11 Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansiering i budsjettåret 2014. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
12. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
13. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2014 og økonomiplanen for perioden 2014-2017 På grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Tilråding i Formannskapet - 26.11.2013

1. Kommunestyret vedtek følgjande strategi:
Herøy kommunestyre ser folketalsvekst og positivt omdøme som dei to mest sentrale indikatorane for positiv utvikling. Kommunestyret vedtek følgjande strategi for dei 4 programområda i økonomiplanperioden:

Arbeidsmiljø

- utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling
- utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov

Tenester

- Tilpasse tenestenivået og folk sine forventingar til det kommunen kan levere innanfor tilgjengelge ressursar
- Leggje vekt på kvalitet og kompetanse på dei tenestene kommunen leverer
- Utføre god sakshandsaming i samsvar med forvaltningslova.

Lokalsamfunn

- Leggje til rette for bustadbygging
- Satse på kultur og oppleving
- Omdømebygging

Økonomi

- Streng prioritering i drifta
- Satse på tiltak som frigjev ressursar
- Byggje opp bufferfond

- Ta ut synergjar gjennom samarbeid

2. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2014 (runda av til næraste kr 5.000,-).

| Område | Brutto Utgift 2014 | Brutto Inntekt 2014 | Netto Utgift 2014 | Netto budsjett 2013 |
|------------------------|--------------------------|---------------------------|-------------------------|---------------------------|
| Pol. Leiing | 3.735 | 40 | 3.695 | 4.350 |
| Adm leiing | 5.825 | 2.505 | 3.320 | 3.275 |
| Servicetorget | 3.830 | 825 | 3.000 | 2.775 |
| Fellessekretariatet | 2.345 | 155 | 2.190 | 2.300 |
| Økonomiavd | 6.865 | 700 | 6.165 | 5.975 |
| Pers og org. avd | 10.295 | 2.055 | 8.240 | 8.400 |
| IKT | 5.010 | 465 | 4.545 | 4.225 |
| Overføringar til andre | 34.650 | 25.855 | 8.795 | 8.600 |
| Barnehageavdelinga | 65.510 | 3.830 | 61.680 | 56.850 |
| Skuleavdelinga | 126.900 | 17.000 | 109.900 | 106.220 |
| Barn, familie og helse | 45.025 | 10.480 | 34.545 | 32.390 |
| Pleie og omsorgsavd. | 121.365 | 19.640 | 101.725 | 95.000 |
| Bu- og habilitering | 47.465 | 11.180 | 36.285 | 34.700 |
| Sosial g flyktning | 14.885 | 5.365 | 9.520 | 9.100 |
| Kulturavdelinga | 15.250 | 7.230 | 8.020 | 7.530 |
| Utviklingsavdelinga | 8.710 | 2.380 | 6.330 | 5.600 |
| Anlegg og driftsavd. | 37.495 | 21.255 | 16.240 | 15.110 |
| Eigedomsavdelinga | 29.505 | 14.365 | 15.140 | 15.900 |
| Samhandlingsreforma | 12.685 | 285 | 12.400 | 12.400 |

3. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2014.
4. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert Om ikkje anna vert bestemt særskilt.

5. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
- a) Barnehagesatsane følger den statlege maksimalprisordninga i 2014. Kr 2.405,- for heil plass + matpengar.
 - b) «Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert husleige vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsane for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.».
 - c) Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
 - d) Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
(Pr. 1.5.13 er 1 G kr. 85.245,-
Inntil 2 G – kr 175,- per mnd
2-3 G – kr 960,- per mnd
3-4 G – kr 1.220,- per mnd
4-5 G – kr 1.500,- per mnd
Over 5 G – kr 1.850,- per mnd
Timepris (til og med 4 timar per mnd) – kr 240,- per time
 - e) Leige tryggleiksalarmar kr 300,- per månad (kr 250,-).
 - f) Korttidsopphald institusjon kr 137,- pr døgn (kr 133,-)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
 - g) Dagplass ved institusjon kr 72,- pr dag (uendra – maksimalsats vedtatt av staten).Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
 - h) Sal av middag ved institusjonane kr 75,- pr middag (kr 70,-)
 - i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 90,- pr middag (kr 75,-)
 - j) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 1.776,- per døgn
 - k) Andre avgifter, betalingssatsar etc vert auka med 3,0 %
 - l) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming, elevavgift kulturskulen, prisar i skulefritidsordninga (SFO), vert fastsett for 2014 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.
 - m) Festeavgift vert sett til kr. 130.- pr. år pr. grav. (opp kr 5,- per år)
6. Herøy kommunestyre har lagt til grunn eit forventta utbytte frå Tussa Kraft AS på minimum kr 9.000,- pr aksje og ber rådmannen gjere selskapet merksam på dette.
7. Budsjettet for 2014 fører til slike nye stillingsheimlar:
- 100,0% stillingsheimel i servicetorget
 - 87,0% stillingsheimel i Bu- og habiliteringsavdelinga
 - 110,0% stilling med ansvar for kino- og kioskdrift ved Fosnavåg Kino.
8. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
- 9 . Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.

10. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 50.720.000,-, - for 2014. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
- 12 Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansiering i budsjettåret 2014. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
14. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
15. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2014 og økonomiplanen for perioden 2014-2017 På grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Tilråding frå rådmannen:

Endra tilråding vil ligge føre til møtet.

Særutskrift:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Revisjonen, her
- Vest kontrollutvalssekretariat KF
- Avdelingane, her

Vedlegg:

- [Oversikt over overførte løyvingar og nye drifts og investeringstiltak 2014-2017](#)
- [Hovudoversikter drift og investering 2012-2017](#)
- [Oversikt over nye driftstiltak og driftsreduksjonar 2014-2017 med forklaringar](#)
- [Oversikt over overførte løyvingar og nye investeringstiltak 2014-2017 med forklaringar](#)

- Foreslåtte driftstiltak som ikkje vart ein del av budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017

Saksopplysningar:

Viser til dokumenta som var utsendt til formannskapsmøte 19.11.2013, F-sak 190/13.

Fosnavåg, 21.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Overførte løyvingar frå 2012-2013

| Tiltak | Total sum | Av dette tilskot | Av dette eigenkap | lån | Kommunal Finansiering |
|--|--------------------|-------------------|-------------------|------------------|-----------------------|
| Kai ved Strandteigen | 3 450 000 | 1 000 000 | | | 2 450 000 |
| Bru til Herøy gard | 3 000 000 | | | | 3 000 000 |
| Bustadar funksjonshemma | 8 950 000 | 1 500 000 | | | 7 450 000 |
| Infrastruktur byggefelt | 2 650 000 | | | | 2 650 000 |
| Kjøp av offentlege parkeringsplassar | 20 500 000 | 20 500 000 | | | 0 |
| Kloakkrammeplanen | 4 000 000 | 4 000 000 | | | 0 |
| Uteområde Øvre Fosnavåg, kommunale midlar i spleiselaget | 6 000 000 | | | | 6 000 000 |
| Klokkarhus, Tjørvåg gravplass | 500 000 | | | | 500 000 |
| Kroppspøvingsutstyr Herøyhallen | 35 000 | | | | 35 000 |
| Tilkomst og parkeringsplass Leikanger skule | 850 000 | | | | 850 000 |
| Leine Bustadfelt, skuletomta | 2 100 000 | | | | 2 100 000 |
| Ny tankbil, Brannvernet | 2 700 000 | | | | 2 700 000 |
| Overbygd tribune Bergsøy stadion | 1 800 000 | | | | 1 800 000 |
| Påbygging Helseenteret | 1 000 000 | | | | 1 000 000 |
| Rassikring Vikane | 1 650 000 | | | 1 650 000 | 1 650 000 |
| Rehabilitering kulturhuset | 500 000 | | | | 500 000 |
| Renovering av Indre Herøy kyrkje | 2 400 000 | | | | 2 400 000 |
| Skilting av kommunale vegar og gater | 100 000 | | | | 100 000 |
| Trafikktrygging | 1 000 000 | | | | 1 000 000 |
| Trafikktrygging, Skarabakken | 600 000 | | | | 600 000 |
| Utomhusanlegg Campus | 25 000 000 | | | | 25 000 000 |
| Utviding av Moltu gravplass | 2 100 000 | | | | 2 100 000 |
| Vegarm Lisjebøvegen til Campus | 7 050 000 | | | | 7 050 000 |
| Vegarm Myklebust til Campus | 9 520 000 | 9 520 000 | | | 0 |
| Ventilasjon Moltu skule | 1 650 000 | | | | 1 650 000 |
| Ventilasjon Ytre Herøy Ungdomsskule | 3 500 000 | | | | 3 500 000 |
| Sum investeringar | 112 605 000 | 36 520 000 | 0 | 1 650 000 | 76 085 000 |

2014

Økonomiplan 2014 - 2017

prioritering av tiltak

| Tiltak | Totalkostnad | Tilskott | Eigenkapital | Lan |
|---|--------------|----------|--------------|-----|
| Meirforbruk i konsekvensjustert budsjett | 4 700 000 | | 4 700 000 | |
| Auka statstilskott private barnehagar (anslag) | 2 700 000 | | 2 700 000 | |
| 100 % stilling servicetorget (frå ca 1. juni) | 350 000 | | 350 000 | |
| Arena Budsjettmodul | 90 000 | | 90 000 | |
| Valfag i Ungdomsskulen | 200 000 | | 200 000 | |
| Brukarstyrt personleg assistent | 460 000 | | 460 000 | |
| Drift av kino, kiosk og konserthus | 450 000 | | 450 000 | NB |
| Inntekter drift av kino, kiosk og konserthus | (250 000) | | (250 000) | |
| Forsikring NPE (premieauke) | 150 000 | | 150 000 | |
Lokalene må ikke benyttes på noen måte som er sjenerende for eiendommen eller eventuelle andre leietakere. De må heller ikke anvendes på noen måte som betinger forhøyelse av assuransepremien eller andre utgifter, med mindre det foreligger skriftlig samtykke fra eieren.

3 LEIEFASTSETTELSE

Leietaker skal betale årlig forskuddsleie med kr 1 500 000 med tillegg av merverdiavgift.

Leien faktureres forskuddsvis per måned med kr 125 000 med tillegg av merverdiavgift.

4 LEIETID OG OPPSIGELSE

Leieforholdet tar til 01/11 2009 og kan sies opp med 3 måneders skriftlig varsel.

5 OVERLEVERING AV LOKALENE

Lokalene stilles til disposisjon og lokalene leveres nøkkelferdig med tilhørende inventar og utstyr.

Enhver reklamasjon med hensyn til lokalenes tilstand ved overtakelse må være fremsatt innen 14 - fjorten - dager etter overtakelse, og det som kreves rettet må oppgis. Ellers regnes forholdet som godtatt.

6 MERVERDIAVGIFT/SÆRLIGE FORHOLD

Utleier er frivillig registrert i merverdiavgiftsmanntallet for utleie av fast eiendom. Leie, fellesutgifter og andre utgifter knyttet til leieforholdet (de arealer som brukes i avgiftsregistrert/kompensasjonsberettiget virksomhet) tillegges merverdiavgift med den til enhver tid gjeldende sats. Leietaker skal legge frem dokumentasjon på at virksomheten er registrert i merverdiavgiftsmanntallet, eller er kompensasjonsberettiget i henhold til lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommune mv.

Leietaker er klar over at den faktiske disponering av leieobjektet er avgjørende for leietaker sin fradragsrett for inngående merverdiavgift. Endret bruk av leieobjektet, i form av enten endret faktisk bruk eller fremleie, må ikke finne sted uten utleier sitt skriftlige forhåndssamtykke. Samtykke kan ikke nektes uten saklig grunn.

På bakgrunn av avgiftsmyndighetens dokumentasjonskrav skal leietaker årlig, og senest innen 31.12, gi en oversikt over bruken av de leide lokalene. Ved fremleie til avgiftsregistrert fremleietaker skal leietaker være frivillig registrert i merverdiavgiftsmanntallet for slik utleie. Fremleietaker skal dokumentere registrering i merverdiavgiftsmanntallet. I fremleietilfellet skal fremleier årlig utarbeide en oversikt over bruken av lokalene.

I tillegg til oversikt over bruken av lokalene skal leietaker/fremleietaker årlig, og senest innen 31.12, legge frem opplysninger om:

- a) påkostninger som leietaker/fremleietaker har foretatt.
- b) tidspunkt for påkostningene.
- c) anskaffelseskostnader uten merverdiavgift.
- d) total merverdiavgift.
- e) fradragsført merverdiavgift ved anskaffelsen også angitt i prosent.
- f) de justeringer som virksomheten skal gjøre etter bestemmelsene i merverdiavgiftsloven §§ 26 d og 26 e, spesifisert med beløp per år.

Dersom utleier plikter å tilbakeføre merverdiavgift etter merverdiavgiftslovens regler som følge av leietakers bruksendring som nevnt over, skal leietaker erstatte fullt ut tilbakeføringsbeløpet, samt eventuelle rentekrav og øvrige kostnader forbundet med tilbakeføringen. Det samme gjelder dersom tilbakeføringskravet skyldes manglende oversikt over leietakers/ fremleietakers bruk, eller manglende bekreftelse på at leietaker i fremleieforholdet er frivillig registrert.

Eventuelle tap for utleier i form av redusert fradragsrett som følge av fremleien eller fremleietakers disposisjoner, pliktes erstattet av leietaker i henhold til avsnittet ovenfor. Eventuelle utgifter forbundet med leietakers søknad om frivillig registrering ved fremleie bæres av leietaker. Leietaker er dessuten ansvarlig for at den endelige fremleie skjer til virksomhet som legitimerer fradragsrett for merverdiavgift for utleier.

Eventuelle erstatningskrav som følge av mislighold av bestemmelsene i dette punkt 6 forfaller til betaling ved påkrav.

Ved eventuelt opphør av leieforholdet skal ikke utleier overta justeringsforpliktelser som leietaker måtte ha. Eventuelle fremtidige justeringsforpliktelser skal leietaker gjøre opp med skatteetaten.

I fremleietilfelle trer fremleietaker inn i leietakers fremtidige justeringsforpliktelser.

7 TINGLYSING M.V.

Denne leieavtale kan tinglyses og pantsettes på eiendommen med prioritet og uten opptrinnsrett etter de pengeheftelser som til enhver tid måtte påhefte eiendommen.


Dersom leiekontrakten tinglyses, er Leietaker forpliktet til å besørge den tinglyste leiekontrakten slettet når leieforholdet er avviklet på grunn av leietidens utløp, eller at leiekontrakten er opphørt på grunn av avtale, utkastelse, leiers konkurs etc.


8 TVISTELØSNING

Tvister vedrørende forståelse av denne avtale, dens innhold eller fortolkning, skal søkes løst gjennom forhandlinger. Blir tvisten ikke løst ved forhandlinger, skal tvisten løses ved domstolsbehandling.

Denne kontrakt er opprettet i 2 - to - likelydende eksemplarer, ett til hver av partene.

Herøy, den 26/11 2009


Herøy Varmtvassbasseng AS


Herøy kommune



Helsing

HERØY KOMMUNE
Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

| | | | |
|---|-----------|----------------------------|-----|
|  | | HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN | |
| Reg.nr. | 2013/1028 | Saksbeh. | GEO |
| 25 NOV. 2013 | | | |
| Ark.kode P | 124 | | |
| Ark.kode S | | | |
| J.nr. | | Dok.nr. | 10 |
| Kassasjon | | | |

Kopi
EKU

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Olav Runde [<mailto:olav.runde@tussa.com>]

Sendt: 24. november 2013 20:42

Til: postmottak

Emne: Runde Turistinformasjon

Hei,

Rådmannen må få dette så snart råd er. Sak for 2014-budsjettet.

mvh

Olav Runde

Runde Grendalag - 2013

| Runde Grendalag - 2013 | | |
|------------------------|--------------------------------------|---------------------------|
| | Årstall | |
| | Avdeling | 3 |
| Kontonr | Kontonamn | Turistinfo 1-12 |
| 3200 | Inntekter | 0 |
| 3400 | Offentleg tilskot | 75 000 |
| 3600 | Utleige | 0 |
| 3900 | Andre inntekter | 0 |
| 3905 | Mottatt momskompensasjon | 0 |
| 4300 | Innkjøp til kafe ? | 0 |
| 5000 | Lønn til ansatte | -52 920 |
| 5180 | Avsatte feriepenger | -5 398 |
| 5182 | Arbeidsgj avg av avsatte feriepenger | -572 |
| 5400 | Arbeidsgiveravgift | -5 610 |
| 6200 | Elektrisitet | 0 |
| 6300 | Leie lokaler | -16 207 |
| 6320 | Renovasjon, vann, avløp o.l. | 0 |
| 6360 | Renhold | 0 |
| 6550 | Kostnadsført datautstyr | 0 |
| 6560 | Rekvisita | -2 268 |
| 6600 | Rep. og vedlikehold bygninger | 0 |
| 6605 | Rep. og vedlikehold Kloakk | 0 |
| 6620 | Rep. og vedlikehold utstyr | 0 |
| 6705 | Regnskapshonorar | -8 794 |
| 6800 | Kontorrekvisita | 0 |
| 6900-6999 | Telefon / ADSL | -9 727 |
| 7320-7322 | Reklameavis/-katalog mv | 0 |
| 7400 | Kontingent, fradragsberettiget | 0 |
| 7500 | Forsikringspremie | 0 |
| 7770 | Bank og kortgebyrer | 0 |
| 7790 | Annen kostnad | 0 |
| 8000-8099 | Renteinntekt | 0 |
| 8100-8199 | Purregebyr, renter, etc | 0 |
| SUM | | -26 496 |

Sesongrapport for Runde Turistinformasjon 2012

av Elise Runde

Innhold

Lokale og opningstider

Informasjonshandtering

Besøktal

Bemanning og rekneskap

Lokale og opningstider

Som i fjor heldt vi også dette året til i lokala til tidlegare Runde Kafé ved Runde Hamn. Turistinformasjonen opna den 20. juni, og heldt ope til den 7. august. Sesongen byrja dette året seinare enn tidlegare grunna at søknaden til kommunen om finansiell støtte vart behandla først den 17. juni. Halvert finansiell støtte gjorde at vi i tillegg måtte forkorte opningstidene og framskande sesongslutt i forhold til året før. Som tidlegare år hadde vi lengst opningstider i juli, då dette er månaden med størst pågong.

Opningstider 2013

Juni: 10.00 – 17.00

Juli: 10.00 – 18.00

August: 10.00 – 16.00

Informasjonshandtering

Turistinformasjonen informerer hovudsakleg om Runde og fuglefjellet. Om kundane har andre spørsmål, t.d. om ferjeruter eller booking av hotell/båtreiser andre plassar enn Runde, er vi også behjelpelege med dette. Vi er dagleg i kontakt med dei ansvarlege for båtturar rundt øya, informerer turistane om ledig kapasitet og har eit samarbeid om reservering av billetter på ein av båtane. I tillegg har vi ein oversikt over overnattingsmuligheiter på øya, og formidlar kontakt mellom turistane og utleigarane ved behov. I lokala finn turistane diverse brosjyrer, bøker og kart både om Runde og om plassar/aktivitetar i nærleiken, vêrvarsel, samt tilgong til data og trådløst internett.

Besøktal

Vi fører ei skjematisk oversikt over antal besøkande. For å få eit best muleg bilete av kven som dreg nytte av tenestene våre, noterar vi også kva nasjonalitet dei forskjellige turistane har. I tillegg får vi forespurnader på telefon, e-post og facebook-sida vår, men desse er ikkje medrekna i besøkstalet.

Oversikt 2013

Antal besøkande, juni (11 opningsdagar): 295

Antal besøkande juli (31 opningsdagar): 1645

Antal besøkande August (7 opningsdagar): 355

Antal besøkande totalt (49 opningsdagar): 2295

Dette gir eit gjennomsnitt på 49 per dag, og eit gjennomsnitt på 53 per dag i juli. Blant nasjonalitetar er Norge best representert: 26,23%, etterfulgt av Tyskland: 24,53% og Nederland: 10,50%. I tillegg har vi også besøk frå meir fjerntliggande stadar, som USA, Japan, Kina og Australia. Full statistikkoversikt er lagt ved.

Som fleire andre delar av turistnæringa har vi merka ein nedgong i besøkande dette året.

Bemanning og rekneskap

Vi har dette året vore to personar som har hatt ansvaret for den daglege drifta av turistonformasjonen.

| Namn | Stilling | Tilsetjingsperiode | Timar |
|----------------|-------------------------|---------------------------|--------------|
| Lisa Vanvikaas | Informasjonsmedarbeidar | 20.06.13 – 01.08.13 | |
| Elise Runde | Informasjonsmedarbeidar | 20.06.13 – 09.08.13 | |

Det vart samanlagt utført XXX betalte arbeidstimar denne sesongen. Rekneskapet er vedlagt.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

NAV Herøy

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|--------|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | BERLYN | Arkivsaknr: | 2013/1317 |
| | | Arkiv: | 034 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------|------------|
| 222/13 | Formannskapet | 03.12.2013 |
| 169/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

OVERFØRING AV STILLING BUSTADKONSULENT FRÅ NAV HERØY TIL EIGEDOMSAVDELINGA

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 03.12.2013

1. Stillinga som Bustadkonsulent, og tilhøyrande lønsmidlar, overførast frå NAV Herøy til Eigedomsavdelinga
2. Tenestene knytt til stillinga blir også flytta til Eigedomsavdlinga, jmf saksutgreiinga
3. Overflyttinga skjer så snart det er praktisk mogleg

Tilråding frå rådmannen:

4. Stillinga som Bustadkonsulent, og tilhøyrande lønsmidlar, overførast frå NAV Herøy til Eigedomsavdelinga
5. Tenestene knytt til stillinga blir også flytta til Eigedomsavdlinga, jmf saksutgreiinga
6. Overflyttinga skjer så snart det er praktisk mogleg

Særutskrift:
Rådmannen
Eigedomsavdelinga v/ Robert Myklebust
NAV Herøy v/ Berit Lyngstad

Prenta vedlegg:

Vedlegg

1 K-sak 94/11: Oppretting 100 % stilling som bustadkonsulent

[K-sak 94/11](#)

Saksopplysningar:

I K-sak 94/11 blei det vedtatt å opprette ei stilling som bustadkonsulent.

Kommunestyret handsama saka i møte 22.06.11 og gjorde slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek å opprette 100 % stilling som bustadkonsulent.

Kostnaden er rekna til kr 520 000 på årsbasis, og vert foreslått dekt ved bruk av flyktingefond (disposisjonsfond)

I løpet av 2 – 3 år når ting har stabilisert seg og ein kan sjå effekt av tiltaket, ber kommunestyret om at den samla stillingskabaln ved Nav vert vurdert ned på dagens heimelsnivå ved omdisponering av stillingsheimlar som evt. kan verte ledige.

Organisering av stillinga:

Stillinga har vore eit samarbeid mellom Egedomsavdelinga og NAV Herøy. Om lag halvparten av stillinga har blitt brukt til informasjon om og sakshandsaming av Startlån, ei teneste lagt til NAV Herøy. Den andre halvparten har blitt brukt til oppfølging av kommunale utleigebustader, leigekontraktar, tekniske inspeksjonar mm. Dette er tenester underlagt Egedomsavdelinga. Kontorstad og personalansvaret har vore lagt til NAV Herøy v/leiar.

Den foreløpige evalueringa viser at stillinga har hatt ein viktig funksjon:

- betre oppfølging av den einskilde husleigekontrakt
- betre rutinar ved inn- og utflytting
- betre oppfølging av bustadene ved tekniske inspeksjonar
- betre rullering av bustader, større overgang til den private bustadmarknaden ved leige eller kjøp
- færre saker knytt til totalrenovering grunna jevnlege besøk
- gode rutinar for rapportering i Husbanken sine system Startrap og Startsak

Bustadkonsulentstillinga har gitt Egedomsavdelinga og NAV Herøy auka kompetanse på, og auka forståing av, kvarandre sine oppgåver og utfordringar knytt til det. At ein no ønskjer å overføre stillinga til Egedomsavdelinga skuldast fleire viktige faktorar:

1. Startlån - meir effektiv og meir kvalitativ sakshandsaming

Ved sakshandsaming av Startlån nyttar bustadkonsulenten i alle hovudsak kommunale datasystem som Ephorte, samt Husbanken sine system StartSak og StartRap. Desse systema får ein ikkje nytta fullt ut i NAV, grunna dataløysingane. Det betyr meirarbeid for Fellessekretariatet og for bustadkonsulenten, som blant anna må skrive ut og sende papirversjonar seg i mellom, da det er uråd å ta utskrift av desse frå Ephorte på NAV-kontoret.

Bustadkonsulentene har ofte behov for å rådføre seg med økonomiavdelinga, og det er til slutt dei som utbetalar låna som blir gitt. Tilsagnsbrev og lånedokument må også her sendast mellom NAV og rådhuset. Ein større nærleik til økonomiavdelinga, og dei andre avdelingane på Rådhuset, vil gje raskare avklaring i vanskelege saker, raskare effektivering av vedtak, og ein slepp mykje unødvendig dobbelt-arkivering.

2. Forankring av ansvar

Eigedomsavdelinga har ansvar for bustadsosial handlingsplan. Avdelinga skal innhente ei behovsvurdering frå dei ulike avdelingane som treng bustader, innan rus, psykisk helse, pleie- og omsorg, bu- og habilitering, og andre vanskelegstilte. Det er krevjande for leiaren av avdelinga å ta dette ansvaret når leiaren og bustadkonsulentene, som er sekretær for planen, ikkje møtast i det daglege, og ikkje er daglig involverte i kvarandre sitt arbeid. Det fører også til at andre avdelingar i kommunen blir usikker på kven som egentlig har ansvaret.

3. Forventningar til bustadkonsulentene

Sida stillinga ligg på NAV, har mange brukarar forventa at bustadkonsulentene også skal kunne hjelpe dei med andre ting. Det kan handle om at utleige av kommunale bustader blir sett på som eit tiltak og ikkje ei ordinær leigekontrakt, at teknisk oppfølging av leigeforhaldet blir sett på som besøk av miljøterapeut, eller det kan handle om at startlånet er ei rett på lik linje med andre ytingar NAV-kontoret handsamar. Dette har ført til fleire unødvendige vanskelege situasjonar, for brukarane som ikkje opplever å få innfridd forventningane sine, og for bustadkonsulentene som for mange brukarar har blitt ein sosialarbeidar. Vi meiner at ei overflytting av stillinga vil «reindyrke» sakshandsaminga av startlån og tildeling/oppfølging av kommunale bustader slik at ordninga blir brukt på en riktig måte.

4. Utnytting av restkapasitet

Bustadkonsulentene opplever at det i periodar er svært mykje å gjere, og i andre periodar mindre arbeid. På NAV-kontoret greier ein ikkje å nyttiggjere seg dette. Det er ingen andre oppgåver på kontoret bustadkonsulentene kan gjere, eller har kompetanse til å gjere. Det er heller ingen andre på NAV-kontoret som har same type kompetanse som bustadkonsulentene. Dette gjer ordninga veldig sårbar ved ferie eller anna fråvær. Ved ei overflytting blir situasjonen ein annan. Bustadkonsulentene har ei kompetanse som fleire avdelingar på rådhuset har behov for. I periodar med mindre arbeid, kan Eigedomsavdelinga nyttiggjere seg denne ledige kapasiteten på andre områder i avdelinga. Dette er også i tråd med kommunestyret sitt vedtak, om å evaluere den samla stillingskabalene ved NAV og vurdere ei evt omdisponering.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Betre samordning og større effektivitet i sakshandsaming Startlån
Rolleavklaring og avklaring av forventningar til bustadkonsulenten
Betre utnytting av restkapasitet

Fosnavåg, 06.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Berit Lyngstad
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Lyngstad



HERØY KOMMUNE
Rådmannen

SAKSPROTOKOLL

| | | | |
|----------------|----|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | RS | Arkivsaknr: | 2011/563 |
| | | Arkiv: | 411 |

| Utvaksaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------------|---------------|-----------------|
| 183/11 | Formannskapet | 14.06.2011 |
| 94/11 | Kommunestyret | 22.06.2011 |

OPPRETTING 100 % STILLING SOM BUSTADKONSULENT

Tilråding:

Kommunestyret vedtek å opprette 100 % stilling som bustadkonsulent.

Kostnaden er rekna til kr 520 000 på årsbasis, og vert foreslått dekt ved bruk av flyktningefond (disposisjonsfond)

I løpet av 2 – 3 år når ting har stabilisert seg og ein kan sjå effekt av tiltaket, ber kommunestyret om at den samla stillingskabalen ved Nav vert vurdert ned på dagens heimelsnivå ved omdisponering av stillingsheimlar som evt. kan verte ledige.

Møtebehandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2011

Kommunestyret vedtek å opprette 100 % stilling som bustadkonsulent.

Kostnaden er rekna til kr 520 000 på årsbasis, og vert foreslått dekt ved bruk av flyktningefond (disposisjonsfond)

I løpet av 2 – 3 år når ting har stabilisert seg og ein kan sjå effekt av tiltaket, ber kommunestyret om at den samla stillingskabalen ved Nav vert vurdert ned på dagens heimelsnivå ved omdisponering av stillingsheimlar som evt. kan verte ledige.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 22.06.2011

Kommunestyret vedtek å opprette 100 % stilling som bustadkonsulent.

Kostnaden er rekna til kr 520 000 på årsbasis, og vert foreslått dekt ved bruk av flyktningefond (disposisjonsfond)

I løpet av 2 – 3 år når ting har stabilisert seg og ein kan sjå effekt av tiltaket, ber kommunestyret om at den samla stillingskabalen ved Nav vert vurdert ned på dagens heimelsnivå ved omdisponering av stillingsheimlar som evt. kan verte ledige.

Særutskrift:

Nav-leiar for oppfølging

Eigedomsleiar

Økonomileiar

Personalleiar

SAMANDRAG:

Rådmannen foreslår oppretting av ei stilling som bustadkonsulent for å dekkje opp for auka arbeidsmengde med Husbankordningane og bustadforvaltninga. Staten har utvida rammene formidabelt for startlån og bustønad, samtidig som staten har lagt sterke føringar til auka forventingar frå andre målgrupper. Dette har auka kompleksiteten og arbeidsmengden med sakshandsaminga.

I tillegg er bustadformidlinga i eigedomsavdelinga også svært pressa pga av for lite ressursar.

Rådmannen finn ikkje anna råd enn å tilrå å opprette ei stilling for å handtere dette saksfeltet forsvarleg og samtidig kunne gi betre rammevilkår både for Nav og eigedomsavdelinga.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Sidan oppstarten av NAV Herøy i august 2009 har det skjedd fleire endringar som krev ei nytenking. Dette gjeld særskilt utfordringar knytt til kommunale bustader, Husbankens låne- og tilskottsordningar, fleire hus på tvangssal og fleire brukarar som treng forvaltningshjelp for å behalde bustad.

Husbankens låneordningar

Då NAV Herøy tok over sakshandsaminga av Husbankens ordningar på Startlån, Bustøtte og Bustadtilskott i 2009, blei det ikkje overført ressursar til dette arbeidet. Det var forholdsvis få saker som blei behandla kvart år, og dei fleste sakene var forholdsvis enkle. I dag er bilete eit anna, med fleire og meir komplekse saker.

Startlån – enorm økning i bruken av startlån

I ei pressemelding frå Husbanken i mai 2011 kan dei fortelje om ei enorm auke i bruken av Startlån, og dei ber om at kommunane er meir aktiv i sin informasjon om denne ordninga. Regjeringa har ein visjon om at "alle skal kunne bu godt og trygt", og har i dei siste åra økt midlane til dette formålet. Husbanken sjølv har også intensivert informasjonen om ordninga, og dette har ført til fleire søkarar.

Målgruppa for bruk av startlån er: unge i etableringsfasen, barnefamiliar, einslege forsørgjarar, funksjonshemma, flyktningar, personar med opphald på humanitært grunnlag og andre økonomisk vanskeligstilte husstandar

Tildelte Startlån 2005-2010

| År | Innvilget | Sum | Snittsum |
|------|-----------|-----------|-----------|
| 2005 | 5 | 2 940 000 | 588 000 |
| 2006 | 1 | 800 000 | 800 000 |
| 2007 | 4 | 1 400 000 | 350 000 |
| 2008 | 7 | 7 700 000 | 900 000 |
| 2009 | 5 | 6 680 000 | 1 336 000 |
| 2010 | 5 | 6 960 000 | 1 392 000 |

| | | | |
|-------|----|------------|---------|
| Total | 32 | 26 380 000 | 824 375 |
|-------|----|------------|---------|

Pr mai 2011 har NAV Herøy motteke 10 nye søknadar om Startlån. Alle ønskjer fullfinansiering av bustad, og berre ein søker tilhøyrer kategorien "unge i etableringsfasen". Dei andre er økonomisk vanskelegstilte. I to av sakene er det begjært tvangssal på bustad. Sakshandsaminga av desse sakene er krevjande. Sjølv om ein ikkje ønskjer å nytte startlån i dei ulike sakene, skal dei handsamast på ein ansvarleg måte, informasjon må innhentast og ein må gjennomføre nødvendige samtaler med søker.

Bustøtte

Dei som har låge inntekter og høge utgifter på husleie/huslån, kan søkje Husbanken om bustøtte. Også denne ordninga har hatt ei auke. I 2009 ble det utbetalt totalt 2 190 879 til 149 brukarar, i 2010 blei det utbetalt kr 2 526 988 til totalt 156 brukarar. Dette er ei viktig ordning, då mange av mottakarane elles ville hatt behov for og rett på supplerande sosialhjelp.

Samarbeid med bankane

I dag er det vesentleg vanskelegare å få eit lån i ein bank, enn det var for nokre år sidan. Bankane kan ikkje lenger fullfinansiere bustadar, og krava dei set til lånetakarane har vorte strengare. Det er viktig at kommunen har eit tett og godt samarbeid med dei lokale bankane, både for å skape ei god løysing i vanskelege saker, men og for å få fleire saker med toppfinansiering og færre saker med fullfinansiering.

Mellombelse kommunale bustadar

NAV Herøy disponerar mange bustadar som er meint som eit tiltak for brukarar som er i ein vanskeleg situasjon. I dag er situasjonen slik at mange bustader er i ferd med å bli ei varig løysing for leigetakaren. Husleigeavtalene er i utgangspunktet på 3 år, og det er ein intensjon at brukarane skal over i eigen leigd eller eigd bustad etter den tid. Dette krev ei oppfølging frå både eigedomsavdelinga og Nav. Arbeidsdelinga vil vere slik at eigedomsavdelinga følgjer opp kontraktane og informerar leigetakaren om vilkåra for bustad, mens Nav følgjer opp brukaren og hjelper til med å finne ny bustad. Nokre av leigetakarane vil ha små moglegheiter til å finne seg anna eigna bustad, og desto viktigare er det å få "omløp" på dei andre bustadane.

For å lukkast med dette er det viktig å sjå dei statlege verkemidlane i ein større samanheng. For kvar leigetakar som kjem seg inn på bustadmarknaden er ein økonomisk fordelaktig, for den einskilde, for NAV og kommunen.

Det er stadig venteliste for kommunale bustader. Det er ein individuell rett i lova at Nav skaffar midlertidig bustad, mens det er ein kommunal plikt å kunne hjelpe vanskelegstilte med ein kommunal bustad.

Bustader for flyktingar

Den same problematikken ser ein når det gjeld bustader for flyktingar. Ein treng tettare oppfølging av begge avdelingane i kommunen. Når flyktingane blir buande

ut over den ønska perioden, hindrar dette oss i å busette fleire flyktningar, noko som også har direkte konsekvens på økonomien.

Teknisk vedlikehald på kommunale/flyktningbustadar

Veldig ofte når ein leigetakar flyttar ut, er det nødvendig å pusse opp og/eller renovere bustaden før den kan leigast ut til andre. Det er ønskeleg å lage rutiner for årlege inspeksjonar. Dette skal gjerast av eigedomsavdeling og Nav i samarbeid. Eigedom vil ha ansvaret for sjekkliste på dei tekniske områda og avdekke feil og/eller manglar. NAV vil ha ansvar for å rettleie leigetakaren der det avdekkast eit behov. Dette kan vere ved feil bruk av utstyr eller manglande forståing av konsekvensar (vann, straum, utlufting, steiking osv).

VURDERING

Nav er pressa på oppgåver både på kommunale og statlege området. Frå sentralt hald i staten synest det ikkje å vere ei ansvarleg haldning for å tilpasse ressursane til oppgåvene. Kommunen bør etter mitt syn syne større ansvar og syte for at vi stiller opp med ressursar for at både brukarane skal få tenester med kvalitet, og at dei tilsette får arbeidsvilkår som stettar krava i arbeidsmiljølova. I tillegg er eigedomsavdelinga også underdimensjonert på ressursar.

Sjølv om rådmannen likar dårleg å tilrå nye stillingar midt i budsjettåret, så finn eg det likevel nødvendig for å drive forsvarleg i høve brukarane og tilsette. Rådmannen tilrår derfor oppretting av stilling som bustadkonsulent med følgjande hovudarbeidsområde:

- behandle startlån, bustønad, grunnlån og bustadtilskott
- samarbeide med bankane (for å få fleire toppfinansieringar og færre fullfinansieringar)
- samarbeide med meklarar og få god kunnskap om bustadmarknaden og utbyggingsplanar
- samarbeide med nærliggande kommunar om beste praksis
- holde seg oppdatert på prosjekter og muligheter i Husbanken og foreslå slike her
- utvikle og implementere rutinar og avtalar vedr utleigebustader på sosial og flyktning
- sørge for rutiner for, og årleg teknisk gjennomgang/inspeksjon av utleigebustader
- jobbe for at leigetakarar kjem seg vidare ved å bruke verkemidlane aktivt
- følgje opp TUSSA-avtale i kommunale bustader
- samarbeide tett med andre tenesteytande einingar i kommunen (ergoterapeut, psykiatri mv)

Det vere aktuelt å rekruttere økonomisk, teknisk el liknande kompetanse og ikkje sosialfagleg.

Det bør også vurderast om det kan leggjast andre oppgåver som også kan avlaste eigedomsavdelinga ytterlegare, td administreringa av utleigebustadene samla sett.

Det er tenkt at stillinga har kontor plass på NAV Herøy. Stillinga skal ikkje arbeide med andre oppgåver i NAV. Oppgåvene skal løysast i tett samarbeid med eigedomsavdelinga.

Sosialhjelpsutgiftene har auka i løpet av første halvår. Det er eit potensial for å redusere sosialhjelpa med betre dimensjonering av ressursar, slik at dei som skal arbeide sosialfagleg får frigjort tid til å målrette og intensivisere innsatsen. Effekten av dette vil ein først kunne få etter litt tid.

Stillinga er kostnadsrekna til kr 520 000 inkl sosiale utgifter.

Kostnaden er rekna til kr 520 000 på årsbasis, og vert foreslått dekt ved bruk av flyktningefond (disposisjonsfond). Flyktningemidlane er ikkje øyremarka, men ein del av ubunde disposisjonsfond. Vi har likevel sett flyktningemidlar på eigne kontoar i balansen for å ha midlar til tiltak retta mot flyktningar. Dette tiltaket vil sjølvstøtt dekkje ei breiare gruppe, men ved å styrke innsatsen på bustadforvaltninga, vil vi også mogleggjere busetjing og få auka integreringsmidlar.

I løpet av 2 – 3 år når ting har stabilisert seg og ein kan sjå effekt av tiltaket, meiner rådmannen at det må vere rom for å vurdere den samla stillingskabalene ved Nav ved mogleg omdisponering av stillingsheimlar ned på dagens heimelsnivå.

Fosnavåg, 06.06.2011

Rune Sjurgard



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | JMM | Arkivsaknr: | 2013/1368 |
| | | Arkiv: | N00 |

| Utvallsaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------|---------------|------------|
| 223/13 | Formannskapet | 03.12.2013 |
| 170/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

PRIORITERING AV SAMFERDSELSPROSJEKT 2013

Møtebehandling:

Formannskapet kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga, Store regionale prosjekt:
2. Rovdefjord-sambandet.

Det vart røysta i to omgongar.
Formannskapet sitt framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.
Rådmannen si tilråding med tillegg vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Herøy kommunestyre ber om at prioriteringane som er opplista innanfor dei ein skilde programområde vert innlemma i Møre og Romsdal Fylke sitt investeringsprogram/planramme for fylkesveggar for den komande planperioden.

Prioritering:

Store regionale prosjekt (SRP)

1. E39 – HAFAST, ferjefritt fastlandssamband
2. Rovdefjordsambandet

Store prosjekt (SP)

1. Innfartsveg Fosnavåg
2. Mjølstadneset – Røyra
3. Nykrem – Leikongsætra

Mindre utbetringar (bruer)

1. Herøybrua
2. Nerlandsøybrua
3. Rundebrua
4. Remøybrua
5. Dragsundbrua

Mindre utbetringar (tunnellar)

1. Sæviktunnellen

Mindre utbetringar (MU- andre investeringar)

1. Skarabakken
2. Leine- Remøyholmen
3. Indre Herøy krk – Stokksundbrua*
4. Flusundkrysset – Fosnavåg
5. Kvalsund – Teigeneset
6. Huldal- Igesund
7. Nerland – Øvre Kvalsvik
8. Moltu skule – Sandvika

*Inkl.gang og sykkelveg

Gang og sykkelveg (G/S)

1. Kalveneset – Torsethøgda
2. Nykreim- Djupvik, Leikong krk – Leikongbakken
3. Frøystad- Torvik
4. Sandvika – Raftenes
5. Moltustranda
6. Djupvika- Myrvåg

Trafikktryggingstiltak

1. Planfri kryssing Frøystadtoppen

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre ber om at prioriteringane som er opplista innanfor dei einsskilde programområde vert innlemma i Møre og Romsdal Fylke sitt investeringsprogram/planramme for fylkesveggar for den komande planperioden.

Prioritering:

Store regionale prosjekt (SRP)

3. E39 – HAFAST, ferjefritt fastlandssamband

Store prosjekt (SP)

4. Innfartsveg Fosnavåg
5. Mjølstadneset – Røyra
6. Nykrem – Leikongsætra

Mindre utbetringar (bruer)

6. Herøybrua
7. Nerlandsøybrua
8. Rundebrua
9. Remøybrua
10. Dragsundbrua

Mindre utbetringar (tunnellar)

2. Sæviktunnellen

Mindre utbetringar (MU- andre investeringar)

9. Skarabakken
10. Leine- Remøyholmen
11. Indre Herøy krk – Stokksundbrua*
12. Flusundkrysset – Fosnavåg
13. Kvalsund – Teigeneset
14. Huldal- Igesund
15. Nerland – Øvre Kvalsvik
16. Moltu skule – Sandvika

*Inkl.gang og sykkelveg

Gang og sykkelveggar (G/S)

7. Kalveneset – Torsethøgda
8. Nykreim- Djupvik, Leikong krk – Leikongbakken
9. Frøystad- Torvik
10. Sandvika – Raftenes
11. Moltustranda
12. Djupvika- Myrvåg

Trafikktryggingstiltak

2. Planfri kryssing Frøystadtoppen
3. Planfri kryssing Koppen

Særutskrift:
Møre og Romsdal Fylke
Statens vegvesen Region Midt

Vedlegg:

1. Kart over ulike programområde
2. Saksframlegg m/ protokoll og vedlegg Investeringsprogram 2014-2013 (MR Fylke)
3. Referat Samferdselsmøte mai 2013.

Saksopplysningar:

Saksframlegget er meint å sammenfatte det Herøy kommune prioriterer av viktige samferdselsoppgåver knytt til vegsektoren. Dokumentet vil og gi føringar for prioritering av kommunale plansaker. Ein legg opp til at prioritering av samferdselsprosjekt skal reviderast årleg, desember månad, og arbeidet vert lagt inn i årshjulet til Utviklingsavdelinga.

Det er viktig med eit samspel med andre regionale instansar og då særskildt Møre og Romsdal Fylke. Fylket er ein stor vegeigar i kommunen då dei har overteke ansvaret for alle riks og fylkesvegar i fylket. Det er frå fylket eit klart krav at for å kome i posisjon om samferdselsmidlar må ein vere inne på prioriteringslistene og investeringsprogrammet til fylkeskommunen.

Kommunen skal gjennom denne prioriteringa av samferdselsprosjekt **synleggjere sine målsetjingar og prioriteringar knytt til samferdselsprosjekt i kommunen.** Ved at prioriteringa vert årleg vil dette vere å rekne som eit innspel til fylkeskommunen i samband med revidering av det løpande investeringsprogrammet knytt til fylkesvegar. Det skal prioriterast innanfor same programområde som MR fylke legg til grunn.

Der er ei rekkje førande dokumenter der kommunen tidlegare har gjeve prioriteringar av viktige samferdselsaker i kommunen. Følgjande kan m.a nemnast:

- K-sak 19/07 Kystveg Ålesund – Florø (Bergen)
- K-sak 6/08 der kommunestyret gav innspel til nasjonal transportplan.
- F-sak 266/10 Sunnmøre veginvest.
- Trafikktryggingssplan for periode 2009-2012
- Kystvegen Måløy –Florø AS

Det siste året har og kommunen hatt fleire separate møter med fylkeskommune og Statens vegvesen med omsyn til realisering av samferdselsprosjekt i kommunen. I mai 2013 hadde kommunen samtaler med MR fylke, Kystverket og Statens vegvesen med omsyn til kryssing av Vaulane. Referat frå møtet ligg som vedlegg til saka. I november 2013 vart det gjennomført møte med Samferdselsavdelinga i fylket og Statens Vegvesen der tema for møtet var realisering av Innfartsveg, Leine-Remøyholmen og forskottering av Skarabakken og planfri kryssing Frøystadtoppen.

Investeringsprogram Møre og Romsdal fylke 2014-2023.

Nedanfor er der ei opplisting av prioriterte tiltak i nvesteringsprogrammet/planramme for fylkesvegar i perioden 2014-2023 som vedkjem Herøy kommune.

Store Prosjekt

Ingen

Mindre utbetringar (bruer)

| Tidl.pri | Ny pri | FV | Prosjekt | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018-23 | 23-> |
|----------|--------|-----|-----------------|------|------|------|------|---------|------|
| Nytt | 5 | 654 | Herøybrua | | 1 | 12 | 4 | | |
| Nytt | 14 | 18 | Rundebrua | | | | | 50 | |
| Nytt | 15 | 20 | Nerlandsøy-brua | | | | | 225 | |
| Nytt | 18 | 18 | Remøybrua | | | | | | 225 |
| Nytt | 27 | 61 | Dragsundbrua | | | | | | 120 |

Beløp i mill 2013 kroner inkl.mva.

Mindre utbetringar (tunnellar)

| Tidl.pri | Ny pri | FV | Prosjekt | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018-23 | 23-> |
|----------|--------|----|-----------------|------|------|------|------|---------|------|
| Nytt | 10 | 18 | Sævik-tunnellen | | | | | | 18 |

Beløp i mill 2013 kroner inkl.mva.

Mindre utbetringar (andre investeringar)

| Tidl.pri | Ny pri | FV | Prosjekt | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018-23 | 23-> |
|----------|--------|-----|-----------------------------------|------|------|------|------|---------|------|
| Nytt | 6 | 654 | Skarabakken | | | | 10 | | |
| 8 | 7 | 654 | Indre Herøy kyrkje-Stokksundbrua* | | | | | 40 | |
| 6 | 11 | 18 | Leinebygda | | | | | | 40 |

Beløp i mill 2013 kroner inkl.mva.

*inkludert gang og sykkelveg

Gang og sykkelveg

| Tidl.pri | Ny pri | FV | Prosjekt | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018-23 | 23-> |
|----------|--------|-----|---------------------------|------|------|------|------|---------|------|
| 6 | 6 | 654 | Torsethøgda-Kalveneset | 14,9 | | | | | |
| 31 | 17 | 61 | Djupvika- Nykreim | | | | | 7,5 | |
| Nytt | 17 | 61 | Leikong krk-Leikongbakken | | | | | 6 | |

Beløp i mill 2013 kroner inkl.mva.

Trafikktryggingstiltak

| Tidl.pri | Ny pri | FV | Prosjekt | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018-23 | 23-> |
|----------|--------|-----|-----------------|------|------|------|------|---------|------|
| 5 | 5 | 654 | Frøystad-toppen | | | | 15 | | |

Beløp i mill 2013 kroner inkl.mva.

Vurdering:

Herøy kommune gav si siste samferdselsprioritering i K-sak 67/12, innspel og prioritering av samferdselstiltak til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Kommunen har og kome med prioriteringar i saker vedkomande nasjonal transportplan 2010-19, Sunnmøre veginvest, Sunnmørspakken, kystveg Ålesund – Florø, E39 – Hafast og seinast når kommunen teikna aksjer i Kystvegen Måløy-Florø AS.

Trafikktryggingsplan for perioden 2009-2012 har og prioriteringar knytt til ei rekkje fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar. Trafikktryggingsplanen er under revisjon i desse dager og arbeidet vil vere slutført første halvdel 2014. Tiltaksplanen for trafikktryggingsplan vert å implementere i prioritering av samferdselsprosjekt 2014.

I tillegg har kommunen handsama sak om forskottering av delarm til Innfartsveg Fosnavåg, Myklebust-Campus, og fylkeskommunen har bekrefta at kostnadar knytt til dette er å sjå som andelsbidrag i ei fullstendig utbygging av Innfartsveg til Fosnavåg. Kommunestyret har og handsama sak om strakstiltak i Skarabakken med fokus på mjuke trafikantar.

Oppdatert prioriteringsliste mot dei ulike programområda.

På bakgrunn av tidlegare innspel og prioriteringar vil Rådmannen leggje fram slikt forslag til kommunal prioritering sett opp imot dei ulike programområda.

Stamvegar

- Ferjefritt samband sørover , Kystvegen, langs ytre linje mellom Ålesund og Bergen (Kystvegutvikling AS)
- Opprustning av E136 Ålesund – Oppland Grense, her under delprosjekta fullføring innfartsveg Ålesund

Store regionale prosjekt (SRP)

1. E39 – HAFAST, ferjefritt fastlandssamband

Store prosjekt (SP)

1. Innfartsveg Fosnavåg
2. Mjølstadneset – Røyra
3. Nykreim – Leikongsætra

Mindre utbetringar (bruer)

1. Herøybrua
2. Nerlandsøybrua
3. Rundebrua
4. Remøybrua
5. Dragsundbrua

Mindre utbetringar (tunnellar)

1. Sæviktunnellen

Mindre utbetringar (MU- andre investeringar)

1. Skarabakken
2. Leine- Remøyholmen
3. Indre Herøy krk – Stokksundbrua*
4. Flusundkrysset – Fosnavåg
5. Kvalsund – Teigeneset
6. Huldal- Igesund
7. Nerland – Øvre Kvalsvik
8. Moltu skule – Sandvika

*Inkl.gang og sykkelveg

Gang og sykkelveg (G/S)

1. Kalveneset – Torsethøgda
2. Nykreim- Djupvik, Leikong krk – Leikongbakken
3. Frøystad- Torvik
4. Sandvika – Raftenes
5. Moltustranda
6. Djupvika- Myrvåg

Trafikktryggingstiltak

1. Planfri kryssing Frøystadtoppen
2. Planfri kryssing Koppen

Kommentarer til prioriteringar :

Store regionale prosjekt (SRP)

E39 – HAFAST, ferjefritt fastlandssamband

Kommentar: Kommunen har seinast gjennom K-sak 26/12 gjeve si tilslutning til at Hafast må prioriterast fram.

Store prosjekt (SP)

Innfartsveg Fosnavåg - FV654

Reguleringsplan for ny Innfartsveg til Fosnavåg vart stadfest av kommunestyret 25/4-2013.

Vegsystemet i Fosnavåg sentrum er ikkje bygd for stor trafikk. Vegane er smale og kryssa er tronge. På siste del av innfartsvegen er årstdøgntrafikken om lag 7000 kjt, der 6% er tungtrafikk. I lokal målestokk, og sett i samanheng med vegstandarden og miljøet kring vegen, er dette relativt mykje. Skarabakken utgjer eit særskilt problem for tungtransporten på vinterstid. Dette skuldast stor stigning i kombinasjon med at det er trangt. I tillegg er tilkomsten til industriområdet i Vågen vanskeleg, og fører til at tungtrafikk må ta ein runde i sentrum for å kome seg ut frå Vågen.

Kommunen har med vedtak i Samferdselsutvalet 65/12 fått tilslutnad at realisering av delarm «Myklebust- Campus» er ein del av kommunen sitt bidrag i tilknytning til den samla realiseringa av ny innfartsveg til Fosnavåg. Delarm «Myklebust- Campus» er under prosjektering og er planlagt ferdigstilt hausten 2014.

Mjølstadneset- Røyra

Kommunestyret har den 17.11.2011, med bakgrunn i ønsket om ein breiast mogleg offentleg prosess omkring saka, avventa endeleg val av trasè for ny FV 654 på strekninga Røyra – Mjølstadneset . Kommunestyret legg til grunn at val av trasè kan skje som del av den foreståande rulleringa av kommuneplanen for Herøy. Kommunestyret signaliserte at alt. 2B vert vurdert som den beste og mest framtidsretta veglina for den aktuelle strekninga. Alternativ 2B omfattar eksisterande fylkesveg frå Røyrasundbrua til Koppen, ny veg der ifrå langs sørsida av Skinneset og via bru over Frøystadvågen til Mjølstadneset, bruhøgde 12 m.

Nykrem- Leikongsætra

Veglina er stadfesta i kommuneplanen og har vore registrert som eit viktig samferdselstiltak (K-sak 19/07).

Mindre utbetringar (bruer)

Herøybrua (frå saksframlegg til MR Fylke)

Brua er ei fritt-frambyggbru fra 1976 som står i meget værhardt kyststrøk. Våre inspeksjoner viser omfattende korrosjon og store bområder i hovedpilarene på brua. Om det ikke iverksettes tiltak vil store betongflater på pilarene løsne og falle i sjøen. Dette er et sikkerhetsproblem for passerende skip og innebærer redusert levetid for brua. Vi anbefaler at vedlikehold av pilarene oppstartes innen 2016 for å ivareta sikkerheten på brua.

Nerlandsøybrua (frå saksframlegg til MR Fylke)

Brua er fra 1966 og det har vært utført periodiske hovedinspeksjoner samt spesialinspeksjoner av brua. Brua har omfattende korrosjonsskader i både pilarer og overbygning. Beregninger av brua viser at korrosjonsskadene medfører redusert

bæreevne for tyngre kjøretøy over brua **med anbefalt restlevetid på 5 år**, før det må innføres lastrestriksjoner på brua. Vi anbefaler at brua erstattes med ny bru. Framdriften på denne typen prosjekter er normalt:

- reguleringsplan 2 år
- byggeplan 1 år
- bygging 2 år

Dette betyr at arbeidene med reguleringsplan må igangsettes i 2013 om en skal unngå nedklassifisering med reduksjon av tillatt totalvekt og aksellaster for kjøretøyer på brua.

Rundebrua (frå saksframlegg til MR Fylke)

Brua er i fritt-frembygg bru fra 1982 som står i meget værhardt kyststrøk. For å beskytte brua mot korrosjon er det montert katodisk beskyttelse for armeringen på deler av brua. Vi observerer en sterk økende korrosjon på armeringen for de deler av brua som ikke har montert denne beskyttelsen. Vi anbefaler derfor at denne katodiske beskyttelsen bygges ut til å dekke alle flater på brua innen 2017. En utsettelse av dette vedlikeholdet vil redusere sikkerheten for brua og innebærer en sterk økning i framtidige vedlikeholdskostnader.

Remøybrua (frå saksframlegg til MR Fylke)

Brua er fra 1966 og det har vært utført periodiske hovedinspeksjoner samt spesialinspeksjoner av brua. Brua har omfattende korrosjonsskader i både pilarer og overbygning. Beregninger av brua viser at korrosjonsskadene medfører redusert bæreevne for tyngre kjøretøy over brua med **anbefalt restlevetid på 7 år**, før det må innføres lastrestriksjoner på brua. Vi anbefaler at brua erstattes med ny bru. Framdriften på denne typen prosjekter er normalt:

- reguleringsplan 2 år
- byggeplan 1 år
- bygging 2 år

Dette betyr at arbeidene med reguleringsplan må igangsettes i 2015 om en skal unngå nedklassifisering med reduksjon av tillatt totalvekt og aksellaster for kjøretøyer på brua.

Dragsundbrua

Ny Dragsundbru har vore prioritert høgt frå kommunen si side i mange år (K-sak 06/08, K-sak 19/07) og vore nemnd som ein flaskehals og trafikkfare spesielt med omsyn til den store auken i tungtrafikken. Tiltaket er no inne på investeringsprogrammet etter 2023.

Mindre utbetringar (tunnellar)

Sæviktunnelen

Ei rekkje tunnellar i fylket treng vesentlege oppgraderingar. Tiltaka i Sæviktunnellen går på oppgradering av elektriske installasjonar.

Mindre utbetringar (MU- andre investeringar)

Skarabakken

Problemstillinga rundt Skarabakken og trafikktilhøva har vore ei sak som har vore oppe til diskusjon i fleire tiår. Formannskapet har i sak 116/12 sagt at hovudfokuset skal vere på mjuke trafikantar og sikker skuleveg. Prosjektet ligg no inne på investeringsprogrammet til MR fylke i 2017.

Leine Remøyholmen

Arbeidet med reguleringsplanen i si noverande form starta i januar 2005 etter vedtak i Fast utval plansaker og Kommunestyret godkjende reguleringsplanen i møte den 25.02.2010.

Indre Herøy kyrkje-Stokksundbrua

Statens vegvesen i samarbeid med Herøy kommune arbeidar no med detaljregulering for strekninga Indre Herøy kyrkje — Stokksundbrua på fylkesveg 654 i Herøy kommune. Prosjektets mål er m.a å planlegge ny gangveg, ny undergang, nytt og bedre kryss mellom fylkesveg 654 og fylkesveg 10 og mulighet for å byggje ny veg frå Indre Herøy kirke til Stokksundbrua.

Nygjerdekrysset – Fosnavåg

Miljøverndepartementet si stadfesting av Fylkesmannen si motsegn mot planane om ny innfartsveg på nordsida av Myklebustvatnet har aktualisert spørsmålet om å planlegge/iverksetje tiltak lang eksisterande fylkesveg. Det er i denne samanheng aktuelt å vurdere tiltak på strekninga frå Cash & Carry til Flusundkrysset. Planarbeidet vil starte opp i 2014.

Huldal - Igesund

Under planprioriteringa for 2009 vedtok FPL at prosjekta Reguleringsplan FV 20, gang-/sykkelveg/fortau rundt Kleiva og Reguleringsplan FV 20 Igesundkrysset skulle slåast saman til eitt prosjekt. Seinare er det bestemt at sistnemnde prosjekt likevel skal gå vidare. Det opprinneleg bestemte samleprosjektet er difor no avgrensa noko og vert avslutta mot planområdet for Reguleringsplan FV 20 Igesundkrysset. Planarbeidet er ikkje formelt oppstarta og ein vil avvente regulering inntil avklaringane kring kryssing av Vaulane er på plass.

Kvalsund - Teigeneset

Veglina er stadfesta i kommuneplanen og vil bidra til ei betring av trafikkforholda på Kvalsund/Teigane. Kvalsvik grendalag har nyleg bede om at det vert sett i gang med nødvendige tiltak for å få ett reguleringsvedtak, slik at ein kan få vegen opp på prioriteringslista for veger som skal byggast/utbedrast i kommuna.

Nerland - Øvre Kvalsvik

Veglina er stadfesta i kommuneplanen og vil bidra til ei betring av trafikkforholda på Nerland- Øvre Kvalsvik.

Moltu skule - Sandvik

Prosjektet vart tatt inn under behandling av innspel til nasjonal transportplan 2010-2019, K-sak 06/08. Innspelet gjekk ut på ny veg/utbetring av Fylkesveg 10.

Gang og sykkelveggar (G/S)

Kalveneset - Torsethøgda

Reguleringsplanen vart godkjend i desember 2011 og ligg inn på plan og byggjeprogrammet til MR Fylke. Arbeidet vil ta til i 2014.

Nykreim - Djupvik

Gangvegprosjekt som ligg inne på MR fylke sitt investeringsprogram i perioden 2018-23. Herøy kommune har varsla planoppstart og vil regulere gang og sykkelvegen.

Leikongbakkane (mellom kyrkja og til kommuneveg)

Prosjektet er registrert i saka innspel til nasjonal transportplan 2010-2019, K-sak 06/08. Gangvegprosjekt som ligg inne på MR fylke sitt investeringsprogram i perioden 2018- 23.

Djupvika - Myrvåg

Prosjektet vart tatt inn under behandling av innspel til nasjonal transportplan 2010-2019, K-sak 06/08. Prosjektet har tidlegare hatt nemninga Kjeldsundvegen- Myrvåg, gang og sykkelveg + planfritt kryss.

Frøystad- Torvik

Prosjektet ligg både inne på K-sak 06/08 - Innspel til nasjonal transportplan 2010-2019 og i gjeldande trafikktryggingsplan. Prosjektet ligg og inne på den kommunale planprioriteringa og planarbeidet er starta opp.

Sandvika - Raftenes

Prosjektet ligg både inne på K-sak 06/08 - Innspel til nasjonal transportplan 2010-2019 og i gjeldande trafikktryggingsplan. Prosjektet ligg og inne på den kommunale planprioriteringa og planarbeidet er starta opp.

Moltustranda.(FV10)

Prosjektet ligg inne på K-sak 06/08 - Innspel til nasjonal transportplan 2010-2019. Moltustranda grendalag peikar på at etter bygginga av ny fylkesveg mellom Tarberg og Sande grense i 2001 har bygda registrert ein betydeleg trafikkauke gjennom bygda. Grendalaget set fram krav om at gang og sykkelveg gjennom Moltustranda vert prioritert. Herøy kommune har starta opp planarbeid med omsyn til gang og sykkelveg på deler av strekninga.

Trafikktryggingstiltak

Planfri kryssing Frøystadtoppen

Prosjektet ligg både inne på K-sak 06/08 - Innspel til nasjonal transportplan 2010-2019 og i gjeldande trafikktryggingssplan. Gangvegprosjekt som ligg inne på MR fylke sitt investeringsprogram i perioden 2017 og det ligg føre godkjent reguleringsplan , vedtatt 22/11-12.

Udergang Koppen

Prosjektet ligg både inne på K-sak 06/08 - Innspel til nasjonal transportplan 2010-2019 og i gjeldande trafikktryggingssplan. Prosjektet ligg og inne på den kommunale planprioriteringa og planarbeidet er starta opp.

Konklusjon:

Rådmannen sine prioriteringar innanfor dei ulike programområda går fram av tilrådinga.

Konsekvensar for folkehelse:

Fleire av prosjekta vil ha stor betyding for folkehelsa

Konsekvensar for beredskap:

Ny og betre infrastruktur vil sikre beredskapen i Herøy kommune.

Konsekvensar for drift:

-

Fosnavåg, 17.11.2013


Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



Store





Bruer





Tunnellar






MU, andre investeringar





Gang og sykkelveg






Trafikksikring



Alle prosjekter samla





Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

| | | |
|------------|------------|--------------------|
| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
| 22.05.2013 | 32554/2013 | Maria Bolstad Dale |

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|--------|----------------------------|------------|
| | Samferdselsutvalet | 29.05.2013 |
| | Fylkesutvalet | 01.07.2013 |
| | Fylkesrådmannens tilråding | |
| | Fylkestinget | 14.10.2013 |

Investeringsprogram 2014 - 2023

Saka har tidlegare vore oppe til handsaming, jamfør sak SA-7/13.

1. Innleiing

Fylkestinget vedtek investeringsprogram for fylkesvegar. Dette er ein tiårig rullerande plan over kva vegprosjekt som skal realiserast på fylkesveg. Investeringsprogrammet legg føringar for kva som skal inn i økonomiplanen til fylkeskommunen, det gjev kommunar rett til å forskotere prosjekt, og det er grunnlag for Statens vegvesen sitt plan- og byggeprogram for fylkesvegar. I samband med utarbeidinga av eit nytt investeringsprogram har administrasjonen, saman med Statens vegvesen, lagt ned ei omfattande vurdering knytt til behova for tiltak på fylkesvegnettet.

Investeringsprogrammet er først og fremst ei liste over vegprosjekt i prioritert rekkefølge. Det inneheld òg ventelege prosjektkostnader, men særleg for prosjekta som ikkje ligg inne i økonomiplanen er desse svært usikre. For alle prosjekt inne i framlegg til investeringsprogram er prioriteringa i gjeldande investeringsprogram tatt med for å lette samanlikninga.

Administrasjonen sitt framlegg til investeringsprogram tek mellom anna omsyn til:

- Politiske vedtak som er gjort sidan sist investeringsprogram vart vedteke
- Økonomiplan for perioden 2013 - 2016
- Endringar i lokalsamfunnet som gjer prosjekt meir eller mindre aktuelle, som til dømes skulestruktur
- Nødvendige tiltak (der alternativet er å stenge brua, tunnelen eller ferjekaia)
- Nye krav knytt til naudnett i tunnelar
- Ulykkesanalyse for Møre og Romsdal
- Handlingsplan samferdsel 2013 - 2022
- Relevante strategiar på ulike områder, til dømes kollektivstrategien, strategi for gåande og syklande, trafikktryggingsstrategien
- Innspel frå kommunar i 2010 - 2012 gjennom regionale møter
- Detaljkkunnskap om vegnettet i Statens vegvesen

1.1 Investeringsprogrammet sin funksjon

I fjor vart ikkje investeringsprogrammet rullert. Dette skuldast at usikkerheit rundt kostnader knytt til Nordøyvegen forplanta seg til andre prosjekt, ved at det er usikkert kva midlar som er disponible kvart år. Det er framleis ein del usikkerheit knytt til midlar disponible til både Nordøyvegen og andre prosjekt inne i investeringsprogrammet, og ein del prosjekt er flytta utover i tid pga tilpassing til økonomiske rammer. Etter økonomiplanperioden er det lagt inn ein fast årleg sum (100 mill. kroner, pluss 15,23 mill. kroner grunna bortfall av vegfritak på meirverdiavgift – sjå meir inngåande om dette lengre ned) til andre føremål, i tillegg til midlar til Nordøyvegen. Om det er realistisk og ønskjeleg at ein så stor del av fylkeskommunen sine midlar går til samferdsel, må Fylkestinget ta stilling til ved handsaming av investeringsprogrammet.

1.2 Økonomiske rammer

Gjeldande Økonomiplan 2013 – 2016 gir rammer for fylkesveginvesteringane inneverande år og tre år fram i tid.

Refusjonar til kommunar (for gjennomførte prosjekt kommunane har forskottert) er tatt med i dette investeringsprogrammet, i og med at tilbakebetalinga skal dekkjast av investeringsrammene. Dei årlege rammene til fylkesveg må seinare korrigerast for slike refusjonar.

Rammene i økonomiplanen tek ikkje omsyn til at ein del prosjekt også får eksterne midlar. Desse midlane, som til dømes bompengar og tilskott frå stat eller kommunar, kjem i tillegg til dei ordinære fylkeskommunale midlane, og rammene må difor aukast tilsvarande venta innbetalingar. Dette er synleggjort i forklaringa av ramma på side 4 i investeringsprogrammet.

I dette investeringsprogrammet er løyvingane til prosjekt spreidd over fleire år. Det er hensiktsmessig at ein sett av ei lita oppstartsløyving det første året, deretter ei "hovudløyving" i året med størst byggeaktivitet, og deretter ei lita løyving i året etter til pussarbeid og sluttoppgjør. På denne måten unngår ein det mindreforbruket som i realiteten gjeld omperiodisering av midlar.

Investeringsprogrammet dekker ein 10 års-periode, men investeringar dei siste 6 år er teke med som ein sum (altså ikkje fordelt pr. år). Det er ikkje gjort vedtak om økonomiske rammer for åra etter 2016. Alle beløp er i 2013-kroner.

Fylkestinget har vedteke at Nordøyvegen skal realiserast, jamfør sak T-47/12. Nordøyvegen er difor også lagt inn i investeringsprogrammet.

Spesielt om bortfall av vegfritak

Frå 1.1.2013 fall vegfritaket på meirverdiavgift vekk. Dette gjer at mva. på alle vegprosjekt frå same dato er 25 prosent. Fylkeskommunen får tilbakebetalt meirverdiavgifta etterskotsvis. Den årlege ramma fylkeskommunen set av til veginvesteringar er difor auka med 15,23 prosent (før 1.1.2013 utgjorde mva. i gjennomsnitt 9,77 prosent), slik at bortfallet av vegfritak isolert sett ikkje får nokon effekt.

1.3 Prosjektkostnader

Statens vegvesen har sett nærare på kostnadsoverslaga for prosjekta i investeringsprogrammet. Dei nye kostnadene er lagt inn i tabellen. For ein del

prosjekt som først kjem inn lengre ute i planperioden, og der planlegginga ikkje er kome særleg langt, vil investeringsbeløpa likevel vere særst usikre. Ein må difor vere budd på at det kan bli store justeringar etter kvart som planlegginga kjem lengre.

1.4 Medverknad frå involverte partar

Det vart gjennomført regionale møte hausten 2010, 2011 og 2012, og det er laga ei oppsummering av innspela frå kommunane. Innspela frå 2012 er politisk handsama av avsendarkommunen. Dette er i tråd med sak SA-1/12, rettleiar for realisering av nye vegprosjekt. Gjennom prosessen med Handlingsprogram samferdsel er medverknad frå involverte partar ivareteke. Oppsummeringa av innspela frå kommunane er lagt ved dette saksframlegget.

1.5 Spesielt om store prosjekt

Opprusting av bruer, ferjekaier og tunnelar representerer samla sett ein stor investering for fylkeskommunen. Denne investeringa må gjerast snarleg for å unngå stenging av veglenker. Gjennom Nasjonal Transportplan 2014 – 2023 og seinare gjennom kommuneproposisjonen som vart lagt fram 8.5.2013, er det lova ekstramidlar til vedlikehaldstiltak, og vi føreset at Møre og Romsdal får om lag 50 mill. kroner/år dei første fire åra. Denne utrekninga føresett at midlane vert fordelte mellom fylka etter kor store behov det er i kvart einskild fylke. For perioden 2018 – 2023 er det føresett ein årleg løyving på 100 mill. kroner.

Realisering av Nordøyvegen medfører ei stor økonomisk utfordring for fylkeskommunen. Fylkestinget har imidlertid vore tydelege på at Nordøyvegen skal realiserast med dei føresetnader som vart lagt til grunn i T-47/12.

Prosjektkostnaden på Nordøyvegen som er lagt inn i investeringsprogrammet er knytt til det sist oppdaterte kostnadsanslaget frå Statens vegvesen gjort februar 2013, med fråtrekk for "kuttliste", men med 10 % avsetning for usikkerheit.

Anleggsarbeid på Nordøyvegen kan tidlegast starte i 2015. I investeringsprogrammet er det difor lagt til grunn at arbeidet vert starta då. I sak T-36/11 gjorde Fylkestinget vedtak om at avsette midlar til Nordøyvegen skal overførast til fondet for Nordøyvegen dersom oppstarten vert skyvd ut i tid. Det har seinare vorte klart at fylkeskommunen ikkje har anledning til å låne midlar for å setje av desse på fond fram til byggestart, som opphavleg tenkt. Kostnadene er difor lagt inn i det året dei kjem.

Når det gjeld store prosjekt etter Nordøyvegen, var det berre Trollheimstunnelen/Todalsfjordkryssinga som låg inne i 10-årsperioden, jf. gjeldande investeringsprogram 2012-2021. Fylkestinget har ikkje teke stilling til vidare prioritering av store prosjekt.

Det vert arbeidd med bypakkar i Kristiansund, Molde og Ålesund. Byane har vedteke prinsippsak for bompeng einnkrevjing, og i vedtaka føreset dei alle fylkeskommunal medfinansiering. Kva prosjekt som skal gjennomførast som ein del av desse pakkane er ikkje avklart. Det er ein føresetnad og ei forventning om ei kostnadsdeling der fylkeskommunale midlar skal dekkje om lag 5 prosent av dei totale investeringane. Bypakkar i Møre om Romsdal kjem opp som ei eiga sak for Fylkestinget. Nokre av fylkesvegprosjekta som er aktuelle som ein del av bypakkane, er allereie prioriterte i investeringsprogrammet. I tillegg bør det vere

rom for at delar av fylkeskommunen sitt bidrag kan kome som eit forsterka kollektivtilbod. Kva profil bypakkane får frå kommunane si side, bør leggje føringar for kor mykje midlar fylkeskommunen skal bidra med. Bypakkane ligg under store prosjekt. Det er sett av 5 mill. kroner til kvar bypakke i perioden 2018 - 2023. Desse summene er knytt til planlegging og prosjektering av bypakkane.

1.6 Investeringsprogram 2014 – 2023 og følgjer for enkeltprosjekt

I investeringsprogram for 2012 – 2021 låg det inne ein del prosjekt som no er flytta til etter 2023. Dette er uheldig fordi mange gode prosjekt ikkje vert realisert. Det er også uheldig fordi det at prosjekta er flytta til etter investeringsprogramperioden gjer at kommunane ikkje kan forskotere prosjekta.

2 Programområde mindre utbetringar

Alle prosjekta knytt til fjerning av forfall på fylkesvegnettet ligg under dette programområdet. For å kunne skilje mellom dei ulike typene utbetringar har vi i det følgjande delt opp programområdet i ferjekaier, bruer, tunnelar og andre investeringar.

2.1 Programområde mindre utbetringar (ferjekaier)

Koparnes ferjekai og Årvik ferjekai

Desse prosjekta er under bygging, og det er sett av ei lita restløyving til pussarbeid/slutføring i 2014.

Magerholm ferjekai

Samferdselsutvalet vedtok i sak SA-26/12 auka kapasitet på sambandet Sykkylven – Magerholm. Det går fram av saksutgreiinga at auka kapasitet og dermed større ferje, medfører at ferjekaia må byggjast om, då den eksisterande kaia ikkje er dimensjonert for så store ferjer. I plan – og byggeprogrammet for 2012 og 2013, jf. vedtak i sak SA 6/12 og SA-24/12, vart det sett av midlar til prosjektering av Magerholm ferjekai i 2012. Det er lagt inn midlar til slutføring av utbetring av Magerholm ferjekai i investeringsprogrammet i 2014.

Hundeidvik ferjekai

Administrasjonen ønskjer å gjennomføre ei trafikkanalyse for å sjå på trafikken på ferjestrekninga Hundeidvik – Festøya. Om det er låge trafikktal, lite tungbiltrafikk og minkande pendlarandel, kan det vere aktuelt å gjere ein vurdering knytt til framtida til ferjesambandet.

Øvrige ferjekaier som ligg inne i investeringsprogrammet 2014 - 2023

Det har den siste tida blitt kjend at mange av ferjekaiene er i dårleg forfatning. For at Statens vegvesen skal få starta planlegging og prosjektering til rett tid, er dei no lagt inn i investeringsprogrammet. Det er eit stort behov for at følgjande ferjekaier vert utbetra med ny tilleggs kai eller ei generell fornying av anlegg:

- Hollingsholmen ferjekai
- Stranda ferjekai
- Mordalsvågen ferjekai
- Liabygda ferjekai
- Linge ferjekai
- Eidsdal ferjekai
- Småge ferjekai

- Sekken ferjekai
- Dryna ferjekai
- Arasvika ferjekai

Spesielt sårbare ferjesamband

Statens vegvesen Region midt gjorde i 2011 ei kartlegging av sårbarheit ved ferjesambanda i regionen gjennom ei oppretta ferjeberedskapsgruppe. Denne gruppa leverte ei oversikt over dei mest sårbare ferjekaiene til leiinga i Statens vegvesen. I tillegg vart sårbare undersjøiske tunnelar, der ferje er einaste moglege omkjøring, innarbeidd. Vurderingane vart gjort ut frå følgjande kriterier:

- Årsdøgnsrafikk (ÅDT).
- Mogleg omkjøring, med ev. tidsakse.
- Type trafikk (private, næring, andre omsyn).
- Konsekvensar for samfunnet.
- Tid for etablering av adekvate beredskapsmessige tiltak.

Med bakgrunn i den vurderinga som vart gjort, kom gruppa med følgjande forslag til investeringar:

| Fylkesvegkaier Møre og Romsdal | | | |
|---------------------------------------|-----------------------|------------|---------------------|
| Prioritet | Veg / Ferjekai | ÅDT | Tiltak |
| 1. | FV 662 Aukra | 1239 | Bygge reservekai |
| 2. | FV 61 Sulesund | 3035 | Ny hovudkai |
| 3. | FV 653 Eiksund | 1786 | Hurtigbåtkai |
| 4. | FV 60 Magerholm | 3182 | Ruste opp gamlekaia |

Førsteprioritet på denne lista ligg ikkje inne i tidlegare vedteke investeringsprogram. Med omsyn til konsekvensane driftsavbrott ved Aukra ferjekai kan få for mellom anna næringslivet, samt nasjonale interesser og forplikningar knytt til Ormen Lange-anlegget, bør det vurderast å legge dette tiltaket inn i investeringsprogrammet. Kostnaden vert sett til 35 mill. kroner, ut frå erfaringstal frå tilsvarande prosjekt. Prioritet 2, ny kai Sulesund, er i investeringsprogrammet prioritert på 17. plass på programområdet mindre utbetringar (ferjekaier). Prioritet 3, hurtigbåtkai på Eiksund, er finansiert gjennom statlege og kommunale midlar. Prioritet 4: Opprusting av hovudkaia på Magerholm og bygging av ny reservekai ligg inne i investeringsprogram, og vert gjennomført i 2013 og 2014.

2.2 Programområde mindre utbetringar (bruer)

Som for ferjekaier er det også mange bruer som forfell, og som må stengast heilt eller delvis for trafikk (nedsett tillatt akseltrykk) om få år om ikkje tiltak vert gjort.

Driva bru

Bygging av ny Driva bru startar først i 2014. Prosjektering av brua tek tid, samstundes med at ein må tilpasse riving av eksisterande bru og oppsett av mellombels bru med rassikringsarbeidet på Oppdølsstranda, m.a. grunna frakt av

tunnelmassar. Midlar til ferdigstilling av prosjektet er lagt inn i investeringsprogrammet i 2014 og 2015.

2.2 Programområde mindre utbetringar (bruer)

Som for ferjekaier er det også mange bruer som forfell, og som må stengast heilt eller delvis for trafikk (nedsett tillatt akseltrykk) om få år om ikkje tiltak vert gjort. I det følgjande vert bruer som treng utbetring i økonomiplanperioden omtalt:

Driva bru

Bygging av ny Driva bru startar først i 2014. Prosjektering av brua tek tid, samstundes med at ein må tilpasse riving av eksisterande bru og oppsett av mellombels bru med rassikringsarbeidet på Oppdølsstranda, m.a. grunna frakt av tunnelmassar. Midlar til ferdigstilling av prosjektet er lagt inn i investeringsprogrammet i 2014 og 2015.

I det følgjande ligg kommentarar til investeringsplan for forfall bruer på fylkesveggar i Møre og Romsdal i følgje Statens vegvesen:

“Vårt forslag til program for å redusere forfallet på bruene i Møre og Romsdal omfatter flere tiltak på bruer både på kort og lang sikt. I denne kommentaren er det bare medtatt planer for de store bruene som vi mener må oppstartes innen 2017.

Fv20 Nerlandsøybrua:

Brua er fra 1966 og det har vært utført periodiske hovedinspeksjoner samt spesialinspeksjoner av brua. Brua har omfattende korrosjonsskader i både pilarer og overbygning. Beregninger av brua viser at korrosjonsskadene medfører redusert bæreevne for tyngre kjøretøy over brua med anbefalt restlevetid på 5 år, før det må innføres lastrestriksjoner på brua.

Vi anbefaler at brua erstattes med ny bru.

Framdriften på denne typen prosjekter er normalt:

- reguleringsplan 2 år
- byggeplan 1 år
- bygging 2 år

Dette betyr at arbeidene med reguleringsplan må igangsettes i 2013 om en skal unngå nedklassifisering med reduksjon av tillatt totalvekt og aksellaster for kjøretøyer på brua.

Fv18 Remøybrua:

Brua er fra 1966 og det har vært utført periodiske hovedinspeksjoner samt spesialinspeksjoner av brua. Brua har omfattende korrosjonsskader i både pilarer og overbygning. Beregninger av brua viser at korrosjonsskadene medfører redusert bæreevne for tyngre kjøretøy over brua med anbefalt restlevetid på 7 år, før det må innføres lastrestriksjoner på brua.

Vi anbefaler at brua erstattes med ny bru.

Framdriften på denne typen prosjekter er normalt:

- reguleringsplan 2 år
- byggeplan 1 år
- bygging 2 år

Dette betyr at arbeidene med reguleringsplan må igangsettes i 2015 om en skal unngå nedklassifisering med reduksjon av tillatt totalvekt og aksellaster for kjøretøyer på brua.

Fv390 Steinvågbrua

Brua er fra 1952 og er i buebru med armert betong i både hovedbue, strekkstag, tverrkryss og i brudekke. Det er tidligere på 90-tallet utført vedlikehold av store deler av betongkonstruksjonen. Våre inspeksjoner viser at det nå er omfattende korrosjon i hele brua, både der det tidligere er utført reparasjoner og i nye områder. Det er nå bom med avskalling av betong over underliggende skipsled og over bygninger, Det er her behov for både forsterkning og utskifting av flere konstruksjonselementer, for å opprettholde sikkerheten for brua. Vi anbefaler at det planlagte vedlikeholdet blir utført innen 4 år, for å unngå mer omfattende skader på bærekonstruksjonen. En utsettelse av dette vedlikeholdet vil redusere sikkerheten for brua både for kjøretøyer og skip/bygninger under brua, og innebærer en sterk økning i framtidige vedlikeholdskostnader.

Fv18 Rundebrua

Brua er i fritt-frembygg bru fra 1982 som står i meget værhardt kyststrøk. For å beskytte brua mot korrosjon er det montert katodisk beskyttelse for armeringen på deler av brua. Vi observerer en sterk økende korrosjon på armeringen for de deler av brua som ikke har montert denne beskyttelsen. Vi anbefaler derfor at denne katodiske beskyttelsen bygges ut til å dekke alle flater på brua innen 2017. En utsettelse av dette vedlikeholdet vil redusere sikkerheten for brua og innebærer en sterk økning i framtidige vedlikeholdskostnader.

Fv 658 Giskebrua

Brua er ei bjelkebru i betong fra 1987 som står i meget værhardt kyststrøk med stor saltbelastning. Våre målinger viser at saltet begynner å trenge inn mot armeringen med begynnende korrosjon i de mest belastede områdene. Vi anbefaler derfor at det monteres en fysisk barriere på brua for å stanse inntrengingen av saltet. Dette tiltaket vil være meget kostnadsbesparende enn å måtte gjennomføre tiltak etter at saltet er trengt inn til armeringen og korrosjon på armeringen har startet. Vi anbefaler at vedlikehold av brua oppstartes innen 2016 for å ivareta sikkerheten på brua.

Fv 654 Herøybrua

Brua er ei fritt-frambyggbru fra 1976 som står i meget værhardt kyststrøk. Våre inspeksjoner viser omfattende korrosjon og store bomområder i hovedpilarene på brua. Om det ikke iverksettes tiltak vil store betongflater på pilarene løsne og falle i sjøen. Dette er et sikkerhetsproblem for passerende skip og innebærer redusert levetid for brua. Vi anbefaler at vedlikehold av pilarene oppstartes innen 2016 for å ivareta sikkerheten på brua.

Fv 64 Bolsøybrua

Brua er ei kassebru i betong fra 1991 som står i kyststrøk med stor saltbelastning. Våre målinger viser at saltet begynner å trenge inn mot armeringen og begynnende korrosjon på de mest belastede områdene. Vi anbefaler derfor at det monteres en fysisk barriere på brua for å stanse inntrengingen av saltet. Dette tiltaket vil være meget kostnadsbesparende enn å måtte gjennomføre tiltak etter at saltet er trengt inn til armeringen og korrosjon på armeringen har startet. Vi anbefaler at vedlikehold av brua oppstartes innen 2017 for å ivareta sikkerheten på brua.”

2.3 Programområde mindre utbetringar (tunnelar)

Fannefjordtunnelen

Fylkestinget har tidlegare vedteke at denne tunnelen skal utbetrast. Tunnelen ligg difor inne i investeringsprogrammet i tråd med tidlegare vedtak, jf. T-79/11. Tiltaket her er meir omfattande enn på dei andre tunnelane som ligg inne i programområdet, og omfattar vassikring.

Naudnett i tunnelar

Stortinget har (i prop. 100s, 2010 – 2011, fullføring av utbygging og drift av nødnett i hele fastlandsnorge) vedteke at naudnettet i Norge skal byggast ut. Det skal etablerast infrastruktur for naudnett i alle tunnelar som er over 500 meter og med ÅDT over 5000, samt i alle andre tunnelar med eksisterande naudsamband på tidspunktet for inngåing av avtale om naudnett. Det er føresett at tunneleigar skal klargjere infrastruktur i dei aktuelle tunnelane, slik at naudnett-utstyret kan monterast som føresett innan utgangen av 2014. Den totale kostnaden for fylkeskommunen knytt til etablering av infrastruktur for naudnett er rekna til 11 mill. kroner. 5,5 mill. kroner kan omsettast på tiltak inneverande år, dersom Samferdselsutvalet ønskjer det.

Tunnelar med alvorlege feil

Felles for prosjekta som er nemnd nedanfor er at dei elektriske kablane nytta i tunnelen er av så dårleg kvalitet at dei må skiftast ut. Dei har jordfeil, eller står i fare for å få det. Jordfeil medfører fare for at objekt i tunnelen kan verte straumførande, noko som igjen kan føre til skade for bilistar, elektrikarar som skal utføre arbeid i tunnelane, samt for nærliggjande bustader. Oppgraderinga som er planlagt omfattar utskifting av elektrisk anlegg, men ikkje ei full oppgradering av tunnelen i forhold til strossing m.m.. Om ein skulle gjort det, hadde prosjekta vorte så dyre at ein kun ville fått gjennomført nokre få.

- Øksendalstunnelen
- Stordalstunnelen
- Visettunnelen
- Ringsettunnelen
- Hammartunnelen
- Remmetunnelen

Totalt er det lagt inn tiltak som gjeld utbetring av tunnelar for om lag 195 mill. kroner i investeringsprogrammet som no vert lagt fram. Det er ikkje rekna anslag på prosjekta, kostnaden er difor usikker.

I tillegg må det på sikt gjerast tilstandsvurderingar på alle fylkesveg tunnelane i Møre og Romsdal. Kostnader knytt til oppgradering av tunnelar etter dette er ikkje synleggjort i investeringsprogrammet.

2.4 Programområde mindre utbetringar (andre investeringar)

Om dei ovanfor nemnde utfordringane knytt til forfall på fylkesvegnettet ikkje vert løyst gjennom statlege løyvingar, vil det vere lite midlar igjen som kan nyttast til andre investeringar i heile perioden framlegget til investeringsprogram gjeld for.

Grusvegpakka

Fylkestinget vedtok i sak T-79/11 at grusvegpakka skal ferdigstillast i 2013. Likevel er det behov for noko midlar også i 2014. Naudsynte løyvingar for ferdigstilling av

grusvegpakka er 6,1 mill. kroner i 2014. Årsaka til at det må leggjast inn midlar også i 2014, er at pussarbeid på tiltak i 2013 vert utført i 2014.

3. Programområde gang- og sykkelveggar

I investeringsprogrammet som vert framlagt no, er det lagt til grunn i overkant av 40 mill. kroner pr. år. Vurderingane som ligg bak prioriteringane er først og fremst om det er skuleveg, samt årsdøgntrafikk. Store arbeidsplasskonsentrasjonar, vegbreidde, fartsgrense, ulykkes-strekningar og -punkt har også vore med i vurderinga. For meir rasjonell bygging, er gang- og sykkelveggar som ligg innafor same kommune slått saman til eit prosjekt.

4. Programområde trafikktryggingstiltak

Det ligg ei binding i at Fræna kommune har forskottert 12 mill. kroner til trafikktryggingstiltak i Elnesvågen sentrum. Elles får ein realisert ei rekkje mindre prosjekt. For investeringsprogramperioden ligg det inne totalt 270 mill. kroner i perioden 2014 – 2023.

Veglys

Samferdselsutvalet vedtok den 25.04.2012 (SA-38/12) å ta over eigarskapet til veglys. Det må på sikt setjast av midlar til ev. oppgradering av gamle veglysanlegg og til frådeling frå kommunale anlegg. Det vart i saksframlegget lagt opp til overtaking av dei første veglysanlegga frå 1.1.2014. På det noverande tidspunkt kan ikkje administrasjonen tilrå at Fylkestinget prioriterer å ta over veglys.

5. Programområde miljø- og servicetiltak

Vanndirektivet gjev bindingar for tiltak i form av til dømes fjerning av oppgangshinder for fisk i elvar. Det er difor lagt inn ei lita årleg løyving til denne typen tiltak. Forureiningslova gjev òg bindingar for tiltak i form av støyreduksjon. 32 bustader skal utgreiast for støy.

Sjøgata i Ulsteinvik

Prosjektet er fullfinansiert, er lyst ut på anbod. Fylkeskommunen si løyving til prosjektet er avgrensa til 20 mill. kr + mva, og Ulstein kommune har tatt på seg ansvaret for eventuelle overskridingar. Det er føresett gjennomføring i 2013 og 2014.

Miljøgate, Brattvåg

Det har tidlegare vore gjevne eit tilsegn på 2,4 mill. kroner til dette prosjektet. På grunn av at kommunen ikkje ferdigstilte prosjektet, vart heller ikkje midlane utbetalt. Kommunen ønskjer no å ferdigstille prosjektet, og ber difor om at fylkeskommunen aukar løyvinga til dette prosjektet. I framlegg til investeringsprogram er det lagt inn til saman 5 mill. kroner til tiltaket.

6. Programområde kollektivtiltak

Utanom ferdigstilling av kollektivknutepunktet på Garnes er lagt inn til saman 28 mill. kroner til oppgradering av busslommer og knutepunkt på dette programområdet innafor investeringsprogramperioden.

7. Programområde planlegging

Det er i framlegget til investeringsprogram lagt inn til saman 60 mill. kroner til planlegging. Statens vegvesen signaliserer at det burde vore sett av 10 mill. kroner i året i planlegging. Det at dette beløpet er redusert, kan igjen føre til at planlegging av ulike prosjekt vert forseinka.

8. Grunnerverv

Det er sett av til saman 10 mill. kroner til grunnerverv i investeringsprogrammet.

9. Konsekvensar av prioriteringane

Som kommentert i saksframlegget, har fylkeskommunen ein del utfordringar når det gjeld å finne midlar til prosjekt som ligg inne i investeringsprogrammet.

I tillegg har fylkeskommunen utfordringar på andre områder enn investering. Dette gjeld til dømes driftskontraktar på buss, ferje og veg. Prisauken innanfor desse områda har vore langt høgare enn auken i rammeoverføringa.

Nedprioritering av vedlikehald på det noverande tidspunktet vil gjere kostnadene til vedlikehald større på lang sikt. Om det ikkje vert lagt nye slitelag med asfalt på vegane rettidiq, vil dette igjen gje langt dyrare vedlikehaldsarbeid på dei same vegane seinare. Som ein ansvarleg vegeigar er det naudsynt at vi tek vare på det vegnettet vi har. Å fjerne forfall på dagens vegnett er naudsynt for samfunnet. Samtidig er Møre og Romsdal fylkeskommune ein viktig regional utviklingsaktør. Dette inneber at vi må satse på prosjekt som styrkar bu-, arbeids- og serviceregionane våre. Det å vege desse omsyna opp mot kvarandre er ei vanskeleg oppgåve, ikkje minst grunna det store etterslepet vi har på vegnettet i Møre og Romsdal.

Forslag til tilråding

Fylkestinget vedtek investeringsprogrammet slik det vert lagt fram.

Arild Fuglseth
samferdselssjef

Vedlegg

1 Tabell - investeringsprogram 2014 - 2023

Behandling i fylkestinget - 14.10.2013

Trygve Holm (Ap) fekk permisjon i løpet av saka og var ikkje med på voteringa – 46 voterande.

Oddbjørn Vatne (Sp) fremma følgjande forslag:

Fylkestinget viser til Sak T-17/12.

"Når det gjeld utarbeiding av prioriteringskriteriar innafor kategorien "Større vegprosjekt",

legg Fylkestinget til grunn følgjande inndeling:

1. Fjordkryssingar/Ferjeavløsningsprosjekt
2. Andre større prosjekt (større enn 100 mill kr)
3. Mindre prosjekt (mindre enn 100 mill kr)"

Fylkestinget ber om at det ved første rullering av Investeringsprogrammet blir utarbeidd

eit forslag til aktuelle prosjekt innafor punkt 2-Andre større prosjekt (større enn 100 mill kr.).

Steinar Reiten (Krf), Anne Dyb Liaaen (H) og Frank Sve (Frp) fremma følgjande forslag til vedtak:

Nytt pkt. 14:

Fylkestinget viser til brannøving i Fv 64 i Fannefjordtunnelen 3. oktober i år, og brannteknisk vurdering som konkluderte med at tunnelen i verste fall kan bli utilgjengeleg for brannvesenet under ein brann. Dette skuldast mellom anna manglande ventilasjonskapasitet og mangel på snuplass for utrykningskjøretøy inne i tunnelen.

Fylkestinget viser vidare til at Statens Vegvesen planlegg ein snarleg samla gjennomgang av branntryggleiken i tunnelane i fylket, med ei prioritering av tiltak ut frå risiko.

Fylkestinget ber om at ei slik fagleg vurdering får høg prioritet og blir gjennomført i samarbeid med samferdsleavdelinga i fylket. Ein føreset at vurderinga blir gjennomført så raskt at ei eventuell ekstra løyving til brannsikringstiltak i Fannefjordstunnelen kan vurderast for å få utført tetting av vasslekkasjer og brannsikring samstundes ved behandling av fylkesbudsjettet for 2014.

Steinar Reiten (Krf), Frank Sve (Frp) og Anne Dyb Liaaen (H) fremma følgjande forslag til vedtak:

Nytt pkt. 15:

Fylkestinget ber om at samferdsleavdelinga, i samarbeid med Statens Vegvesen og kommunane Aukra og Misund, utfører naudsynt forarbeid for å få fastlandssambandet Aukra - Misund - E39 Møreaksen inn i investeringsplanen for fylkesveger ved neste rullering.

Ingrid Opedal (Sv) fremma følgjande forslag til vedtak:

Tillegg til tilrådinga frå fylkesutvalet:

Mindre utbetringar (Andre investeringar):

Høgebrua på fylkesveg 655 i Ørsta – ny bru med tilstøytande vegar
(inn på liste under kolonne «prioritering ved større rammer»)

Grunngjeving: Brua er ei eittfeltsbru i ein 90-graderssving der skuleelevar ferdast og lengre vogntog har vanskar med å passere.

Ingrid Opedal fremma også krav om punktvis avrøysting.

Torleiv Rogne (Uavh) fremma følgjande forslag til vedtak:

Nordøyvegen " kuttlista " Haramsøy - Skuløy/Flemsøy 2020 -2023.

Grunngjeving: Beresvak einfeltsveg ,ulukkesutsett strekning.

Nytt pkt: Hamnsundsambandet 2023 - ?. i staden for Vatne bru -
ikkje prioritert av Haram kommune.

Grunngjeving: Mijøvinst - sterkt redusert reisetid innan større bu- og
arbeidsmarknadsregion - Haram - Giske - Ålesund, samanknyting
maritime kluster i Ålesund -regionen. Prioritert av Haram kommune
etter Nordøyvegen.

Endring av tidlegare framlegg ; Hamnsundsambandet - avsnitt om
Vatne bru vert stroke.

Ny ordlyd : Hamnsundsambandet 2023 - ?

Grunngjeving: Miljøvinst - sterkt redusert reisetid innan større bu -
og arbeidsregion Haram - Giske -Ålesund. Samanknyting maritime
kluster i Ålesund-regionen.

Prioritert av Haram kommune etter Nordøyvegen.

Votering:

Etter punktvis avrøysting blei punkta 1-4 i tilrådinga samrøystes vedtatt.

Tilrådinga sitt punkt 5 fekk 22 røyster og fall, 26 røysta mot.

Tilrådinga sitt punkt 6 blei vedtatt med 25 røyster, 21 røysta mot.

Etter punktvis avrøysting blei punkta 7-10 i tilrådinga samrøystes vedtatt.

Dei to avsnitta i tilrådinga sitt punkt 11 blei tatt i to voteringar. Første avsnitt fekk
21 røyster og fall, 25 røysta mot. Andre avsnitt fekk 38 røyster og blei vedtatt,
medan 8 røysta mot.

Tilrådinga sitt punkt 12 blei samrøystes vedtatt.

Tilrådinga sitt punkt 13 blei sett opp i mot forslaget frå Oddbjørn Vatne. Tilrådinga fekk 24 røyster og blei vedtatt, medan forslaget frå Vatne fekk 22 røyster.

Forslag til nytt punkt 14 frå Steinar Reiten, Anne Dyb Liaaen og Frank Sve blei samrøystes vedtatt.

Punkt i tilrådinga «Mindre utbetringar Nytt punkt 14. Nytt kryss Ringstad Fv 60» blei samrøystes vedtatt.

Forslag til nytt punkt 15 frå Steinar Reiten, Anne Dyb Liaaen og Frank Sve blei samrøystes vedtatt.

Ingrid Opedal sitt forslag til vedtak blei samrøystes vedtatt.

Torleiv Rogne sitt forslag om Hamnsundsambandet fekk 2 røyster og fall.

Torleiv Rogne sitt forslag om Nordøyvegen fekk 2 røyster og fall.

Punktet i tilrådinga om «Fylkestinget ber om at plannemnda går igjennom» blei samrøystes vedtatt.

Punkt om «Store prosjekt» heilt til slutt i tilrådinga:

- Nytt pkt 3.
 - Langfjordtunellen – vedtatt mot 1 røyst
 - Talgsjøtunellen - vedtatt mot 1 røyst
 - Storfjordsambandet - vedtatt mot 1 røyst
 - Rovdefjordbrua – samrøystes
 - Sande Fastlandssamband – samrøystes

Vedtak i fylkestinget - 14.10.2013

Fylkestinget vedtek investeringsprogrammet slik det vert lagt fram.

Tilrådinga er vedteke med følgjande endringar:

1. Trollheimstunnelen: Auke frå 5 til 50 mill.
2. Åheimsbrua: Flyttes fram til per 2018-23.
3. Ny Vatne bru (Fv661): Inn på lista under kolonne "prioritering ved større rammer".
Begrunnelse: Einfeltsbru, regulert: Omkøyringsveg Ørskogfjellet.
4. Holte bru (Fv65): Inn på lista under kolonne "prioritering ved større rammer".
5. Tilrådd endring fall i fylkestinget.
6. Frøystadtoppen (Fv 654): Flyttes fram til 2017.
7. Sve-Helstad (Fv60): Gjennomføres som innstillinga. Kostnad red. til 30 mill kr, forenkla opplegg – evt. avgrensing av prosj.
8. Skarabakken (Fv654): Flyttes fram til 2017.
9. Kjørsvikbugen (Fv680): Flyttes fram til 2016-2017 m/5 mill i 2016 og 10 mill i 2017.
Begrunnelse: Jfr RS-65/12 – vedr. tidligere prioritering.
10. Planleggingsmidler må avsetjast slik at etterslepet kan gjentakast (m.a. bruer).
11. Bypakkene blir å behandle som ein separat post i investeringsprogrammet. Samla planleggingsmidlar på 15 mill blir fordelt likt på 2014 og 2015.

Prioritering av tiltak og omfang blir å komme tilbake til i neste rullering.

12. Gangveg Tunheim (Vanylven kommune) vert flytta opp frå prioritet 29 til prioritet 17 (tidlegare prioritet).
13. For å kunne skilje og prioritere betre mellom ein del prosjekt, bør det opprettast eit nytt programområde med nemninga "mellomstore prosjekt". Døme på dette kan vere "Børdalslinja". Fylkestinget ber difor om at det ved første rullering av investeringsprogrammet blir utarbeidd eit forslag til aktuelle prosjekt innanfor "mellomstore prosjekt".

Mindre utbetringar (andre investeringar)

Nytt punkt 14 (i tilrådinga). Nytt kryss Ringstad Fv60.

(- behov prioritering ved større rammer).

Begrunnelse. Regulert problemkryss, i trafikkert fylkesveg/næringsveg.

Er i tråd med kommunal prioritering."

Nytt pkt. 14:

Fylkestinget viser til brannøving i Fv 64 i Fannefjordtunnelen 3. oktober i år, og brannteknisk vurdering som konkluderte med at tunnelen i verste fall kan bli utilgjengeleg for brannvesenet under ein brann. Dette skuldast mellom anna manglande ventilasjonskapasitet og mangel på snuplass for utrykningskjøretøy inne i tunnelen.

Fylkestinget viser vidare til at Statens Vegvesen planlegg ein snarleg samla gjennomgang av branntryggleiken i tunnelane i fylket, med ei prioritering av tiltak ut frå risiko.

Fylkestinget ber om at ei slik fagleg vurdering får høg prioritet og blir gjennomført i samarbeid med samferdsleavdelinga i fylket. Ein føreset at vurderinga blir gjennomført så raskt at ei eventuell ekstra løyving til brannsikringstiltak i Fannefjordstunnelen kan vurderast for å få utført tetting av vasslekkasjer og brannsikring samstundes ved behandling av fylkesbudsjettet for 2014.

Nytt pkt. 15:

Fylkestinget ber om at samferdsleavdelinga, i samarbeid med Statens Vegvesen og kommunane Aukra og Misund, utfører naudsynt forarbeid for å få fastlandssambandet Aukra - Misund - E39 Møreaksen inn i investeringsplanen for fylkesveger ved neste rullering.

Fylkestinget ber om at plannemnda går igjennom aktuelle prosjekt innan programområda, for økonomiplanperioden 2013-2016.

Store prosjekt:

- Nytt pkt 3.
 - Langfjordtunellen
 - Talgsjøtunellen
 - Storfjordsambandet
 - Rovdefjordbrua
 - Sande Fastlandssamband

Mindre utbetringar (Andre investeringar):

Høgebrua på fylkesveg 655 i Ørsta – ny bru med tilstøytande vegar
(inn på liste under kolonne «prioritering ved større rammer»)

Grunngjeving: Brua er ei eittfeltsbru i ein 90-graderssving der skuleelevar ferdast og lengre vogntog har vanskar med å passere.

Referat frå samferdselsmøte - Fosnavåg

Møtestad: Rådhuset

Dato: 2 mai 2013

Tidspunkt : 11:00 – 15:00

Møtt:

Kystverket (KY)- Harald Tronstad og Børre Tennfjord

MR fylke (MR)- Lage Lyche

Statens vegvesen (STV) - Leif Magne Lillebakk

Herøy kommune (HK)- Arnulf Goksøyr, Erlend Krumsvik, Hallvard Rusten og Jarl Martin Møller

Program:

1. Bruene i Herøy kommune:

Innleiande:

I samband med Samferdselsutvalet si synfaring i Herøy i 2012 vart det orientert frå Statens vegvesen si side at bruene til Nerlandsøya og Remøya er i så dårleg forfatning at ein må gjere grep innan ei periode på 5 til 7 år. Konsekvensen ved å ikkje gjere tiltak er m.a at aksellasten på bruene vert satt drastisk ned som igjen medfører svært store konsekvensar for dei berørte lokalsamfunna. Herøy kommune inviterer til møte for å kome i dialog med sentrale instansar for å diskutere ulike løysingar for å krysse Vaulane.

Oppsummering:

Ordførar orienterte om farleder og nye muligheter som må diskuterast før ein gjer endeleg val med omsyn til kryssing av Vaulane. Det var ein god diskusjon kring bordet om ulike alternativ samt muligheter og begrensinger. Aktuelle stikkord er seglingsdjupne og bruhøgde (avhengig av status på farled, hoved eller biled?), mjuke trafikantar, universell utforming, planprosessar. STV orienterte om at det er lite erfaringar med senketunnellar i regionen og såg utfordringar med omsyn til stigningsforhold. Det vart vidare framheva dette med seglingslengde og positive miljømessige ringverknadar der ein kan få meir effektive og kortare farleder. FK ønskjer ein beskrivelse av ulike problemstillingar og muligheter med prosjektet og ba kommunen om å lage til ein slik beskrivelse. Vidare meinte FK at STV må vurdere det tekniske og kome med tilrådingar om kva som er mogleg å få til. Det vart vidare diskutert dette med vedlikehald av tunnellar og bruer med omsyn til kostnader der det vart vist til at tunnellar har ei meir jevnare fordeling av vedlikehaldskostnader kontra bruer.

Konklusjon:

STV kjem tilbake med ei tilråding på kva ein skal gå vidare med omsyn til bru eller tunnel. Viktig å legge fokus på muligheter og kostnader sett i lys av alternative løysingar (forskjellige bruhøgder, type farled osv.), Løysingane som vert arbeidd fram må skje i samarbeid med KY. Viktig at samfunnsmessige konsekvensar vert vurdert gjennom «lettare» analysearbeid med siktemål å få fram dei beste «tiltaka» for alle regionale aktørar og kommunen. Kommunen har fokus på å bygge lokalsamfunn gjennom å ta ut synergieffekter frå fleire ulike prosjekter i Fosnavåg og nærområdet til Fosnavåg.

2. Innfartsveg til Fosnavåg

Innleiande:

Presentasjon av innfartsvegen til Fosnavåg, status og vidare framdrift.

Oppsummering:

HK informerte om innfartsveg og planarbeidet fram til vedtak no i april. Det vart vidare orientert om Sunnmørsbadet og utbygging delarm frå Sunnmørsbadet til Myklebust. Prosjektet er finansiert gjennom RDA midler, men der ein har bede om tilskot til arkeologiutgraving frå fylkeskommunen. Søknad om utgraving og utarbeidelse av kostnadsoverslag er oversendt til fylkeskommunen og Riksantikvaren for vidare oppfølging. Straks kostnadsoverslag ligg føre vert dette oversendt til samferdselsavdelinga for vidare behandling i samferdselsutvalet og fylkestinget. Ordførar peikte på viktigheita av at innfartsvegen vart lagt inn i investeringsprogrammet for å kome i posisjon med omsyn til RDA midler. Investeringsprogrammet, forslag, skal opp i samferdselsutvalet 29/5 og vidare opp i fylkestinget i juni månad. Det vart vidare vist til Skarabakken og problemområda her utan å gå i detalj. Skarabakken vil uansett ikkje løyse dei sentrale utfordringane med omsyn til infrastruktur og logistikk inn og ut frå Fosnavåg i framtida.

Konklusjon:

HK ønskjer at FK prioriterer Innfartsveg til Fosnavåg og at dette prosjektet vert innlemma i investeringsprogrammet slik at ein kan arbeide vidare med planane for realisering av innfartsvegen.

3. Ulike farled- og hamneprosjekter i kommunen

Innleiande:

Gjennom NTP er 2 store hamne og farleds- prosjekter i kommunen vorte prioriterte. Dette gjeld utmudring av Fosnavåg hamn og mudring av Vaulane på til sammen 76 mill.kr.

Oppsummering:

Kystverket orienterer om sine planer og føringar som NTP har gitt. Totalt snakker ein om samla investeringar på 100-110 millionar for dei to prosjekta. Med omsyn til Fosnavåg hamn vil ein ha vidare møter med kommunen med omsyn til mudring, miljø og alternative løysingar med omsyn til deponering. Avgjerande for val av løysingar er rapporten som er venta vedr. tilstand på mudringsmassene HK orienterte vidare om det pågåande planarbeidet som er forventet godkjent i juni 2013. Det vart vidare diskutert dette med Vaulane og seglingsdjupne og i dag ligg prosjektet inne med 8 m utdjuping. Skal farleda oppgraderast kan ein snakke om utdjuping på meir enn 13 m. Vidare kjem krav til breidde og sikringssoner. Etter KY sine vurderingar vil det ikkje vere aktuelt å gå lavare enn 25 m bruhøgde for Vaulane og skal Vaulane verte bi-led snakkar vi om bruhøgde på 40m. Det vil vere avgjerande i det vidare arbeidet at ein har eit langsiktig perspektiv og vurderer ulike scenarior for vekst og trafikk.

Konklusjon:

Prosjektet vert tatt vidare i første omgang med møter mellom HK, KY og andre regionale instansar der ein ser på mudring av Fosnavåg hamn og deponeringsproblematikk. Dette vil skje når rapport ligg føre og reguleringsplanen er godkjend.

4. Byutvikling

Innleiande:

Kommunen er i dialog med fylkeskommunen for å sjå nærare på eit «byutviklingsprosjekt» som kan bidra til vekst og «ny giv» for Fosnavåg. Ei rekkje store utbyggingsprosjekter i

Fosnavåg og nærområdet til Fosnavåg kan vere med å skape nokre synergieffekter som lokalsamfunnet kan tene stort på.

Oppsummering:

HK presenterte «Byutviklingsprosjektet» og mulighetsrom for Fosnavåg by.

Møtet vart avslutta med ei synfaring i Fosnavåg sentrum.

Jarl Martin Møller

Ref.

Vedlegg:

Presentasjon av Byutviklingsprosjektet

Presentasjon av Innfartsveg.

Saksframlegg Byutviklingsprosjektet.



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|---------|
| Sakshandsamar: | OMR | Arkivsaknr: | 2012/12 |
| | | Arkiv: | L12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------|------------|
| 225/13 | Formannskapet | 03.12.2013 |
| 171/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

DETALJREGULERINGSPLAN FOR VERKET - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Ole Magne Rotevatn, utviklingsavdelinga møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Kommunestyret eigengodkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 *Detaljreguleringsplan for Verket* med plankart datert 10.10.2013, føresegn datert 7.11.2013 og planomtale datert 7.11.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering. Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret eigengodkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 *Detaljreguleringsplan for Verket* med plankart datert 10.10.2013, føresegn datert 7.11.2013 og planomtale datert 7.11.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningslova § 1-9 og

forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering.
Klaga skal stilast Fylkesmannen som er klageinstans og sendast til Herøy kommune.

Særutskrift:

| | |
|--|---|
| Kay Terje Myklebust | 6082 GURSKEN |
| Espen Vike | Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 6404 MOLDE |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset, 6404 MOLDE |
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Fylkeshuset, 6404 MOLDE |
| Statens vegvesen, Region midt | Fylkeshuset, 6404 MOLDE |
| Søre Sunnmøre Landbrukskontor | 6080 GURSKØY |
| Bjørn Hellum Bergsnes | Verket 36, 6092 FOSNAVÅG |
| Henning Magne Bergsnes | Verket 22, 6091 FOSNAVÅG |
| Sylvi Berge | Verket 34, 6091 FOSNAVÅG |
| Ann Karin Bergsnes | Verket 18, 6091 FOSNAVÅG |
| Aase O. Myklebust og Bjørn Myklebust | Verket 26, 6091 FOSNAVÅG |
| Joar Bendal og Margrete Kalland Bendal | Verket 11, 6091 FOSNAVÅG |
| Camilla Berge | Verket 15, 6091 FOSNAVÅG |
| Inge Bergsnes | Verket, 6091 FOSNAVÅG |
| Jan Berge Berge, | 6091 FOSNAVÅG |
| Rigmor Alise Bergsnes | Verket 20, 6091 FOSNAVÅG |
| Kjartan Berge | Pb. 233, 6099 FOSNAVÅG |
| Thore Bendal | Kviehaug 7, 6091 FOSNAVÅG |
| Lillian Øvrelid Berge | Verket 36, 6091 FOSNAVÅG |
| Sølvi Berge Brekke | Verket 38, 6091 FOSNAVÅG |
| Sylvi Irene Varhaugvik | Verket 16, 6091 FOSNAVÅG |

Vedlegg


- 1 Plankart 10.10.2013
- 2 Reguleringsføresegn 7.11.2013
- 3 Planomtale 7.11.2013
- 4 Innspel ved offentlig ettersyn
- 5 Saksprotokoll F-sak 58/13

Saksopplysningar:

Det vart gjennomført oppstartsmøte for arbeidet med detaljreguleringsplan for Nedre Berge på Bergsøya 10.3.2009. Plankonsulent varsla oppstart 11.9.2009 (Vedtak i Formannskapet 18.8.2009, F-sak 180/09) med høyringsperiode frå 11.9.2009 – 26.10.2009.


Siktemålet med planarbeidet er å regulere område for bustadar innanfor eit avgrensa område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til bustadar og LNF-område.

Detaljreguleringsplan for Verket vart lagt ut til 1. gongs offentlig ettersyn i perioden 21.10.2011 – 2.12.2011 (Vedtak i Formannskapet 27.9.2011, F-sak 260/11).




Detaljreguleringsplan datert 14.10.2011(1.gongs offentlig ettersyn).

Planen vart lagt ut til 2. gongs offentlig ettersyn i perioden 22.3.2013 – 3.5.2013 (Vedtak i Formannskapet 12.3.2013 F-sak 58/13).



Detaljreguleringsplan datert 30.11.2012(2.gongs offentlig ettersyn).

Saka vart til slutt sendt på avgrensa høyring (to veker høyringsfrist) til dei regionale instansane for endeleg avklaring av motsegn knytt til automatisk freda kulturminne og strandsonvern.



Detaljreguleringsplan datert 10.10.2013(avgrensa høyring 16.10.2013).

Vurderingar som er gjort etter 1.gongs offentlig ettersyn finn ein i vedlegg 5, saksprotokoll F-sak 58/13.

Endringar i planforslaget etter 2. gongs offentlig ettersyn og avgrensa høyring:

- FS5 er teke ut av planforslaget og erstatta av offentlig friområde 1 (FR1).
- V3 er teke ut av planforslaget.
- Område for pumpestasjon er flytta til enden av V2.
- Vendehammar i enden av V2 er utvida.
- G1 – 3 (sti og bru) til offentlig friområde 2 (FR2) er teke ut.
- FS4 er redusert i størrelse for å få plass til tursti mellom bustadtomt og naturleikeplass (GR1)
- Offentleg tursti G1 er flytta og lagt mellom bustadareal FS4 og GR1 og sjøområde (FOS1).

Innspel etter 2.gongs offentleg ettersyn (sjå vedlegg 4 for alle innspela i si heilheit):

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 3.5.2013:

Motsegn frå 1. gongs offentlege ettersyn, knytta til automatisk freda kulturminne, vert oppretthalde.

Motsegn vedrørande strandsona, jamfør brev 25.11.2011 vert trekt.

Vurdering:

- Planforslaget har blitt endra og FS5 er teke ut av planforslaget for å sikre kulturminnet og tilgang til strandsona.

Planforslaget vart sendt over til fylkeskommune på avgrensa høyring 16.10.2013.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 28.10.2013:

Med utgangspunkt i plankart og føresegner slik dei no ligg føre, finn vi å kunne trekke vår motsegn i saka. Planframlegget kan for vår del eigengodkjennast.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 29.4.2013:

Fylkesmannen held fast på at bustadområda FS4 og FS5 er konfliktfylte i høve fri ferdsel og leik og ålmenne landskapsinteresser i strandsona. Gangvegen frå enden av veg V3 og til naustområde N vil ikkje i tilstrekkeleg grad kunne ivareta desse omsyna, og vi opprettheld motsegna på dette punktet.

Vi aksepterer at det kan byggast to naust innafor område N, og trekker motsegna på dette punktet.

Føresegnene til G2 må sikre at brua vert bygd slik at ein sikrar god vassutskifting i bukta. Vi rår frå at gangvegen G3 blir utforma med universell utforming då det vanskeleg kan gjennomførast utan vesentlege terrenginngrep.

Vurdering:

- Planforslaget har blitt endra og FS5 er teke ut av planforslaget for å sikre kulturminnet og tilgang til strandsona.
- Kommunen vil sikre at brua ikkje vil forringe vassutskiftinga i føresegna til planen. Det er lagt inn at «der turstien kjem i konflikt med Haugen kan stien leggast rundt som ein naturleg sti, utan krav om at den skal vere universelt utforma, men skal utformast slik at flest mogleg i størst mogleg utstrekning kan nytte stien heile vegen»

Endringsforslag vart sendt over til fylkesmannen 2.7.2013:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 31.7.2013:

Dersom det skal vere aktuelt for Fylkesmannen å trekkje motsegna til FS4, er det eit vilkår at det vert regulert inn og bygd turveg mellom bustadtomta og sjøen (stipla linje): ... Kommunen må kunne dokumentere at det er mogeleg å plassere ein turveg her, og finne ei løysing som knyter turvegen til V3.

Det må stillast rekkjefølgjekrav til opparbeiding og fysisk skjerming mot FS4. Det vil vidare vere eit vilkår at gangvegen G1 G3 går ut.



Utsnitt frå plankart i brev frå Fylkesmannen 31.7.2013

Vurdering:

- Turvegen vert lagt mellom FS4 og GR1 slik fylkesmannen har skissert med kopling mot V3.
- G1 – 3 (sti og bru) til offentlig friområde 2 (FR2) er teke ut.

Nytt planforslaget vart sendt over til fylkesmannen på avgrensa høyring 16.10.2013.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 31.10.2013:

Føresegnene knytt til G1 må vere eintydige med omsyn til plasseringa av gangvegen. Fylkesmannen føreset at denne skal plasserast inntil tomtegrensa mot F4. Planen bør angje kva for type skjerming mellom bustadtomta og gangvegen ein ser for seg (gjerde, natursteinsmur?), og vidare stille estetiske krav knytt til korleis gangvegen eventuelt må byggast/sikrast mot utvasking ved høg sjø/framtidig havnivåstiging.

Planframlegget er elles endra i samsvar med dei vilkåra som Fylkesmannen stilte i brev 31.07.2013. Fylkesmannen kan på denne bakgrunn, og med ei presisering av plasseringa av G1 jfr. merknaden over, trekke motsegna til reguleringsplanen.

Vurdering:

- Herøy kommune har gjort endringar i føresegna og presisert plasseringa mellom FS4 og GR1 og meiner føresegna og kartet no er eintydig i forhold til plassering av G1.
- I føresegna er det presisert at skjeringa skal vere i form av gjerde eller hekk og at sikringa av turstien mot utvasking skal spele på lag med terreng og kringliggjande landskap.

Statens vegvesen, datert 18.4.2013:

Frå Statens vegvesen si side har vi ikkje vesentlege merknader til planframlegget.

Frisiktsoner i vegkryss bør markerast med skrålinjer på plankartet, slik det er vist i teiknforklaringa (SOSI-kode 140).

Vurdering:

- Frisiktsoner i vegkryss vert markert med stipla linje der dei går over føremål som «kjøreveg» og «annen veggrunn». Bakgrunnen for dette er at arealføremålet i seg sjølv tilseier at det ikkje vil kome opp gjerde, hekk eller andre tiltak som vil hindre fri sikt. Når frisiktzone går over andre føremål som td. bustadføremål er dei markert med skravur slik det står i teiknforklaringa. Dette er vanleg praksis i reguleringsplanar.

Kystverket, datert 28.5.2013 og Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 20.3.2013:

ingen merknader til det framlagde utkastet på reguleringsarbeidet for det aktuelle området.

Bjørn Hellum Bergsnes mfl. datert 26.4.2013:

FS4 og FS5 kan ikke benyttes til boligformål — noe annet vil være vesentlig endring i forhold til Kommunedelplanen for Herøy 16.12.2004 der det er trukket en grenselinje for utbygging mot sjø langs eksisterende bebyggelse.

Dersom FS4 og FS5 bebygges vil de uten tvil virke som effektive sperrer for fri ferdsel strandsonen. ... Bygging på FS4 og også FS5 vil uomtvistelig gjøre det mindre attraktivt å nytte området til slike familieaktiviteter da husene, med 9m mønehøyde på kote 4, vil ruve over valen.

- Teke inn at det kan etablerast båtopptrekk til nausta.
- Lagt restriksjonar knytt til bruk av nausta og bevaring av terrengformasjon ved naustområdet i føresegna.

Forhold til andre planar:

Kommunedelplanen for Bergsøy, godkjend av kommunestyret 16.12.2004. Etter kommunedelplanen er arealet lagt ut til eksisterande og planlagde bustader og LNF-område.

Reguleringsarbeidet er delvis i tråd med overordna plan, men legg også til rette for bustadar i område avsett til LNF-område.



Utsnitt frå kommunedelplan for Bergsøy

Om planforslaget

Bustadar og leikeplassar:

Frittliggjande småhus (FS1 – FS5 og KS).

Det er i planen lagt til rette for 8 einebustadtomter(FS). I tillegg er det lagt til rette for ei tomt for tettare utnytting (KS), med rom for inntil 4 bueiningar. KS-område har ein storleik på om lag 1300 m².

Maksimum tillaten bebygd areal er sett til 30 % for FS-områda.

Maksimum tillaten bebygd areal er sett til 40 % for KS-område.

FS- områda er regulert for småhus. Det er tillate med to bustadeiningar på kvar tomt. Primært bør tomtene nyttast til eitt hovudhusvære og ev. sekundærhusvære, men det er ikkje sett avgrensingar som hindrar to likeverdige husvære om tomta tillet det.

På kvar tomt skal det opparbeidast eit minste opphaldsareal på 20 m² pr. bueining.

FS2 er føresettt å kunne senkast tilsvarande vegen gjennom området. Dette slik at veg og tomter vert best mogleg tilpassa og slik at bygningane opp på haugen ikkje vert for ruvande.

Det er sett av areal til to felles leikeplassar innanfor planområdet, merka LP1 og LP2. I leikeområde LP2 inngår bandleggingssone med automatisk freda kulturminne i grunnen. Innanfor sona for bandlegging er det ikkje tillate å gjere inngrep i grunnen, dekkje til eller gjere anna som kan medføre skade på fornminnet. Det kan ikkje gravast ned leikeapparat eller plantast tre innanfor bandleggingssona. Vanleg fri leik er tillate.

Samferdsel og andre tekniske anlegg:

Energianlegg (E):

Det er sett av areal til transformatoriosk i området. Bygning for nettstasjon kan førast opp inntil 2 meter frå formålsgrænse.

Andre kommunaltekniske anlegg (P):

Det er sett av areal til kloakkpumpestasjon i området. Kommunen har rett til å nytte "snu plass" mellom veg og garasje på tomt FS5. Ein legg til grunn at det vert montert reinsefilter på utgåande luft frå pumpe-stasjonen, for å hindre problem med lukt frå anlegget.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:

V1 og V5 er offentlege vegar. Dimensjonert for 30km/t.

V2-V4 og V6 er felles vegar der V2 og V3 kan nyttast av kommunen for naudsynt drift og vedlikehald av pumpestasjon.

V1:

Reguleringsplanen legg opp til at V1 som er ein kommunal veg kan utvidast der det ikkje kjem i konflikt med eksisterande bustadar langs vegen. Status i dag er at det er bygd fleire hus tett inntil kommunevegen. Der bustadane kjem i konflikt med vegarealet er det gjort tilpassingar i planen slik at eksisterande bustadar ikkje vert råka av ei eventuell utviding.

V2:

I tidlegare planforslag har V2 vore dimensjonert for "liten lastebil". Etter møte med mellom kommunen og tiltakshaver 21.6.2011 har dimensjoneringa på V2 blitt endra frå "liten lastebil" til "lastebil". Dette er for at vegen skal vere dimensjonert for utrykkingskøyretøy og vedlikehald av pumpestasjonen. Knappaste svingane i dette område har ein maksimal svingradius på 10 meter (R10). Med omsyn til beredskap

har konsulent har lagt ved ei sporingsanalyse som viser at "lastebil" kan kome seg fram til område ved eventuell utrykking.

G1, G2 og G3:

G1 og G3 er offentlig gangveg gjennom friluftsområda FR1 og FR2 med G2 som er område for gangbru. Gangvegen og gangbrua er meint å tilfredsstillе krava til universell utforming. Opparbeiding, drift og vedlikehald av gangvegen/stien og gangbrua vert eit ansvar for bygdelaget i området.

Friluftsmål og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner:

Det er sett av to areal til friluftsmål i planen, FR1 og FR2. Innanfor området kan det ikkje setjast opp bygg eller anlegg som er til hinder for bruken av området.

Friluftsområde i sjø, FOS1 og FOS2. Området kan brukast til natur, fiske, ferdsel og friluftsliv. Det er ikkje lov å setje opp bygg eller anlegg som er til hinder for bruken av området.

Naust (N):

Det er lagt til rette for eit naustområde med rom for to naust på neset mot Straumane. Nausta skal ha ei maksimum gesimshøgde lik 3.5 m og maksimum mønehøgde 5 m i høve til gjennomsnittleg planert terreng.

Maksimum bebyggd areal er sett til 80 m².

Vurdering av risiko og sårbarheit:

Det er gjennomført støyvurdering i forhold til FV 654 opp mot FS1. Dette arealet ligg ca 100 meter frå FV654. Utrekninga viser ein utgangsverdi langs Fv-en på ca L_{DEN} 69,3. Ved byggjegransa byggegransa langs FS1 (mot Fv654) vert støymengda ca L_{DEN} 59,3 som ligg innanfor gul sone i hht T-1442. Med skjerm i høgde 1,9 m vert støymengda redusert til L_{DEN} 54.8 dBA.

Det er lagt inn støyskjerm ved FS1 og LP1 i planen. Skjermen skal ha ei høgde på minimum 1,9 m og skal plasserast 1 meter frå eigedomsgrense.

Soverom og utomhusareal i tilknytning til KS-området bør leggjast på sørsida av tomta.

Innspel etter offentlig ettersyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 24.11.2011, 31.10.2012 og 7.1.2013.

1. "Planforslaget slik det ligg føre bidrar til ei ytterlegare nedbygging og privatisering av strandsona. Mellom areal FS4 og FS5 og sjøen er det regulert inn eit om lag 10 meter breitt friluftsområde, med gangsti i den austlegaste delen som skal gje gangtilkomst til planlagde naust og småbåtanlegg via ei hengebru. Det er vår vurdering at planforslaget ikkje tar tilstrekkeleg omsyn til fri ferdsel langs sjøen. Vi reiser **motsegn** til denne delen av planen. "
2. "Planlagt utbygging av naust og småbåtanlegg vil bidra til å auke den samla belastninga på naturtypen og artsmangfaldet i Straumane, jf. nml § 10 (*økosystemtilnærming og samla belastning*). Med omsyn til det generelle strandsonevernet og den potensielle negative samla belastninga planlagt utbygging av naust og småbåtanlegg vil ha på naturtypen og artsmangfaldet i Straumane, reiser vi **motsegn** til desse to byggeområda (N og SA)."

Vurderinga og endringar i planforslaget:

1. Planforslaget som ligg føre legg til rette for bygging innanfor 100-metersbeltet og nærmare strandsona enn det som er avsett til byggjeføremål i kommuneplanen sin arealdel. Kommunen har gjennom planprosessen vore merksam på denne problemstillinga og stilt krav om at det skal regulerast inn ein gangveg (tursti) frå V3/ pumpestasjon og ut til naustområdet. Kommunen sin intensjon er at innbyggjarar som går i strandsona her skal velje å bruke denne turstien og gå ut på neset og forbi naustområda for så å fylgje stien vidare vestover. Ved å "styre" turgåarar inn på denne stien vil det ikkje vere naturleg og heller ikkje attraktivt å opphalde seg mellom sjøen og bustadane FS4 og FS5.

Det er teke inn i føresegna at bustadområdet skal avgrensast med hekk eller gjerde for å hindre privatisering av strandsona og faren for «tomteutglidning».

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde også motsegn til bustadomtene FS4 og FS5, men trekte motsegna i brev datert 11.10.2012 etter dei var med på synfaring i området 12.9.2012 .

2. Motsegna til fylkesmannen vart varsla på grunn av den totale belastninga planen ville ha på naturmangfaldet. Kommunen har derfor teke ut heile område for småbåtanlegg og redusert naustområdet frå 6 naust til 2 naust. Slik det framgår av vurderingane knytt til naturmangfaldlova §§ 8-12 er ikkje ålegrasenger ein naturtype som vil bli negativt påverka av ytre faktorar. Tiltak som forankring på sjøbotn og mudring vil ha negative konsekvensar for denne naturtypen, men i dette planforslaget er det ikkje trong for mudring og heller ikkje forankring i sjøbotn. Ålegrasenger finn ein i grunne områder med sand og mudderbotn, men i dette planforslaget vert lagt opp til naust og flytebryggje der det er steinbotn og brådjupt. Kommunen vil derfor kunne tilrå at det vert etablert to naust med dei føringane som no er lagt inn i føresegna til planen. Herøy kommune viser også til vurderingane etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Det har blitt gjort endringar i planomtale og føresegner som går på plassering av naust, restriksjonar på bruk av naust og terrenngrep som følgje av nausta. Ein har også brukt delar av Fylkesmannen sine "råd om naust" i føresegna.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 25.11.2011 og 11.10.2012.

1. "Delar av byggeområda er lokalisert innanfor 100-metersbeltet langs sjøen. Av desse er dei to næraste (FS4 og FS5) i stor konflikt med ålmene interesser. Friområde FR1 er berre 10-20m breitt her, og har lita skjerming mot tomtene som ligg heilt nede på strandflata. Sjølv om ferdsel for så vidt er sikra formelt, vil den smale stripa ikkje innby til bruk. Dei to tomtene ligg også nærare strandsona enn andre tomter i og for størstedelen utanfor det som i kommuneplanen er definert som bustadområde. Ut frå dette har vi **motsegn** mot forslaget."
2. "Det er gjennomført arkeologisk registrering i planområdet og påvist eit automatisk freda kulturminne i form av ein steinalderbuplass (Askeladden id. 136747). ... Lokaliteten er lagt inn i planen med omsynssone D og C. Det er likevel ikkje teke tilstrekkeleg omsyn som sikrar vernet av lokaliteten på ein god nok måte, og vi må såleis ha **motsegn** til planforslaget inntil planen er retta opp i tråd med våre innspel."

Vurderinga og endringar i planforslaget:

1. Same vurderingar som for fylkesmannen si motsegn knytt til FS4 og FS5, sjå vurderingar over. **Møre og Romsdal fylkeskommune trekte si motsegn til FS4 og FS5 i brev datert 11.10.2012.**
2. Kommunen har endra grensa for vernesone D til å gjelde kulturminnet pluss fem meter slik kulturminnelova tilseier. Kommunen har også lagt inn vernesone C og endra tomte og byggegrensar for FS4 og FS5. Omsynsone C er sett til ca. fire meter rundt vernesone D. Kommunen har ikkje lagt inn omsynsone C slik fylkeskommunen ynskjer då dette ville medføre at FS5 måtte takast ut av planen. På grunn av økonomien i dette prosjektet er det derfor ikkje mogleg å ta ut noko av tomtene sør for Verkehaugen. Fylkeskommunen har opna for at det kan søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova, men kommunen må først avklare alle andre motsegner før det kan søkjast om dispensasjon. Kommunen har derfor arbeidd for å løyse motsegn knytt til strandsonevern og naturmangfaldet før ein tek vidare stilling til kulturminnet.

Statens vegvesen, datert 24.11.2011.

1. Statens vegvesen har ingen merknadar til reguleringsplanframlegget.

Herøy kommune, utviklingsavdelinga, datert 5.12.2011.

1. Det må sikrast i føresegnar under "Krav om rekkjefølgje" at gangvegen skal utbyggast når detaljreguleringsplanen for Hjelmeset 3 og Gang- og sykkelveg Hjelmeset er vedtekne av Herøy kommunestyre og det er avsett midlar til utbygging.

Vurderinga og endringar i planforslaget:

1. Det er sikra i føresegna at gang- og sykkelveg langs Fv 654 skal utbyggast samstundes med utbygging av gang- og sykkelveg vest for planområdet.

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 28.11.2011.

1. "Det bør leggjast vekt på å ha ei høg utnytingsgrad av området, slik at ein unngår å leggje press på dei tilstøytande areal der det vert drivi landbruk."

Vurderingar:

1. Det vert regulert eitt område for konsentrert utnytting, men hovudvekta av bustadar vil vere frittliggjande einestadar.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 24.11.2011.

1. NVE har ingen merknadar til reguleringsplanen.

Bjørn Hellum Bergsnes mfl. datert 4.12.2011.

1. Husene på eiendommene gnr. 29 bnr. 23, 91, 147, 205, 212 og 225 ligger helt inntil eller svært nær veien og blir negativt berørt ved eventuell heving av veinivå eller breddeutvidelse. "Vi aksepterer ikke at veien utvides inn på våre eiendommer eller endres slik at adkomst forringes. Vi aksepterer ikke at verdien på våre eiendommer reduseres på grunn av at veien kommer nærmere og øket trafikkbelastning."
2. "I krysset mellom veiene Verket/Bendalsveien og Fylkesvei 654 er det daglig svært kaotisk og farlig ved skolestart og skoleslutt. ... Dersom utbyggingen blir gjennomført må det gjøres tiltak i nevnte kryss for å forhindre alvorlige ulykker."

3. "Vi mener ny adkomstvei må legges i en anne trase enn eksisterende vei for å unngå negative effekter nevnt ovenfor."

Vurderingar og endringar i planforslaget:

1. Reguleringsplanen legg opp til at V1 som er ein kommunal veg kan utvidast der det ikkje kjem i konflikt med eksisterande bustadar langs vegen. Situasjonen i dag er at det er bygd fleire hus tett inntil kommunevegen. Der bustadane kjem i konflikt med vegarealet er det gjort tilpassingar i planen slik at eksisterande bustadar ikkje vert råka av ei eventuell utviding.
2. Det vert regulert inn ein gang- og sykkelveg langs Fv.654 innanfor planområde som vil betre tryggleiken til gåande og syklende i området. Trafikktryggingstiltak ut over dette vert å ta opp i "Kommunedelplan for trafikktrygging" som eigne tiltak.
3. Gjennom planprosessen har kommunen og tiltakshavar vurdert fleire alternativ for alternativ trase, men har ikkje lukkast å få på plass avtalar som vil gjere dette mogleg. Kommunen har derfor landa på alternativet som no ligg i dette planforslaget.

Jan Berge, datert 3.12.2011.

1. "Infrastruktur for veg, vatn og kloakk må dimensjoneres for mulig fremtidig utbygging av den del av gnr 29, bnr 1 som ligg nedenfor hovedvegen (ned mot verket). Planarbeid bør ta høyde for evt. fremtidig reguleringsendring av område som pr. dato er regulert til landbruksformål."

Vurdering:

1. Det er lagt inn breiddeutviding av den kommunale vegen der det ikkje kjem i konflikt med eksisterande bustadar og tek såleis høgde for ei auke i antal bustadar i Verket. Dimensjonering på vatn og avlaup vert avgjort gjennom utbyggingsavtale eller byggesaka.

Rigmor Alise Bergsnes, datert 30.11.2011.

1. "Ifølge plangrense, oppfatter jeg det som om vegen kommer inn på min eiendom gnr 29 bnr 91. Huset står allerede så nær inntil vegen, at noe inngrep er ikke aktuelt!. Vegen er i dag smal og dårlig opparbeidet. Med tanke på anleggstrafikk og betydelig øking av trafikkmengden: Hva med vannledninger som ligg 20-30cm dypt i vegen?"

Vurdering:

1. Delar av eigeiendommen 29/91 vert regulert til "annen veggrunn". Innanfor areal avsett til "annen veggrunn" er det vanlegvis grøft eller veikant. Denne reguleringa vil ikkje påverke eigeiendommen i særleg grad då området allereie vert brukt til dette føremålet.

Kjartan Berge, datert 7.11.2011.

1. "Eg har nettopp vorte eigar av gnr. 29, bnr. 4, og kan som dei tidlegare eigarane ikkje finne i noko papir at tiltakshavar har nokon slags vegrett over min eiendom. Dette må i så fall leggest fram bevis på. Slik ein kan forstå ut ifrå kartet, er vegen i si heilheit teikna inn på 29/4. Eg vil allereie no varsle at eg krev synfaring slik at ein kan fastslå kvar grensene går."

Vurdering:

1. Ut frå kommunen sine eigeiendomskart ligg ikkje vegen på gnr. 29 bnr. 4. Kommunen har vidare "skylddelingsforetning" frå 1916 som tydar på at

tiltakshavar har vegrett til nedre del av Berge over østre parsell. Kommunen tek likevel ikkje stilling til vegrettar då dette er eit privatrettsleg forhold, men tek stilling til korleis arealbruken skal vere.

Thore Bendal, 7.11.2011.

1. Eigar av gnr. 29 bnr. 160. "Bnr. 160 har sin vegrett ilag med bnr. 3, 13 og 25 i form av ei felle "rås" som går rundt Verkehaugen på austsida, og kjem i saman med ei anna "rås" på nordsida av haugen og vidare. ... Her må då bnr. 3, og 160 få tillaga ei godt brukbar avkjørsle i retning tunet på bnr. 3. Eller så må bnr. 160 få bruksrett til den nye vegen og vidare over eventuell gangbruk til naustplass. ... Kunne ein ikkje i staden for bru legge ned slike store rør som for eks. vegvesenet brukar i lignande eksempel, og så lage ein kjørbar tilkomst til naustplassane det ville vere betre."

Vurdering:

1. Kommunen tek ikkje stilling til vegrettar og har heller ikkje mynde til å ta eller gje slike rettar gjennom reguleringsarbeidet. Kommunen har endra planen slik at det kan etablerast ei gangbru over til naustområdet, men den vil ikkje vere av ein slik dimensjon at den kan vere køyrbar. Kommunen ynskjer ikkje at det skal opnast for at bilar skal kunne køyre ned då dette kan vere til hinder for bruken av friluftsområde og innbyggjarar som vil bruke område for rekreasjon og friluftsliv.

Vurdering:

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 i naturmangfaldlova gjeld krav om kunnskapsgrunnlag for å fatte vedtak: Delar av planområdet (Naustområde) i Straumane er, i rapporten *kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune* frå 2001 og www.dirnat.no sin naturbase, verdsett som B (viktig) i dei delane av området som inneheld ålegras (*Zostera marina*).

Utdrag frå www.dirnat.no sin naturbase om Straumane:

Området er avgrensa som viltområde, og er eit høgproduktivt, grunt og innestengt fjordparti med småøyar, holmar og sund med mange bukter og breie tidevassområde. Det er rik straumsetning frå to kantar, med rikelig undervassvegetasjon, m.a. ålegras-enger i mudderbuktene, og med rikare mudderstrender. Området er kransa av eit småkupert kulturlandskap med tett busetnad, men og med lyngheiar og litt krattskog. Dette er dels eit viltområde som har funksjon som hekke- og beiteområde for vassfugl. Lokaliteten må sjåast i samanheng med Myklebustvatnet. Risheim og Johannessen (1991) har data om det marine miljøet etter ei undersøking på oppdrag av Statens vegvesen. Dei har registrert låg faunadiversitet i det marine miljøet som kan relaterast til dårleg gjennomstrøyning og hydrogensulfidopphoping.

Omsyn/ Skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining. (Utdrag frå www.dirnat.no sin naturbase, Faktaark).

Utdrag frå *Norsk rødliste for naturtyper 2011:*

*Vanlig ålegras (*Zostera marina*) vokser i spredte forekomster på sand- og mudderbunn i **grunne områder**.* (Norsk rødliste for naturtyper 2011, s. 57)

*Grunne bløtbunnsområder (inkludert ålegrasenger) er antatt å være spesielt utsatt for utbygging i strandsonen og var gjenstand for vurdering spesielt, men **ble ikke vurdert å ha høyere kategori enn hovedtypen løs eufotisk saltvannsbunn (LC)**, og ble derfor ikke skilt ut som egen vurderingsenhet.* (Norsk rødliste for naturtyper 2011, s. 58)

Økologisk tilfredsstillende (LC) (Livskraftig/Least Concern for arter) angis for en naturtype når den ikke oppfyller noen av kriteriene for kategoriene CR, EN, VU eller NT, og ikke er satt til kategoriene DD, NA eller NE. Begrepet økologisk tilfredsstillende kan forstås slik at arealet av naturtypen ikke er vesentlig redusert i løpet av vurderingsperioden, at en vesentlig del av naturtypeforekomstene har meget god eller god økologisk tilstand. **Naturtypen forekommer i tillegg i tilstrekkelig mengde og bredde i utbredelse til å motstå eventuelle ytre påvirkninger uten å risikere vesentlige endringer i typens naturgitte forekomst og karakter.** (Norsk rødliste for naturtyper 2011, s. 12-13)

Utdrag fra Direktoratet for naturforvaltning, Faggrunnlag for ålegraseng (Zostera marina):

*Ålegrasenger er beskyttet i henhold til Bernkonvensjonen og er listet i Rio deklarasjonen (1992/93: 13) som et habitat/naturtype med behov for fredning (verneverdig). ... **Ålegraseng er vurdert sikker (ikke truet) både som art og som naturtype i Norsk rødliste for arter 2010 og i Norsk rødliste for naturtyper 2011.*** (Direktoratet for naturforvaltning, Faggrunnlag for ålegraseng (Zostera marina), s. 21)

Den norske kystlinjen er preget av røffe og utsatte fjell, stein og svaberg-områder, og mange steder er lune bukter med grunne bløtbunnsområder mer sjeldne. Det er særlig på slike grunne bukter og vikene finner man ålegrasforekomstene, og det er også ofte på slike mer beskyttede steder man ønsker å etablere og bygge ut båthavner. Bryggeanlegg og båter skygger for lystilgangen, og forankring og mudring bidrar også til å fjerne ålegraset fra slike lokaliteter. I tillegg vil nedfall fra begroing og søppel tildekke bunnsedimenter, og båthavner og marinaer fører ofte med seg økte belastninger av miljøgifter. (Direktoratet for naturforvaltning, Faggrunnlag for ålegraseng (Zostera marina) s.22)

Ut fra det som står i rapporten om biologisk mangfold er område verdsett som B (viktig) der det er gjort funn av ålegras. Kommunen har ikke klart å finne informasjon om kvar i Straumane det er gjort funn av ålegras, men området som inngår i planområdet er prega av svaberg og stein/tarebotn og det er brådjupt i område der det er planlagt naustområde.

Alle grunne bløtbunnsområde (inkludert ålegrasenger) er verdsett til LC i rødlista i 2011. LC er den lavest verdsettinga i rødlista og er vurdert som sikker (ikkje trua) i direktoratet for naturforvaltning sitt faggrunnlag for ålegrasenger.

Kommunen meiner kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for denne naturtypen og krav om kunnskapsgrunnlag er såleis oppfylt.

§ 9 i naturmangfaldlova og "føre-var-prinsippet":

Kunnskapsgrunnlaget er godt og relevant for vurdering av verdien på naturtypen som er funne innanfor planområdet. Kommunen meiner det ligg føre tilstrekkeleg

informasjon om kva verknadar tiltak i området kan ha for naturmiljøet og naturmangfaldet. Det vert derfor ikkje lagt vekt på "føre-var-prinsippet" i denne vurderinga.

§ 10 i naturmangfaldlova gjeld den samla belastninga av tiltaket:

Den samla belastninga av planforslaget har vore fokusert rundt tiltak for naust og flytebryggje i området. Det vert lagt til rette for to naust og løyve til å leggje ut flytebryggje med inntil to båtplassar. Naturtypen som er funne er vurdert som sikker (ikkje trua) og vil ikkje bli påverka vesentleg av ytre faktorar (*norsk rødliste 2011 og faggrunnlag for ålegrasenger*).

Ved vurdering av den samla belastning for dette planforslaget må ein også ta med tiltaket pumpestasjon som vil vere eit positivt tiltak for området. Ved å godkjenne planforslaget og pumpestasjon i dette området kan ein få samla opp dei utsleppa som no går rett i Straumane og få dette inn på eit kommunalt leidningsnett. Kommunen meiner den samla belastninga av tiltak i planen vil ikkje påverke naturmangfaldet negativt i vesentleg grad.

§ 11 i naturmangfaldlova gjeld kostnadar ved miljøforringelse:

Det vil ikkje bli vesentlege negative kosekvensar av tiltaket då naturtypen er vurdert som sikker og ikkje trua av ytre påverknadar. Det vil derfor ikkje vere kostnadar knytt til miljøskadar.


§ 12 i naturmangfaldlova gjeld bruken av miljøforsvarelege teknikkar ved utbygging: Ved etablering av flytebryggje vil det bli brukt krysstag til å forankre flytebryggja. Dette vil ikkje føre til inngrep på havbotn og føre til skade på naturtypen.

Vurderingar kring fylgjande tiltak:

- **FS4 og FS5.** Kommunen ynskjer ikkje å ta ut byggeområde i planen då dette vil medføre at økonomien i prosjektet vert vesentleg svekka. Dersom ein må ta ut desse byggeområda vil det ikkje vere økonomisk grunnlag for å gå vidare med prosjektet. Dei største kostnadane i dette prosjektet ligg i vegføringa over Verkehaugen.
- **FS4.** Kommunen er ikkje samd i Fylkesmannen sitt argument om at FS4 privatiserer strandsona i større grad enn til FS5. Det sjøområdet som ligg mot FS4 er ikkje «attraktivt» areal i strandsona etter kommunens vurdering då dette området har mykje gjørme og mudderbotn. Dette vart også observert på synfaringa. FS4 ligg også etter kommunen sitt skjøn skjerma frå sjøsida ved terrengformasjonen (Haugen) og naustmiljøet som ligg på neset. Haugen vil hindre innsyn frå turgåarar på neset og innsyn frå båt. FS4 ligg også meir skjerma i forhold til brukarar av friluftsområdet ved at ein vil lede turgåarar til å bruke den opparbeidde gangvegen/turvegen frå V3 ut på neset og forbi naustområdet. Kommunen trur det vil vere meir attraktivt å gå denne vegen då ein får nærmare kontaktflate mot sjøen. Vidare vest for FS4 er det etablert ein plen som går heilt ned i strandsona. Dette vil også medverke til at turgåarar vil vurdere gangvegen ut mot neset som den beste passasjen og området mellom sjøen og FS4 vil ikkje bli brukt til rekreasjon eller friluftsliv.
- **FS5.** Når det gjeld FS5 sitt forhold til fri ferdsel er kommunen samd i Fylkesmannen sitt argument om at FS5 ligg meir skjerma mot sjøen ut frå dei topografiske tilhøva. Kommunen er derimot ikkje samd med Fylkesmannen om at vegføringa vil medføre «forholdsvis store terrenginngrep og høge

byggekostnader». Vegføringa og byggekostnadane til denne delen av reguleringsplanen vil vere ubetydelege samanlikna med andre tiltak i planen. Tomta FS5 vil derimot vere med på å redusere totalkostandane for tiltakshavar ved realisering av dette byggeområdet.

- **Vern av kulturminnet.** Fylkeskommunen ynskjer at kulturminnet skal ha ei omsynsone C som strekk seg sør mot sjøen og vil hindre utbygging på FS5. For at planen skal vere realiserbar må ein leggje til rette for fire bustadtomter sør for Verkehaugen. Verdien av kulturminner skal vegast opp mot dei økonomiske konsekvensane eit vern vil ha for tiltakshavar (jf. møte og synfaring 12.9.2012). Kommunen meiner det vil vere tilstrekkeleg vern slik det vart lagt inn i planforslaget som vert sendt på høyring. Kommunen meiner prosessen rundt arbeidet med arkeologisk registrering har vore svært lite forutseieleg og etter det som var avtalt mellom tiltakshavar og fylkeskommunen var det ikkje mogleg for tiltakshavar å forutsjå at det kunne bli gjort funn i området sør for Verkehaugen.




Utsnitt som viser Møre og Romsdal fylkeskommune sitt forslag til omsynsone C (avmerka med raudt).

- **Naustområdet.** Tiltakshavar har uttrykt ynskje om å sette opp egne naust i tilknytning til bustadane. Kommunen meiner at planen, slik han no ligg føre, med to naust vidarefører eit eksisterande naustmiljø og kan ikkje sjå at dette vil medføre vesentlege negative konsekvensar for naturmangfaldet og den samla belastninga i Straumane.

Frådeling av bustadtomt på naboeigedom

Kommunen handsama dispensasjonssak for gnr. 29 bnr. 87, deling av grunneigedom. Fast utval for plansaker gjekk i sak 106/08 inn for at det skulle gjevast dispensasjon frå LNF-sona i kommuneplanen og omdisponering av jordbruksareal til bustadføremål. Grunngevinga var at det var «overordna samfunnsinteresse om auka busetting i kommunen», «behov for bustadar i kommunen er akutt» og «ynskje om at ungdom skal få busette seg på heimgarden». Denne tomte som i dag er frådelt som gnr. 29 bnr. 388 grensar til denne reguleringsplanen mot V3 og FS5.



Utsnitt som viser forslag til reguleringsplan og frådelt tomt (avmerka med raudt) mot V3 og FS5.

Konsekvensar for folkehelse:

Kommunen meiner planen slik han ligg føre er eit viktig ledd i ein strategi for å skape ein attraktiv tursti i nærmiljøet i tilknytning til Straumane. Turstien som er teikna inn frå V3 er tenkt som sluttstykket på ein samanhengande tursti langs Straumane som gjer at mange innbyggjarar vil få ein attraktiv tursti innanfor 500m frå bustaden.

Konsekvensar for beredskap:

Planforslaget vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Planforslaget vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar for drift i kommunen. Planforslaget vil vere med å samle opp utslepp som i dag går i Straumane og inn på ei offentlig avlaupsleidning ved etablering av pumpestasjonen i området. Planforslaget legg opp til at vegen til at den kommunale vegen til Verket kan breiddeutvidast der det ikkje kjem i konflikt med eksisterande bustadar, betre tilkomst for bebuarane og betre forholda ved snøbrøyting.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 at detaljreguleringsplan for Verket vert sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

Fosnavåg, 21.02.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: OMR



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | RMY | Arkivsaknr: | 2012/639 |
| | | Arkiv: | 614 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------------|------------|
| 30/13 | Komite for oppvekst | 02.12.2013 |
| 226/13 | Formannskapet | 03.12.2013 |
| 172/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

NY BARNESKULE PÅ BERGSØY - VAL AV UTBYGGINGSTOMT

Møtebehandling:

Eigedomsleiaren og skuleleiaren møtte og orienterte.

Formannskapet kom med framlegg om slik endring i tilrådinga frå rådmannen: Pkt. 2.: og framdriftsplan for plan- og arkitektkonkurransse – vert stroke.

Det vart røysta i to omgongar.

Framlegget frå formannskapet om endring vart samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding med endring vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

1. Kommunestyret vedtek at ny barneskule for Bergsøy skal byggast på kommunal eigedom mellom Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule.
2. Kommunestyret ber Rådmannen om å utarbeide funksjons- og arealanalyse for ny barneskule og oversende denne til Kommunestyret for godkjenning saman med forslag til mandat.
3. Kommunestyret ber Rådmannen om å ta særleg omsyn til kommunens langsiktige utfordringar knytt til kommunal bygningsmasse ved utarbeiding av funksjons- og arealprogram og i størst mogleg grad syrgje for at eit nybygg bidreg til auka sambruk, effektivitet, fleksibilitet og funksjonalitet.

Møtebehandling:

Leiar for Eigedomsavd. Robert Myklebust orienterte.

Leiar for Skuleavd. Sølvi L. Remøy orienterte.

Komite for Oppvekst kom med slik endring i punkt 2:

2. Kommunestyret ber Rådmannen om å utarbeide funksjons- og arealanalyse for ny barneskule og oversende denne til Kommunestyret for godkjenning innen 30.06.14 saman med forslag til mandat og framdriftsplan for plan- og arkitektkonkurranse. Kommunestyret ber rådmannen om å fremme forslag til framdriftsplan for realisering av prosjektet i samband med budsjett i 2015..

Rådmannen si tilråding med slik endring i punkt 2 vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 02.12.2013

1. Kommunestyret vedtek at ny barneskule for Bergsøy skal byggast på kommunal eigedom mellom Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule.
2. Kommunestyret ber Rådmannen om å utarbeide funksjons- og arealanalyse for ny barneskule og oversende denne til Kommunestyret for godkjenning innen 30.06.14 saman med forslag til mandat og framdriftsplan for plan- og arkitektkonkurranse. Kommunestyret ber rådmannen om å fremme forslag til framdriftsplan for realisering av prosjektet i samband med budsjett i 2015.
3. Kommunestyret ber Rådmannen om å ta særleg omsyn til kommunens langsiktige utfordringar knytt til kommunal bygningsmasse ved utarbeiding av funksjons- og arealprogram og i størst mogleg grad syrgje for at eit nybygg bidreg til auka sambruk, effektivitet, fleksibilitet og funksjonalitet.

Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret vedtek at ny barneskule for Bergsøy skal byggast på kommunal eigedom mellom Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule.
2. Kommunestyret ber Rådmannen om å utarbeide funksjons- og arealanalyse for ny barneskule og oversende denne til Kommunestyret for godkjenning saman med forslag til mandat og framdriftsplan for plan- og arkitektkonkurranse.
3. Kommunestyret ber Rådmannen om å ta særleg omsyn til kommunens langsiktige utfordringar knytt til kommunal bygningsmasse ved utarbeiding av funksjons- og arealprogram og i størst mogleg grad syrgje for at eit nybygg bidreg til auka sambruk, effektivitet, fleksibilitet og funksjonalitet.

Særutskrift:

1. Skuleavdelinga, her
2. Eigedomsavdelinga, her
3. Anlegg- og driftsavdelinga, her
4. Utviklingsavdelinga, her

Utrykte vedlegg:

1. K-sak 27/13
2. K-sak 04/09
3. K-sak 162/12

Saksopplysningar:

Saka gjeld val av utbyggingstomt for ny barneskule på Bergsøy.

1. Saksbakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 27/13 - Bergsøy skule Borga, plan for framtidig situasjon - fylgjande:

1. Kommunestyret vedtek å bygge ny skule for barnetrinnet på Bergsøy. Aktuelle tomtealternativ skal utgreiast.
2. Kommunestyret vedtek nedlegging av Bergsøy skule Borga frå det tidspunkt ny barneskule er etablert.
3. Kommunestyret ber Rådmannen om å utarbeide kravspesifikasjon for ny barneskule og fremme denne til Kommunestyret for godkjenning.
4. Kommunestyret ber Rådmannen om å igangsette naudsynt omregulering av ny skuletomt.
5. Alternativ bruk eller riving av Borga blir vurdert, og plan for dette leggst fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.
6. Finansiering av ny barneskuleskule og evt. riving av Bergsøy skule Borga må avklarast i handsaminga av budsjett og økonomiplan.
7. Kommunestyret ber rådmannen fremje plan for alternativ bruk av eksisterande tomt for Bergsøy skule Borga saman med forslaget til kravspesifikasjon for ny barneskule.

Saka gjeld vedtakspunkt 1.

2. Skulesituasjonen i ytre Herøy

Herøy kommune har i dag tre barneskular i ytre Herøy: Bergsøy skule, Einedalen skule og Nerlandsøy skule. På desse skulane er det i dag totalt ca. 590 elevar.

Einedalen skule

Einedalen er ein skule for 1.- 7. årstrinn og er planlagd for maksimalt 35 elevar pr. trinn. Skulen har 190 elevar pr. i dag, men er dimensjonert for 245. Sjølv om dagens elevtal gir rom for ei auke, er dette berre delvis sant. Enkelte årstrinn er «fulle» i den forstand at det er fleire elevar pt. enn klasserommet er dimensjonert for. På første årstrinn skuleåret 2013/14 er det såleis 38 elevar på skulen.

Bergsøy skule

Bergsøy skule vart delt i to avdelingar når Bergsøy skule Blåhaugen vart sett i drift. Å dele ein skule i to avdelingar med såpass faktisk avstand mellom, viste seg tidleg å gi negative konsekvensar. Personalet er delt i to grupper og ein får ikkje utnytte kapasitet og kompetanse slik ein ynskjer. Det vart stadig klaga på at leiinga ikkje var til stades på den avdelinga og til den tid det trengdest. Ein får heller ikkje tilstrekkeleg utnytting av arealet eller den fleksibilitet ein måtte ha behov for. Å sende elevar mellom to bygg stel verdifull undervisningstid og vert kun unntaksvis gjort. Samling av den administrative ressurs og tilsetjing av to rektorar i staden for ein rektor og ein inspektør har betra på situasjonen, men ein har i realiteten fortsatt to skular, sjølv om det formelt sett er ein skule.

Nerlandsøy skule

Nerlandsøy skule er den av dei tre skulane som har færrest elevar. Elevtalet har siste åra lege mellom 70 og 80. Skulen består av eit eldre bygg, eit nybygg frå 1999, modulbygg frå 2012 (flytta frå Leine skule og renovert), samt at ein disponerer klasserom i den nedlagde barnehagen.

Der er mykje byggeaktivitet i krinsen, og området vert rekna som attraktivt sidan det er fritt og ope samstundes som det er sentrumsnært. Ein forventar derfor auke i elevtalet i åra framover.

Om skulen på eit tidspunkt skulle verte nedlagd, vil det venteleg bli behov for skuleskyss for alle elevar, både av omsyn til avstand og av omsyn til det som vil kunne reknast som «særleg farleg skuleveg» etter opplæringslova. Det vil bli ein forholdsvis lang skuleveg for dei minste elevane, heilt frå Kvalsvika og Kopperstad og inn til Bergsøy skule.

Med den utbygging og vekst vi kjenner til i dag, ligg det såleis til rette for å fortsatt ha 3 barneskular i ytre Herøy. Men samtidig må vi erkjenne at Nerlandsøy skule vil kunne krevje så store drifts- og vedlikehaldskostnader framover, at det ikkje vil vere forsvarleg utifrå eit heilskapleg økonomisk perspektiv. Ein ny skule på Bergsøya må derfor byggast så stor at ein tar høgde for krinsending og nedlegging av Nerlandsøy skule.

4. Kringsgrenser

Kommunestyret handsama kringsgrensene for Ytre Herøy ved bygginga av Einedalen skule. I K-sak 04/09 vedtok såleis Kommunestyret nye kringsgrenser. Skulekrinsane Remøy, Leine, Frøystad og Bø vart samla til ein krins. I tillegg vart det i vedtaket teke med eit punkt, sitat:

«Endring av kringsgrenser i høve elever på indre Bergsøy, vert å vurdere seinare i samband med utviklings av utbyggingsområda og kapasitet ved Bergsøy skule».

Det er dermed opna for å vurdere justering av kringsgrensa mellom Bergsøy og Einedalen skulekrins om det skulle bli behov for dette.

5. Tomtealternativ

Administrasjonen har vurdert ulike tomtealternativ for lokalisering av ny barneskule for Bergsøy:

Fosnavåg sentrum

Fosnavåg sentrum kan vere eit alternativ, anten innanfor det nye bydelsområdet som det skal lysast ut arkitektkonkurrans for eller i Huldalen/Igesund-området. Kommunen sjølv eig imidlertid ikkje areal som kan vere aktuelt å nytte. Ein må difor i forhandlingar med eventuelle grunneigarar for å kome til ei løysing. Eit eventuelt utbyggingsområde må også gjennom eit omreguleringsarbeid, anten sjølvstendig eller som ledd i arkitektkonkurrans for Fosnavåg sentrum elles. Dette kan medføre ei forseinking for skuleprosjektet.

Borga-tomta

Eit nybygg på dagens tomt for Bergsøy skule Borga føreset at eksisterande bygg vert rive fyrst. I K-sak 27/13 vert dette brukt som argument i seg sjølv for å bygge ny barneskule på alternativ tomt då ein for dette alternativet må etablere mellombelse undervisningslokale på anna tomt i utbyggingsperioden.

Om tomta er stor nok for nybyggprosjekt, må avklarast i ein eventuell vidare planleggingsprosess der mellom anna utforming av bygg og trafikale løysingar vil være viktige premissleverandørar. Kommunestyret har heller ikkje godkjent riving av eksisterande bygg pt.

Blåhaugen-tomta

Det tredje alternativet er å bygge ny barneskule mellom Ytre Herøy ungdomsskule og eksisterande Bergsøy skule Blåhaugen. Tomta er omlag 18 dekar stor, eigd av Herøy kommune, og med unntak av ein mindre parsell, allereie regulert til offentleg formål.

Eit areal på vestsida av Blåhaugen er også i kommunalt eige. Arealet er delt på fleire parsellar på begge sider av kommunevegen. Administrasjonen vurderer parsellen som for lita til eit utbyggingsprosjekt, men aktuell som delparsell ved ei utbygging av Blåhaugen-tomta.

6. Administrativ samanfatning og tilråding

Skuleavdelinga og Eigedomsavdelinga meiner ny barneskule bør byggast på tomta ved Bergsøy skule Blåhaugen. Ein viser såleis til K-sak 162/12 - Strategi for investering i, drift og vedlikehald av kommunale bygg - og dei føringar Kommunestyret der vedtok for framtidige investeringar i kommunal bygningsmasse. Administrasjonen knytter merknadar særleg til fylgjande stikkord:

Tomtealternativ

Administrasjonen ser ikkje at det ligg føre andre alternative utbyggingsområde som tek i vare overordna kommunale behov på kort og lang sikt på same måten som det ei utbygging ved Blåhaugen faktisk gjer.

Alle andre alternativ vil vidareføre dagens todelte skule og redusere mulegheita for sambruk, fleksibilitet og effektiv drift på ein måte kommunen ikkje bør akseptere verken på kort eller lang sikt. Tomta gir også høve til å gjere betre trafikksituasjon for både elevar, tilsette og tilgrensande naboar.

Blåhaugen-tomta er også den tomte som enklast kan arbeidast vidare med, fordi kommunen eig grunnen og fordi tomte i det vesentlegaste er ferdigregulert.

Fleksibilitet

Fleksibilitet er ein viktig premiss både på kort og lang sikt, for det einiskilde bygg og for kommunal bygningsmasse under eitt. Eit kvart nybygg bør såleis være fleksibelt i forhold til eigen bruk og bidra til auka fleksibilitet inn mot eksisterande bygg. Ein ny barneskule bør såleis tåle ei estimert og/eller ynskja vekst i elevtalet, både i forhold til eventuelle endringar av kringsgrenser og av omsyn til ynska folkevekst i Herøy generelt. Areal må og vere planlagt for fleksibel organisering, med høve til å lukke og opne rom alt etter organisering og pedagogiske metodar. Dette må takast omsyn til i utarbeidinga av funksjons- og arealanalyse.

Ved å plassere ny barneskule mellom dei eksisterande skulebygga kan ein redusere avstanden mellom skulane og såleis auke fleksibiliteten ved plassering av årstrinna. Det er nødvendigvis ikkje slik at 1. - 4. årstrinn absolutt må plasserast ved Blåhaugen. Enkelte år med store årskull kan det vere behov for at t.d. 4. årstrinn vert plassert nærmare 5. -7. årstrinn for å frigi plass til dei minste.

Sambruk

Eit kvart nybygg bør tilstrebe å auke sambruken og den totale bruken av den kommunale bygningsmassa. Utbygging av ny barneskule på Bergsøy bør såleis auke sambruken av bygningsareal og uteområde med eksisterande kommunal bygningsmasse. Ny barneskule ved Blåhaugen bidreg til dette gjennom muligheita til å sjå barneskulen på Bergsøy under eitt, saman med eksisterande ungdomsskule.

Som døme på sambruk nemnast: felles gymnastikksal som også kan nyttast til aula og/eller amfi, eventuelt også kantine. Likeins kan bygget innehalde bibliotek for både barne- og ungdomsskulen. Ein kan også legge til rette å kunne gå «tørt» mellom skulane for å nytte felles spesialrom som naturfag, mat og helse, base for spesialundervisning og grupperom. Nærleiken mellom barneskulen og ungdomsskulen kan også gi effekt i form av felles vikarbank samt utnytting av ledig kapasitet i personalet. Ny barneskule bør såleis plasserast så nær Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule at ein kan legge til rette for sambruk av areal og utstyr i så stor grad som muleg.

Sambruk og god utnytting av areal, utstyr og materiale vil redusere driftskostnadane.

Effektivitet

Eit kvart nybygg bør bidra til auka arealeffektivitet, ikkje berre i form av arealeffektivitet for det nye bygget, men like mykje gjennom sambruk av areal med dei tilgrensande skulebygga.

Utbygging av ny barneskule bør tilstrebe størst mogleg energieffektivitet, ikkje berre for dette bygget åleine, men for dei kommunale skulebygga i området sett under eitt. Felles energiløysing for barneskulen og ungdomsskulen bør såleis utgreiast.

Trafikale løysingar

Dagens vegsystem deler skuleområdet i to delar med påfølgjande auka risiko for uheldige og/eller farlege trafikksituasjonar. Plassering av ny barneskule ved Blåhaugen legg til rette for at personaltrafikken kan leiast på nedsida av skulebygga og vekk frå dagens vei tvers gjennom skuleområdet.

* * *

Ovannemnde betraktningar peikar alle i retning av å bygge ny barneskule for Bergsøy skule i området mellom Bergsøy skule Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule. Bergsøy skule er ein skule, ikkje to. No har ein anledning til å reetablere skulen, ikkje som ein felles skule for 1. - 10. årstrinn, men som ein barneskule og ein ungdomsskule som kvar for seg kan dra fordelar av ein viss sambruk.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår Kommunestyret til å bygge ny barneskule for Bergsøy-elevane mellom avdeling Blåhaugen og Ytre Herøy ungdomsskule. Tilrådinga er såleis i samsvar med tilrådinga i K-sak 27/13 og i tråd med anbefalingane frå Skuleavdelinga og Eigedomsavdelinga.

Ein ny barneskule på Blåhaugen-tomta kan gi synergieffektar både organisatorisk og bygningsmessig, på kort og på lang sikt, i tillegg til at ulempene ved dagens trafikkavvikling innanfor skuleområdet kan reduserast vesentleg.

Ulike tomtealternativ er ikkje lett å finne, all den tid ein ny barneskule for Bergsøy bør ligge sentralt på Bergsøy. Kommunen sjølv eig lite eller ingen andre aktuelle tomtealternativ. Samstundes er det ein pågåande politisk diskusjon om tomtmangel både for ny busetnad og bydel. På denne bakgrunn og under føresetnad av at Bergsøy skule skal sjåast som ein skule i framtida, ser såleis ikkje Rådmannen at det ligg føre reelle alternative utbyggingstomter for ny barneskule på Bergsøya utover det tomtealternativ som allereie er tilrådd.

Val av Blåhaugen-tomta som utbyggingstomt for ny barneskule forenkler den vidare prosessen fram mot eit eventuelt utbyggingsprosjekt. Ein slepp forhandlingar om kjøp av grunn og ein unngår eit større omreguleringsarbeid i kommunal regi. Planlegging av skulen kan ta såleis ta til så snart Kommunestyret har godkjent funksjons- og arealprogram og løyvd dei naudsynte midlane.

Forutsatt løyving av planleggingsmidlar vil Rådmannen lyse ut plan- og arkitektkonkurranse for prosjektet i tråd med mandat frå Kommunestyret. Tilråding til slikt mandat vil bli fremma i eiga sak saman med funksjons- og arealprogrammet for eit nybygg.

Konsekvensar for folkehelse:

Bygging av ny skule vil betre inneklimaet for dei tilsette og for elevane ved den største barneskulen Herøy kommune eig og driv. Ny barneskule ved Blåhaugen kan redusere dagens usikkerheit knytta til trafikksituasjonen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilte konsekvensar.

Konsekvensar for drift:

Ny barneskule ved Blåhaugen kan effektivisere drifta, både gjennom felles energiløysingar, redusert areal for drift og vedlikehald, herunder reinhald, effektivisert arealbruk innad i bygget og inn mot eksisterande bygningsmasse.

Fosnavåg, 21.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar



Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | ENG | Arkivsaknr: | 2013/1386 |
| | | Arkiv: | 223 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------|------------|
| 227/13 | Formannskapet | 03.12.2013 |
| 173/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

RUNDE MILJØSENTER - STØTTE TIL ARRANGEMENTET "KALDT HAV - HEITE SPØRSMÅL".

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

- 1) Herøy kommunestyre gir eit tilskot på kr. 100.000 til utstillinga Kaldt hav - heite spørsmål.
- 2) Tilskotet tas frå disposisjonsfondet, og gis som ei intern overføring til Herøy kulturhus for dekking av husleige og auka personellressursar i utleigeperioden.
- 3) Runde Miljøsenler får benytte Herøy kulturhus kostnadsfritt til utstillinga «Kaldt hav - heite spørsmål».

Tilråding frå rådmannen:

- 1) Herøy kommunestyre gir eit tilskot på kr. 100.000 til utstillinga Kaldt hav - heite spørsmål.

2) Tilskotet tas frå disposisjonsfondet, og gis som ei intern overføring til Herøy kulturhus for dekking av husleige og auka personellressursar i utleigeperioden.

3) Rune Miljøsender får benytte Herøy kulturhus kostnadsfritt til utstillinga «Kaldt hav - heite spørsmål».

Særutskrift:
Runde Miljøsender

Vedlegg:

Vedlegg

1 Søknad om støtte til opning og arrangement

Søknad frå Runde Miljøsentert datert 07.11.2013 om tilskot.

Saksutgreiing:

Runde Miljøsentert har leigd Herøy kulturhus til utstillinga Kaldt hav - heite spørsmål som skal visast i festsalen den 14.1.14-14.2.14. Herøy kommune har i anledning utstillinga mottatt ein søknad frå Runde Miljøsentert om tilskot på kr. 100.000.

Utstillinga har vorte til gjennom ein stor nasjonal kunnskapsdugnad der ei rekkje av våre fremste forskarar og forskningsinstitusjonar bidreg, saman med framstående representantar for havbasert næringsliv og forvaltning. Kaldt hav - heite spørsmål set søkjelys på noko som mange har vore klar over, men som altfor sjeldan blir sagt og knapt nokon gong er vist for allmenta; At Norges viktigaste næringsområde har det til felles at dei bygger på havet og ressursane som ein finn der.

Kaldt hav - heite spørsmål blir presentert for publikum fyrste gong i Herøy kulturhus. Til opninga vil det bli invitert representant(ar) frå Regjeringa, frå departementet og andre som på ulikt vis har støtta utstillinga. Opninga er forventa å bli ei stor hending lokalt, regionalt og nasjonalt.

Utviklinga og produksjonen har ei kostnadsramme på ca. 4,5 mill, og er finansiert av Fiskeri- og kystdepartementet, Utanriksdepartementet, Forskningsrådet og ei rekkje nasjonale fond og stiftingar. Den sentrale finansieringa dekkjer også utviklinga av pedagogiske opplegg for 7 og 8 trinn, samt Vg 1 som er primærmålgruppa for utstillinga. På ettermiddag og kveldstid vil utstillinga kunne benyttes av næringslivet og ifm foredrag. I helgane vil utstillinga vere åpen for alle. Kostnader knytt til visning av utstillinga skal dekkast av lokale og regionale tilskot.

Dr. art. Olav Christensen er tilsett som prosjektleiar ved Runde Miljøsentert, og er ansvarlig for idé, utvikling og produksjon av utstillinga og er turneleiar for visningsturneen. Utstillinga skal sidan visast i dei store byane i Norge, samt i enkelte andre land. Etter to år med presentasjonar vil den bli sett opp på Runde Miljøsentert på permanent basis.

Vurdering:

Sunnmøre er ein region der næringsliv og busetjing i stor grad er basert på dei moglegeheitene som havet gir oss. Born og ungdom i denne regionen skal om svært få år ta over og vidareføre denne arven og det er svært viktig at dei har grunnleggjande kunnskarar om havet, dei som arbeider der og dei som driv forskning og forvaltning.

Rådmannen peikar på Born og unge som eit av dei viktigste satsingsområda både i Herøy og på fylkesnivå. Å legge til rette for lokal identitet, trivsel og framtidig bulyst ved at barn og unge deltek og har innverknad på eige oppvekstmiljø er viktige kriterium i alle planar og tiltak. For å bidra til dette er Runde Miljøsender sett i kontakt med Ungdomsrådet i Herøy for å vurdere om det er mogeleg med eit samarbeid i høve utstillinga. I tillegg vil Herøy folkebibliotek bidra til å fremje auka kunnskap om dei fagfelte som utstillinga berører ved å synleggjere aktuelt utlånsmateriell.

Utstillinga vil også kunne vere eit bidrag i å nå mål om kompetanse og verdiskaping, samt bidra til å nå mål om å tiltrekke seg fleire tilflyttarar med høg utdanning til kommunen.

Rådmannen anbefalar kommunen å gje tilskot til utstillinga som omsøkt, og at denne blir synleggjort ved at Runde Miljøsender får benytte Herøy kulturhus kostnadsfritt i utstillingsperioden. Tilskotet gis som ei internoverføring til Herøy kulturhus for dekning av leigekostnader og personellressursar i perioden.

Kulturavdelinga vil i tillegg bidra med personellressursar ifm planlegging og tilrettelegging av den offisielle opninga.

Fosnavåg, 21.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Eileen Gjerde
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Til:
Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| | |
|--|--------------|
|  HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN | |
| Revisjonsnr. 2013/1386 | Saksbeh. ENG |
| 21 NOV. 2013 | |
| Ark.kode P | 223 |
| Ark.kode S | |
| J.nr. | Dok nr. 1 |
| Kassasjon | |



Runde Miljøsentre

Dykkar referanse

Dykkar brev av

Vår referanse
NRH

Dato 07.11.13

KALDT HAV – HEITE SPØRSMÅL

SØKNAD OM STØTTE TIL OPNING OG ARRANGEMENT

Viser til vår søknad av 28. oktober. Ettersender herved budsjett og finansieringsplan.

Gjer merksam på at finansieringsplanen har eit større beløp enn budsjettet. Dette skuldast at vi ventar på svar på søknader og dermed ikkje har oversikt over kor mykje midlar vi får inn.

Venleg helsing

Nils-Roar Hareide

RUNDE MILJØSENTER

Telefon: 70080800
e-post: nilsroar@rundecentre.no

Forretn. Adresse: 6096 Runde
<http://www.rundecentre.no>

Postadresse:
6096 Runde

Org. Nr. 987 410 752
Bankkonto: 3997 04 08189

| Budsjett for utstilling i Herøy | Kr |
|---|------------------|
| Leie av Kulturhuset | 100 000 |
| Opprigg nedrigg etc | 150 000 |
| Regnskap | 15 000 |
| Pressearbeid/pressemeldinger mm. | 25 000 |
| Nynorsk språkversjon (utst.tekster, brosjyrer, posters + ped materiell) | 50 000 |
| Nynorsk banner (alt nynorsk kan kun ved Hærøy-visning) | 40 000 |
| Busstransport skuleborn | 200 000 |
| Administrasjon koordinering skular | 50 000 |
| Innleigde pedagogar 23 dagar | 45 000 |
| Guide (helger, kvelder) | 25 000 |
| Opningseremoni med meir | 225 000 |
| Koordinering temakvelder etc | 100 000 |
| Seminar 1 | 125 000 |
| Seminar 2 | 125 000 |
| Totalt | 1 275 000 |

| Finansiering | |
|-------------------------------|------------------|
| Sparebanken Møre | 500 000 |
| Herøy Kommune | 100 000 |
| Møre og Romsdal Fylkeskommune | 200 000 |
| Andre Kommunar | 100 000 |
| Herøy Næringsforum | 250 000 |
| Mafoss | 250 000 |
| Maritimt Forum | 200 000 |
| Norges Fiskarlag | 200 000 |
| Totalt | 1 800 000 |

Kopi



Runde Miljøsentert

Til:
Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar referanse

Dykkar brev av

Vår referanse
NRH

Dato 28.10.13

KALDT HAV – HEITE SPØRSMÅL

SØKNAD OM STØTTE TIL OPNING OG ARRANGEMENT

Norsk maritim verksemd over og under vatn, sjømat/fiskeri, biomarine næringar og olje/gass – saman utgjer desse områda dei økonomisk viktigaste og mest innovative delar av næringsliv vårt.

På initiativ frå Nærings- og handelsdepartementet kalla nyleg Norges forskningsråd inn til møte der representanter frå Olje- og energidepartementet, Kunnskapsdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet tok del. Tema var korleis stimulere til ein sterkare synergi mellom dei tre store havbaserte næringsområda.

I dette møtet vart utstillinga *Kaldt hav – heite spørsmål* presentert, fordi denne nettopp aktualiserer mulighetene som havet gir. Denne utstillinga set søkelys på noko som mange har vore klar over, men som altfor sjeldan blir sagt og knapt nokon gong før er vist for allmenta;

At Norges viktigaste næringsområde har det til felles at dei alle bygger på havet og ressursane som ein finn der.

Kaldt hav – heite spørsmål er ein arena der dei mange relasjonane til havet blir sett i scene. Utstillinga har ei unik samansetjing då den nyttar det nyaste innan formidlingsteknologi, og skaper ein verdig ramme kring den viktigaste budskapet sin.

Delar av utstillinga vart første gang presentert offentleg sammen med en fire minutt film som innleia «Forskningens festaften» 18. september 2013, eit årleg arrangement i Oslo Konserthus i regi av Norges forskningsråd.

Presentasjonen som ligg ved gir ei kort utgreiing av kva utstillinga og prosjektet femner og korleis det er organisert. Utstillinga er finansiert av Fiskeri- og kystdepartementet, Utanriksdepartementet, Forskningsrådet og ei rekkje nasjonale fond og stiftingar. Denne finansieringa (ca 4,5 mill.) dekkjer utvikling og produksjon av utstillinga og ein 45 minutt dokumentarfilm om Norge og havet som inngår i formidlinga retta mot skulen.

Forretn. Adresse: 6096 Runde
<http://www.rundecentre.no>

Postadresse:
6096 Runde

Org. Nr. 987 410 752
Bankkonto: 3997 04 08189

Den sentrale finansieringa dekkjer òg utvikling av pedagogiske opplegg for Vg1, 7 og 8. klassesteg der mellom anna tidlegare leiar av det nasjonale Naturfagsenteret medverkar. Det vil bli tilbydd eit opplegg for lærarar med for- og etterarbeid som skal sikre at utstillinga fagleg sett er tilpassa læreplanar og kunnskapsmål for dei aktuelle stega. Alle 7. og 8. klasser med lærar i kommunane på Søre Sunnmøre blir invitert til utstillinga og skal fraktast med buss frå skule til utstilling og tilbake. Kostnadene til dette blir dekt av prosjektet og deltaking blir dermed gratis for skuleklassane.

Lokal forankring, opning og finansiering

Kaldt hav – heite spørsmål har si forankring på Runde Miljøsentert, der dr. art. Olav Christensen er tilsett som prosjektleiar. Han er ansvarleg for idé, utvikling og produksjon av utstillinga, og er turneleiar for visningsturneen.

I 2008-2011 gjennomførte Christensen eit lignande opplegg i samband med Universitetet sitt 200-års jubileum. Utstillinga: ”Arven etter Nansen”

Utstillinga har vorte til i ein stor nasjonal kunnskapsdugnad der ei rekkje av våre fremste forskarar og forskningsinstitusjonar bidreg, saman med framstående representantar for havbasert næringliv og forvaltning.

Kaldt hav – heite spørsmål blir presentert for publikum første gong i storsalen i Hærøy Kulturhus den 14. januar 2014.

Til denne storstilte opninga vil det bli invitert representant(ar) frå Regjeringa, frå departement og andre som på ulikt vis har støtta utstillinga. Opninga den 14. januar 2014 skal bli ei stor hending, lokalt, regionalt og nasjonalt.

Utstillinga er omfattande i tema, men og i storleik – i Hærøy Kulturhus fyller den meir enn 400 kvm. Teknisk rigg er produsert i København, og for å sikre at den fungerer optimalt både teknisk og formidlingsmessig under ein storslått opning må den prøveoppsettast i god tid før utstillinga opnar. Derfor vil den bli sett opp i Kulturhuset ca 1. desember og rigga ned igjen etter utprøvinga, før den igjen blir sett opp til den store dagen 14. januar.

To omgongar med opp- og nedmontering samt kostnader til reise osv. for staben bak utstillinga (teknisk ansvarleg frå Stavanger, medieprodusent frå Gjøvik, industridesignar, komponist, prosjektleiar og monteringssteam frå Oslo) fører til at utstillingsvisninga i Hærøy vil koste vesentleg meir enn andre visningsstader.

Kostnader knytt til visning av utstillinga varierer etter visningstid, husleige, drift/vakthald, formidlarar o.a. Kvar visningsstad planlegg opning og opningsarrangement, og utvikler eigne program med presentasjonar, temakveldar og seminar.

Havrommet og mulegheitene.

På Sunnmøre ligg det nær å lage opplegg/temakveldar/seminar om mellom anna «subsea», sjømat, dyrking av havet og bioprospektering. Medan utstillinga varer er silda på veg mot gyteplassane sine i havet utanfor Sunnmøre, noko som det vil bli fokus på i eitt eller fleire arrangement knytt til utstillinga.

Å få premierevisninga av utstillinga til Hærøy er ei hending som har stort potensiale i forhold til mediedekning, også nasjonalt. Ikkje berre opninga, men òg ulike arrangement gir merksemd og store muligheiter til å fremje regionen sitt næringsliv. Utstillinga skal visast i 10 byar i Norge i løpet av 2014. I 2015 skal utstillinga sendast til Nord-Amerika, EU og Russland. Dette er finansiert av Utanriksdepartementet, som ønsker å bruke utstillinga til reklame for Norge, ikkje minst for næringslivet i vår region. Etter to år med presentasjonar i Norge og i utlandet skal utstillinga permanent plasserast på Runde Miljøsenster.

Premierevisninga og aktivitet rundt utstillinga Kaldt hav – Heite spørsmål på Søre Sunnmøre forutset lokal støtte og engasjement frå regionen.

Sunnmøre er ein region der næringsliv og busetjing i stor grad er basert på dei muligheitene havet gir oss. Born og ungdom i denne regionen skal om svært få år ta over og vidareføre denne arven og det er svært viktig at dei har grunnleggjande kunnskapar om havet, dei som arbeider der og dei som driv forskning og forvaltning.

Vi ber derfor Herøy Kommune, som vertskommune for utstillinga, om **kr 100.000,-** som bidrag til å realisere dette viktige tiltaket for regionen vår.

Venleg helsing

Nils-Roar Hareide

Olav Christensen

RUNDE MILJØSENTER



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2012/381 |
| | | Arkiv: | 210 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------------|-------------------------------------|-----------------|
| 37/13 | Komite for Helse og omsorg | 17.10.2013 |
| 86/13 | Komite for næring, kultur og idrett | 18.11.2013 |
| 26/13 | Komite for oppvekst | 14.11.2013 |
| 228/13 | Formannskapet | 03.12.2013 |
| 174/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

TERTIALRAPPORTERING PER 01.09.2013.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.
Formannskapet ber om at det for ettertida vert utarbeidd ei enklare og ikkje så detaljert form for rapportering.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Saka vert tatt til vitande.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 14.11.2013

Saka vert tatt til vitande.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 18.11.2013

Saka vert tatt til vitande.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 17.10.2013

Saka vert tatt til vitande.

Tilråding frå rådmannen:

Saka vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Revisjonen

Vedlegg:

- Rapport løpande drift og prosjekt
- Planoversikt

Saksopplysningar:

I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Sjukefråvær

Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen vart resignert i desember 2010. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen. Ny avtale gjeld til 31.12.2013.

Vedtaksrapportering

Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

Tenesterapportering

Denne rapportering omfattar **avvik** i kommunen si oppfølging av innbyggjarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggjarane.

Prosjektrapportering

Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast. Når det gjeld rapporteringa elles, har eg merka meg følgjande hovudpunkt:

Vurderingar:

Organisasjon

Sjuekfevreret har hatt ei positiv utvikling.

Vedtak

Det er arbeid med oppdatering av vedtaksloggen, men han er likevel ikkje tilfredsstillande oppdatert. Dette vil vere ei prioritert oppgåve ved neste rapportering.

Teneste

Anlegg og drift

- Avdelinga har ikkje tilstrekkeleg ressursar til å yte tilfredsstillande tenester på dei ulike områda.
- Avdelinga har ikkje kapasitet til å følgje opp alle bygge- og anleggsprosjekt i budsjettet.

Barnehage

- Kommunen har ikkje tilfredsstillande barnehagedekning i indre delen av kommunen.
- Det er avsett midlar til planlegging av ny barnehage i 2013.

Barn, familie og helse

- Barnevernet opplever at saker vert rapporterte tidlegare, og tilskriv dette mellom anna eit godt tverrfagleg arbeid blandt barn og unge. Fylkesmannen tildelte i vår kommunen 60% stilling til styrking av barnevernet og det er i andre tertial tilsett i denne stillinga..
- Skulehelsetenesta har i haust satsa på å vere meir til stades i skulane enn tidlegare. Det er og satsa på eit aktivt arbeid med ungdomsgruppa.
- Innan psykisk helsevern er det særskilt fokus på unge brukarar, særleg ved etablering av "ungdomsgruppe" på dagsenteret. Tiltaket er positivt mottatt og det kjem stadig fleire ungdomar til tiltaket. Det har og vore nokre omleggingar av tiltaka på dagsenteret som har vore særleg positive, mellom anna er det satsa meir på fysisk aktivitet.
- Samhandlingsreformen har tildels skapt ufordringar i forhold til pasientar med større behov for helsehjelp. Stor pågang på opptrening etter sjukehusopphald og lange ventelister for mange pasientgrupper hos fysioterapeutene er fortsatt utfordrande.
- Den nye fastlegen starta opp i sommar. Det var ikkje tenleg å starte opp Ø-hjelp døgntilbodet då, men det vil verte starta opp midt i september.

- Legesituasjonen ved Herøy legesenter er fortsatt utfordrande og det har også i annet tertial vore ein utstrakt bruk av vikarar.

Eigedom

- Sakshandsamingsansvaret for bustad- og næringstomter vart frå 01.06.2012 overført til Servicetorget.

NAV Herøy

- Endringar i vilkår for vedtak, samt kompetanse- og personellutfordringar, gjer sakshandsaming knytt til Startlån krevjande. Tenesta må evaluerast og forslag til nye rutinar og vilkår må oversendast formannskapet i løpet av 2013.
- Planlagt løp for bustadsosial handlingsplan er forseinka. Herøy kommune er invitert til å delta i ei satsing i regi av Husbanken, og ein vil avvente innhaldet i denne før ein går vidare.
- Ei planlagt omorganisering sett press på tenesteytinga i kontoret. Dette kjem samtidig med opplæring av nye medarbeidarar. Etter ei vurdering av situasjonen vil kontoret justere opningstidene for ei periode. Målet er raskare avklaring og tettare oppfølging av einskilde brukarar.

Bu og habilitering

- Bu og habiliteringsavdeling opplever ein auke i brukarar innan autismespekterforstyrningar og anna problematikk som trafikkskada og barn som har vore utsett for omsorgsvikt.

Pleie og omsorg

- Kommunen tek tilbake utskrivingsklare pasientar fortløpande, og arbeidspresset har auka som følge av fleire og meir komplekse pasientar. Dette har hatt ein vedvarande auke, og nokre av leiarane rapporterer at det er slitasje blant dei tilsette. Vi må setje inn meir folk der det er nødvendig for å ivareta fagleg forsvarleg drift. Vi går gjennom rutiner for å vurdere interne tiltak, og vil vurdere behov for permanent auke i stillingar i samband med budsjettarbeidet.
- Der er mange kreftsjuke som får hjelp i heimen, nokre med avansert behandling. Sjukepleiarane våre har god erfaringskompetanse, men kommunen mangler kreftsjukepleiar.
- Kommunen skal etablere eit døgntilbod på øyeblikkelig hjelp i to senger ved Myrvåg omsorgssenter avdeling A, forhåpentligvis frå 1.09.13. Personalet har arbeidd med rutiner, fått opplæring og det er gjennomført utstyrskjøp etter dei krava som ligg i avtalen med Helseføretaket.

Skule

- Talet på minoritetsspråklege elevar med særskild norskopplæring aukar.
- Det er ei dobling i talet på born med spesialpedagogisk hjelp i barnehage.
- Det er stor auke i spesialundervisning i grunnskulen.

Utvikling

- Sakshandsamingstida i bygge- og delesaker har gått ned.

Prosjekt

- Ein del eldre prosjekt kan no avsluttast også økonomisk.

Lokalsamfunn

- Kommunen er inne i ei positiv utvikling i forhold til utvikling av lokalsamfunnet på dei fleste områda.
- Samfunnsdelen av kommuneplanen vert ein viktig planreiskap for utvikling av lokalsamfunnet.

Fosnavåg, 10.10.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

ORGANISASJON

Hovudmål

- Medarbeidarane trivest og er motiverte.
- Organisasjonen er effektiv og nyskapande når det gjeld tenesteyting og internadministrasjon.
- Sjukefråver som fylgje av arbeidsmiljøet skal ikkje førekome.
- Nærværprosent på 92 i 2013
- Avgrense tidlegavgang frå arbeidslivet

| Avdeling | Fråvær 2. tertial 2013 | Korttid 2. tertial 2013 | Langtid 2. tertial 2013 |
|---|-------------------------------|--------------------------------|--------------------------------|
| Personal- og org. inkl. HTV, HVO og lærlingar (<20) | 7,58 | 1,3 | 6,28 |
| Økonomi (>10) | 4,49 | 2,38 | 2,11 |
| Fellessekr. (<5) | 11,0 | 0,44 | 10,56 |
| Rådm./ ass.rådm. (<5) | 0 | 0 | 0 |
| IKT(<5) | 0,30 | 0,3 | 0 |
| Servicetorget (<10) | 10,35 | 1,71 | 8,63 |
| Utviklingsavd. (<10) | 3,30 | 0,13 | 3,17 |
| Barnehage (< 40) | 8,88 | 2,2 | 6,67 |
| Grunnskule (< 250) | 5,09 | 0,75 | 4,34 |
| Anl. og drift (<15) | 0,52 | 0,52 | 0 |
| Brannvern | 2,91 | 0,24 | 2,68 |
| Helse (< 40) | 1,57 | 0,09 | 1,48 |
| Pleie og oms. (< 300) | 7,26 | 1,83 | 5,43 |
| Bu og hab. (< 75) | 8,23 | 1,61 | 6,62 |
| Barnevern (<10) | 6,91 | 1,54 | 5,38 |
| Kultur (>10) | 2,41 | 0,11 | 2,31 |
| Eigedom (< 40) | 11,74 | 1,17 | 10,58 |
| NAV kommune (10) | 18,66 | 2,27 | 16,59 |
| Totalt fråvær | 6,55 | 1,24 | 5,30 |

Talet på tilsette er delt i bolkar på fem, bortsett frå der det er over hundre tilsette, desse er det delt i bolkar på femti. (< = mindre enn, > = meir enn)

Sjuefråværet for andre tertial viser, ein nedgang frå fyrste tertial 2013. Denne nedgangen er i tråd med tendensen dei siste åra. Samanlikna med andre tertial 2012 ligg vi litt under.

| | 1. tertial | 2.tertial | 3.tertial | Totalt |
|------|------------|-----------|-----------|--------|
| 2007 | 10,7 | 8,4 | 9,7 | 9,7 |
| 2008 | 10,3 | 7,3 | 8,3 | 8,6 |
| 2009 | - | 8,6 | 9,4 | - * |
| 2010 | 10,6 | 9,0 | 9,5 | 9,7 |
| 2011 | 9,86 | 7,17 | 7,91 | 8,4 |
| 2012 | 9,40 | 6,93 | 8,62 | 8,3 |
| 2013 | 9,47 | 6,55 | | |

* 1. tertial 2009 og total 2009 er ikkje tilgjengeleg grunna overgang til nytt økonomi- og lønssystem det året.

VEDTAKSRAPPORTERING

Anlegg og drift

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Tiltak | Ansvar |
|----------------|----------|---|---|-----------------------------|
| K-sak 45/07 | | Økonomisk avslutning Holmsild uteområde og steinmur ved Fosnavåg gjestebrygge | Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak om ferdigstilling av nedkøyrse til Holmsild parkering og andre nødvendige tiltak i samband med uteområdet kring Holmsild. | Anleggs- og driftsavdelinga |

Barnehage

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Framdrifts plan | Tiltak | Ansvar |
|----------------|----------|---|---|--|---------------|
| K-sak 57/13 | 25.04.13 | Barnehageopptaket 2013. Behov for bemanningsauke i Myrsnipa og Leikanger barnehage. | Barna har fått tildelt plass, og det er tilsett personar i stillingane. | Auka lønskostnader vert hausten 2013 dekt frå bunde fond. og elles lagt inn i budsjettet for 2014. | Barnehageavd. |

Barn- familie og helse

Ikkje noko rapportert.

Bu og habilitering

Ikkje noko rapportert.

Eigedom

Rapporten er ikkje oppdatert pr. rapportering.

| SAK | MØTEDATO | SAKSTITTEL | FRAMDRIFT | TILTAK | ANSVAR |
|-----------------|------------|---|---|--|--------|
| K-sak 162/12 | 27.09.2012 | Strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg | Det er avtalt intern oppfølgingsmøte fredag 5. oktober for oppfølging av vedtakspunkta i saka. | Arbeidstilsynet er orientert om Kommunestyrets vedtak. | RMY |
| F-sak 161/12 | 08.05.2012 | Retningslinjer for sal av kommunal eigedom | Servicetorget har overteke ansvaret for sal av bustad- og næringstomter. | Dei aller fleste bustadtomtene er no oppmålt og frådelt. Eigedomsavdelinga arbeider med å avslutte sakene som kom inn før 01.06.2012. | RMY |
| F-sak 136/12 | 11.04.2012 | Bygg- og System AS – søknad om erverv av næringstomt på Mjølstadneset | | Tomta er oppmålt og frådelt og blir overskøyta så snart kjøpar har betalt faktura. | RMY |
| F-sak 137/12 | 11.04.2012 | Bass Brothers AS – søknad om erverv av næringstomt i Dragsund | Tomtesøkar har fått reservert tomta i 1 år. | Avventer eventuell søknad om tildeling av tomta. | RMY |
| F-sak 138/12 | 11.04.2012 | Etablering av lagerbygg for driftsseksjonane i Anlegg- og driftsavdelinga og Eigedomsavd. | Saka er avslutta. Rubbhallen ved Fristadbygget blir ståande til disposisjon for eventuelle | | RMY |

| | | | | | |
|-------------|------------|--|-------------------------------|---|-----|
| | | | leigetakarar i Fristadbygget. | | |
| K-sak 41/12 | 22.03.2012 | Bergsøy skule – plan for vidare drift – framtidig situasjon | | Saka er oversendt til politisk handsaming | RMY |
| F-sak 95/12 | 28.02.2012 | HA Bygg AS – søknad om erverv av industritomt på Mjølstadneset | | <u>Under arbeid</u> Tomta er under frådeling | RMY |

Fellessekretariatet

Ikkje noko rapportert.

IKT

Ikkje noko rapportert.

Kultur

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Framdriftsplan | Tiltak | Ansvar |
|--------------|----------|--|--|--|--------|
| F-sak 14/08 | 05.02.08 | Planlegging av ungdomshus - ungdomslokale | Er med i vurderinga av det vidare arbeidet i høve utbygginga i kulturhusomr. | Prosjektkomite 3 har avslutta sitt arbeid. Rapport 05.02.09 ligg føre | Kultur |
| K-sak 81/09 | 11.06.09 | Rapport frå politisk komite 3: Framtidig organisering av kulturhuset og kulturarbeidet | Vedtaket er utforma i 12 pkt. | Ei arb.gruppe frå form.skapet saman med adm. skal utarbeide forslag til vidare handsaming. Ikkje avslutta. | Kultur |
| K-sak 68/10 | 25.03.10 | Utbyggingar og framtidig organisering av kulturarbeidet | Ny sak når prisjustert forprosjekt ligg føre. | Adskilt eigarskap, samarbeid drift, avvente event. foretaksorg. | Kultur |
| K-sak 116/10 | 26.08.10 | Utbygging av badeland og rehabilitering av kulturhuset – Informasjon og føringar | Med bakgrunn i søknad, vurdere økonomisk deltaking i budsjett og økonomipl | Administrasjonen skal vurdere/ utgreie fleire alternative løysingar. Rehabilitering ikkje avslutta | Rådm |
| F-sak 297/11 | 08.11.11 | Herøy Sogelag søker om forskottering i høve til "Heimar og Folk" | Får innvilga rentefritt lån kr. 1,3 mill. Tilbakebet. over 10 år | Det skal skrivast gjeldsavtale | Kultur |

| | | | | | |
|--------------|----------|--|---|--|--------|
| K-sak 196/11 | 15.12.11 | Støtte til bygging av klubbhus og tribune | Forskottetere spelemidlar og mva-kompensasjon. Kommunen utbygger av tribune | Avtale mellom Bergsøy IL og kommunen | Kultur |
| K-sak 11/12 | 26.01.12 | Heid Tursti- 2. byggesteg | Vedtak om utbygging av 2. byggesteg | Finansiering ikkje avklara før søknad til spelemidlar. | Kultur |
| F-sak 134/12 | 11.04.12 | Opplevingskort for Søre Sunnmøre | Herøy skal vere med å etablere opplevingskort i samarbeid med Fylket | Det skal gjerast avtalar med ulike opplevingsinstitusjo nar. Ikkje gjort | Kultur |
| F-sak 191/12 | 05.06.12 | Tilskot til Huldal Leikeplass | Det er gitt tilskot på kr. 15.000 til leikeapparat | Framlegg faktura. | Kultur |
| F-sak 192/12 | 05.06.12 | Trivselstiltak i Flusund / Berge | Det er gitt kr. 15.000 til benkar og gapahuk | Framlegg faktura. | Kultur |
| F-sak 236/12 | 03.07.12 | Mellombelse bygningsmessige tiltak i kulturhuset | Saka sendt over til styret for kulturhuset | Ikkje avklara | Kultur |
| F-sak 352/12 | 04.12.12 | Vidare avtale om drift av kino | Det er inngått vidare avtale for 1 år | Underskriven avtale for tilskot og garanti | Kultur |

Personal - og organisasjonsavdelinga

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Framdriftsplan | Tiltak | Ansvar |
|---------------|----------|--|----------------|--|-------------------------------------|
| K- sak 189/10 | 16.12 | Kompensasjon for bruk av eigen bil i teneste – retningslinjer. | 2013 | Retningslinene vert evaluert og revidert i administrasjonsutvalet når endringar i SGS 1001 § 4 ligg føre | Personal- og organisasjonsavdelinga |

Pleie og omsorg

Ikkje saker

Skule

Ikkje saker

NAV Herøy

Ikkje saker å rapportere

Utvikling

Vassforsyning og vassressursar

F-sak 76/02: Samanslåing av Stemmedal Vasslag AL og Leikanger Vasslag PL

Som det går fram av F-saksnummeret så har denne saka pågått i svært mange år. I april 2008 vart det litt meir aktivitet omkring saka og det vart halde eit møte mellom kommunen og vasslaga. Vasslaga ville så drøfte saka i sine respektive årsmøte og der etter ta nærare kontakt med kommunen for vidare oppfølging, politiske behandlingar, m.v. I desember 2008 kom det så ei tilbakemelding frå vasslaga der dei i eit felles oppsett skisserar ein del vilkår for samanslåing. Kommunen har vidare foreteke ein del interne avklaringar, eit forslag har vore framlagt for vasslaga og saka er også drøfta i formannskapet. Det ligg enno ikkje føre noko konkret og endeleg semje om samanslåinga. I mai 2011 har formannskapet (133/11) og kommunestyret (63/11) handsama spørsmålet om oppgjer av restgjeld til Leikanger vassverk. Av vedtaket går det fram at Leikanger Vassverk skal betale inn kr 427 000.- som endeleg oppgjer for eit rentefritt lån, pålydande kr 1 027 017. Kommunestyret har godkjend at det resterande lånet kr 600 017.- vert avskrive. Leikanger vassverk har innbetalt restbeløpet den 25 mars 2011. Det er halde møter med begge vassverka for å sikre ei vidare framdrift i saka i siste tertial.

Stemmedalen og Leikanger vassverk vart sammenslege den 18.10.12 jfr.

Brønnøysundregisteret. Det nye vasslaget er ført opp i registeret som STEMMEDAL VASSLAG SA og har følgjande formål:

Vasslaget skal syte for tilfredsstillande vassforsyning på Tjørvåg, Myrvåg, Dragsund og Leikanger og tilstøytande områder til husbruk og næringsføremål medrekna fiske og brannvatn. Føretaket bygger ut anlegg med hovud- og stikkleidningar med nødvendige brannvatn-uttak fram til avtalte tilknytningspunkt for medlemmane sine private vassleidningar. Private vassleidningar skal byggjast og vedlikehaldas av medlemmane, men vasslaget fastset kvalitetskrav som må oppfyllest for å få knyte seg til vasslaget sitt leidningsnett.

Saka blir teke ut av rapporten ved neste rapportering

Økonomi

Ikkje noko å rapportere

TENESTERAPPORTERING

Hovudmål:

- Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket.
- Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad.
- Brukarane er tilfredse med tenestene.

Anlegg og drift

Ansvar 5111 Anlegg og drift

Generelt:

Alle tenestene innan drifta som Anleggs- og driftsavdelinga er tillagt ansvaret for er tenester som opptek folk flest, næringsliv, lag og organisasjonar. I mange høve vil kvaliteten på desse tenestene vere det desse forbind med god eller dårleg service frå kommunen si side. Sjølv om fleire av tenestene har vorte vesentleg forbetra dei siste åra, er det langt igjen før ein kan seie at servicenivået er på eit akseptabelt godt nivå. Bakgrunnen er i hovudsak at aktiviteten må prioriterast innanfor avgrensa ressursar.

Idrett (Ansvar 5125) (JRG)

Tenesta omfattar ulike friområde, Havila stadion, Bergsøy kunstgrasbane, Tjørvåg kunstgrasbane, Leikongsætra turlysløype og Munkvoll stadion på Moldtustranda.

Generelt:

Havila stadion har no fått kunstgrasdekke. Løpebaner har rimeleg god kvalitet etter at det vart lagt nytt dekke for nokre få år sidan. Kommunen eig dei ulike anlegga og har det overordna ansvaret for drift og vedlikehald dei ulike anlegga. Daglege drifts- og vedlikehaldsoppgåver kjøper imidlertid kommunen frå dei ulike idrettslaga. Godtgjersle og oppgåvefordeling er regulert i eigen avtale mellom kommunen og dei enkelte idrettslaga. Kommunen har overordna tilsyn og har ansvar for leveransar av gjødsel, frø, sand, gummigranulat etc. Større drifts- og vedlikehaldsoppgåver vert utført i regi av kommunen med evt. dugnad frå idrettslaga.

Avvik:

Kommunen har dei siste åra etablert fleire nye anlegg utan at dette har medført budsjettauke bortsett frå kostnaden med kjøp av tenester frå idrettslaga. Dette har medført at det er minimalt med midlar til det kommunen skal bidra med elles til drift og vedlikehald av tenesta.

Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det frå kommunen si side innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

Sentrum og grøntanlegg (ansvar 5126) (JRG)

Sidan midt på 90-talet er det bygt ei rekke park- og grøntanlegg i sentrum av Fosnavåg. For å ivareta dei investeringane som er gjorde og oppretthalde ein akseptabel standard på desse anlegga, har ein behov for anleggsgartnartenester. Desse må ein i dag leige/kjøpe. Behovet for slike tenester vil vere kontinuerleg. Anlegga i sentrum har etter kvart behov for auka vedlikehald og oppgradering. Mellom anna er det trong for utskifting og reparasjon av dreneringsrenner, gatestein og heller.

Avvik:

Behovet for anleggsgartnartenester er aukande og vil måtte leigast/ kjøpast inn. Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det frå kommunen si side innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

Hamner (5123) (JRG)

Tenesta omfattar alle kommunale kaier og hamneareal.

Generelt:

Manglande løyvingar har over tid ført til at ein ikkje har fått utført nødvendig vedlikehald. Inspeksjon av undervasskonstruksjonar/tilstandsoversikt for kaiene manglar. Lovpålagde innretningar som leidarar manglar nokre stadar. Skilting av kaiene er ufullstendig. Ein har no gått til innkjøp av nytt system for straumlevering ved fiskerikaia i Fosnavåg. Ein ser føre seg at system for straumlevering også vert oppdatert/utskifta på dei andre kaiene. For å kunne tilby og yte kundeservice på Mjølstadneset, har ein tidlegare hatt ein formell driftsavtale med privat firma som har regulert yting av driftstenester for kommunen på området. Avtalen er no reforhandla og inneheld i tillegg til tidlegare driftstenester også tenester relaterte til ISPS. Ein ser føre seg at ein ved oppretting av eige hamnevesen vil måtte ta ein full gjennomgang og kontroll/ oppjustering av kaier og hamneareal. Vidare ser ein føre seg ein gjennomgang av kva service som skal tilbydast i form av straumleveransar, vassforsyning og avfallshandtering m.m. Grunna stort arbeidspress vil dette tidlegast kunne skje i løpet av 2014.

ISPS:

I samsvar med tidlegare vedtak i Maritimt Utval/Hamnestyret skal berre Mjølstadneset hamneterminal tilretteleggast for anløp av ISPS skip. Mjølstadneset havneterminal har i medhald av dette motteke endeleg ISPS-godkjenning for ein periode på fem år gjeldande til 14.09.2017.

Hamneavgifter:

Hamnestyret/Maritimt utval har gjort vedtak om at prosessen med innføring av hamneavgifter skal startast opp og dette har vorte annonsert. Ny havne- og farvannsløv tok til å gjelde frå 01.01.2010. Lovgrunlaget for innkreving av avgifter er her blitt endra noko i høve til det ein hadde i den gamle lova. Prosessen med dette arbeidet har imidlertid vorte forseinka m.a. pga. av at ein har vorte nøydd til å prioritere ISPS godkjenning av hamner etter krav frå Kystverket.

Avvik:

Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det frå kommunen si side innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

1. Lovpålagde innretningar mangelfulle.
2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført.
3. Utarbeiding av tilstandsrapportar for oppsetting av vedlikehaldsplan.
4. Manglar ved starumforsyningsanlegga.
5. Manglar vedteken hamneadministrasjon.
6. Innkrevjing av hamneavgifter ikkje vedteke.

Vegvedlikehald (5122) (JRG)

Tenesta omfattar sommar- og vintervedlikehald.

Generelt:

Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Vegane som framleis har grusdekke, er holete og har lite grus. I periodar med store nedbørmengder er det vanskeleg å få til eit tilfredsstillande vedlikehald av grusvegane. Med det krafttaket som er gjort siste åra er **resterande veglengde for grusveggar no omlag 10 km. Det bør gjerast ei kost/nytte vurdering av evt. vidare asfaltering av resterande grusveggar. Ut frå ei fagleg vurdering er største utfordringa på vedlikehaldssida reasfaltering av veggar med fast dekke som har raskt tiltakande spordanning og krakelering.** Noko som igjen medfører vanskar for vintervedlikehaldet. Det er derfor eit aukande behov for midlar til reasfaltering. Veggrøfter manglar i stor utstrekning. Traktor med mulegheit for tilkopling av tilleggsutstyr som kantklippar og feiemaskin, har medført at ein

har fått betre regularitet og kvalitet på desse tenestene. Lastebil og ny hjullastar medverkar også til/muleggjer eit meir effektivt vegvedlikehald.

Vintervedlikehald:

Vegbudsjetten har over fleire år vist seg å vere for lite. Usikkerheita ein har m.o.t. vinterkostnader gjer at ein har vore nøydd til å ha ei nøktern vurdering ved prioritering av vedlikehaldsasfaltering, kantslått, grusing, grøfting samt anna generelt vegvedlikehald. Konsekvensen har vore at desse tenestene har vore begrensa til det ein har vurdert til å vere eit minimumsbehov.

Avvik:

Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det frå kommunen si side innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald. Ut frå dagens situasjon er det nødvendig med prioritering av behova. Ein ser det som naturleg å gjere slik rangering:

1. Grøfting/drenering
2. Reasfaltering inkl. naudsynte forsterkingar
3. Faste dekker på grusvegar

Tidsperspektiv for oppretting/utbetring:

For mange område er behovet umiddelbart grunna fleire års mangelfullt vedlikehald. Om ein på noko sikt skal kunne få heva kvaliteten på det kommunale vegnettet i den utstrekning det er behov for, vil det vere trong for auka tilføring av midlar.

Avlaup (kloakk) (5131) (FA)

Tenesta omfattar arbeid og tenester i samband med avlaupsreinsing/slambehandling, leidningsnett og pumpestasjonar på kommunalt avlaup/kloakkanlegg.

Generelt:

Ein har i dag 26 pumpestasjonar i drift på det kommunale avlaupsnettet. Nokre av desse er gamle, noko som no etter kvart gjev seg utslag i auka drifts- og vedlikehaldskostnader. I tillegg til silanlegget på Kleiva, så vart det starta på grunnarbeidet for silanlegget i Grønhaugen den 2.april 2013. Sjølv om mykje er gjort, så er det framleis eit stort behov for rehabilitering/utskiftingar av det kommunale avlaupsnettet. I tillegg til utbygging av avlaupsnettet etter kloakkrammeplanen skjer ei viss oppgradering av leidningsnettet også ved bruk av driftsmidlar. Dei kommunale slamavskiljarane verte tømde etter faste intervall som sikrar mot utslepp/ forureining.

Tekniske/utstyrsmessige føresetnader for å betre tenesta:

Driftsovervaking/driftskontroll er etablert på silanlegget på Kleivaneset og 5 pumpestasjonar pr. 30.04.2013. Utbygging av driftskontroll på dei restarande 21 pumpestasjonane målset ein seg å få gjort i løpet av 2013/2014. Etter den sentrale avlaupsforskrifta er det lagt opp til eit system for prøvetaking / dokumentering av gjeldande reinsekraft for alle utslepp. Gjennomføring av prøvetaking / dokumentasjon vil medføre auka kostnader og behov for opplæring av personell. For å kunne sikre framtidig driftskontroll og ivareta nye krav til dokumentasjon, er det behov for auka personellressursar både på ingeniørsida og i uteseksjonen.

Rehabilitering av leidningsnett 2013:

Separering av den nedre delen av fellesleidninga som kjem ned Pettervågen gjenstår. Separere deler av ei fellesleidning i Rådhusgata. Her står det igjen å legge siste laget med asfalt.

Slamavskiljarar (private tankar) (5132/354) (FA)

Tenesta omfattar slamtøming av private slamavskiljarar (tankar). Ordninga vart oppstarta i 1999. Sjølve tøminga har sidan starten vorte utført i regi av SSR for kommunen ved hjelp av innleigd slamentreprenør. Tenesta fungerer rimeleg bra pr. i dag. Tømerunda 2012/2013 er fullført. Ny tømerunde vert då i slutten av 2014 for heile kommunen.

Avvik:

Oppstart av tømerunde 2012/2013 kom litt seint i gong, men er no på det nærmaste ferdig. Grunnen til at tømerunda vart forseinka er at SSR har hatt utfordringar med val av ny slamentreprenør. Kontrakt med ny slamentreprenør (Miljøservice AS frå Stryn) vart skriven i desember 2012 og slamtøminga i Herøy kommune starta då omgåande.

Veg- og gatelys (5121) (FA)

Tenesta omfattar veg- og gatelys langs alle kommunale vegar, fylkesvegar, kommunale parkeringsplassar for allmenn bruk samt ein del parkbelysning. Totalt om lag 2700 lys.

Generelt:

Straumkostnaden har auka vesentleg dei siste åra. For ein del strekkingar på fylkesvegane får kommunen tilskot frå fylket til driftinga etter særskilde reglar. Dette tilskotet dekkjer imidlertid berre omlag halvparten av kostnaden med desse lysa. Problemstillinga er teken opp med Samferdselsavdelinga i fylket. Ein mottek i periodar søknader om oppsetjing av nye veglys. Nokre av desse søknadane har ein fått gjennomført ved bruk av restmidlar etter PCB- utfasinga. Desse midlane er no oppbrukte. Det vart politisk avsett kr. 900.000,- til nye gatelys i Dragsund (ca 500 meters lengde) i 2013. Då der ikkje er løyvingar til andre veglystiltak i 2013, så må nye søknadar settast på vent, inntil det evt. vert løyvd midlar til nye veglysanlegg. Det er Tussa som utfører all utbygging, drift- og vedlikehald av veglys.

Dei siste åra har det vore gjort ei vesentleg oppgradering ved utskifting av ein del veglysmaturar i kommunen. Ein hadde forventa at dette ville føre til reduserte straumkostnader pga. mindre straumforbruk. Det syner seg imidlertid at straumprisen på same tid har svinga såpass mykje at den økonomiske innsparinga har vorte minimal. Det viser seg og at ein i enkelte områder har tildels dårlege veglyslinjer, som igjen resulterer i auka vedlikeholdskostnader ved bruk av resurser til m.a. feilsøking for å finne feil.

Avvik / manglar:

Det er behov for skogrydding rundt/inntil enkelte veglys.
Det er behov for oppgradering av nettet i enkelte områder.

Løysing av avvik / mangel:

Skogrydding er eit kontinuerleg arbeid som må prioriterast i den daglege drifta og vedlikehaldet av veglysa. Dersom det skal kunne utførast påkravde utbetringar i nettet, så må det løyvast meir midlar.

ANSVAR 5061, 5062 – BRANNVERN OG FEIING

Brannvern og feiing vart frå 2011 lagt til Anleggs- og driftsavdelinga sitt ansvarsområde.

Førebygging av brann og ulykke (5061) (TL)

Generelt:

Kommunen har om lag 65 brannobjekt med lovpålagt årleg brannsyn. Pr. d.d. har ein ei 100% stilling til å gjennomføre tilsyna. Stillinga har imidlertid vore vakant store delar av 2013. Stillinga vert lyst ledig. Utanom lovpålagde tilsyn med brannobjekt vert det gjort eit godt førebyggjande arbeid.

Av førebyggjande arbeid elles har ein i brannvernregi prøvd å gjennomføre årlege sløkkeøvingar/brannopplæring for 6. klassene i kommunen. Vidare har ein også gjennomført opplæring og øving i brannsløkking for pleie- og omsorgspersonell (institusjonane) og personell i Egedomsavdelinga. Av førebyggjande arbeid skulle det vore gjort mykje meir, men ressursane strekk ikkje til.

Herøy brannvern har vore med på den nasjonale "Brannvernveka" med open brannstasjon sidan 2010. Dette har vore svært vellukka arrangement.

Brannvernet har også vore med på Redningsselskapet sitt arrangement "Forebyggjande seilas" frå 2011. Dette er eit arrangement for å gi 6. klassingar (120 elevar + lærarar) opplæring om brann, politi, førstehjelp og redningskøyta.

Hausten 2011 vart det starta forebyggjande forum på ytre søre. Det er ein samarbeid mellom kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Ørsta, Volda og Vanylven på brannside. Her vil ein standardisere dokument og måten å gjennomføre branntilsyn på slik at praksisen vert lik i heile regionen. Ein har også faglig utveksling av kunnskap mellom kommunane. Forumet har hatt fleire samlingar og var sist i Herøy 15.05.13. Hareid og Ulstein skal på felles branntilsyn 23. mai 2013. Herøy og Ørsta har vore på felles tilsyn om farleg stoff tidlegare.

Avvik/manglar:

Lovpålagt krav om årleg tilsyn i særskilde brannobjekt er ikkje oppfylt pr. i dag.

Løysing av avvik/mangel:

Når ein får gjort tilsetjing i tilsynsstillinga reknar ein med å kunne oppfylle lovkravet innan rimeleg kort tid.

Brann- og ulukkesberedskap (5061) (TL)

Generelt:

Tenesta omfattar brann- og ulukkesberedskap i vid forstand. Brannvernet har hovudbrannstasjon i Fosnavåg med brannbil og 20 deltids brannmannskap tilknytt. Bistasjon med tankbil er plassert i Myrvåg og er oppsett med tankbil og omlag 10 brannmannskap. Sjølv om det er enkelte manglar i den totale oppbygginga av brannvernet etter gjeldande brannordning vurderer ein brann- og ulukkesberedskapen å vere rimeleg god. Herøy brannvern har fått hjartestartar i beredskapen og kursing vart gjennomført 07.05.13. Den seinare tida har redning kome sterkare inn i brannberedskapen og ein har gjennomført fleire oppdrag saman med helse (ambulans). Dette vert det ikkje mindre av framover og no vil Herøy brannvern også kunne gjennomføre oppdrag på hjartestans (hjarte/lungeredning) aleine. Revidering av gjeldande brannordning er igangsett. I samband med revidering av brannordninga er det også gjennomført ROS-analyse.

Avvik/manglar:

Brannvernet har dei siste åra slite med meirforbruk grunna underbudsjettering. Gammal tankbil og brannbil har medført auka kostnader til reparasjonar. Ulik lovpålagt kursing samt kursing av nye mannskap pga. at mannskap har slutta har også vore kostnadsdrivande.

Når det gjeld rekruttering, og då spesielt 2 befal som ein må pårekne vert pensjonert i løpet av ein 3-5 års periode, må ein i hovudsak satse på opplæring internt. Krava til utdanning av befal er rimeleg omfattande og det er på landsbasis stor mangel på utdanna personell.

Løysing av avvik/mangel:

Utskifting av brannbil og tankbil i 2013/2014 forventar ein vil medføre reduksjon av reparasjonskostnadene.

Det må tilførast meir midlar for å oppfylle brannordninga og til opplæring av mannskap og befal dei næraste åra.

Feiing (5062) (TL)

Generelt:

Tenesta omfattar feiing og tilsyn med eldstader og fyringsanlegg i private bustadar. I kommunen er det om lag 2800 piper. Det er omlag 800 abonnentar som ikkje har lagt forskriftsmessig til rette for feiing. Feietenesta vert kjøpt frå Ulstein kommune som har tilsett feiar. Det har dei siste åra vore svært få klager på feietenesta. Ein vurderer det slik at tenesta fungerer svært godt.

Løysing av avvik/mangel:

Dei som enno ikkje har lagt til rette for feiing, vil få nytt skriftleg pålegg i 2013 om å ordne forholdet. Dei som innan ein nærare angitt frist ikkje rapporterer tilbake at dei har gjennomført pålegget vil måtte få fyringsforbod. Dei som ikkje har lagt til rette for feiing får ikkje tilbod om feiing.

Barnehage

Det er ikkje meldt avvik frå barnehagane i løpet av 2. tertial 2013.

Kommunen fekk melding frå eigarane av Trekløver barnehage om at dei ville legge ned drifta frå 31.07.2013. Alle barn med plass i denne barnehagen, fekk ved barnehageopptaket 2013 tildelt plass i andre barnehagar. Foreldra ved barnehagen starta arbeid med å skulle drive barnehagen vidare, men la ned dette arbeidet då det ikkje var muleg å få tilsett personar med godkjent utdanning.

Det står i skrivande stund 16 barn på venteliste. Dette er barn som ikkje har rett til til plass eller det er søknader som har kome inn etter søknadsfristen. Fleire av dei ynskjer ikkje plass før etter januar 2014.

Grønmyr barnehage Myklebust har framleis nokre ledige plassar.

Ulstein kommune melder at det er 9 barn frå Herøy som har barnehageplass i Ulstein.

Barnehageavdelinga har ikkje mottatt klage på tenesta 2. kvartal 2013.

Organisasjon

Det vert tilbod om kurs på Herøy kulturhus der temaet er "tilknytningsfremmande adferd i barnehagen" for alle tilsette i kommunale og private barnehagar på planleggingsdagen 7. oktober.

Alle kommunale barnehagar har HMS plan der tiltak vert sett i verk i samsvar med planen.

Alle barnehagane arbeider med å lage årsplan som viser føresette og andre kva pedagogisk innhald den enkelte barnehage har planlagt for barnehageåret 2013/14. Ein vil kunne lese årsplanane til alle barnehagane på Herøy kommune si nye heimeside .

Fysisk miljø i barnehagane

Det er gjennomført ekstern sikkerheitskontroll i 2013. Arbeidet med å utbetre feil er starta opp. Målet for barnehageavdelinga er at dette arbeidet skal få høg prioritet slik at uteleikeplassane til ei kvar tid er trygge for barna.

Leikanger og Moltu barnehage er ikkje godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Arbeidet med tiltak som må utførast før dei kan bli godkjent er godt i gong.

Oversikt delegert vedtak 2. tertial 2013:

Vedtak om ekstraressurs til barn med særlege behov:

Troll-lia barnehage : 21,t/v barnehageåret 2013/14
Troll-myra barnehage: 16t/v barnehageåret 2013/14
Moltu barnehage: 18;75t/v barnehageåret 2013/14
Huldal barnehage: 20t/v barnehageåret 2013/14
Myrsnipa barnehage: 10t/v frå 5. aug. til 31. des. 2013
Bergslia barnehage: 10t/v barnehageåret 2013/14

Vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet:

Grønmyr barnehage Myklebust: 260% stilling, 3 personar barnehageåret 2013/14

Myrsnipa barnehage: 140% stilling, 2 personar barnehageåret 2013/14

Grunnbemanning/stillingsheimlar i barnehageavdelinga: 29,4 årsverk (+ 1,13 årsverk ekstra personale til barn med spesielle behov)

| Stad | Stillingsheimlar/grunnbemanning | Tal personar |
|---------------------------|-------------------------------------|---|
| Barnehageadministrasjonen | 0,8 årsverk | Barnehageleiar, 1 person |
| Myrsnipa barnehage | 12 årsverk | Styrar: 1 person Ped.leiarar: 6 personar (2 med dispensasjon frå utd.kravet) Fagarbeidarar: 5 personar Assistentar: 5 personar |
| Bergslia barnehage | 6,6 årsverk | Styrar: 1person Ped.leiarar: 2 pers.1 med dispensasjon Fagarbeidarar: 1 person Assistentar: 5 personar |
| Moltu barnehage | 4,5 årsverk | Styrar: 1 person Ped.leiarar:2 (1 med disp.) Fagarbeidarar: 1 person Assistentar: 1 person |
| Leikanger barnehage | 5,5 årsverk | Styrar: 1person Ped.leiarar: 2 personar Fagarbeidarar: 1 Assistentar: 3 personar |
| Ekstra ressurs | 1,13 årsverk (varierer frå år til) | Assistentar: 3 personar |

Barn familie og helse

Også i andre tertial i år har legesituasjonen vore utfordrande sjølv om det er tilsett lege i den ledige heimelen. Det har vore fleire Innleigde legevikarar, tildels korttidsvikariater i løpet av sommarmånadene. Situasjonen har ikkje på nokon måte vore optimal for pasientane utan at det har kome alvorlege klager på drifta. Det er ikkje ledige plassar på nokon av fastlegelistene og det har og vore utfordrande særleg då for dei som ønskjer å skifte fastlege, men og i forhold til nye innbyggjare.

Pasientar vert tidlegere utskrivne frå sjukehus enn tidlegare. Dette har ført til eit stort press på fysioterapeuter og ergoterapeut i kommunen. Over tid er det vanskeleg å yte så gode tenester som ein skulle ønskje for ein rekkje pasientgrupper.

Når det gjeld helsestasjonen og skulehelsetenesta har det og i 2. tertial vore mange oppgåver Skulehelsetenesta har også i haust kunne prioritere noko meir å vere i skulane. I fht skulehelsetenesta har ein fortsatt utfordringar når det gjeld journalføring og naudsynt datatilgang ved alle skulene. Dette genererer meirarbeid i etterkant av skulebesøka.

Det tverrfaglege arbeidet i skuler og barnehager ser ut til å fungere godt. Det har og vore prioritert deltaking frå fleire ulike fagpersonar frå avdelinga ved fleire foreldremøte i skule og barnehage.

Innan psykisk helsevern ser ein at dei "nye" pasientane som kjem er unge og har til dels store hjelpebehov. Det har og vore ei utfordring å få gode behandlinglinjer saman med spesialisthelsetjenesten i konkrete tilfelle. Erfaringane med "ungdomsgruppa" på Solheim dagsenter er positive. Det har og ført til at nokre av dei tidlegare brukarane av dagsenteret har fått noko endra tilbod.

Barnevernet har i denne perioden motteke 33 meldingar

7 barn under omsorg

80 barn på hjelpetiltak

7 ungdommer (18-23 år) på ettervern. Dette er tildels svært krevjande og omfattande tiltak.

13 tilsynsbarn, barn om er plassert i Herøy frå andre kommune

Barnevernet har også ansvar for adopsjonssaker.

Arbeidsmengda i barnevern er stor, og vi har mange tunge saker, som er svært tid- og kostnadkrevjande med omfattande tiltak. Rus, psykiatri og forsømte familiar i generasjonar, pregar fleire av sakene.

Kommunen har sterkt fokus på forpliktande samhandling rundt barn i risiko på tvers av fag, einingar og nivå i offentleg sektor. Vi har og sterk fokus på tidleg intervensjon. Vi har derfor også valgt å prioritere arbeidet som er igangsatt for å heve det tverrfaglege arbeidet for vern av barn (Mission Possible).

Det har ikkje vore meldt avvik i Kvalitetslosen i 2. tertial.

Bu og habilitering

Avvik:

Det er meldt 15 avvik i Kvalitetslosen 1. tertial 2013.

Avvik i hovudsak i forhold til medisinrutiner, brukarrelaterte hendingar og personale.

Avdelingsleiarane har vurdert og lukka avvika med tiltak og gjennomgang av rutinar.

Vedtak frå 01.01.13– 30.04.13

Imøtekomne saker i perioden: 44 saker

Avslag: 6 avslag

Klager: 2 klager, under behandling

Stor utfordring i å rekruttere kvalifiserte korttidsvikarar og miljøterapeut til utlyste stillingar.

Herøy produksjon har starta å lage tennbriketter, noko som har fleire deloppgåver og gir arbeid til mange.

Har begynt å ta imot film/foto, og ha det over på data. Dette gir tilbod til fleire brukarar.

Herøy produksjon på nett, for å gjere lokalsamfunnet kjent med kva varer/teneste dei har å tilby.

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga rapporterer under tenesterapporteringa om forhold knytt til forvaltning, drift, og vedlikehald av kommunale bygg samt serviceoppgåver.

Generelt

Eigedomsavdelinga har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunens formålsbygg og utleigebustadar med tilhøyrande uteområde. Avdelinga har i tillegg ansvaret for mindre investeringsprosjekt i kommunale bygg.

Eigedomsavdelinga fekk i møte med Rådmannen, Anlegg- og driftsavdelinga og Kulturavdelinga den 26.09.2012 utvida sitt ansvarsområde til å omfatte også leikeplassar og

ballbingar på kommunal grunn generelt, uavhengig av om dei er etablert i tilknytning til eit kommunalt bygg eller ikkje. Tidlegare har avdelinga kun hatt ansvaret for anlegg i tilknytning til kommunale bygg.

Forvaltningsansvaret

Forvaltningsansvaret omfattar forsikringsansvaret for kommunal eigedom, innleige og utleige av eigedom, kjøp og sal av eigedom, innløyasing, oreigning og erstatningskrav knytt til eigedom, bortfeste, bruksrettar, nabospørsmål og andre hefte knytt til eigedom.

Forvaltningsansvaret omfattar også skatter og avgifter knytt til eigedom samt administrasjon og leing.

Driftsansvaret

Med byggtknisk drift meiner Egedomsavdelinga dei oppgåver som er naudsynte for at ei bygning skal fungere som forutsatt i det daglege. Forutan løpande oppfølging av daglege problem, omfattar driftsansvaret særleg reinhald, avfallshandtering, vakt og sikring, energioppfølging, energistyring og internkontroll av byggtkniske forhold.

Vedlikehaldsansvaret

Med vedlikehald meiner Egedomsavdelinga dei tiltak som er naudsynte for at ei bygning skal kunne oppretthalde sin byggtkniske standard på eit gitt kvalitetsnivå.

Egedomsavdelinga har som målsetting at vedlikehaldsarbeidet skal være planlagt og forebyggande, med utgangspunkt i teknisk levetid og faktisk tilstandsgrad.

Serviceoppgåver

Serviceoppgåver omfattar kantinedrift, pr. i dag kun på Rådhuset samt andre oppgåver som ikkje naturleg ligg til huseigaren å utføre, men som avdelinga likevel tilbyr mot ein viss kompensasjon. Dette omfattar typisk flyttetjenester og opp-/nedmontering av inventar.

Bygningsportefølgje

Egedomsavdelinga har ansvaret for ca. 54 000 m² bruttoareal bygningsmasse, fordelt slik (sist oppdatert 08.08.2013):

| KATEGORI | BYGNINGAR | SUM M2 BTA. |
|-----------------|-----------|---------------|
| Formålsbygg | | 44 000 |
| Utleigebustadar | | 10 000 |
| Andre formål | 1 | 4 600 |
| Sum | | 54 000 |

Egedomsavdelinga prioriterer digitalisering av teikningsgrunnlag for dei einskilde bygga og vil i løpet av 2013 ha ei vesentleg betre oversikt over eigedomsmassen, herunder sum bruttoareal (BTA), sum bruksareal (BRA) og sum reinhaldt areal.

Avdelinga legg til grunn at sum BTA vil stige etter at digitaliseringsarbeidet er gjennomført og arealtal er kvalitetssikra.

Organisasjon

Egedomsavdelinga har pr. rapporteringsdato 34 årsverk fordelt på 54 tilsette.

| Ansvar | | Årsverk | Tilsette |
|--------|---------|---------|----------|
| 6011 | Leing | 1 | 1 |
| 6012 | Kantine | 0,5 | 1 |

| | | | |
|------|--|-----|---|
| 6021 | Byggteknisk drift | 6,4 | 7 |
| 6031 | Byggteknisk vedlikehald og investering | 1 | 1 |
| 6051 | Reinhald | 33 | |

Økonomi

Avdelinga har økonomiske utfordringar særleg innanfor ansvar 6022 og ansvar 6031. Ansvar 6022 omfattar uforutsette driftskostnadar og er pr. 2013 tilgodsett med kr. 1 mill. Pr. rapporteringsdato er denne budsjettposten overskrede med ca. kr. 300 000. Dette medfører at vi må stoppe planlagte vedlikehaldsprosjekt under ansvar 6031 for å halde budsjettbalansen og rådmannens krav til 3 % sparing i 2013. Kommunestyrets målsetting om planlagt og førebyggjande vedlikehald, slik dette er vedteke i K-sak 162/12, er difor nær sagt umogleg å oppfylle.

Avvik

Avvik registrert i Kvalitetslosen omfattar avvik frå lov og regelverk, herunder interne prosedyrer og rutiner. Det er sidan førre rapportering registret avvik i Kvalitetslosen som vist i tabellen nedanfor:

| Registerte avvik | Under handsaming | Forkasta | Ferdigbehandla |
|------------------|------------------|----------|----------------|
| | | | |

Skadesaker

Under dette punkt rapporterer Egedomsavdelinga om forsikringssaker for kommunale bygg sidan førre rapportering:

| BYGNING | SKADETYPE | DEKNING | STATUS | ØKONOMISK TAP |
|--------------------|-----------|---------|------------------|---------------|
| Øvre Myklebust 15 | Vasskade | Dekning | Under handsaming | kr. 25 000,- |
| Sjukeheimsvegen 14 | Vasskade | Dekning | Under handsaming | kr. 25 000,- |

Byggteknisk drift (ansvar 6021 og 6022) TSS

Egedomsavdelinga har ansvaret for teknisk drift av formålsbygg og kommunale utleigebustadar. Teknisk drift er økonomisk delt i to ansvar: 6021 omfattar personalkostnadar og avtalte driftskostnadar medan ansvar 6022 omfattar løpande og uforutsette driftskostnadar.

Organisasjon

Egedomsavdelinga har totalt 6 vaktmeistarar i 5,4 årsverk til å drifte bygningsmassen.

Drift av bygningsmassa vert koordinert av ein fagleiar drift i 100 % stilling. Fagleiar drift har fagansvaret for internkontroll, energioppfølging og dagleg oppfølging av driftspersonalet medan driftspersonalet har det operative ansvaret for oppfølging av aktuelle tiltak ute i felt.

Driftsplan

Egedomsavdelinga organiserer driftsstyrken etter prinsippet om at alle mann skal kunne handtere alle fag i alle bygg.

For å sikre forsvarleg internkontroll, forutsigbarheit for brukarane og for å nå eit ønskemål om forebyggjande drift, vert det arbeida med ei organisering som inneber at driftspersonellet

organiserast i 2-manns team som gjennomfører regelmessig tilsyn ved ei portefølje av kommunale bygga etter ein fastsett plan. Pr. rapporteringsdato, er det ei utfordring for Eigedomsavdelinga å gjennomføre driftsplanen som tenkt, særleg grunna sjukefråvær blant driftspersonalet og ferieavvikling. Dette er beklageleg, både for dei tenesteytande avdelingane og for avdelinga sjølv.

Driftsavtalar

Eigedomsavdelinga har ikkje personalressursar nok til å løyse alle dei byggtekniske driftsoppgåvene sjølv. Deler av dei byggtekniske oppgåvene løysast difor gjennom innkjøp av eksterne driftstenester:

| FAGOMRÅDE | LEVERANDØR | AVTALEPERIODE |
|------------------|----------------------------|---------------|
| Snørydding | Anlegg- og driftsavdelinga | |
| | Jon Edvard Myrvågnes | |
| Plenklipping | Jungelkongen AS | |
| Gartnertjenester | Ad hoc-kontrahering | |
| Skogrydding | Ad hoc-kontrahering | |

Serviceavtalar

Eigedomsavdelinga har ikkje tilstrekkeleg fagkompetanse til å løyse alle driftsoppgåvene sjølv. Deler av dei byggtekniske oppgåvene løysast difor gjennom innkjøp av ekstern servicekompetanse. Dette er til dels også lovpålagt som del av internkontrollansvaret.

| FAGOMRÅDE | SERVICEAVTALE | AVTALEPERIODE | MERKNAD |
|----------------------|------------------------------------|---------------|------------------|
| Varmeanlegg | NordvestMiljø AS | | |
| Ventilasjonsanlegg | NordvestMiljø AS | | |
| Brannalarmanlegg | Stanley Security AS | | Skal ut på anbod |
| Nød- og ledelys | Stanley Security AS | | Skal ut på anbod |
| Sprinkleranlegg | | | Skal ut på anbod |
| Brannsløkkingsutstyr | Fosnavåg Notbøteri AS | | |
| Heis | Lift Tech Sanne Heis Kone AS | | Skal ut på anbod |
| Elektriske anlegg | | | Skal ut på anbod |
| Leikeplassar | Leikeplassinspektøren AS | | |

Bygg som er overteke til ordinær drift, men som fortsatt er i garantifasen etter eit prosjekt, er ikkje omfatta av serviceavtalane ovanfor. For desse bygga vert det inngått serviceavtalar med systemleverandørane i garantiperioden. Deretter blir servicebehovet implementert i den generelle avtalen for fagområdet, slik denne er vist ovanfor. Pr. i dag gjeld dette fylgjande bygg:

Bygningsmessige avvik

Bygningsmessige avvik vert innmeldt og fulgt opp via Eigedomsavdelinga sitt FDV-system FamacWeb. Avvik blir meldt både av brukarane og av avdelinga sjølv.

Avviksrapport pr. rapporteringsdato syner følgjande:

| År | Innmeldt | Ubehandla | Under behandling | Lukka | Forkasta |
|------|----------|-----------|------------------|-------|----------|
| 2013 | 968 | 334 | 117 | 480 | 37 |
| 2012 | 492 | 27 | 88 | 336 | 41 |

Innmeldte avvik blir anten (1) overført til driftsseksjonen for oppfølging snarast mogleg, (2) overført til vedlikehalds- og investeringsseksjonen for vurdering ved rullering av neste års tiltaksplan eller (3) forkasta fordi avviket ikkje er avdelinga sitt ansvar.

Antall innmeldte avvik i 2013 er pr. rapporteringsdato markert høgare enn i 2012 totalt. Dette skuldast at Famac vart teke i bruk fyrst frå 01.07.2012 og at avdelinga i 2013 også har registrert inn avvik frå eksterne tilsyn, mellom anna leikeplasskontroll og branntilsyn. Avdelinga har også som målsetjing å melde inn avvik om driftspersonellet avdekkjer sjølv og ikkje kan lukke umiddelbart.

Avvik eller pålegg etter offentleg tilsyn

Tabellen nedanfor syner ei oversikt over avvik eller pålegg om utbetring som avdelinga har motteke etter offentleg tilsyn. Sidan førre rapportering er følgjande avvik registrert:

| BYGNING | TILSYNSORGAN | AVVIK | STATUS |
|--------------------|----------------------|--------------------------|----------|
| Herøy rådhus | Herøy brannvern | Sjå eigen tilsynsrapport | I arbeid |
| Myrsnipa barnehage | Elsikkerheit Møre AS | Sjå eigen tilsynsrapport | I arbeid |

Byggteknisk vedlikehald og investering (ansvar 6031) PKM

Eigedomsavdelinga rapporterer under dette punkt om planlagte vedlikehald- og investeringstiltak.

Vedlikehald- og investeringstiltak omfattar normalt sett tiltak med netto kostnadsramme over kr. 100 000 og/eller er søknadspliktige. Tabellane nedanfor syner status for planlagde tiltak inneværande år. Formålsbygg visast med populærnamn. Utleigebustadar visast med offisiell adresse. Referansenummer viser til tiltakets id-nr. i avdelinga sitt fagsystem FamacWeb:

Planlagte tiltak 2013

| | |
|-------------------|--|
| 2872.36939 | HERØY RÅDHUS |
| Bygningsdel: | Fasade |
| Tiltak: | Utbetring av skader i murpuss yttervegg for å hindre ytterlegare forverring. |
| Status: | Ikke påbegynt |

| | |
|-------------------|--|
| 2872.36939 | HERØY RÅDHUS |
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Oppgradering av området rundt hovedinngang og minnesmerket for Arisan. |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|--|
| 2872.52666 | HERØY RÅDHUS |
| Bygningsdel: | Etablering av sentral driftskontroll |
| Tiltak: | Oppgradering av eksisterende driftskontroll og tilrettelegging for webbasert sentral driftskontroll. |
| Status: | Kravspesifikasjon under utarbeiding. |

| | |
|-------------------|--|
| 2874.43495 | BERGSLIA BARNEHAGE |
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Montering av nytt gjerde. Oppfølging av tilsynsrapport frå årskontroll leikeplass. Eksisterende tregjerde mot parkeringsplass er vurdert som eit A-avvik då ungane kan klatre over konstruksjonen og ramle ned på parkeringsplass. |
| Status: | Pågår |

| | |
|-------------------|--|
| 2874.52480 | BERGSLIA BARNEHAGE |
| Bygningsdel: | Ventilasjonsanlegg |
| Tiltak: | Oppgradering av ventilasjonsanlegget ved Bergslia barnehage. Utskifting av dagens aggregatløysing - som består av 3 mindre aggregat frå 1990 - til eitt sentralt aggregat med betre kapasitet og energigrad. |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|--|
| 2874.53349 | BERGSLIA BARNEHAGE |
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Tilpassing av uteområdet for dei minste ungane i barnehagen og samstundes trygge adkomsten til bygget. |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|----------------------------|
| 2875.36945 | LEIKANGER BARNEHAGE |
|-------------------|----------------------------|

| | |
|----------------|--|
| Bygningsdel: | Rømingsveg |
| Tiltak: | Etablere overbygg til rømingsveg for å sikre mot takras snø. |
| Status: | Ikkje påbegynt. |

| | |
|-------------------|-------------------------------|
| 2876.41103 | MOLTU BARNEHAGE |
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Sikring av uteområde mot veg. |
| Status: | Påbegynt |

| | |
|-------------------|---|
| 2876.50680 | MOLTU BARNEHAGE |
| Bygningsdel: | Ventilasjon |
| Tiltak: | Utbetring av ventilasjonsanlegg for den eldste delen av bygget. |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|--|
| 2877.44568 | MYRSNIPA BARNEHAGE |
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Oppdeling av uteområdet i fleire soner for å betre funksjonaliteten for barnehagen ved redusert personalbemanning. |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|---|
| 2877.52699 | MYRSNIPA BARNEHAGE |
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Utbetring av uteområde mot Myrvåg skule |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|---|
| 2877.53060 | MYRSNIPA BARNEHAGE |
| Bygningsdel: | Vindu - ytterkledning |
| Tiltak: | Utskifting av eitt vindu og deler av bordkledning |
| Status: | Ikkje påbegynt. |

| | |
|-------------------|--|
| 2878.37133 | BLÅHAUGEN SKULE |
| Bygningsdel: | Tak |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt på yttertak. |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|---|
| 2878.37135 | BLÅHAUGEN SKULE |
| Bygningsdel: | Vindu |
| Tiltak: | Utbetring av eit vindu med lekasjepunkt i garderobe ved sone 2. |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|------------------------|
| 2878.53776 | BLÅHAUGEN SKULE |
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Maling av fasade |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|---|
| 2879.52402 | BERGSØY SKULE BORGA |
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Oppgradering av uteområde med nye leikeapparat. |
| Status: | Påbegynt |

| | |
|-------------------|---|
| 2883.37139 | LEIKANGER SKULE |
| Bygningsdel: | Vindu |
| Tiltak: | Utskifting av vindu i administrasjonsfløya. |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|---|
| 2883.37141 | LEIKANGER SKULE |
| Bygningsdel: | Elektrisk anlegg |
| Tiltak: | Utbetring av det elektriske anlegget for å sikre betre kapasitet. |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|---|
| 2883.53064 | LEIKANGER SKULE |
| Bygningsdel: | Funksjonalitet |
| Tiltak: | Ombygging av klasserom grunna auka elevtal ved skulen |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|------------------------|
| 2883.53089 | LEIKANGER SKULE |
| Bygningsdel: | Tak |
| Tiltak: | Utbetring av taknedløp |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|---|
| 2883.53093 | LEIKANGER SKULE |
| Bygningsdel: | Tak |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt på tak mellom skulebygg og grendahus. |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|--|
| 2885.52404 | MOLTU SKULE |
| Bygningsdel: | Ventilasjon |
| Tiltak: | Etablering av ventilasjonsanlegg på Moltu barneskule. Oppfølging av K-sak - godkjenning av skulebygg etter forskrift om miljøretta helsevern. |
| Status: | Kravspesifikasjon utarbeida, men tiltaket er ikkje påbegynt grunna branntekniske avvik. Eigedomsavdelinga avventer brannteknisk tilstandsrapport frå NorConsult AS som grunnlag for vidare planlegging og løyving av ekstra budsjettmidlar. |

| | |
|-------------------|----------------------------|
| 2885.52893 | MOLTU SKULE |
| Bygningsdel: | Tak |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt. |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|-------------------------------|
| 2887.37145 | NERLANDSØY SKULE |
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Sikring av uteområde mot veg. |

| | |
|----------------|-----------------------|
| Status: | Ikkje påbegynt |
|----------------|-----------------------|

| | |
|-------------------|---|
| 2887.37146 | NERLANDSØY SKULE |
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Maling av fasade samt mindre utbetring av lufting for trekledning |
| Status: | Påbegynt |

| | |
|-------------------|----------------------------|
| 2887.53105 | NERLANDSØY SKULE |
| Bygningsdel: | Vindu |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt. |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|---|
| 2889.52863 | STOKKSUND SKULE |
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Oppgradering av uteområde med nye leikeapparat. |
| Status: | Påbegynt |

| | |
|-------------------|---|
| 2890.48648 | YTRE HERØY UNGDOMSSKULE |
| Bygningsdel: | Ventilasjon |
| Tiltak: | Oppgradering av ventilasjonsaggregat og kanalnett for gamlebygget. |
| Status: | Kravspesifikasjon utarbeida, men tiltaket er ikkje påbegynt grunna branntekniske avvik. Egedomsavdelinga avventer brannteknisk tilstandsrapport frå NorConsult AS som grunnlag for vidare planlegging og løyving av ekstra budsjettmidlar. |

| | |
|-------------------|--|
| 2890.53413 | YTRE HERØY UNGDOMSSKULE |
| Bygningsdel: | Inngangsparti |
| Tiltak: | Brannsikring av lagerfunksjonalitet i rømingssveg ved hovedinngang |
| Status: | Ikkje påbegynt. Egedomsavdeling avventer brannteknisk tilstandsrapport. |

| | |
|-------------------|----------------------------|
| 2891.44054 | HERØY OMSORGSSENTER |
|-------------------|----------------------------|

| | |
|----------------|--|
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Fjerning av varerampe og utbetring av gangparti ved hovedinngang raud og grøn. |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|--|
| 2891.48849 | HERØY OMSORGSSENTER |
| Bygningsdel: | Vaskerom |
| Tiltak: | Utbetring av gulv og gulvbelegg på vaskerom grøn avdeling. |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|---|
| 2891.52515 | HERØY OMSORGSSENTER |
| Bygningsdel: | Reservestraum |
| Tiltak: | Innkjøp av mobilt aggregat for reservestraum til grøn- og raud avdeling. Raud og grøn avdeling er ikkje klargjort for tilkobling til mobilt aggregat. Som del av prosjektet må bygget også klargjerast for mobil tilkobling. |
| Status: | Påbegynt |

| | |
|-------------------|---|
| 3018.52514 | HERØY OMSORGSSENTER |
| Bygningsdel: | Reservestraum |
| Tiltak: | Innkjøp av mobilt aggregat for reservestraum. Blå avdeling er klargjort for tilkobling av mobilt aggregat 400 V. |
| Status: | Påbegynt |

| | |
|-------------------|-----------------------------|
| 2892.41105 | MYRVÅG OMSORGSSENTER |
| Bygningsdel: | Yttertak |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt. |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|--|
| 2892.52516 | MYRVÅG OMSORGSSENTER |
| Bygningsdel: | Reservestraum |
| Tiltak: | Innkjøp av mobilt aggregat for reservestraum |

| | |
|----------------|--------------------------------|
| Status: | Tilbodsinnhenting pågår |
|----------------|--------------------------------|

| | |
|-------------------|----------------------------|
| 2930.37151 | HERØY KULTURHUS |
| Bygningsdel: | Yttertak |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt. |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|---|
| 2930.50678 | HERØY KULTURHUS |
| Bygningsdel: | Oppgradering av ventilasjonsanlegg for Kulturskulen, festsalen og Herøyhallen |
| Tiltak: | Kulturskulen: Installasjon av anlegg med automatisk styring, utvida effekt og bedre energiøkonomi. Festsalen: Automatikk og deler av mekanisk styring må oppgraderast for å kunne få kontroll over varmestyring. Herøyhallen: Nye og meir effektive kammervifter. |
| Status: | Påbegynt |

| | |
|-------------------|---|
| 2930.52403 | HERØY KULTURHUS |
| Bygningsdel: | Oppgradering av gjestetoalett |
| Tiltak: | Oppgradering av dame- og herregarderobe i vestibyle/kafèområdet på hovedplan. |
| Status: | Under planlegging |

| | |
|-------------------|---|
| 2930.52834 | HERØY KULTURHUS |
| Bygningsdel: | Renovering av inngangsparti |
| Tiltak: | Oppgradering av innvendige overflater i inngangsparti, vestibyle, garderobe og vestibyle ved bibliotek samt utskifting av vindu i vestibyle og utskifting av innerdører i renoveringsområdet. Oppgradering av innvendige overflater omfatter nye gulvmatter og ferdigstilling av maling innvendige vegger. |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|------------------------|
| 2930.52838 | HERØY KULTURHUS |
|-------------------|------------------------|

| | |
|----------------|---|
| Bygningsdel: | Oppgradering av golv i bibliotek |
| Tiltak: | Mindre tilpassing for ny planløsning, maling av vegg og legging av nytt golv. |
| Status: | Påbegynt |

| | |
|-------------------|---------------------------------------|
| 2905.54559 | ØVRE MYKLEBUST 1 |
| Bygningsdel: | Gulv |
| Tiltak: | Utskifting av gulvbelegg i leilegheit |
| Status: | Ferdigstilt |

| | |
|-------------------|--|
| 2922.42149 | SJUKEHEIMSVEGEN 06 |
| Bygningsdel: | Ytterdører |
| Tiltak: | Utskifting av verandadører på 4 av leilegheitene |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|-----------------------------|
| 2922.43826 | SJUKEHEIMSVEGEN 06 |
| Bygningsdel: | Innvendig tak |
| Tiltak: | Utbetring etter vasslekasje |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|--|
| 2922.54508 | SJUKEHEIMSVEGEN 06 |
| Bygningsdel: | Gulv |
| Tiltak: | Utskifting av gulvbelegg i fellesareal |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|-----------------------|
| 2913.53159 | RABBEGJERDET 3 |
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Maling |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|---------------------|
| 2917.37152 | KVERNTUN |
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Utskifting av vindu |
| Status: | Påbegynt |

| | |
|-------------------|-------------------------|
| 2918.53163 | SOLBERGVEGEN 2-4 |
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Maling |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|-------------------------|
| 2918.53164 | SOLBERGVEGEN 6-8 |
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Maling |
| Status: | Ikkje påbegynt |

| | |
|-------------------|--------------------------|
| 2897.38615 | STOREBAKKEN 3 |
| Bygningsdel: | Innvendig tak |
| Tiltak: | Utskifting av loftsluker |
| Status: | Ikkje påbegynt |

Reinhold (ansvar 6051) AFK

Eigedomsavdelinga har ansvaret for reinholdet ved formålsbygga og ved einkilde utleigebustadar. Reinholdsoppgåver sorterer tematisk under driftsansvaret for kommunale bygg, men er pt. utskilt som eiga eining.

Organisasjon

Eigedomsavdelinga har totalt 44 reinholdarar i 24 årsverk til å reinhalde bygningsmassen.

Reinholdet vert leia av fagleiar reinhold i 100 %.

Eigedomsavdelinga organiserer pr. rapporteringsdato reinholdsansvaret som stillingsheimlar pr. bygg. Avdelinga vurderer fortløpande om ein kan organisere seg annaleis for å auke trivselen, redusere sjukefråværet og styrke fleksibiliteten blant dei tilsette.

Reinholdsplan

Eigedomsavdelinga reviderer reinholdsplanen for det einkilde bygg regelmessig og ved behov, t.d. etter ombygging eller tilbygg. Avdelinga nyttar fdv-systemet FamacWeb til dette arbeidet og har som målsetjing å revidere reinholdsplanane for samtlige formålsbygg basert på fagleg tilråding frå NHO Service, for deretter å gå i dialog med dei einkilde avdelingane om kva standard reinholdet skal ligge på vidare framover. Det overordna målet er effektivt reinhold på forsvarleg nivå.

Arbeidet med å oppdatere reinhaldsplanane har nær samanheng med digitaliseringa av teikningsarkivet og er avhengig av framdrifta i dette prosjektet.

Tabellen nedanfor syner status for dei ulike bygg som er registrert i Famac pr. rapporteringsdato:

| BYGNINGSGRUPPE | BYGNING | REINHALDSPLAN |
|-------------------------------|---|-------------------------------|
| 130 - Administrasjonslokale | Herøy rådhus | Registrert |
| 190 - Interne serviceeiningar | Herøy brannstasjon | Ikkje registrert |
| | Vaktmeisterbase | Ikkje registrert |
| 221 - Førskulelokale | Bergslia barnehage | Registrert |
| | Myrsnipa barnehage | Registrert |
| | Moltu barnehage | Registrert |
| | Leikanger barnehage | Oppdatert i forhold til Famac |
| 221 - Skulelokale | Nerlandsøy skule | Ikkje registrert |
| | Bergsøy skule Borga | Registrert |
| | Bergsøy skule Blåhaugen | Registrert |
| | Einedalen skule | Registrert |
| | Moltu skule | Oppdatert i forhold til Famac |
| | Stokksund barne- og ungdomsskule | Registrert |
| | Leikanger skule | Oppdatert i forhold til Famac |
| | Ytre Herøy ungdomsskule | Registrert |
| 234 - Aktiviseringstenester | Herøy produksjon | Ikkje registrert |
| | Aktivitetssenteret | Registrert |
| | Voksenopplæringa | Registrert |
| | | |
| 241 - Helsebygg | Herøy helsesenter | Registrert |
| | Myrvåg legevaktstasjon | Registrert |
| | Solheim | Ikkje registrert |
| 261 - Institusjonsbygg | Herøy omsorgssenter - blå avdeling | Registrert |
| | Herøy omsorgssenter - raud og grøn avdeling | Registrert |

| | | |
|-------------------|------------------------------------|------------------|
| | Herøy omsorgssenter - gul avdeling | Registrert |
| | Myrvåg omsorgssenter | Registrert |
| 325 - Næringsbygg | Fristadbygget | Registrert |
| 385 - Kulturbygg | Herøy kulturhus | Registrert |
| Innleigde bygg | Vaktsentralen | Registrert |
| | Myrvåg helsestasjon | Ikkje registrert |
| | WC Goksøy | Ikkje registrert |
| | WC Fosnavåg | Ikkje registrert |

Kompetanse

Eigedomsavdelinga har berre tre reinhaldarar med fagbrev, to av dei har passert 67 år. Avdelinga arbeidar for å legge til rette for kompetanseheving gjennom fagbrev då dette er viktig både for trivsel og kvalitet på reinhaldet.

Reinhaldsmateriell

Eigedomsavdelinga har god oversikt over reinhaldsmateriellet som reinhaldarane disponerer. Ein del av reinhaldsmateriellet er av eldre dato og blir fortløpande fornya etter eige budsjett.

Avvik

Klager på reinhaldet blir handtert fortløpande av reinhaldsleiar. Grunna mangelfull rapportering frå brukar, vil avdelinga innføre klageskjema for at klagen skal kunne handterast betre i framtida.

Fellessekretariatet

Fellessekretariatet er à jour med arbeidsoppgåvene sine.

IKT

Driftssituasjonen er stabil.

Kultur

I forhold til det lovverk, dei målsettingar og planar ein har å forhalde seg til i kulturavdelinga, har ein ikkje avvik å rapportere i forhold til teneste pr. 31.12.2012.

Ny kulturleiar er tilsett og starta i stillinga den 4. september.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Generelt:

Avdelinga har ansvar for lønnsutbetaling og innkrevjing av refusjon sjukepengar. Den har stab og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane. Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråversoppfølgjing, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen. Ei viktig oppgåve er og å styrke og samordne kontakta mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane. Ingen meldte avvik i Kvalitetslosen. Ingen meldte varslingar.

Handsama saker i perioden

Tilsettingsaker i andre tertial: 10 stillingar utlyst, alle var utlyst eksternt.

Arbeidsgjevarpolitisk arbeid:

Kontrakt på timeregistrering er undertekna – mål for start 01.01.2014

Prosjekt Likestilte kommunar, med fokus på arbeidsgjevarpolitikk / lønspolitikk

Retningslinjer for reduksjon av deltid på begynt.

Samhandling med arbeidstakarorganisasjonane

Det er gjennomført 6 forhandlings - og drøftingsmøte med arbeidstakarorganisasjonane og 2 kontaktmøter (samarbeidsmøter med arbeidstakarorganisasjonane).

Helse miljø og sikkerhetsarbeid

1 møte i IA utvalet

1 møte i IA nettverk, interkommunal IA nettverk der privat og offentlege arbeidsplassar deltek.

1 møter i AMU.

Pleie og omsorg

Generelt:

Vi er inne i ei tid med stor endring i arbeids- og ansvarsfordeling mellom kommunar og helseføretak. Vi har ein organisasjon som er omstillingsdyktige og mange dyktige tilsette med stor erfaringskompetanse. Arbeidet med utkast til helse-og omsorgsplan har vore tidkrevande, men har bidradd til ein felles ståstad for vidare utvikling av helse-og omsorgstenestene. Denne vil, saman med sine delplanar, verte eit sentralt styringsdokument for utvikling av tenestene.

Avdelinga har mange seniorar og i løpet av den komande femårs-perioden står vi framfor ei stor utskifting av personalgruppa. Dette vert ei utfordring for organisasjonen sidan så mange vil gå ut omlag samstundes. Ein må også rekne med at det i overgangsperioden vert auka behov for tilrettelegging. Dette vert både ei praktisk og økonomisk utfordring. Ein eigen kompetanse- og rekrutteringsplan er planlagt som ein delplan til helse-og omsorgsplanen.

Vi har erfart at samhandlingsreforma krev god administrativ planlegging og koordinering, at pasientflyten er kjappare og pasientane sine behov er meir samansette enn før. Dette gir ekstra press på heimesjukepleien og korttidsplassane i institusjon. Vi får auka driftsutgifter og mindre inntekter på vederlag. Det aukande pasienttalet gir auka arbeidspress på dei tilsette. Ein må setje inn meir ressursar for å ivareta kravet om nødvendig helsehjelp, og ta omsyn til dei tilsette sine arbeidsforhold. Dette viser igjen på ekstravakt- og overtidsbudsjettet. Dette kom alt i første tertial, og held seg vidare utover i andre. Ifølge Kostra og iplos-rapportering har vi for lite tilsette i høve til antal vedtak. Høgt forbruk av overtid er ugunstig for alle partar og ein må på eit gitt tidspunkt styrke grunnbemanninga.

Stor deltidsandel gir leiarane i pleie- og omsorg eit omfattande arbeid med personaloppfølging. Manglande tilgang på kompetente vikarar er ei aukande problemstilling.

Driftsteknikar er pressa sidan ansvarsområdet har auka med nye omsorgsbustader og meir hjelpemiddelformidling og vedlikehald. Auka bruk av velferdsteknologi, nye tryggleiksalaramar, pasientsignalanlegg, kontroll av elektrisk utstyr med vidare krev meir tid og ressursar.

Kompetanseutvikling:

Kompetansebygginga er styrt ut frå behova i avdelinga. Kompetanseutviklinga skjer etter ein målretta plan basert på ei kartlegging av pasientgruppa og kjent utfordringsbilde. I tillegg satser vi på støtte til vidareutdanning for relevante fagområde som t.d. demens og rehabilitering. Dette får vi økonomisk støtte til gjennom sentral satsing på omsorgsplan 2015. Avdelinga har mange studentar og lærlingar og dette vert sett på som positivt. Vi har godt samarbeid med skuleverket.

Avvik/manglar:

- Driftsproblem knytt til lite hensiktsmessige bygg i ytre. Det er meldt om dårleg luftkvalitet frå BHT-gjennomgang på Herøy omsorgssenter, avdeling grøn. Gul avdeling har mange feil og manglar, personalet etterlyser nybygg. Ingen av desse avdelingane fyller krava etter sjukeheimsforskrifta, og gul har ei midlertidig godkjenning som sjukeheimsbygg som går ut i 2013.
- Avdelingsleiarane melder om store udekte utstyrsbehov, spesielt senger.
- Kjøkkensjefen melder om sårbar drift ved sjukefråvær. Det er ynskjeleg å slå saman til eitt kjøkken, men lokala tillet ikkje det.
- Manglande lagerplass i Myrvåg.
- Manglar framleis reservestraumsaggregat

Tiltak for å lukke avvik eller manglar:

- Mykje av problema er knytt til lokalitetane, og dette kan ikkje løysast på kort sikt
- Har prioritert utstyrsmidlar i budsjettssamanheng, men for 2013 kom det så mange uforutsette behov på kjøkkenutstyr at avdelingane må vente til neste år. Unntaket er innkjøp av bekkenspylar. Vi prioriterer utstyrsmidlane til utstyr som er heilt defekt, samt nødvendige hjelpemiddel for personalet
- Problem med manglande lagerplass er meldt til eigedomsavdelinga
- Eigedomsavdeling har ansvar for sak til kommunestyret angående drift av gul avdeling.
- Eigedomsavdelinga arbeider med anbudsprosess på reservestraumsaggregat

Kvalitetslosen / avviksrapportering:

Antal rapporterte avvik i 1 tertial var 75. I 2 tertial vart det meldt 94 avvik. 33 på helse/ miljø/tryggleik, 27 på organisasjon/internt og 55 på teneste/brukar. Dei fleste avvika er lukka på mellomleiar nivå. Avvika vert brukte til å finne systemfeil og gjere kvalitetsforbetringar for å hindre feil og manglar.

Teneste:

Mellomleiarane rapporterer at pasientar og pårørende stort sett er fornøgde med tenestene. Det har tilsaman vore to klager. Desse gjekk vidare til fylkesmannen som stadfesta kommunen sine vedtak.

Institusjonsteneste:

Beleggsprosent, samla for begge omsorgssentra:

| Tertial | 1 | 2 | 3 |
|---------|-------|------|------|
| 2011 | 97,8 | 96,8 | 99,6 |
| 2012 | 95,56 | 96,8 | 97,7 |
| 2013 | 96,66 | 97 | |

Skal ein lykkast med samhandlingsreforma må ein ha ledig kapasitet til å kunne ta unna behov fortløpande. der er ikkje betalt noko til Helseføretaket for utskrivingsklare pasientar. Ledig personalkapasitet vert justert mot vikarbehov.

1 tertial 2013: Av 96 saker om korttidsopphald i institusjon vart det gitt 2 avslag

2 tertial 2013: Av 61 saker om korttidsopphald i institusjon vart det gitt 1 avslag

1 tertial 2013: Av 17saker om langtidsopphald i institusjon vart det gitt 0 avslag

2 tertial 2013: Av 16 saker om langtidsopphald i institusjon vart det gitt 2 avslag

Heimeteneste:

1 tertial 2013: Av 23 søknadar på omsorgsbustad vart det gitt 5 avslag

2 tertial 2013: Av 16 søknadar på omsorgsbustad vart det gitt 5 avslag

Det har generelt vore eit auka press på heimetenestene siste åra. Det er ei utfordring å rekruttere heimehjelpere og støttekontakter. Som eit rekrutteringstiltak har ein lagt til rette for at heimehjelpene får arbeide i team om dei ynskjer det.

Heimetenestene har tatt over deler av middagsombringinga sidan frivilligsentralen ikkje greier å skaffe nok frivillige. Det går ekstra midlar til dette sjølv om vi så langt råd prøver å kombinere det med andre oppdrag. Vi vil gjere dette om i fast stilling i løpet av året.

Serviceforretninga

- Fleire bustadtomter selt også denne perioden også på Remøya, 3 stk. Ledige salbare tomter på Leine er soltt. Ein har merka seg stor interesse for dei tomtene som ligg for sal på Leine.
- Serviceforretninga har bidrege til å gjennomføre sal av større næringsstomt på Mjølstadneset. I tillegg har fleire vore i dialog vedkomande areal til næringsverksemd.
- Serviceforretninga har vore delaktig i rydding av ein del gamle saker knytt til tidlegare selde eigedomar
- Framleis stor omsetting av eigedomar i kommunen og dermed stor etterspurnad eigedomspakkar.
- Oppretta arbeidsgruppe knytt til revidering av informasjonsplanen.
- Ny portal - innlegging av informasjon har starta og nærmar seg slutfasen.
- Faktura kommunale avgifter sendt ut og registrering av utført feiing og tilsyn registrert

Skule

Organisasjon

Rekruttering og kompetanse

Det er tilsett lærarar med godkjend allmennlærerutdanning eller faglærerutdanning i alle undervisningsstillingar for skuleåret 2013/14. Det er stor stabilitet og lite ledige stillingar. Kun ein lærar har valt å bli pensjonist siste tertial.

Det er god kompetanse i alle avdelingar, i høve dei tenestene som skal utførast. Det er likevel behov for etter- og vidareutdanning, for å sikre fagleg kvalitet. Etter mange år med etterutdanning i spesifikke skulefag, er det denne hausten starta opp etterutdanning i læringsleiing for 1.-7.årstrinn. Programmet går over heile skuleåret 2013/14, og er eit samarbeid mellom kommunar på søre Sunnmøre og Høgskulen i Volda. Dei to store pedagogiske satsingane for grunnskulen vert vidareført. Den nasjonale satsinga «Vurdering for læring» har prosjektslutt juni 2014. Satsinga «Meir læring for fleire» er basert på lokal plan med tilskot frå fylkesmannen i form av skjønnsmidlar. Tilskot om kr.100.000 til vidareføring vart meldt i juni.

Viser elles til Skuleavdelinga sin kompetanseplan for grunnskulen, jfr. F-sak 157/12. Revisjon er til høyring, med frist 1.september 2013.

Dei eksterne tilskota til etterutdanning har minka år for år, frå ca. kr.350.000 i 2008 til kr.95.000 i 2012. I 2013 vert det ikkje ytt tilskot til etterutdanning i det heile. Alle tilskot til kompetanseutvikling vert gitt på individuell basis, styrt av Utdanningsdirektoratet. Skuleavdelinga må derfor nytte stadig meir av egne midlar til å gjennomføre nødvendig kompetanseutvikling.

Herøy kulturskule

Det er stort engasjement rundt prosjektet «Korps i skulen», som er eit samarbeid mellom kulturskulen, grunnskulen (3.årstrinn) og eit lokalt korps. Det er interesse for å utvide

prosjektet slik at alle 3.klassingar kan få tilbodet. Dette stoppar på deltaking frå lokale korps, som har hatt minkande aktivitet. Grunnskule og kulturskule har ikkje økonomi til å gjennomføre prosjektet åleine.

Teneste

Grunnskulen

Spesialpedagogiske ressursar

Etter ein vesentleg auke i vedtak om spesialpedagogiske tiltak siste åra, kan det no sjå ut som om vi har greidd å bremse utviklinga:

2008/09: 3,12 % av elevane

2009/10: 3,94%

2010/11: 4,47%

2011/12: 6,3%

2012/13: 7%

2013/14: 6,7%

Målet er ytterlegare nedgang i vedtak, slik at ressursane kan nyttast til å styrke det generelle læringsmiljøet på skulen og i klasserommet. Vi legg stor vekt på "læring i lag", utifrå forskingsbasert kunnskap som seier at dette gir beste læringsmessige resultat.

Somme skular melder no at dei slit med å få tildelt timeramme til å halde i høve alle behov for tilrettelegging, trass i kreativitet og fleksibilitet. Vi er truleg ved ei smertegrense for kor mykje vi kan "sluke" utan å auke ramma.

Vi er redd ein sirkel der lite ressursar til tilpassa opplæring innanfor det ordinære fører til meir spesialundervisning, som igjen gir færre ressursar til ordinær undervisning. Skulen har eit ansvar for å gi alle barn utfordringar og læring, uavhengig av nivå.

Norskopplæring for minoritetsspråklege elevar

Denne sommaren har det kome til 12 nye elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn. Desse kjem frå landa Litauen, Bulgaria, Venezuela, England, Fillipinane, Brasil, Island og Thailand. I tillegg har vi fått melding om busetjing av ei flyktningefamilie i løpet av hausten.

Læring og utvikling

Alle skulane har siste tertial sett utviklingsmål for skuleåret 2013/14. Måla er sette utifrå ei samla satsing på styrka læring og auka læringstrykk. Skulane vert einige om mål, delmål og tiltak utifrå forbettringspotensiale innanfor

«Vurdering for læring», med vekt på undervegsvurdering

«Meir læring for fleire», med vekt på leiing og struktur, samt tilpassa opplæring i klasserommet

I arbeidet legg ein mykje vekt på utveksling av erfaringar og praksis gjennom nettverk, både på leiar- og lærarnivå. Det er mykje kompetanse ute i skuleavdelinga, som må nyttast på tvers for å "gjere kvarandre gode".

Herøy kulturskule

Kulturskulen har denne hausten starta med 640 elevplassar, og er dermed fortsatt den tredje største i fylket både i talet på elevar og aktivitet. Berre Molde og Ålesund er større.

Spesielt i denne perioden er satsinga på «korps i skulen», med eit utvida samarbeid mellom kulturskulen, grunnskulen (3.klasse) og lokale korps. Elevane får lære å spele eit korpsinstrument i samspel, med hjelp av dyktige lærarar frå kulturskulen. Korpsa kjøper inn instrumenta.

Den såkalla kulturskuletimen i grunnskule, som statsråd Halvorsen lanserte i samband med statsbudsjettet for 2013, er ikkje innført i tråd med intensjonen. Den er heller ikkje forskriftsfesta endå, men det vert gjennomført høyring no i haust. Med det samarbeidet vi har mellom grunnskule og kulturskulen i kommunen vår, ser vi ikkje behovet for tiltaket her

hos oss. Når forskrifta kjem, vil vi likevel måtte legge til rette for tiltaket, truleg frå januar 2014.

Kulturskulen har ein stabil og dyktig stab, som syter for at kulturskulen er synleg også med konsertar i lokalmiljøet.

PPT

Det er i dette tertialet tilsett to nye medarbeidarar på PPT, i staden for ein som har slutt og ein som har permisjon. Det var bra med søkjarar, særleg sett i forhold til det andre kommunar opplever når slike stillingar vert utlyste. Dei tilsette har ein god grunnkompetanse, men likevel med behov for opplæring i ein del spesialkompetanse for å kunne yte dei nødvendige tenestene til skular og barnehagar.

Internasjonal skule

Det er igjen auka aktivitet ved Internasjonal skule. Skulen har pr.no ca 100 elevar hausten, og nye kjem til kvar veke. Dei fleste er arbeidsinnvandrarar, men vi har også nye flyktningar og såkalla ekteskapsinnvandrarar. Fem personar med flyktningebakgrunn held fram med 2. året grunnskuleopplæring for vaksne. Desse tenestene vert utført av Hareid ressurscenter, felles for kommunane på ytre søre.

Det er ei stor utfordring å kunne tilby elevane den fleksibilitet dei har behov for, både når det gjeld tidspunkt for å starte (dvs. når dei måtte finne på å kome) og tidspunkt for når det passar dei å gå på skule (dag- eller kveldstid) Skulen er langt meir fleksibel enn ein kan forvente, og snur raskt om på planar og arbeidstid for sine tilsette, for å yte best muleg tenester.

Vi måtte inn med 20% ekstra stilling denne hausten for å demme opp for behovet, og vi er opne for å måtte auke ytterlegare i budsjett 2014. Dette er i hovudsak undervisning med eigenbetaling eller statleg tilskot, så auka lønnsutgifter vert kompensert med auka inntekter.

Runde kystleirskule

Kommunestyret løyvde i samband med budsjett 2012 og 2013 midlar til ei 40% pedagogstilling ved leirskulen, frå 1. august 2012 til 31. desember 2013.

Skuleavdelinga forvaltar vedtaket gjennom tilsetjing av lærar i stillinga, som held fram ut 2013. Runde kystleirskule har også eit tilskot på kr 85.000 til markedsføring/driftsmiddel dette året.

Trass i kommunal støtte, ser det ikkje ut som om aktiviteten aukar. Dette kan ha samanheng med økonomien i kommunane, som kuttar i tenester ein ikkje er pliktig til å tilby. Vi avventar nærare melding om forventa aktivitet for 2014 jfr. budsjett.

Delegasjonsvedtak

Det er siste tertial gjort følgjande delegerte enkeltvedtak i elevsaker:

Enkeltvedtak om spesialundervisning i grunnskulen:

71 vedtak etter Opplæringslova §5.1

1 klage, som vert handsama og funne løysing på internt.

Enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp i barnehagen:

9 vedtak etter Opplæringslova §5.7.

Enkeltvedtak om byte av skule til annan skule enn nærskulen:

Åtte saker.

Klage på 2 saker, som gjekk til fylkesmannen for vurdering og endeleg vedtak. Kommunen sine vurderingar og vedtak vart oppretthaldne. Ei av desse sakene vart omgjort av rådmann, som likevel gav klagar medhald. Ei parallell sak til denne fekk i tillegg medhald pga avgjerda til rådmannen.

Enkeltvedtak om læringsmiljø, etter §9a i opplæringslova.

To saker med vedtak.

Klage på 1 vedtak, saka er send vidare til fylkesmannen. Klagar fekk medhald, men saka vert sett på på nytt av fylkesmannen.

Enkeltvedtak om skuleskyss pga særleg, farleg skuleveg.

Ein søknad med avslag, sidan strekninga ikkje ligg inne i kommunen sitt skyssreglement.

Enkeltvedtak om grunnskuleopplæring, etter §4-A i opplæringslova

Ein søknad om grunnskuleopplæring for vaksne, vedtak med avslag.

Klage til fylkesmannen, kommunen sitt vedtak vart endeleg stadfesta.

Politiske vedtak i perioden:

Ingen

NAV Herøy

Arbeidsløyse

Ved utgangen av august måned var arbeidsløysa på 3,4 % i Herøy. Dette utgjør totalt 156 personar, 85 menn og 71 kvinner. Vi har hatt relativ høg ledighet samanlikna med nabokommunane våre. Dette har i stor grad vore knytt til permitteringar og konkurs i fiskeindustrien. Juli er normalt ein måned med nokre høgare ledighet, blant anna då mange er ferdig med utdanning og melder seg til NAV.

Heilt ledige 2. tertial 2013

| Kommune | Mai | Juni | Juli | August |
|-----------------|-------|-------|-------|--------|
| Herøy | 3,2 % | 3,2 % | 3,8 % | 3,4 % |
| Hareid | 3,5 % | 2,5 % | 3,8 % | 3,7 % |
| Ulstein | 1,6 % | 1,5 % | 2,2 % | 2,3 % |
| Sande | 2,7 % | 2,7 % | 2,7 % | 2,3 % |
| Møre og Romsdal | 1,9 % | 1,9 % | 2,3 % | 2,2 % |
| Riket | 2,5 % | 2,5 % | 2,8 % | 2,8 % |

Tiltak og virkemiddel

For dei som av ein eller anna grunn står utanfor arbeidslivet, har NAV Herøy ein rekkje tiltak og virkemiddel. Dette kan vere arbeidspraksis i ordinære verksemdar eller i skjerma verksemd, som Dragsund ASVO, Ulshav og Furene. Vi kan kjøpe kvalifiserende tiltak som kursplass hos ulike tilbydarar, og i spesielle tilfeller kan vi støtte ei grunnleggjande utdanning. Der vi er usikre på arbeidsevna finst det fleire avklaringskurs, både for dei som er sjukmelde og dei som har nedsett arbeidsevne. Ut frå vår kunnskap om trender og svingningar i arbeidsmarknaden kan vi igangsetje større kurs der fleire deltar. Til dømes sett vi no igang eit kurs som kvalifiserar deltakarane som Industrimekanikarar.

Tiltaksbudsjettet til NAV Herøy er styrt gjennom statsbudsjettet. Det er viktig å nytte dei plassane og midlane vi har på ein god måte gjennom heile året. Hittil i 2013 ligg vi på budsjett, både når det gjeld plassar og kroner. I den siste tida har vi merka ei større utfordring med å skaffe praksisplasser i ordinære verksemdar. Det er fleire grunner til dette, men NAV er avhengig av eit tett og godt samarbeid med arbeidsgjevarane for å få fleire ut i arbeid og aktivitet.

Økonomisk sosialhjelp og økonomisk rådgjeving

Det har vore ei auke i tal på mottakarar av økonomisk sosialhjelp, og dermed ei auke i utbetalingane. Mykje av forklaringa ligg i at fleire har fått kunnskap om rettane sine,

terskelen for å søkje har vorte mindre og rettleiinga kjem tidlegare. For dei som treng det, er dette ei positiv utvikling. Den andre sida fortel om ei samfunnsutvikling der ein i større grad snur seg mot det offentlege når ein får det vanskeleg økonomisk, og der forventningane til oss har blitt større.

NAV Herøy har i same periode fått ein auke av brukarar som treng hjelp til å disponere økonomien sin. Dette er ei teneste der vi tek over økonomistyringa og som er svært ressurskrevjande for oss. Mykje kan tyde på at det er liten kompetanse om personleg økonomi, budsjett og disponering av inntekt. Mange har opparbeida seg stor gjeld når dei kjem til NAV, og det er svært krevjande å skape balanse i økonomien. Pr i dag har vi 15 saker med frivillig disponering, og ei sak med tvungen disponering.

Økonomisk rådgjeving er ei viktig teneste i NAV. Vi jobbar no med å kome inn tidlegare, for å unngå ei negativ utvikling. Særleg er vi oppmerksomme på overgangsfasane der økonomien endarar seg, som til dømes frå lønsinntekt til ledighetstrygd, og frå sjukepengar til arbeidsavklaringspengar.

Bustadsosialt arbeid og kommunale bustader

Det er eit stort press på dei kommunale bustadene. Samarbeidet mellom NAV og Eigedomsavdelinga har hatt stor effekt og vi har god oversikt over leigeforhald og teknisk tilstand. Den største utfordringa er mangelen på differensierte bustader. Detet gjeld særleg gruppa med utofrdingar knytt til rus og psykiatri og som treng tenester knytt til bustaden sin.

Flyktningtenesta

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/klage | Klagebehandling |

| | |
|---------------------------|--------------------|
| Rapporteringsdato: | 20.09.2013. |
|---------------------------|--------------------|

Planstatus:

Dette gjeld reguleringsplan for «naboområdet» til Sentrumsteigen og er elles avgrensa av Kjøpmannsgata, Rådhusgata og Igesundvegen. Det vart hausten 2011 innsendt forespørsel om førehandskonferanse. Førehandskonferanse med tiltakshavar/konsulent vart vart halde den 26.04.2012.

Formannskapet godkjende oppstart av planarbeidet i møte den 03.07.2012 og tiltakshavar har etter dette annonsert oppstart og sendt saka til aktuelle høyringsinstansar.

Kommunen har oversendt krav til avløp for området og vore i dialog med konsulent i høve utforming av reguleringsplanen.

Status:

Ein har ikkje motteke planforslag pr rapporteringsdato.

| | |
|--|--|
| Planident | 201286 |
| Plannamn | FV 654 Indre Herøy kyrkje - Stoksundbrua |
| Tiltakshaver | Statens Vegvesen |
| Privat/Offentleg | Privat |
| Konsulent | |
| Digital informasjon er lagra her: | |

| | | | |
|-------------------|--------------|-----------------|-------------------------|
| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
| Handsaming | | | |
| Areal | | | |

| | |
|---|--|
| Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei) | |
| Beløp | |

| Plandialog | | | | | | |
|---------------|--------------------------|----------------------------|--------------------|----------------|-------------------|-----------------|
| Opstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
| | | | | | | |
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/klage | Klagebehandling |
| | | | | | | |

| | |
|---------------------------|-------------------|
| Rapporteringsdato: | 10.09.2013 |
|---------------------------|-------------------|

Planstatus:

Formålet med planen er å legge til rette for ei meir naturleg vegline med tilhøyrande gang- og sykkelveggar på strekninga frå Indre Herøy kyrkje til Stoksundbrua samt ei mindre strekning i retning Sandvika. Statens vegvesen annonserte oppstart av planarbeidet i august 2011.

Det har undervegs vore ein del møte om saka mellom kommunen og Statens vegvesen. Vegvesenet arbeider no med sikte på at eit endeleg planforslag skal kunne framleggast for politisk behandling og påfølgjande offentlig ettersyn i løpet av hausten.

| | |
|--|--|
| Planident | 201289 |
| Plannamn | Detaljregulering gnr. 34, bnr. 22 Sjøside |
| Tiltakshaver | Kvalsvik Elektro AS |
| Privat/Offentleg | Privat |
| Konsulent | AG Plan og Arkitektur AS |
| Digital informasjon er lagra her: | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\Sjøside Eigedom AS |

| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
|-------------------|--------------|-----------------|-------------------------|
| Handsaming | 5000,- | 1.august 2013 | 28.8.2013 |
| Areal | 16600,- | 1.august 2013 | 28.8.2013 |

| | |
|---|-----|
| Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei) | Nei |
| Beløp | |

| Plandialog | | | | | | |
|-------------------|--------------------------|----------------------------|--------------------|----------------|-------------------|-----------------|
| Oppstart | Høring | 1g. behandling | Høring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
| | | | | | | |
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/klage | Klagebehandling |
| | | | | | | |

| | |
|---------------------------|------------------|
| Rapporteringsdato: | 22.9.2013 |
|---------------------------|------------------|

Planstatus:

Reguleringsplanforslag med tilhøyrande dokument vart motteke 25.3.2013.

Sakshandsamar har gått gjennom innsendt materiale. Det er gjennomført møte med tiltakshavar 25.4.2013. Tiltakshavar skal gjere ein del endringar i materialet, m.a. knytt til parkering. Revidert planforslag motteke 23.5.2013.

Planen vart lagt ut til offentleg ettersyn i juli. Frist for å kome med innspel til planen var sett til 13.9.2013. Innan fristen kom det inn uttale frå fem offentlege instansar og ei privat gruppe.

Arbeid framover: Sak til formannskapet – handsaming etter offentleg ettersyn.

| | |
|--|--|
| Planident | - |
| Plannamn | Detaljregulering Lanternen Marina AS |
| Tiltakshaver | Lanternen AS v/Kåre Jensholm |
| Privat/Offentleg | Privat |
| Konsulent | AG Plan & Arkitektur AS |
| Digital informasjon er lagra her: | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSENDRING LANTERNEN MARINA |

| | | | |
|-------------------|--------------|-----------------|-------------------------|
| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
| Handsaming | - | Ved off ett | |
| Areal | - | Ved off ett | |

| | |
|---|-----|
| Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei) | Nei |
| Beløp | - |

| Plandialog | | | | | | |
|---------------|--------------------------|----------------------------|--------------------|----------------|-------------------|-----------------|
| Oppstart | Høring | 1g. behandling | Høring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
| | | | | | | |
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/klage | Klagebehandling |
| | | | | | | |

| | |
|---------------------------|--------------------|
| Rapporteringsdato: | 20.09.2013. |
|---------------------------|--------------------|

Planstatus:

Det er gjennomført oppstartsmøte med partane den 23.01.2013.

Det er vidare gjennomført dialog med tiltakshavar og konsulent vedk planspørsmålet og omfang av planarbeidet. Det er gjennomført synfaringar på Jensholmen i april 2013.

Status:

Spørsmål om planoppstart er behandla av Formannskapet (planutvalet) der det er gjeve løyve til reguleringsendring innanfor ei grense fastsett av planutvalet.

Formannskapet har vedteke retningslinjer for det vidare planarbeidet. Konsulent må varsle oppstart av planarbeid i tråd med dei retningslinjene som er sett av Formannskapet.

Ein vil handsame saka vidare når ein har motteke planforslag frå konsulent.

| | |
|--|--|
| Planident | 201302 |
| Plannamn | Kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan |
| Tiltakshaver | Herøy kommune |
| Privat/Offentleg | Offentleg |
| Konsulent | Herøy kommune |
| Digital informasjon er lagra her: | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR RUSPOLITISK OG BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN |

| | | | |
|-------------------|--------------|-----------------|-------------------------|
| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
| Handsaming | | | |
| Areal | | | |

| | |
|---|--|
| Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei) | |
| Beløp | |

Plandialog

| | | | | | | |
|---------------|--------------------------|----------------------------|--------------------|----------------|-------------------|-----------------|
| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
| | | | | | | |
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/klage | Klagebehandling |

| | |
|---------------------------|------------------|
| Rapporteringsdato: | 16.9.2013 |
|---------------------------|------------------|

Planstatus:

Kommunestyret har nedsett felles styringsgruppe for kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan og ruspolitisk handlingsplan. Kommunedelplanen skal utarbeidast etter plan- og bygningslova og Utviklingsavdelinga er derfor ein støttespelar i forhold til krav til medverknad, utarbeiding av planprogram, offentleg ettersyn og andre forhold som kjem av plan- og bygningslova. Arbeidet med bustadsosial handlingsplan er starta opp og planprogram har vore ute til offentleg ettersyn. Utviklingsavdelinga har etterspurd framdrift i saka, men har ikkje motteke noko tilbakemelding enno.

Status: Kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan er er varsla oppstart og planprogram har vore ute til offentleg ettersyn. Ein skal stadfeste planprogram før ein utarbeidar forslag til plan og går vidare.

| | |
|--|--|
| Planident | 201303 |
| Plannamn | Rusmiddelpolitisk handlingsplan |
| Tiltakshaver | Herøy kommune |
| Privat/Offentleg | Offentleg |
| Konsulent | Herøy kommune |
| Digital informasjon er lagra her: | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR RUSPOLITISK OG BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN |

| | | | |
|-------------------|--------------|-----------------|-------------------------|
| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
| Handsaming | | | |
| Areal | | | |

| | |
|---|--|
| Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei) | |
| Beløp | |

| Plandialog | | | | | | |
|---------------|--------------------------|----------------------------|--------------------|----------------|-------------------|-----------------|
| Oppstart | Høring | 1g. behandling | Høring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
| | | | | | | |
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/klage | Klagebehandling |
| | | | | | | |

| | |
|---------------------------|------------------|
| Rapporteringsdato: | 16.9.2013 |
|---------------------------|------------------|

Planstatus:

Det skal startast opp arbeid med Rusmiddelpolitisk handlingsplan og kommunestyret har nedsett felles styringsgruppe for kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan og rusmiddelpolitisk handlingsplan. Planen skal ikkje utarbeidast etter plan- og bygningslova, men ha ein lik planprosess der utviklingsavdelinga vil vere ein støttespelar i forhold til krav til medverknad, prosjektorganisering og andre forhold der utviklingsavdelinga har kompetanse.

Status: Arbeidet med Rusmiddelpolitisk handlingsplan er starta opp, men utviklingsavdelinga vert sett litt på «sidelinja» i dette arbeidet.

| | |
|--|--|
| Planident | 515201304 EGGESBØJORDA GNR 38 BNR 2 M.FL. OMRÅDET F/K/O |
| Plannamn | Detaljregulering gnr 38/2 mfl området F/K/O Eggesbøjorda |
| Tiltakshaver | Rema 1000 og Johannes S. Eggesbø |
| Privat/Offentleg | Privat |
| Konsulent | Sporstøl Arkitekter AS |
| Digital informasjon er lagra her: | |

| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
|-------------------|--------------|-----------------|-------------------------|
| Handsaming | | | |
| Areal | | | |

| | |
|---|-----|
| Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei) | Nei |
| Beløp | - |

| Plandialog | | | | | | |
|-------------------|--------------------------|----------------------------|--------------------|----------------|-------------------|-----------------|
| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
| | | | | | | |
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/klage | Klagebehandling |
| | | | | | | |

| | |
|---------------------------|--------------------|
| Rapporteringsdato: | 20.09.2013. |
|---------------------------|--------------------|

Planstatus:

Rema 1000 ynskjer å etablere nytt forretningsbygg innanfor området F/K/O – gjennom felles handsaming av plan- og byggesak. Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen der planfaglege råd er blitt drøfta. Utviklingsavdelinga ynskjer at det blir utarbeidd ein illustrasjonsplan som viser mogleg utforming av heile F/K/O – området som viser ei framtidig utvikling av forretningsareala på Eggesbønes. Kommunen har gjeve råd til utforming av arealet og ynskjer at det vert lagt vekt på ei rasjonell og god arealutnytting av det svært så avgrensa forretningsarealet i området.

Konsulent må varsle oppstart av planarbeid.

| | |
|--|-----------------------------------|
| Planident | |
| Plannamn | Reguleringsendring Frøystad skule |
| Tiltakshaver | Herøy kommune |
| Privat/Offentleg | Offentleg |
| Konsulent | |
| Digital informasjon er lagra her: | |

| | | | |
|-------------------|--------------|-----------------|-------------------------|
| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
| Handsaming | | | |
| Areal | | | |

| | |
|---|--|
| Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei) | |
| Beløp | |

| | | | | | | |
|-------------------|--------------------------|----------------------------|--------------------|----------------|-------------------|-----------------|
| Plandialog | | | | | | |
| Oppstart | Høring | 1g. behandling | Høring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
| | | | | | | |
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/klage | Klagebehandling |

| | |
|---------------------------|------------------|
| Rapporteringsdato: | 22.9.2013 |
|---------------------------|------------------|

Planstatus:

Eigedomsavdelinga ønskjer å omregulere skuletomta på Frøystad til bustadføremål.

Notat er sendt på intern høyring til anlegg- og drift og eigedom. Ventar på tilbakemelding.

| | |
|--|--------------------------------|
| Planident | 201306 |
| Plannamn | Ny basestasjon for brannvernet |
| Tiltakshaver | Herøy kommune |
| Privat/Offentleg | Offentleg |
| Konsulent | |
| Digital informasjon er lagra her: | |

| | | | |
|-------------------|--------------|-----------------|-------------------------|
| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
| Handsaming | | | |
| Areal | | | |

| | |
|---|--|
| Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei) | |
| Beløp | |

| | | | | | | |
|-------------------|--------------------------|----------------------------|--------------------|----------------|-------------------|-----------------|
| Plandialog | | | | | | |
| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
| | | | | | | |
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/klage | Klagebehandling |

| | |
|---------------------------|-------------------|
| Rapporteringsdato: | 10.09.2013 |
|---------------------------|-------------------|

Planstatus:

Det har ei tid pågått førebuaende arbeid med sikte på å få etablert ein ny basestasjon for brannvernet på Gjertneset. I denne samanheng er det mellom anna ført samtalar/forhandlingar med grunneigar om kjøp av grunn i det aktuelle området. Anlegget vil samstundes også verte driftsbases for anleggs- og driftsavdelinga og eigedomsavdelinga. Det er førebels ikkje sett i gang noko konkret reguleringsplanarbeid i området og ein avventar inntil vidare nærare føringar frå dei involverte partane med omsyn til klarlegging av rammer for det foreståande planarbeidet.

| | |
|--|--|
| Planident | 201307 |
| Plannamn | FV 18 Leine – Remøyholm (reguleringsendring) |
| Tiltakshaver | Herøy kommune |
| Privat/Offentleg | Offentleg |
| Konsulent | |
| Digital informasjon er lagra her: | |

| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
|-------------------|--------------|-----------------|-------------------------|
| Handsaming | | | |
| Areal | | | |

| | |
|---|--|
| Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei) | |
| Beløp | |

| Plandialog | | | | | | |
|-------------------|--------------------------|----------------------------|--------------------|-----------------|-------------------|-----------------|
| Oppstart | Høring | 1g. behandling | Høring | 2g. beh./vedtak | Klagefrist | Avslutta |
| | | | | | | |
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/klage | Klagebehandling |
| | | | | | | |

| | |
|---------------------------|-------------------|
| Rapporteringsdato: | 10.09.2013 |
|---------------------------|-------------------|

Planstatus:

Kommunestyret vedtok i møte den 25.02.2010 (K-sak 24/10) reguleringsplan for FV 18 Leine – Remøyholm. Godkjenningsvedtaket vart påklaga av 2 grunneigarar. Etter ein forhandlingsrunde aksepterte grunneigarane å trekke klagen under føresetnad av at kommunen tok initiativ til ei ny vurdering av veglina forbi dei aktuelle eigedomane.

Kommunestyret gjorde på dette grunnlag og i møte den 31.01.2013 (K-sak 5/13) eit vedtak der dei forplikta seg til i løpet av 2013 å starte arbeidet med ei justering/ending av reguleringsplanen på strekninga frå Voldsundneset og i retning Remøya. Noko konkret reguleringsplanarbeid er imidlertid enno ikkje oppstarta.

| | |
|--|---|
| Planident | - |
| Plannamn | Reguleringsplan nye gang- og sykkelveggar |
| Tiltakshaver | Herøy kommune |
| Privat/Offentleg | Offentlege planar |
| Konsulent | - |
| Digital informasjon er lagra her: | - |

| | | | |
|-------------------|--------------|-----------------|-------------------------|
| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
| Handsaming | | Nei | |
| Areal | | Nei | |

| | |
|---|---|
| Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei) | ? |
| Beløp | ? |

| Plandialog | | | | | | |
|---------------|--------------------------|----------------------------|--------------------|----------------|-------------------|-----------------|
| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
| | | | | | | |
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/klage | Klagebehandling |
| | | | | | | |

| | |
|---------------------------|-------------------|
| Rapporteringsdato: | 20.09.2013 |
|---------------------------|-------------------|

Planstatus:

Formannskapet har gjennom planprioritering for 2013 vedteke at Utviklingsavdelinga skal starte planarbeid med "Gangvegpakke 2013", dette vil bli vere offentlege reguleringsplanar som skal danne grunnlaget for seinare utbygging på følgjande strekningar:

- Sandvika – Stokksundkrysset,
- Nykrem – Djupvik,
- Frøystad – Torvik,
- Moltustranda FV10 - gjennomført ope møte i veke 37.
- Undergong Koppen – gjennomført ope møte i veke 38.

Det er oppstarta planarbeid for alle desse strekningane. Frist for innspel var 1.august. Ein vil gjennomføre ope informasjons- og medverknadmøter for alle prosjekta, for å sikre medverknad og dialog med grunneigarar langs vegstrekningane.

Planarbeidet vil vere eit samarbeid med Anleggs- og driftsavdelinga (som fagetat for offentlig veg i kommunen) Ein har gjennomført ope møte for Moltu og planfri kryssing i «Koppen». Referat frå desse møta vil følgje planforslaget.

Utviklingsavdelinga vil i tida framover arbeide med å lage forslag til reguleringsplanar for offentlig ettersyn / høyring.



Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | ENG | Arkivsaknr: | 2012/2219 |
| | | Arkiv: | C34 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------------|---------------|-----------------|
| 230/13 | Formannskapet | 03.12.2013 |
| 175/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

DRIFT AV KINO I HERØY FRÅ 1.1.2014

Møtebehandling:

Kulturleiaren og arrangementsleiaren møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart vedteken mot ei røyst.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

Kommunestyret vedtek at Herøy kommune skal overta drifta av kinoen i Herøy frå 1.1.2014.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtar at Herøy kommune skal overta drifta av kinoen i Herøy frå 1.1.2014.

Særutskrift:
Tor Øystein Aasmo, 6076 Moltustranda
Herøy Kulturhus
Økonomiavdelinga

Vedlegg:

Søknad frå Tor Øystein Aasmo datert 23.10.13 om forlenging av avtale om drift av kino i Herøy.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Sidan 2001 har Tor Øystein Aasmo drifta kinoen i Herøy basert på ein avtale der Aasmo leiger kinoutstyr med Herøy kommune. Noverande avtale gjeld til 31.12.2013.

Hausten 2014 vert det opna nytt konserthus og kino i Fosnavåg. Det ligg føre ein samarbeidsavtale mellom Fosnavåg konserthus AS og Herøy kommune, der Herøy kommune har ansvaret for å drifte konserthus og kino. Det er tilsett arrangementsleiar i full stilling som skal ha ansvaret for drifta.

I prosessen med å utvikle konseptet er det også prosjektert ein kiosk. Den er plassert i ein del av det arealet det er gjort avtale om at kommunen skal drifte.

Saksutgreiing

Kinobransjen står framfor store endringar i åra som kjem. Måten folk konsumerer film på er i stor endring. Korleis kinobransjen skal møte desse utfordringane har vore tema på mange samlingar dei siste åra og hadde også stort fokus på Kinokonferansen 2013 i Trondheim som Herøy kommune deltok på. Det blir mellom anna jobba med fleire delprosjekt under vignetten: Fremtidens kino (www.fremtidenskino.no). Delprosjekta har som formål å løfte KinoNorge inn i framtida og bidra til å skape konkurransekraft for norsk kinobransje. Dette handlar også om at kinodrift også vil handle om mykje meir enn kun å vise film. Med den digitale teknologien vil det utvikle seg fleire marknad der kinosalen vil egne seg godt som arena. T.d. overføring av konsertar, opera, idrettsarrangement m.m.

Denne saka er delt i to. Første del omhandlar drifting av kino og evt kiosk i Herøy kulturhus frå 1. januar 2014. Andre del omhandlar drifting av kino og kiosk i nye Fosnavåg Konserthus og kino.

1) Drifting av kino i Herøy første halvdel 2014 på Kulturhuset

Når Herøy kommune no skal satse friskt på konserthus og kino er det viktig å ha fokus på ei framtidretta utvikling, samt halde ein best mogeleg kvalitet på drifta, i tillegg til bygningane og teknikken.

Den 23.10.13 mottok kommunen søknad frå Aasmo om at han fortsatt ynskjer å drive kinoen privat.

Den 15.11.13 hadde Kulturavdelinga eit møte med Aasmo for å orientere om Kulturavdelinga sine utviklingstankar for kinoen i Herøy, driftssituasjonen i 2014, og den planlagde utleigeperioda av kinosalen i jan/feb, samt at ein allereie i august vil starte arbeidet med sjølv omlegginga av kinodrifta frå Kulturhuset til Konserthuset. I møtet blei Aasmo førespurt om det var av interesse å fortsette sitt samarbeid etter ein justert modell, der kommunen kjøper tenester frå Aasmo til den tekniske gjennomføringa av framsyningane.

Aasmo har i e-post av 20.11.13 gitt tilbakemelding om at han opprettheld sin søknad av 15.11.13.

Rådmannens føreslår, med bakgrunn i kunnskap om framtidens kino og utviklingsmogelegheiter på driftssida, at kommunen tek over drifta av kinoen i Herøy frå 1.1.14. for sjølv å kunne følgje overgangen til ny kinodrift.

2) Drifting av kino i Herøy andre halvdel 2014 i Fosnavåg Konserthus og kino

I det nye Fosnavåg konserthus og kino skal det etter planen vere mogleg å vise kino i to salar. I den nye kinosalen som får om lag 100 seter og i konsertsalen med omlag 500 seter.

Det er Fosnavåg Konserthus som har alle investeringsutgifter i det nye bygget, og i dei planane som no ligg føre er det lagt opp til å flytte eksisterande kinoanlegg i Kulturhuset til den store salen i konserthuset. Dette inneber at Herøy kommune må gjere avtale med Fosnavåg Konserthus AS korleis dette skal ordnast økonomisk. Det er to alternativ: Eit alternativ er at Fosnavåg konserthus AS kjøper kinoteknisk utstyr med Herøy kommune og at bruken av det inngår i Herøy kommune sin eksisterande leigeavtale med Fosnavåg konserthus AS. Det andre alternativet er at Herøy kommune eig det gamle kinoanlegget mot at Fosnavåg konserthus AS leiger dette av Herøy kommune. Dersom ein vel alternativ to må det også gjerast avtale mellom Herøy kommune og Thon hotell om leige av kinoanlegg når dei treng det. Det fyrste alternativet er å føretrekke fordi det er enklast og mest oversiktleg.

I dei opphavlege planane og i samarbeidsavtalen mellom Fosnavåg konserthus AS og Herøy kommune er det ikkje sagt noko om bygging og drift av kiosk. Det er no tilrettelagt for at det byggast eigen kiosk som driftast av Herøy kommune. Herøy kommune må også ta kostnadane med bygging av kiosk.

Frå 2014 er drift av kino og kiosk basert på følgjande visningsfrekvens:

| | 1. halvdel 2014 Herøy Kulturhus | 2. halvdel 2014 Fosnavåg Konserthus og kino |
|---------|------------------------------------|--|
| Måndag | 0 | 0 |
| Tysdag | 0 | 2 |
| Onsdag | 2 | 2 |
| Torsdag | 0 | 2 |
| Fredag | 2 | 3 |
| Laurdag | 1 | 3 |
| Søndag | 2 | 3 |

Økonomi

Budsjettet for 2014 er basert på følgjande parameter:

| Parameter | 1. halvdel Herøy Kulturhus | 2. halvdel Fosnavåg Konserthus og kino |
|---------------------------|-------------------------------|---|
| Lønskostnadar | 80 % stilling | 160 % stilling |
| Filmleige pr film | 28% | 28% |
| Markedsføring pr frams | 200 | 500 |
| Snitt besøk pr frams | 40 | 40 |
| Snitt pris pr frams | 80 | 80 |
| Antal framsyningar | 196 | 270 |
| Reklameinntekter pr besøk | 3 kr | 3 kr |

| | | |
|---------------------|-------|--------|
| Antal titlar | 35 | 30 |
| Besøk | 7 840 | 10 800 |
| Kiosk innt pr besøk | 20 | 45 |
| Kiosk utg pr besøk | 15 | 18 |

Drift

Viser til framlagt budsjettforslag for 2014.

Investering

Kostnadar med bygging av kiosk vil bli om lag 600.000. Anbud på bygging av kiosk og avtale med inkjøpspartnar må truleg gjerast på Doffin.

Vurdering og konklusjon:

Aasmo tok for 12 år sidan initiativ til å drive kinoen vidare i ei tid då kommunen sjølv ikkje gjorde dette. Dette arbeidet har gjort at kommunens innbyggjarar har hatt eit fast kinotilbod utan å måtte reise ut av kommunen. Det står stor respekt av den innsatsen Aasmo har lagt ned i arbeidet.

Kommunens ansvar med å drifte Herøy Konserthus og kino inneber eit stort løft både økonomisk og ressursmessig. Erfaring frå andre kultur- og konserthus viser at kultur kostar og at det tek tid å opparbeide god drift. I denne fasen meiner Rådmannen at det er viktig at kommunen sjølv sit med ansvaret og kan ta dei nødvendige utviklingsgrepa for å sikre god drift og kvalitet. Dersom Aasmo har ynskje om det, og at evt. forhandlingar fører fram, vil kommunen verdsette vidare samarbeid om kinodrifta på Kulturhuset med Aasmo.

Rådmannen tilrår på bakgrunn av dette at Herøy kommune tek over drifta av kinoen i Herøy frå 1.1.2014.

Konsekvensar for folkehelse:

Å gå på kino er eit positivt tiltak for folkehelse gjennom oppleving og avslapping.

Konsekvensar for beredskap:

Naudsynt beredskap i høve til framsyningar er ivareteke gjennom drifta av kulturhuset og vakter som kinodrivar har ansvar for.

Konsekvensar for drift:

Iht budsjettforslag for 2014, samt 2015-2017

Fosnavåg, 20.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann


Eileen Gjerde
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Herøy Kino
v/ Tor-Øystein Aasmo
postboks 178
6099 Fosnavåg

Herøy Kommune
v/ Rådmannen i Herøy
Postboks 274
6099 Fosnavåg

KOLPON
den 21.10.2013

| | |
|--|--------------|
|  HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN | |
| Reg nr. 2012/2219 | Saksbeh. ENG |
| 23 OKT. 2013 | |
| Ark.kode P | C34 |
| Ark.kode S | |
| J nr. | Dok nr. 8 |
| Kassasjon | |

FORLENGING AV AVTALE OM DRIFT AV KINO

Viser til avtale mellom Herøy Kommune og Herøy Kino.

Herøy Kino gjev med dette tilbakemelding om at vi fortsatt er interessert i å drive kinoen privat etter avtaleperioden (ref. – avtale om drift av digital kino for 2013).

Mvh
For Herøy Kino


Tor-Øystein Aasmo

Kopi sendt pr. e-post til:
erlend.krumsvik@heroy.kommune.no
arnulf.goksoyr@heroy.kommune.no



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|------|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | EKRU | Arkivsaknr: | 2013/407 |
| | | Arkiv: | 026 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------|------------|
| 231/13 | Formannskapet | 03.12.2013 |
| 176/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

SSIKT - DRIFTSSENTER

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til samarbeidsavtale.
2. Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 4 i samarbeidsavtalen.
3. Kommunen sin del av drifts- og investeringskostnadane, ifylgje vedlagte budsjett for SSIKT – Driftssenter, skal innarbeidast i kommunen sitt budsjett for 2014.

Tilråding frå rådmannen:

4. Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til samarbeidsavtale.
5. Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 4 i samarbeidsavtalen.
6. Kommunen sin del av drifts- og investeringskostnadane, ifylgje vedlagte budsjett for SSIKT – Driftssenter, skal innarbeidast i kommunen sitt budsjett for 2014.

Særutskrift:
Assisterande rådmann
Kommunane Hareid, Ulstein, Sande, Vanylven, Volda, Ørsta
IKT avdelinga, her

Vedlegg:

Avtale om regionalt driftssenter

Budsjett SSIKT driftssenter

Saksopplysningar:

Uprenta saksvedlegg:


PS 53/13 – IKT-samarbeid på Søre Sunnmøre - SSIKT

Saksopplysningane er utarbeida av rådmannen i Hareid kommune, og er likelydande for alle involverte kommunar.

Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) vart etablert som eit felles IKT-samarbeid mellom dei sju kommunane på søre Sunnmøre. Samarbeidet, som er organisert etter §27 i kommuneloven, vart vedteke i kommunestyra våren 2013.

I vedtaket vart det vidare sagt at det skulle leggjast fram ei sak med framlegg til vertskommuneavtale for drifting av felles driftssenter for IKT-samarbeidet. Dette vart gjort gjennom denne saka.

Modellen og tankane bak SSIKT og driftssenteret er skildra i saksutgreiing m/vedlegg om etableringa av SSIKT. Denne dokumentasjonen ligg ved og vart såleis ikkje referert på nytt her. For å lette oversikta over dei to verksemdene og relasjonane mellom dei og kommunane, vart likevel figuren som syner Styrings- og Organisasjonsmodellen for det samla IKT-samarbeidet, sett inn nedanfor.



Figuren gir eit oversyn over kva som ligg i det vedtekne §27-samarbeidet og korleis Driftssenteret, eller §28-samarbeidet, relaterer seg til dette. Driftssenteret skal utføre driftsoppgåver for deltakarkommunane innan IKT og på basis av ein oppgåve- og kravspesifikasjon, som skal utarbeidast og forvaltast av den interkommunale strategigruppa.

Eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova omfattar mellom anna følgjande omgrep:

- Deltakarkommune (alle kommunane i samarbeidet)
- Samarbeidskommune (den eller dei kommunane som kjøper teneste)
- Vertskommune (den kommunen som yter tenesta for dei andre)

Sidan Hareid kommune allereie, i eit par års tid og med gode resultat, har utført funksjonane som skal ligge til driftssenteret, er rådmennene i dei sju kommunane på søre Sunnmøre samde om at Hareid kommune også bør ta ansvaret for å drifte driftssenteret i dei neste tre åra. Men at ein i så fall bør ha ei formalisering av samarbeidet i høve kommunelova. Dette vil kunne gi eit godt grunnlag for vidareutvikling av samarbeidet på IKT-sida og eit godt utgangspunkt for ei eventuell anbudsutlysning når tidshorisonten for den aktuelle vertskommuneavtalen nærmar seg.

Vurdering og konklusjon:

IKT vert eit stadig viktigare satsingsområde i tida som kjem. Teknologien og løysingane utviklar seg raskt og det vil vere utfordrande for små og mellomstore kommunar å kunne tilby dei optimale løysingane til ein kvar tid. Gode IKT-løysingar er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit reiskap for å gjere arbeidsoppgåvene lettare og meir oversynleg for dei tilsette. I tillegg vil det vere eit middel for å gjere kommunen meir tilgjengeleg for eit fleirtal av brukarar. I så måte vert kommunen sin portal, eller heimeside viktig både for brukarar og tilsette. Brukaren kan hente ut nyttig informasjon og nytte seg av sjølvbetjente løysingar, uavhengig av kommunen sine opningstidar. Dette vil totalt sett, kunne bli tids- og kostnadssparande for begge partar. Og det er sannsynleg at behovet for, og omfanget av denne interaksjonen vil akselerere og nå eit nivå vi i dag, neppe kan tenke oss.

I denne prosessen er det viktig å ha den rette teknologiske kunnskapen. Men gode IKT-løysingar handlar ikkje berre om teknologi, det handlar kanskje i enda større grad om leiging og gode strategiske val.

Kommunane på søre Sunnmøre er, har kvar for seg, ikkje tilstrekkeleg med ressursar til å møte denne utfordringa. Derfor er det viktig at kommunane er i stand til å samarbeide om dette fagområdet. Kommunane har allereie etablert samarbeidet på strategi-sida gjennom etableringa av SSIKT. Driftssenteret, som det no er spørsmål om å opprette, skal ta seg av den tekniske sida av sentrale IKT-oppgåver. Samstundes ser ein det som teneleg, spesielt i den fasa vi no er i, at driftssenteret og SSIKT har ein integrert leiarstruktur, på det viset at dagleg leiar i driftssenteret også er tenkt å ha ei rolle i SSIKT. Dette er ein viktig årsak til at ein i denne fasa, ynskjer å etablere driftssenteret innanfor ein av deltakarkommunane.

Driftssenteret skal yte tenester etter ein kravspesifikasjonen, utarbeidd av SSIKT. Kravspesifikasjonen og dermed oppgåvene til driftssenteret, vert regulert etter denne kravspesifikasjonen. Deltakarkommunane skal sjølve ha ansvaret for eigne lokale nettverk. Kostnadane ved samarbeidet vil difor kunne variere, etter korleis

kravspesifikasjonen er utforma og fordelast på deltakarkommunane etter etablert kostnadsnøkkel. Stordriftsfordel vil kunne utløyse både direkte og indirekte effektiviseringsgevinstar, sjølv om ein ved etableringa vil kunne oppleve ei auke i kostnader knytt direkte til sjølve IKT-samarbeidet. Årsakene til dette er mellom anna ei utviding av aktiviteten på IKT-sida, som dels handlar om overføring av oppgåver frå lokalt nivå til samarbeidet og dels handlar om auka krav til IKT-funksjonen. Men ein ser føre seg at gode strategiske val og betre tilpassingar av IKT-funksjonen, vil gi fordelar både i høve den brukarretta aktiviteten i kommunedrifta og dei administrative funksjonane og såleis bli kostnadssparande i det neste leddet.

For å halde nede kostnadsnivået i den tidlege fasa vert det i denne saka gjort framlegg om å utsetje tilsetjing av dagleg leiar inntil vidare. Naudsynt leiing vil då kunne skje gjennom dei allereie etablerte interne ressursane, slik status er i dag. Det er ikkje ei optimal løysing på lengre sikt, då eit slikt grep vil kunne svekke og forseinke oppbygginga av den strategiske kapitalen. Løysinga er motivert av meir kortsiktige økonomiske vurderingar og samstundes ei erkjenning av at driftssenteret i oppbyggingsfasa vil trenge mest fokus på driftsrelaterte oppgåver.

Det er utarbeidd framlegg til budsjett for driftsåret 2014. Budsjettframlegget ligg ved.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen kjende.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Dei kjende kostnadane, som vist i budsjettframlegget, ligg ved.

Ein reknar med at det kan vere potensiale for eventuelle innsparingar i driftseiningane, som følgje av samarbeidet på IKT-området.

Fosnavåg, 26.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Sakshandsamar: Bent Arild Grytten, rådmann i Hareid kommune

AVTALE OM REGIONALT DRIFTSSENTER

1. Grunnlaget for avtalen

Denne avtalen gjeld regionalt driftssenter IKT Samarbeidet vert å gjennomføre etter reglane i kommunelova § 28-1b – administrativt vertskommunesamarbeid, jfr. også kommunelova §28-1 a-k.

Namnet på samarbeidet er SSIKT Driftssenter. Driftssenteret er knytt til organisasjonsstrukturen Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) – eit samarbeid etter kommunelova § 27

2. Deltakarkommunar

| | |
|-----------------------|----------|
| Vertskommune er: | Hareid |
| Samarbeidskommune er: | Ørsta |
| | Volda |
| | Vanylven |
| | Sande |
| | Herøy |
| | Ulstein |

Vertskommune gjer lik, men separat avtale med kvar samarbeidskommune. I tillegg til denne avtalen, regulerer kommunelova kap. 5 vertskommune-samarbeidet.

Andre avtaler som regulerer grenseoppgang mellom SSIKT Driftssenter og dei samarbeidande kommunar sin IKT struktur kan utarbeidast ved behov. Slike avtaler vert godkjend av styringsgruppa i § 27 samarbeid SSIKT.

Vertskommunen skal elles gjennomføre verksemda i samsvar med kommunelova, forvaltningslova og anna regelverk som gjeld for kommunen.

3. Føremål og oppgåver.

Føremålet med samarbeidet er å etablere og utvikle eit felles driftssenter og fagmiljø for felles IKT drift innafor dei rammer som er vedtatt i § 27 samarbeidet SSIKT.

4. Mynde og delegering

Kommunestyret i kommune (samarbeidskommune) delegerer oppgåver og mynde innafor investering, drift og utvikling av felles IKT tenester til rådmannen i kommunen som skal delegere dette myndet vidare til rådmannen i vertskommunen.

Kommunane i samarbeidet innarbeider sjølve sin del av samarbeidet sine drifts- og investeringsmidlar i kommunen sine budsjett og handlingsprogram. Styringsgruppa i SSIKT v/rådmennene i kommunane i samarbeidet, får mynde til å avgjere når og korleis overføringane skal skje.

Kommunestyret i vertskommunen delegerer oppgåver og mynde til rådmannen i vertskommunen.

Delegeringa gjeld avgjerder i enkeltsaker og saker utan prinsipiell verknad.

Rådmannen i vertskommunen kan delegere myndet etter denne avtalen vidare til leiar i SSIKT driftssenter.

5. Lovlegkontroll og kontrollutval

Lovlegkontroll kan skje etter reglane i kommunelova § 28 h, jfr § 59. Kontrollutvalet i vertskommunen har mynde etter kommunelova § 77 nr 1 overfor verksemda, jfr kommunelova § 28 j.

6. Personalet

Stillingar ved driftssenteret vert, så langt råd, lyst ut internt. Driftssenteret kan og leige inn ressursar til fastsette driftsoppgåver frå samarbeidskommunane etter avtale. Det skal inngåast separate avtaler om dette i kvart enkelt tilfelle. Kommunen som avgir ressursar får kompensert dei reelle lønskostnadane frå SSIKT Driftssenteret. SSIKT Driftssenter sine kostnader knytt til innleige vert å dele mellom kommunane, jfr. § 10.2 i vedtektene til §27 – samarbeidet, SSIKT – søre Sunnmøre IKT.

7. Økonomi og rekneskap

Vertskommunen har budsjettansvar, ansvar for rekneskapsføring, ansvar for tilfredsstillande lokale og driftsmidlar.

Budsjett for drift og investering i driftssenteret vert fremja som ein del av budsjettprosessen i § 27 samarbeidet SSIKT. Økonomisk ansvar og eigarskap føl § 10 i vedtektene til §27 – samarbeidet, SSIKT – søre Sunnmøre IKT.

8. Lokalisering og organisering av arbeidet.

Samarbeidet vert organisert med eigen leiar underlagt rådmannen i vertskommunen. Det er leiaren sitt ansvar å syte for god kontakt mellom samarbeidet og alle deltakarkommunane.

Leiar i driftssenteret står for dagleg drift og utvikling av driftssenteret i tråd med vedtekne rammer og retningslinjer.

Leiaren førebur saker til strategigruppa i §27 samarbeidet og er sekretær for gruppa.

9. Iverksetjing og endring

Denne avtalen gjeld fullt ut frå 01.01.2014 fram til 01.01.2017.

For uttrede av samarbeidet vert det vist til vedtekter for SSIKT § 13

10. Tvistemål

Tvistemål om verksemda som måtte kome mellom samarbeidskommunane, skal avgjerast ved valdgift i vertskommunen i samsvar med reglane i Tvistemålslova. Valdgiftsretten skal ha 3 medlemar oppnemnd av tingrettsdommaren på Søre Sunnmøre.

..... den / 20...

| Vertskommune | Samarbeidskommune |
|--------------|-------------------|
| | |

Vedlegg 1: Leveransespesifikasjon

| Budsjett SSIKT Driftsenter 2014 | | | | | | | | | | |
|--|------------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------------|
| Investeringar | Sum | Sum ex mva | Hareid | Ulstein | Sande | Herøy | Ørsta | Vanylven | Volda | Spesifikk. |
| Maskinvare | 1 150 000 | 920 000 | 115 126 | 143 169 | 91 393 | 152 158 | 167 880 | 98 310 | 151 963 | |
| Inv kostnad Gerica | 994 500 | 795 600 | 99 559 | 123 810 | 79 035 | 131 584 | 145 180 | 85 017 | 131 415 | |
| Utskifting Ekkon innføring til ERP | 285 180 | 228 144 | 43 569 | 55 347 | 33 600 | 59 123 | | 36 506 | | |
| Sum | 2 429 680 | 1 943 744 | 258 254 | 322 327 | 204 027 | 342 865 | 313 060 | 219 833 | 283 378 | |
| Driftsutgifter, faste | Sum | Sum ex mva | Hareid | Ulstein | Sande | Herøy | Ørsta | Vanylven | Volda | Spesifikk. |
| Prosjektressurs | 500 000 | 500 000 | 62 569 | 77 809 | 49 670 | 82 695 | 91 239 | 53 430 | 82 589 | |
| Driftssenteret 2 stillingar | 1 535 200 | 1 535 200 | 192 111 | 238 906 | 152 506 | 253 906 | 280 141 | 164 050 | 253 580 | |
| Fagkonsulent 1,3 årsv | 997 880 | 997 880 | 124 872 | 155 289 | 99 129 | 165 039 | 182 091 | 106 633 | 164 827 | |
| Fagkonsulent portal 20% | 153 520 | 153 520 | 21 526 | 26 482 | - | 28 071 | 30 850 | 18 554 | 28 037 | |
| Beredskap driftssenter | 500 000 | 500 000 | 62 569 | 77 809 | 49 670 | 82 695 | 91 239 | 53 430 | 82 589 | |
| Felles datakommunikasjon | 200 000 | 200 000 | 25 027 | 31 124 | 19 868 | 33 078 | 36 496 | 21 372 | 33 035 | |
| Drift og vedlikehald nye Gerica moduler | 34 375 | 27 500 | 3 441 | 4 280 | 2 732 | 4 548 | 5 018 | 2 939 | 4 542 | |
| Datakommunikasjon driftssenter | 100 000 | 100 000 | 12 514 | 15 562 | 9 934 | 16 539 | 18 248 | 10 686 | 16 518 | |
| Lisensar, Citrix, VMWare, Microsoft | 250 000 | 200 000 | 25 027 | 31 124 | 19 868 | 33 078 | 36 496 | 21 372 | 33 035 | |
| Vedlikehald Gerica | 400 000 | 320 000 | 40 044 | 49 798 | 31 789 | 52 925 | 58 393 | 34 195 | 52 857 | |
| Vedlikehald HsPro | 200 000 | 160 000 | 27 363 | 33 812 | | | 39 495 | 23 496 | 35 834 | |
| Vedlikehald VismaLink | 50 000 | 40 000 | 6 841 | 8 453 | | | 9 874 | 5 874 | 8 959 | |
| Vedlikehald eLink | 85 000 | 68 000 | 8 509 | 10 582 | 6 755 | 11 246 | 12 409 | 7 266 | 11 232 | |
| Vedlikehald Portal | 200 000 | 160 000 | 22 435 | 27 600 | | 29 256 | 32 152 | 19 337 | 29 220 | |
| Vedlikehald Familia (barnevern) | 150 000 | 120 000 | 24 403 | 29 740 | | | 34 443 | | 31 414 | |
| Vedlikehald Agresso, Ekko | 650 000 | 520 000 | 99 304 | 126 151 | 76 583 | 134 757 | | 83 206 | | |
| Sum | 6 005 975 | 5 602 100 | 758 556 | 944 520 | 518 503 | 927 833 | 958 582 | 625 839 | 868 267 | |
| Fordelingsnøkkel: 50% liktfordelt + 50% etter folketal | | | | | | | | | | |
| Kommune | Folketal | Brøk alle | Brøk HsPro | Brøk Agr | Brøk B.vern | Portal | | | | |
| Hareid | 5057 | 0,107417477 | 0,142038592 | 0,181939198 | 0,156723588 | 0,113768279 | | | | |
| Herøy | 8847 | 0,187922172 | 0 | 0,318294657 | 0 | 0,199032621 | | | | |
| Ørsta | 10456 | 0,222099494 | 0,293683117 | 0 | 0,324046239 | 0,235230596 | | | | |
| Volda | 8827 | 0,187497345 | 0,247928545 | 0 | 0,273561224 | 0,198582677 | | | | |
| Sande | 2628 | 0,055822252 | 0 | 0,094549379 | 0 | 0 | | | | |
| Vanylven | 3336 | 0,070861124 | 0,093699969 | 0,120021587 | 0 | 0,075050619 | | | | |
| Ulstein | 7927 | 0,168380135 | 0,222649777 | 0,285195179 | 0,24566895 | 0,178335208 | | | | |
| Totalt | 47078 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | | | | |
| Folketalet er henta frå SSB pr. 15.06.2013 | | | | 35603 | 27795 | 32267 | 44450 | | | |



Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|----------------|----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | AK | Arkivsaknr: | 2013/1376 |
| | | Arkiv: | D11 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|-------------------------------------|------------|
| 91/13 | Komite for næring, kultur og idrett | 02.12.2013 |
| 232/13 | Formannskapet | 03.12.2013 |
| 177/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV AKTIVITETSPARK I TJØRVÅG SAMT STØTTE TIL TILTAKET

Møtebehandling:

Formannskapet kom med framlegg om slik endring i tilrådinga:

Endra pkt 3:

Herøy kommune skal stille lånegaranti for eit lån som Tjørvåg IL skal ta opp på inntil kr.2,2 mill. Lånet skal reduserast når tilskot og mva er utbetalt. Ein føresetnad for lånegaranti er godkjenning frå fylkesmannen.

Rådmannen si tilråding med endring vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2013

1. Herøy kommune førehandsgodkjenner planane om aktivitetspark plassert mellom Stokksund skule og Tjørvåg stadion, med dei merknader som er nemnt i saksutgreiinga.
2. Herøy kommune skal forskottere spelemidlane til bygging av aktivitetsparken med inntil kr. 900.000 i 2014 og inntil spelemidlane vert utbetalt, men under føresetnad at søknadane om spelemidlar vert godkjent frå fylket si side.
3. Herøy kommune skal stille lånegaranti for eit lån som Tjørvåg IL skal ta opp på inntil kr. 2,2 mill. Lånet skal reduserast når tilskot og mva er utbetalt. Ein føresetnad for lånegaranti er godkjenning frå fylkesmannen.
4. Herøy kommune skal yte eit årleg driftstilskot til aktivitetsparken etter ein nærare utarbeida avtale som skal politisk handsamast.
5. Før byggearbeida vert sett i gong må Tjørvåg IL ta nærare kontakt med utviklingsavdelinga og anlegg- og driftsavdelinga for å finne ei betre løysing i høve til

kommunevegen og tilkomstvegen, samt tilkomst frå skulen og anlegget elles for rullestolbrukarar.

Møtebehandling:

Leiar for Kulturavdelinga Eileen Gjerde møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 02.12.2013

6. Herøy kommune førehandsgodkjenner planane om aktivitetspark plassert mellom Stokksund skule og Tjørvåg stadion, med dei merknader som er nemnt i saksutgreiinga.
7. Herøy kommune skal forskottere spelemidlane til bygging av aktivitetsparken med inntil kr. 900.000 i 2014 og inntil spelemidlane vert utbetalt, men under føresetnad at søknadane om spelemidlar vert godkjent frå fylket si side.
8. Herøy kommune skal stille lånegaranti for eit lån som Tjørvåg IL skal ta opp på inntil kr. 2,2 mill. Lånet skal reduserast når tilskot frå spelemidlane og event. anna tilskot, og mva er utbetalt. Ein føresetnad for lånegaranti er godkjenning frå fylkesmannen.
9. Herøy kommune skal yte eit årleg driftstilskot til aktivitetsparken etter ein nærare utarbeida avtale som skal politisk handsamast.
10. Før byggearbeida vert sett i gong må Tjørvåg IL ta nærare kontakt med utviklingsavdelinga og anlegg- og driftsavdelinga for å finne ei betre løysing i høve til kommunevegen og tilkomstvegen, samt tilkomst frå skulen og anlegget elles for rullestolbrukarar.

Tilråding frå rådmannen:

11. Herøy kommune førehandsgodkjenner planane om aktivitetspark plassert mellom Stokksund skule og Tjørvåg stadion, med dei merknader som er nemnt i saksutgreiinga.
12. Herøy kommune skal forskottere spelemidlane til bygging av aktivitetsparken med inntil kr. 900.000 i 2014 og inntil spelemidlane vert utbetalt, men under føresetnad at søknadane om spelemidlar vert godkjent frå fylket si side.
13. Herøy kommune skal stille lånegaranti for eit lån som Tjørvåg IL skal ta opp på inntil kr. 2,2 mill. Lånet skal reduserast når tilskot frå spelemidlane og event. anna tilskot, og mva er utbetalt. Ein føresetnad for lånegaranti er godkjenning frå fylkesmannen.
14. Herøy kommune skal yte eit årleg driftstilskot til aktivitetsparken etter ein nærare utarbeida avtale som skal politisk handsamast.

15. Før byggearbeida vert sett i gong må Tjørvåg IL ta nærare kontakt med utviklingsavdelinga og anlegg- og driftsavdelinga for å finne ei betre løysing i høve til kommunevegen og tilkomstvegen, samt tilkomst frå skulen og anlegget elles for rullestolbrukarar.

Særutskrift:
Tjørvåg IL, v/ Gry L. Kempton, 6070 Tjørvåg
Kulturleiaren

Vedlegg:

Søknad om førehandsgodkjenning av aktivitetspark, Tjørnvåg stadion datert 18.11.2014
Handlingsplanen for spelemidler 2011-2014.

Saksopplysningar:

Tjørnvåg IL søker om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av Aktivitetspark mellom Stokksund skule og Tjørnvåg stadion. Parken skal innehalde Ballbinge, Skatepark / Paviljong og Tennisbane.

Alle tre trinna skal byggast samtidig sidan det er mest hensiktsmessig. Tjørnvåg IL vil søkje om spelemidler i nærmiljøordninga til kvar av dei 3 prosjekta med inntil kr. 300.000 for kvart prosjekt.

Tjørnvåg IL skal sjølve stå som byggherre og planlegg byggestart til våren 2014 og ferdigstilling i august / september.

I høve prosjektet søker Tjørnvåg IL om forskotering av spelemidlane på inntil kr. 900.000 frå Herøy kommune.

Tjørnvåg IL søker i høve same om ein kommunal lånegaranti på inntil kr. 2,2 mill. for fullfinansiering av prosjektet. Det er Sparebanken Møre som krev slik garanti.

Tjørnvåg IL har innhenta tilbod på grunnarbeid, støttemur og asfaltering samla for dei 3 prosjekta, i tillegg av diverse utgifter for aktivitetsparken. Kostnadane har dei så delt i 3 og lagt til dei 3 prosjekta sine spesifikke kostnader.

Det er utarbeida ulike vedlegg etter krav i høve spelemidlane.

Vurdering og konklusjon:

Kommentar til dei ulike vedlegga:

Vedlegg 1: Anlegget sin plass i Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Tjørnvåg Aktivitetspark ligg inne i handlingsplanen for kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv under nærmiljøanlegg. Jmf. F-sak 69/13.

I handlingsplanen for nærmiljøanlegg har dei 3 først prioriterte anlegga motteke tilskot. Dei resterande anlegga i handlingsplanen bortsett frå Tjørnvåg IL, har ikkje søknader klar for søknad om spelemidler. Tjørnvåg IL, aktivitetspark skulle såleis vere i posisjon for tilskot frå nærmiljømidlane i 2014 om søknad vert sendt inn og vert godkjent. Spørsmål kan vere at ikkje alle 3 prosjekta får tilskot 1. året.

Vedlegg 2: Universell utforming.

Her vert det gitt ei grei orientering om tilkomsten til anlegget. Men trapper til anlegget frå skulen er ikkje tilfredsstillande i høve til universell utforming. Jmf. tilgjengelegheitslova og plan og bygningslova jf. §29.3. Her må idrettslaget sjå nærare på ein sikker tilkomst for t.d. rullestolbrukarar mellom skulen og aktivitetsparken.

Vedlegg 3: Situasjonsplan i målestokk 1:1000.

Det er lagt ved tilfredsstillende kart i rett målestokk, men pga. nivåforskjellane i heile anlegget, burde det ligge før ei snitt-skisse som viste dette.

Vedlegg 4: Behovsoppgåve.

Behovsoppgåva skildrar behovet for fleire aktivitetar til området på ein tilfredsstillende måte. Fotball er einaste aktiviteten til idrettslaget i dag og her er eit klart behov for fleire aktivitetar. Skulen med sine ca. 170 elevar frå 1. til 10. kl. og som ligg tett inn til anlegget, vil også kunne gjere seg nytte av anlegget i tillegg til eigne aktivitetsanlegg som skulen disponerer.

Møteplassen med paviljong vil også vere eit positivt element til aktivitetsparken.

Vedlegg 5: Enkelt kostnadsoppsett.

I høve til idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er det ikkje krav om detaljert og dokumentert kostnadsberekning. Men krava i høve til søknad om spelemidlar er at det skal utarbeidast så detaljert kostnadsberekning at faktura kan visast attende til kostnadsberekninga.

I høve til grunnarbeidet inkl. grunnmur og asfaltering har Tjørnvåg IL henta inn samla tilbod på alle 3 byggetrinna. Fylket krev at dei må søkje separat for kvart av dei 3 anlegga; ballbinge, skatepark og tennisbane. Kostnadane har dei delt i 3 og lagt dei til dei 3 anlegga sine spesifikke kostnader og slik kome fram til ein samla kostnad for kvart enkelt av dei 3 anlegga. Her vil utfordringa verte å framskaffe tilfredsstillende faktura som kan godkjennast i høve til utbetaling av spelemidlane.

Den totale summen for anlegget er berekna slik:

| | | |
|---------------|----------------------|--------------------------------|
| 1. Ballbinge | kr. 659.267. | kr. 824.084 inkl.mva |
| 2. Skatepark | kr. 785.667. | kr. 982.084 ” |
| 3. Tennisbane | <u>kr. 635.067.</u> | <u>kr. 793.834 ”</u> |
| Totalt. | <u>Kr. 2.080.000</u> | <u>kr. 2.600.000 inkl. mva</u> |

Vedlegg 6: Førebels plan for finansiering og drift av anlegget.

Anlegget er berekna finansiert på fylgjande vis:

| | |
|--------------|----------------------|
| Låneopptak | kr. 2.200.000 |
| Eigenkapital | <u>kr. 400.000</u> |
| Tilsaman | <u>kr. 2.600.000</u> |

Føresetnaden for å få tildelt lån hos Sparebanken Møre, er at Herøy kommune stiller lånegaranti. Økonomileiaren signaliserer at ein føresetnad for lånegaranti må vere at fylkesmannen vil godkjenne garantien til denne type tiltak.

Tjørnvåg IL søker også Herøy kommune om forskotering av spelemidlane med kr. 900.000. Ved forskotering av spelemidlane når anlegget er ferdigstilt, vil lånet verte redusert med kr. 900.000.

Tjørnvåg IL står sjølve som byggherre og vil kunne søkje om momskompensasjon frå departementet med inntil ca. kr. 580.000. Dette forventast utbetalt i 2015 om alt går etter planen. Dette vil etter idrettslaget si berekning redusere lånebehovet ytterlegare. Med

forskotering av spelemidlane og utbetaling av momskompensasjonen, vil lånet kunne verte redusert til kr. 780.000, skriv idrettslaget.

Rådmannen er positiv til det store engasjementet som idrettslaget legg for dagen for å legge til rette eit flott anlegg for barn og unge i bygda. Idrettslaget er svært opptekne av at dei unge i bygda skal trivast og ikkje minst vil laget gjere det dei kan for at dei unge på eit seinare tidspunkt kan kome attende til heimbygda si og vere med å drive positivt barne- og ungdomsarbeid på ein god måte, og elles vere viktig kompetanse for lokalsamfunnet elles. Dette er flott folkehelsearbeid som kommunen vil sjå positivt på.

Rådmannen ser likevel at idrettslaget tek på seg ei stor økonomisk byrde i tillegg til andre kostnader som laget har i høve til drifta, og ikkje minst i høve til fotballanlegget som allereie er teke i bruk. Rådmannen er noko usikker på om laget har tilfredsstillande økonomisk evne til å klare desse økonomiske byrdene, og vil av den grunn foreslå at ein ikkje set i gong bygging av anlegget før søknadane om tildeling av spelemidlar er godkjent frå fylket si side. Fylket har signalisert at idrettslaget må søkje separat for kvart av dei 3 anlegga.

Som eigar av anlegget vil Tjørnvåg IL ha ansvaret for drifta og vedlikehaldet av anlegget, men vil søkje Herøy kommune om driftsstøtte til aktivitetsparken til liks med kunstgrasbana. Ulikheita er at kunstgrasbana er eigd av kommunen som då har ansvaret for vedlikehaldet, men kjøper vedlikehaldstenester av idrettslaget.

Rådmannen er likevel positiv til å yte idrettslaget eit årleg driftstilskot etter ein nærare utarbeida avtale som skal politisk handsamast.

Vedlegg 7: Dokumentasjon av tilpassinga av anlegget til bygningar i nærleiken og karakterar til landskapet.

Det er lagt ved eit oversiktskart for nærområdet til anlegget i målestokk 1:2500 som m.a. viser kyrkja, delar av prestegarden, skuleområdet, aktivitetsparken, kunstgrasbana og einebustader i nærområdet.

Utviklingsleiaren skriv i si tilbakemelding om eit positivt tiltak, men synast nok at nærføringa til veg ikkje er god. I satsinga i arealplanen vil dette området etter alt å døme få ein stor tilvekst av nye bustadeiningar dei komande åra og at vegen forbi anlegget i det høvet må utvidast. Også betre grøftingar må på plass. Med bakgrunn i ovanfor nemnte, foreslår rådmannen at før byggearbeida vert sett i gong, må Tjørnvåg IL ta nærare kontakt med kommunen for å finne ei betre løysing i høve til kommunevegen, samt tilkomst frå skulen og anlegget elles for rullestolbrukarar.

Skuleavdelinga har ikkje merknader til planane. Skulen ser svært positivt på planane til idrettslaget og er glad for all aktivitet som kan kome elevane til gode. Også FAU ved skulen uttalar seg svært positivt til planane.

Leiaren for anlegg- og driftsavdelinga skriv det same som utviklingsleiaren.

Vedlegg 8: Bilete frå ulike typar anlegg slik dei tenkjer seg at aktivitetsparken kan kome til å verte.

Kulturavdelinga vil førehandsgodkjenne den idrettsfunksjonelle søknaden vedk. Tjørnvåg Aktivitetspark når dei ovanfor nemnte merknader er avklara.

Konsekvensar for folkehelse: Eit mykje positivt tiltak for folkehelsa

Konsekvensar for beredskap: Tiltaket har ikkje konsekvensar for beredskapen

Konsekvensar for drift: Tiltaket får konsekvensar for drifta


Fosnavåg, 20.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Eileen Gjerde
Avd.leiar

Sakshandsamar: Andreas Kvalsund

Tjørnvåg I. L. v/ Per-Magne Lillenes

| | | | |
|---|-----------|----------------------------|----|
|  | | HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN | |
| Reg.nr. | 2013/1376 | Saksbeh. | AK |
| 18 NOV. 2013 | | | |
| Ark.kode P | DU | | |
| Ark.kode S | | | |
| J.nr. | | Dok.nr. | 1 |
| Kassasjen | | | |

Herøy kommune
v/ Andreas Kvalsund

Søknad om førehandsgodkjenning av Aktivitetspark Tjørnvåg Stadion

Vil med dette søkje om førehandsgodkjenning av aktivitetspark ved Tjørnvåg Stadion.

Parken skal innehalde : Trinn 1. Ballbinge
Totalområde ca. 1600 m² Trinn 2. Skatepark / Paviljong
 Trinn 3. Tennisbane.

Aktivitetsparken / alle tre trinn skal byggjast parallelt sidan det er mest hensiktsmessig/ økonomisk/fornuftig. Vi søkjer då om tippemidlar i tre søknadar á kr. 300.000,- / totalt kr. 900.000,- .

Aktivitetsparken er planlagt med byggjastart våren 2014 og ferdig august/september 2014.

Vi søkjer òg med dette om forskotering av tippemidlar kr. 900.000,- frå Herøy kommune. Vidare må òg Herøy kommune gje kommunal lånegaranti på lånet, kr. 2.200.000,- , som Sparebanken Møre krev av Tjørnvåg I.L. for å få ei fullfinansiering av prosjektet.

Vi har henta inn felles tilbod på trinn 1-2-3:

- støttemur som skal skilje mellom grense Stokksund skule og Aktivitetspark Tjørnvåg Stadion
- grunnarbeid aktivitetspark
- asfaltering aktivitetspark
- diverse utgifter aktivitetspark

Desse kostnadane har vi delt i tre og lagt dei saman med kvart enkelt trinn.

Mvh.

Tjørnvåg Idrettslag

Per-Magne Lillenes



Leiar Bygg og anlegg

Gry-Elisabeth Lillenes Kempton



Leiar Tjørnvåg I.L.

Viser vidare til «**2.5.5 Allmenne vedlegg**»

Alle søknadar om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, same kva anleggstype det gjeld, må innehalde:

Pkt. 1: opplysning om kva plass anlegget har i kommunal plan som omhandlar idrett og fysisk aktivitet

Pkt. 2: utgreiing om universell utforming

Pkt. 3: situasjonsplan i målestokk 1 : 1000 eller 1 : 500. Planen skal vise kva område som er til disposisjon for anlegget, og kva utvidingsreservar som er sikra. Oppdeling i eventuelle byggjested skal visast.

Pkt. 4: behovsoppgåve som forklarar den kartlegginga av behov som er gjort, og resultatet. Det skal særleg gjerast greie for behova til born og ungdom. Dette skal haldast opp mot gjeldande tilbod og vil danne grunnlag for innhald og dimensjonering av anlegget.


Pkt. 5: enkelt kostnadsoverslag.

Pkt. 6: førebels plan for finansiering og drift av anlegget.

Pkt. 7: dokumentasjon av tilpassinga av anlegget til bygningar i nærleiken og karakteren til landskapet. Det kan nyttast oppriss, aksonometri, perspektiv og modellfoto.

Pkt. 8: alle teikningar i tre eksemplar.

2.5.5 Allmenne Vedlegg Pkt 3



Pkt 4

Behovsoppgåve

Aktivitetsparken i regi av Tjørvåg Idrettslag er planlagt på området til Tjørvåg Stadion og ved Stokksund skule.

Tjørvåg Idrettslag har per i dag 13 lag frå 6 år og opp til senior, med ca 150 aktive. Fotball er den einaste aktiviteten. Idrettslaget ser eit behov for alternative aktivitetar, både for medlemmar og andre. Vi ynskjer at flest mogleg skal vere i fysisk aktivitet og ynskjer å legge til rette for dette. Det er difor tenkt ein aktivitetspark som kan dekkje ulike behov. Det er planlagt ein ballbinge (Scansisløkka) med sport-court underlag for blant anna hockey og basketball i tillegg til fotball. Det er òg planlagt ei tennisbane og ein skatepark. I tillegg ynskjer idrettslaget å byggje ein paviljong der ein kan ha ein møteplass. Med dette ynskjer vi å dekkje eit aktivitetsbehov frå små born til senior.

Stokksund skule er ein 1-10 skule der elevane i 1.-7. klasse kjem frå Tjørvåg og Myrvåg, og 8.-10. klasse kjem frå heile Indre Herøy. Stokksund skule har i lengre tid hatt eit fattig tilbod til elevane sine i friminutta. Det dei hadde, har vorte teke vekk grunna lovbestemte pålegg. Skulen nyttar kunstgrasbana til idrettslaget til gymtimar og i friminutta. Det er òg to dibbeduer og åtte reier. I tillegg har skulen nett fått eit leikeapparat for småskulen. Dette er ikkje nok for å aktivisere om lag 170 elevar frå 6-16 år. Spesielt lite er det for dei større elevane (10-16 år). I tillegg er det eit grusområde som ligg til skulen. Skulen ser difor særst positivt på det anlegget som no er under planlegging.

Tankane bak aktivitetane som er planlagde, er at dei skal vere interessante for ei vid aldersgruppe og at dei som ikkje vil spele fotball kan halde på med alternative aktivitetar.

Vi har eit ynskje om skape ein samlingsplass i trygge former der ulike grupper kan møtast. Dette viser seg viktigare og viktigare i dagens samfunn. Område der ein kan møtast til positive aktivitetar vil vere ei styrke i barn og unge sin oppvekst. Dette vil gjere bygda og kommunen til ein meir attraktiv stad å bu.

Pkt 5

Aktivitetspark trinn 1 – Scansisløkka (ballbinge)

Kostnad:

| | |
|--------------------------------|-------------------------|
| Scansisløkka | kr. 252 600,- |
| Grunnarbeid (kr.457200,- : 3) | kr. 152 400,- |
| Asfaltering (kr. 179200,- : 3) | kr. 59 733,- |
| Murkant (kr. 200000 : 3) | kr. 66 667,- |
| Diverse (kr. 383600,- : 3) | <u>kr. 127 867,-</u> |
| | Kr. 659 267,- eks. mva. |
| | Kr. 824 084,- inkl. mva |

Pkt 6

Førebels plan for finansiering og drift av anlegget

| | | |
|-------------------------------|------------|---------------------|
| Totalkostnad | kr. | 2080 000,- eks. mva |
| | Kr. | 2600 000,- inkl.mva |
| Låneopptak (Sparebanken Møre) | kr. | 2200 000,- |
| Eigenkapital | <u>kr.</u> | <u>400 000,-</u> |
| | <u>Kr.</u> | <u>2600 000,-</u> |

Føresetnad for å få tildelt lån hjå Sparebanken Møre er at Herøy kommune stiller lånegaranti.

Tjørnvåg I.L. søker Herøy kommune om forskottering av tippemidlar kr. 300 000,- x 3 =
kr. 900 000,-

Ved forskottering av tippemidlar frå Herøy kommune, når anlegget er ferdigstilt (aug/sept 2014), vil lånet bli redusert med kr. 900 000,-

Tjørnvåg I.L. søker sjølv om momsrefusjon kr. 520 000,-, dette forventast utbetalt i 2015.

Ved momsrefusjon august / september 2015 vil lånet ha ein størrelse på kr. 780 000,-

Drift / vedlikehald tek Tjørnvåg I.L. seg av, men vil søkje om at Herøy kommune yter driftsstøtte til aktivitetsparken på same måte som ved kunstgrasbana, men ved ein mindre sum.

2.5.5 Allmenne vedlegg Pkt 7.



2.5.5 Allmenne vedlegg Pkt 7.



NÆRMILJØANLEGG



SCANSIS LØKKA® - STÅL

- Unik utforming
- Miljøtilpassning
- Utbyggingsmuligheter
- Flerbruk
- Enkel montering
- Stønadsberettiget

Scansis løkka® er et moderne nærmiljøanlegg utviklet i samarbeid med profesjonelle industridesignere. Dette for å oppnå et nærmiljøanlegg som skal kunne stå ute i det offentlige rom i en årrekke.

Scansis løkka® er et mer helhetlig nærmiljøanlegg, tilpasset et rikt utvalg av aktiviteter både i og utenfor "løkka".

Scansis løkka® leveres standard i størrelsene 21x13 meter, 23,5x15,5 meter og 26x18 meter. Andre størrelser kan leveres på forespørsel.

- Sibirsk Lerk
- Varmgalvaniserte stålprofiler
- Ekstra avstivning for stabilitet
- Vedlikeholdsvennlig



www.scansis.no

1 Prioritert handlingsprogram 2011 – 2014 Justert febr. 2013

1.1 Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv 2011 – 2014

K.sak 182/10 den 16.12.2010

| P | Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak ORDINÆRE ANLEGG/ REHABILITERING | Ansvarleg | Invest. Kostnad i 1000 | Driftsutg ift pr. år | Finansiering - Totalt | | | ANLEGGSTART | | | | |
|---|---|----------------------------|------------------------------|----------------------------|-----------------------|--------|-------|-------------|------|------|------|---|
| | | | | | KMi | SpMi | PR | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | |
| | | | | | | | | | | | | |
| 1 | Kunstras Tjørvåg m/lysanlegg | Kommunen/ Tjørvåg IL | 4.000 | 75 | 800 | 1500 | 1.650 | X | | | | |
| 2 | 25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet | Kommunen/ Fritidsbadet | *160.000 | | | 13.000 | | X | | | | |
| 3 | Bowlinghall knytt til Fritidsbadet | Kommunen / Fritidsbadet | *18.000 | | | 2.500 | | X | | | | |
| 4 | Rehab grasbane på Bergsøy stadion | Kommunen/ BIL | *10.900 | 50 | 2.200 | 2.500 | 6.300 | X | | | | |
| 5 | Kunstgras Gurskøy IL | Kommunen/ GIL | *3.200 | 35 | 650 | 950 | 1.900 | | X | | | |
| 6 | Klubblokale/ garderober/ tribune v/kunstgrasbana | Kommunen/ BIL Fotball | *13.000 | | 2.500 | 1.600 | 9.900 | | X | | | |
| 7 | Klubbhus/ reiskapshus Tjørvåg IL | Tjørvåg IL/ Kommunen | *4.000 | | | 700 | | | | | X | |
| 8 | Idrettshall nye Leinøy skule / Einedalen skule | Kommunen | *20.000 | | | 7.000 | | | | | X | |
| 9 | Rehabilitering grusbane/ løpebane | Moldtustr IL/ Kommunen | | | | | | | | | | X |
| | Heid Turløype 1. byggesteg | BIL/Kommunen | 903 | | 220 | 450 | 370 | | | | X | |
| | Heid Turløype 2. byggesteg | BIL/ Kommunen | 850 | | 220 | 420 | 370 | | | | X | |
| | Heid Turløype 3. byggesteg | BIL/ Kommunen | *900 | | 220 | 450 | 270 | | | | | X |

X = oppstartår /byggestart

* Kostnadsberekningane er estimerte

1.2 Handlingsprogram for nærmiljøanlegg

| P | Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak | Ansvarleg | Invest. kostnad | Driftsutgift pr. år | Finansiering - Totalt | | | ANLEGGSSSTART | | | |
|----|---|--|-----------------|---------------------|-----------------------|------|-----|---------------|------|------|------|
| | | | | | KMi | SpMi | PR | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
| | | | | | | | | | | | |
| 1 | Ballbinge Røyra | Røyra Vel/ Kommunen | 500 | | 100 | 200 | 200 | X | | | |
| 3 | Ballbinge Bergsøy skule | Kommunen | 500 | | 300 | 200 | 200 | X | | | |
| 5 | Ballbinge Nerlandsøy | Kommunen/ grendelag/ FAU | 500 | | 110 | 200 | 190 | | X | | |
| 6 | Stokksund skule - sandvolleyball | Kommunen/ FAU/ grendelag | | | | | | | X | | |
| 7 | Ballbinge – Bø skule | Kommunen/ grendelag | | | | | | | | X | |
| 8 | Nytt opplag/ ny utgåve av turkart for Søre Sunnmøre | Samarb. mellom Sande, Hareid, Ulstein og Herøy | 400 | | | | | | | X | |
| 9 | Badeplass/ akt/ veg Nautøy | Kommunen/ grendelag | | | | | | | | | X |
| 10 | Ballbinge/ aktivitetsfelt Fosnavåg sentrum/ Huldal | Kommunen/ grendelag | | | | | | | | | X |
| 11 | Aktivitetspark Tjørvåg IL | Tjørvåg IL | 2,6 mill | | | | | | | | |

X= planlagd oppstartsår



Søre Sunnmøre landbrukskontor

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|--------|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | JANBER | Arkivsaknr: | 2013/1327 |
| | | Arkiv: | K46 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|-------------------------------------|------------|
| 93/13 | Komite for næring, kultur og idrett | 02.12.2013 |
| 178/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

OPPLØYSING AV SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL

Møtebehandling:

Landbrukssjef Anne-Kathrine Løberg møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 02.12.2013

Herøy kommune går inn for å avvikle Søre Sunnmøre Hjorteviltutval

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommune går inn for å avvikle Søre Sunnmøre Hjorteviltutval.

Grunngjeving:

Då styret i SSHU sjølv har kome med framlegg om å avvikle utvalet, og ein finn at grunngjevinga for ynsket om avvikling er rimeleg, ser ein ikkje grunn for å motsette seg oppløysing av SSHU.

Særutskrift:

Vedlegg:

- 1 Møtereferat frå Søre Sunnmøre Hjorteviltutval, 26.06.2013
- 2 Saksframlegg sak 15 Framtida til SSHU
- 3 Vedtekter for Søre Sunnmøre Hjorteviltutval

Saksopplysningar:

I møte 26.06.2013 gjorde styret i Søre Sunnmøre Hjorteviltutval (SSHU) vedtak om å legge ned utvalet, med bakgrunn i at utvalet har gjort mykje av arbeidet som utvalet hadde som mål å gjere, samt at endringar i politisk struktur og arbeidsmengde for administrasjonen talar for at ein bør avvikle utvalet. Nemnd for vilt, fiske og friluft har tilrådd avviklinga av utvalet gjennom vedtak i sak 31/13.

Historia til utvalet

SSHU vart skipa under skipingsmøte på rådhuset i Herøy 30.09.1998. Styret i utvalet har bestått av ein politisk representant, som er medlem av viltnemnda, frå kvar av kommunane: Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta. I tillegg har det vore praksis at sakshandsamar på viltforvaltning i kvar av kommunane har vore tilstade på møta.

Føremålet med utvalet har vore (jmf. SSHU sine vedtekter punkt 1):

"Hjorteviltutvalet skal vere eit rådgjevande organ i forvaltning av storvilt med hovudoppgåve og arbeide for ei felles hjorteviltforvaltning av fagleg høg standard, der hjorteviltet vert sett på som ein regional ressurs. Utvalet skal og kunne ta opp andre viltforvaltningssaker av regional karakter og interesse. Medlemskommunane kan legge praktiske viltforvaltningssaker av interkommunal karakter til utvalet."

Eit av hovudaktivitetane til SSHU var eit merkeprosjekt der ein merka om lag 70 hjort i dei sju kommunane. Ein skulle på bakgrunn av observasjonar av dyra få samla informasjon om trekkrutene til hjorten i regionen. Prosjektet er ikkje slutført, då det var uavklarte forhold rundt kven som hadde ansvar for analyse av datamaterialet og utarbeiding av sluttrapporten. Hjorteviltutvalet har også halde fleire store arrangement om hjort og jakt, som har vore ope for alle i dei sju kommunane. Det siste arrangementet var halde i Ulsteinvik i 2011. På denne fagdagen lærte ein mellom anna om partering og slakting. Slike arrangement har vore særskild populære i jegermiljøa og hatt stor oppslutning. Sidan utvalet var oppretta har det vore gjennomført vårteljing av hjort på innmark to netter kvar vår. Dette datamaterialet

vert brukt saman med andre data til å sjå på bestandsutviklinga for hjorten i regionen.

Avgjerslegrunnlag

Saka vart teke opp på bakgrunn av diskusjon i møte i SSHU i mars 2013. Det vart i saksframlegget skissert fleire moglege alternativ for vegen vidare for utvalet. Det går fram av sakframlegget til møte i SSHU og frå referatet frå møte, at det var fleire argument både for og mot oppløysing av utvalet.

Argument mot oppløysing av utvalet

- Både representantar frå kommuneadministrasjonen og dei politiske representantane understrekar at det er heilt klart ynskjeleg å halde fram med eit samarbeid i regionen der ein har høve til å utveksle kunnskap og erfaringar.
- I det reviderte lovverket for hjorteviltforvaltning frå 2012 og i nasjonale føringar, er samarbeid på tvers av kommunegrensar og over mykje større areal enn i dag, peika på som viktig. Sett i lys av dette er eit etablert interkommunalt forum særst nyttig.
- SSHU har ressursar som gjer det mogleg å halde store arrangement som t.d. fagdagar om hjort. Utan utvalet er det mogleg at regionen vert utan slike arrangement.
- SSHU har organisert vårteljningane av hjort, og det er viktig å halde fram med desse.

Argument for oppløysing av utvalet

- Eit ambulerande sekretariat, slik vedtektene tilseier, er særst tungvindt og gjev liten kontinuitet.
- Dei seinare år har i praksis utvalet vore drifta av den einskilde kommunale sakshandsamaren i den kommunen som har sekretariatet. Dette er ikkje i samsvar med vedtektene. Frå alle medlemskommunane har det i tillegg kome klare signal om administrasjonen korkje har ressursar til å stå for drift av utvalet, eller å ha ansvar for sekretariatet.
- Dei siste åra har utvalet hatt liten aktivitet. Slik som utvalet fungerer i dag, kan ein få utretta dei same funksjonane utan eit utval som krev sekretariat, rekneskap osv.
- Endringar innan hjorteviltforvaltninga gjer at utvalet har ei samansetting som er mindre føremålsteleg enn før. I tillegg vil politiske endringar der dei tradisjonelle viltnemndene forsvinn kunne føre til at den kompetansen som utvalet skal ha vert svekka.

Etter vurdering av argumenta og ei omfattande drøfting fatta styret i SSHU følgjande vedtak:

"Vedtak:

Styret i Søre Sunnmøre Hjorteviltutval stemmer for å legge ned utvalet. Midlane og eigedelane til utvalet bindast for 5 år med høve til etablering av nytt utval. Viss det ikkje vert etablert eit nytt utval innan 5 år vert midlane delt likt på medlemskommunane ved oppløysingstidspunktet.

Grunngjeving:

Styret meiner at utvalet har gjort eit godt arbeid. Endringar i den politiske strukturen på viltforvaltning og økt arbeidsmengde for administrasjonen gjer at utvalet bør avviklast.

Stemmegeving:

Samrøystes "

Oppløysing av utvalet:

Som det går fram av vedtaket i SSHU, og vedtektene til utvalet, vil ein ved oppløysing fryse utvalet sine midlar for 5 år i påvente av etablering av eit nytt utval. Om slik nyetablering uteblir vert midlane delt mellom kommunane.

Ei oppløysing av SSHU krev eit vedtak frå kommunestyret i kvar enkelt kommune med 2/3 fleirtal for oppløysinga (jf. Vedtekter for SSHU, punkt 7).

Vurdering og konklusjon:

Styret i SSHU har gjort vedtak om å leggje ned utvalet basert på at utvalet har utført mykje av jobben dei var skipa for å gjere. Vidare tilseier endringar i hjortevidtforvaltinga og den politiske strukturen, samt arbeidsmengda som fell på kommuneadministrasjonen at ein bør avvikle utvalet.

Fosnavåg, 08.11.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Sakshandsamar: Janne Olaug Bareksten

SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL

Eit samarbeidsutval i viltforvaltninga for kommunane

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

Møtereferat frå styremøte i Søre Sunnmøre Hjorteviltutval

Dato: 26.06.2013

Tid: Kl 17.05 – 18.10

Stad: Søre Sunnmøre Landbrukskontor i Herøy

Tilstades: Hans Ole Låbakk, Ulstein kommune, leiar
Sigurd Nygard, Herøy kommune, nestleiar
Else-Beate Barstad, Ørsta kommune
Bjarte Rovde, Sande kommune

Liv-Bente Viddal, sekretær Ørsta kommune
Kristin Wadsten, sekretær Sande kommune
Terje Kolstad, sekretær Vanylven kommune
Janne Bareksten, Herøy, Ulstein og Hareid
Anne Kathrine Løberg, sekretær Herøy, Ulstein og Hareid kommunar

Forfall: Mona Stenersen og Øystein Blom, Vanylven kommune
Annika Brandal og Siv Marit Røyset Kaldhol, Hareid kommune

Volda kommune har pr dato ingen representant

Sak 13: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling av sakliste vart godkjend.

Sak 14: Godkjenning av referat frå møta 12.03.2013

Møtereferat frå 12.03.2013 vart godkjend.

Sak 15: Framtida til Søre Sunnmøre Hjorteviltutval

Politisk valde frå Herøy, Ulstein og Sande har synspunkt på at utvalet bør halde fram. Medlem frå Ørsta kommune meiner vi kan ha samarbeidd om hjorteforvaltning sjølv om vi ikkje har SSHU. Gjennom tida har strukturen på viltforvaltning og viltnemnder endra seg i dei sju kommunane. Administrasjonen i Vanylven, Ørsta, Volda, Sande og SSL seier at dei ikkje har ressursar til å ta sekretariatet framover i den forma det har i dag.

Drøftinga vidare var om utvalet har gjort jobben og at det er tid for å ta ei pause.

SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL

Eit samarbeidsutval i viltforvaltinga for kommunane

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

Vedtak:

Styret i Søre Sunnmøre Hjorteviltutval stemmer for å legge ned utvalet. Midlane og eigedelane til utvalet bindast for 5 år med høve til etablering av nytt utval. Viss det ikkje vert etablert nytt utval innan 5 år vert midlane delt likt på medlemskommunane ved oppløysingstidspunktet.

Grunngjeving:

Styret meiner utvalet har gjort eit godt arbeid. Endring i den politiske strukturen på viltforvalting og økt arbeidsmengde for administrasjonane gjer at utvalet bør avviklast.

Stemmegjeving:

Samrøystes.

Eventuelt

Det vart orientert om status i slutføring av hjortemerkeprosjektet. SSL tek ansvar for å følgje arbeidet med sluttrapporten uavhenging av om utvalet held fram.

26.06.2013

Hans Ole Låbakk

leiar



Sigurd Nygard

Herøy kommune



Else-Beate Barstad

Ørsta kommune



Bjarte Rovde

Sande kommune



Anne Kathrine Løberg
sekretær

Framtida til Søre Sunnmøre Hjorteviltutval

Samandrag av saka:

BAKGRUNN

Siste møte i SSHU vart halde 21.03.2013. Under møtet vart det stilt spørsmål til nytta av utvalet, og om utvalet fungerer i samsvar med føremålet. Dette vart handsama som eiga sak, sak 12 Vegen vidare for SSHU. I møtereferatet står det:

” Det kom innspel på om vi har bruk for utvalet, om utvalet skal ha ei anna form og om vi jobbar etter føremålet.

Utvalet var samde om å sette saka opp på neste møte. Leiar og sekretær førebur alternativ med tanke på endring i vedtektene, eventuell anna samansetting, men med mål om forenkling og mindre formalitetar. Utvalet var samde i at det er viktig med god kommunikasjon på tvers av kommunegrensene om hjort og hjorteforvaltning og at utvalet slik sett har ein misjon.”

FØREMÅLET MED UTVALET

Jamført vedtektene, punkt 2, er føremålet med SSHU:

”Hjorteviltutvalet skal vere eit rådgjevande organ i forvaltning av storvilt hovudoppgåve og arbeide for ei felles hjorteviltforvaltning av fagleg høg standard, der hjorteviltet vert sett på som ein regional ressurs. Utvalet skal og kunne ta opp andre viltforvaltningssaker av regional karakter og interesse. Medlemskommunane kan legge praktiske viltforvaltningssaker av interkommunal karakter til utvalet”

Ut frå nasjonale føringar er forvaltingsplanar og bestandsplanar på tvers av kommunegrensene den utviklinga ein ynskjer innan hjorteviltforvaltninga. I samband med dette er eit interkommunalt forum særst nyttig. Men i ein slik samanheng vil ei anna samansetting av utvalet vere meir føremålsteneleg, til dømes eit utval med fleire aktørar som administrasjonen i kommunane, valdsansvarlege osv. Det kan også vere viktig for administrasjonen i kommunane å ha utveksling og diskusjon, då fylkeskommunen bidreg lite mot diskusjonsforum for hjorteviltforvaltninga.

Utvalet skal jobbe for ei felles hjorteviltforvaltning. Det er vanskeleg å gje ei vurdering av om utvalet fungerer i samsvar med dette føremålet. Dei ulike kommunane har i dag ulike måtar å forvalte hjorteviltet på, t.d. er grunneigarane si involvering ulik. Det ein kjenner til så er det lite samarbeid mellom kommunane om felles hjorteviltforvaltning i dag, i alle fall på administrasjonsnivå.

På nyåret i 2013 hadde både Sande, Ulstein og Herøy utarbeidd høyringsframlegg til forvaltingsplanar som skulle ha vore drøfta i SSHU, men det vart ikkje halde møte som gjorde at dette let seg gjere. Ei drøfting av denne typen saker vil naturleg falle inn under føremålet med utvalet. Det er difor beklageleg at låg aktivitet i utvalet gjer at sjølv ikkje slike saker vert handsama.

AKTIVITET I SSHU

Med unntak av i 2011 då det vart halde fire møte i SSHU i samband med organisering av "Fagdag for hjort", har SSHU hatt eit eller to møter kvart år.

Eit av dei klare fordelane med SSHU er at det økonomiske midlar til å kunne organisere og gjennomføre større arrangement/prosjekt relatert til hjorteforvaltning. Dette er noko som det for ein enkelt kommune kan vere vanskeleg å ta på seg. SSHU har mellom anna vore involvert i følgjande prosjekt/arrangement:

| | |
|-------------|----------------------------|
| 12.02.2011 | Fagdag om hjort |
| 2006-2009 | Vinterbeitekartlegging |
| 17.03.2007 | Jus og hjort |
| 27.06.2005 | Temamøte hjorteforvaltning |
| 1999- | Hjortemerkeprosjekt |
| Ferdig 2010 | Viltovergang i Furene |

STYRET

Styret i SSHU skal bestå av ein representant frå viltnemnda i kvar kommune (jmf. Punkt 1 i vedtektene). Oppgåvene til styret er gjeve i vedtektene sitt punkt 3:

"Styret skal:

Arbeide for å løyse oppgåvene ut frå vedtekne føremål og arbeidsprogram.

Stå for den administrative og økonomiske drifta av utval innanfor vedtekne budsjettammer. Leiari, saman med to styremedlemmer forpliktar utvalet med sine underskrifter. Styret kan gje fullmakter.

Styret skal sørge for at det vert ført rekneskap og møteprotokoll.

Ved likt røystetal i styret har leiaren dobbeltrøyst.

Styret skal legge fram årsmelding og rekneskap for godkjenning i medlemskommunane."

Desse vedtektene legg ansvaret for aktiviteten i utvalet hos medlemma i styret. Dette er i liten grad situasjonen i dag. Aktiviteten i utvalet har dei siste år vore sterkt avhengig av sekretariatet. Det finst heller ikkje eit arbeidsprogram for utvalet som viser kva saker utvalet skal jobbe for.

SEKRETARIAT

Sekretariat, med økonomistyring, møteinnkallingar, protokollføring, skriving av årsmelding og sakshandsaming, har ligge hos administrasjonen i den einskilde kommunen. Då sekretariatet er ambulerande vil ein i praksis ha nytt sekretariat kvart andre år. Dette medfører skifte av bank, sakshandsamar og liknande særst ofte, og ordninga er difor arbeidskrevjande. Erfaringane frå siste store arrangement, Fagdag om hjort i 2011, var at dette også kravde stor innsats frå administrasjonen i kommunen som sat med sekretariatet.

Under diskusjonen i møtet 21.03.2013 kom det mellom anna fram at administrasjonen i fleire av kommunane ikkje har kapasitet til å ta på seg sekretariatet ved neste skifte av kommune. Då sekretariat i SSHU ikkje er ei lovpålagt oppgåve er det naturleg at dette ikkje vert prioritert. Dette vil kanskje bety at det ikkje vert nokon aktivitet i SSHU i komande år om ikkje medlemma i styret har ei meir aktiv rolle og sekretariatet vert lagt til andre enn kommuneadministrasjonen.

I vedtektene er det noko uklart korleis sekretariatfunksjonen skal vere. Jamført punkt 3 i vedtektene er administrering av utvalet og sekretariat styret si oppgåve:

”Styret skal:

Stå for den administrative og økonomiske drifta av utval innanfor vedtekne budsjettammer. Leiar, saman med to styremedlemmer forpliktar utvalet med sine underskrifter. Styret kan gje fullmakter.

Styret skal sørge for at det vert ført rekneskap og møteprotokoll.

Styret skal legge fram årsmelding og rekneskap for godkjenning i medlemskommunane.”

Punkt 4 i vedtektene tilseier at styret skal oppnemne personar og komitear til sakshandsaming innanfor rammer gjeve av styret. Det heiter vidare at sekretariatet skal vere ambulerande og ligg hos kommunen som har leiarvervet. I tillegg vert det gjeve rom for at ein kan vurdere tilsetting av sekretær. Utgiftene til dette skal verte dekkja av prosjektbudsjettet. I punkt 5 i vedtektene går det fram at rekneskap og revisjon skal verte utført av kommunen som har sekretariatet.

I praksis har alle desse oppgåvene vore utført av den einskilde sakshandsamar på viltforvaltning i kommunen, på trass av at kommuneadministrasjonen ikkje er gjeve særskilde oppgåver i vedtektene.

Oppsummering og vurdering:

Med tanke på eit større fokus på interkommunalt samarbeid og behov for eit forum for utveksling av kunnskap og erfaringar om hjorteviltforvaltning er SSHU viktig. SSHU har også hatt ei sentral rolle i å arrangere større hendingar og sette i gong prosjekt som er for store til at ein einskild kommune kan ta på seg ansvaret.

I dei seinare år har ansvaret for aktiviteten i utvalet, samt dei andre oppgåvene som er skildra i vedtektene lege hos den einskilde kommunen sin sakshandsamar på viltforvaltning. Dette er ikkje i samsvar med oppgåvedelinga slik det går fram i vedtektene. Det er kome heilt klare signal om at kommuneadministrasjonen i fleire av kommunane, at ein ikkje har ressursar til å ta på seg sekretariatet ved neste skifte av leiar. Eit ambulerande sekretariat er dessutan arbeidskrevjande og gjer at det vert lite kontinuitet.

Det er heilt klart ynskjeleg å halde fram med eit samarbeid i regionen, der både politikarar og kommuneadministrasjon kan møtast for å utveksle kunnskap og erfaringar. Likeeins er det viktig å halde fram med vårteljingane etter same mønster som før. Dette krev ikkje eit utval med ei slik form som i dag, og kan gjerne skje gjennom eit meir uformelt samarbeid.

Det er fleire moglege alternativ til vegen vidare for SSHU. Her vert det skissert dei to alternativa som vert rekna for mest aktuelle:

Framtida til SSHU – vedlegg 2 i møte 26.06.2013

Alternativ 1

SSHU held fram under dei vedtektene som føreligg per i dag, men med eit styre som tek på seg alle dei oppgåvene som er skildra i vedtektene. Dette betyr at hovudansvaret for all aktivitet i utvalet ligg hos leiar og styremedlemma. Dei må vedta eit arbeidsprogram, finne sakshandsamarar og arbeidsgrupper, stå for økonomistyringa og ta ansvaret for sekretariatfunksjonen.

Alternativ 2

Ein avviklar SHHU. Dette krev eit 2/3 fleirtal i styret, før saka vert sendt vidare til dei einskilde kommunane som må vedta avvikling med same fleirtal. Midlane til utvalet vil då verte bunde i 5 år i påvente av oppstart av eit nytt utval. Skjer ikkje dette vert midlane delt mellom kommunane.

Hans-Ole Låbakk /s
Leiar


Janne Bareksten og Anne Kathrine Løberg
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL

Eit samarbeidsutval i viltforvaltinga for kommunane

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

VEDTEKTER FOR DET INTERKOMMUNALE HJORTEVILTUTVALET FOR SØRE SUNNMØRE

Framlegg til vedtekter av 18.06.1997 og vedtekne av medlemskommunane utan endring. Vedtektene er endra i årsmøte 14.03.2011 og seinare stadfesta av medlemskommunane.

1. MEDLEMER

Det interkommunale hjorteviltutvalet for Søre Sunnmøre er eit samarbeidsorgan for storviltforvaltning for kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta i Møre og Romsdal. Kvar kommune oppnemnar ein representant med personleg varamann frå kvar viltneemd/ naturforvaltningsutval som medlemmer i utvalet. Overordna viltforvaltningsorgan på regional og sentralt nivå kan møte som konsultative medlemmer i utvalet. Deler av ein kommune, privatpersonar eller organisasjonar kan ikkje stå som medlemmer i utvalet. Opptak av nye medlemskommunar må godkjennast av eit samla styre.

2. FØREMÅL

Hjorteviltutvalet skal vere eit rådgjevande organ i forvaltning av storvilt med hovudoppgåve og arbeide for ei felles hjorteviltforvaltning av fagleg høg standard, der hjorteviltet vert sett på som ein regional ressurs. Utvalet skal og kunne ta opp andre viltforvaltningssaker av regional karakter og interesse. Medlemskommunane kan legge praktiske viltforvaltningssaker av interkommunal karakter til utvalet.

3. STYRET

Dei oppnemnde representantane frå medlemskommunane utgjer styret, og valet følgjer den kommunale valperioden. Styret konstituerer seg sjølv ved val av leiar og nestleiar for 2 år om gangen. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Innan styret kan det oppnemnast eit arbeidsutval som er samansett av leiar og to andre representantar. Arbeidsutvalet kan ikkje fatte bindande vedtak med mindre styret har gjeve fullmakt til dette.

Styret skal:

- a. Arbeide for å løyse oppgåvene ut frå vedtekne føremål og arbeidsprogram.
- b. Stå for den administrative og økonomiske drifta av utval innanfor vedtekne budsjetttrammer. Leiar, saman med to styremedlemmer forpliktar utvalet med sine underskrifter. Styret kan gje fullmakter.
- c. Styret skal sørge for at det vert ført rekneskap og møteprotokoll.
- d. Ved likt røystetal i styret har leiaren dobbeltrøyst.
- e. Styret skal legge fram årsmelding og rekneskap for godkjenning i medlemskommunane.

SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL

Eit samarbeidsutval i viltforvaltinga for kommunane

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

4. UTVAL, KOMITEAR OG ADMINISTRASJON

Styret kan oppnemne komitear og personar til å handsame enkeltsaker innanfor rammer gitt av styret. Sekretariatet ambulerer mellom medlemskommunane og vert lagt (bør leggest?) til den kommunen som til ei kvar tid har leiarvervet. I periodar med stort arbeidspress, t.d. i samband med prosjektarbeid/ spesielle oppgåver er det grunnlag for å vurdere tilsetjing av eigen sekretær. Slike ekstra sekretærutgifter bør inkluderast i vedkomande prosjektbudsjett.

5. ØKONOMI

For verksemda i utvalet skal det setjast opp og godkjennast eit årleg budsjett som er finansiert gjennom medlemskontingent, tilskot og andre inntekter. Medlemskontingenten har ein lik grunnkontingent pr kommune på kr. 3 000,- årleg og ei avgift på kr 10,- pr felte dyr pr år. Avgifta pr felte dyr vert utrekna på grunnlag av førre års felling. Vedtak om å auke kontingentsatsane ut over indeksregulering må godkjennast av alle medlemskommunane. Det skal førast eige rekneskap som vert lagt til sekretariatskommunen med tilhøyrande revisjon. Møtegodtgjersler og reiseutgifter for utvalsmedlemene vert dekte av den einskilde kommune. For å dekke utgifter til spesielle behov som krev midlar ut over det budsjetterte, må det søkast ekstraløyving frå medlemskommunane.

6. ENDRINGAR AV VEDTEKTENE

Framlegg til endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal i styret for å kunne leggest fram for medlemskommunane for godkjenning. Medlemskommunane har 6 vekers handsamingsfrist, og dersom ingen av kommunane har gått imot endringane innan fristen, er vedtektsendringane godkjende.

7. UTMELDING AV OG EVENTUELL OPPLØYSING AV UTVALET

Etter gyldig kommunestyrevedtak kan ein medlemskommune fritt melde seg ut av utvalet så snart inneverande års kontingent er betalt. Ein medlemskommune som går ut, har ikkje krav på nokon av utvalet sine eigendelar.

Framlegg om oppløysing av utvalet krev 2/3 fleirtal i styret for det kan leggest fram for og godkjennast av medlemskommunane med tilsvarande fleirtal. Ved oppløysing av utvalet skal eigendelar og midlar bindast for 5 år med høve til etablering av nytt utval. Dersom det ikkje vert etablert mytt utval innan 5 år, vert midlane delte likt på medlemskommunane ved oppløysingstidspunktet.

8. IKRAFTSETJING

Desse vedtektene trer i kraft når vedtak er gjort i alle kommunane.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|------|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | EKRU | Arkivsaknr: | 2013/1434 |
| | | Arkiv: | 074 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------|------------|
| 179/13 | Kommunestyret | 12.12.2013 |

FULLMAKT TIL EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING I TUSSA KRAFT 2013

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret gir ordførar fullmakt til å møte til ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft i desember 2013. Fullmakta er gitt for å stemme for fusjon mellom Tafjord Kraftnett AS og Tussa Nett AS, men berre under føresetnad av at registrert føretaksadresse til nettselskapet/Tussa Kraft blir vidareført i Dragsund, Herøy kommune.

Særutskrift:
Økonomiavdelinga

Tussa Kraft AS

Vedlegg:

Vedlegg

1 Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft 20.12.2013

2 Fullmakt

[Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft den 20. desember 2013 kl. 10.00.](#)

Saksopplysningar:

Styret i Tussa Kraft AS har godkjent ein fusjon mellom Tafjord Kraftnett AS og Tussa Nett AS, noko som blir løfta opp til godkjenning av eigarane i ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS 20. desember.

Rådmann og ordførar møtte til eigarmøte i Tussa Kraft AS fredag 29. november 2013, der det vart gitt ei orientering om prosessen fram mot fusjonsvedtak. Etter berekningane frå både Tafjord og Tussa er fusjonen mellom nettselskapa ein ønska forretningsutvikling. Målet er i korte trekk å bygge ein meir robust organisasjon, og samstundes hente ut synergieffektar med mål om høgare framtidig avkastning til eigarane.

Ein viktig faktor for Herøy kommune er at registrert føretaksadresse til nettselskapet/Tussa Kraft AS gir grunnlag i dag for ca. 1,9 million i RDA midlar til Herøy kommune. Dette var ein faktor som Tussa Kraft AS ikkje hadde lagt til grunn i si utgreiing.

Som det går fram av utgreiingsdokumenta er det tenkt å flytte drifta til Ålesund og Ørsta, og dermed avslutte i Dragsund. Den enkle formalitet at føretaksadressa blir flytta til Ørsta, vil redusere RDA-grunnlaget for Herøy kommune.

Rådmannen vil derfor framheve at ei vidareføring av føretaksadresse i Dragsund vil auke RDA midlane med ca. 1 million, til totalt ca. 3 million på årleg basis. Dette er ein vesentleg faktor for Herøy kommune.

Det bør vere ein formalitet for Tussa Kraft AS å vidareføre registrert føretaksadresse i Dragsund, slik at ein sikrar framtidige RDA midlar i Herøy kommune.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen viser til innkallingsdokumenta til den ekstraordinære generalforsamling i Tussa Kraft AS, og tilrår at ein stemmer for fusjon mellom Tafjord Kraftnett AS og Tussa Nett AS. Kommunestyret bør sette som føresetnad at registrert føretaksadresse fortsatt ligg til Herøy kommune.

Konsekvensar for folkehelse:

RDA midlar er ein viktig økonomisk innsatsfaktor i samfunnsutviklinga i Herøy kommune.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen.


Fosnavåg, 03.12.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

TUSSA

Aksjonærene

Vedl. dok. 1 Rådm.

| | |
|--|----------|
|  HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN | |
| Reg.nr. 2013/1434 | Saksbeh. |
| 14 NOV. 2013 | |
| Ark.kode P | |
| Ark.kode S | |
| J.nr. | Dok.nr. |
| Kassasjon | |

TUSSA KRAFT AS

Langemyra 6, 6150 Ørsta
Telefon: 70 04 62 00
Telefaks: 70 04 62 01
E-post: firmapost@tussa.no
Internett: www.tussa.no

Bankkonto: 6562 05 11573
NO 916 929 641 MVA

Dykkar ref.: Vår ref.: Sak/dok.nr Arkivref. Dato:
GG/LT TK 13/00808-2 011 13.11.2013

**Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft den
20. desember 2013 kl. 10.00**

De vert med dette kalla inn til ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS den 20. desember 2013 kl. 10.00, i administrasjonsbygget til Tussa i Hovdebygda i Ørsta. Sakspapira vert sendt til aksjonærene i to eksemplar.

Aksjonærar som ikkje har høve til å møte kan eventuelt gi fullmakt til nokon for å representere dei på generalforsamlinga. Fullmaktsskjema ligg ved.

Vel møtt!

Med vennleg helsing
Tussa Kraft AS



Gunnar Gjørtz
- styreleiar -

Vedlegg: Sakliste, saksframstilling og fullmaktsskjema

Kopi m/vedlegg: Revisor
 Styret

SAKLISTE

til ekstraordinær generalforsamling i Tussa Kraft AS 20.12.2013

- SAK 1 Opning av generalforsamlinga ved styreleiar
- SAK 2 Registrering av representantar
- SAK 3 Val av møteleiar
- SAK 4 Godkjenning av innkalling og sakliste
- SAK 5 Val av to representantar til å skrive under protokollen saman med møteleiar
- SAK 6 Samanslåing av Tussa Kraft AS og Tafjord Kraft AS sine nettverksemdar
- SAK 7 Suppleringsval av ny styremedlem m/vara frå Volda kommune

EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING

I TUSSA KRAFT AS 20.12.2013

Sak nr. 6

Saksnamn: *Samanslåing av Tussa Kraft AS og Tafjord Kraft AS sine nettverksemdr*

Saka vart handsama på styremøte den 08.11.2013, sak 76/13. I samsvar med tilråding frå adm. direktør gjorde styret vedtak om å leggje saka fram for generalforsamlinga med slik:

TILRÅDING:

Generalforsamlinga godkjenner

1. Avtale om etablering av felles nettselskap Mørenett AS av 08.11.2013
2. Aksjonæravtale for Mørenett AS av 08.11.2013 med tilhøyrande utkast til vedtekter

Ørsta, 13.11.2013

Utskrift: LT



Adm.dir.:

Elling Dybdal

Vedlegg:

1. Hovedrapport Mørenett – Utredning av fusjon mellom Tafjord Kraftnett AS og Tussa Nett AS, inkludert
 - a. Utkast vedtekter av 20.12.2013
 - b. Aksjonæravtale
 - c. Avtale om etablering av felles nettselskap Mørenett AS (Transaksjonsavtale)

Sak 6. Samanslåing av Tussa Kraft AS og Tafjord Kraft AS sine nettverksemdar

SAKSFRAMSTILLING

Kva saka gjeld

Styret i Tussa Kraft AS godkjente 08.11.13 avtale om etablering av felles nettselskap Mørenett AS. Styret godkjente også aksjonæravtalen med tilhøyrande vedtekter. Saka blir med dette lagt fram for generalforsamlinga til godkjenning.

Vedlagt følger hovudrapporten for utgreiingsarbeidet – Utredning av fusjon mellom Tafjord Kraftnett AS og Tussa Nett AS. Hovudrapporten byggjer på arbeid utført av sju arbeidsgrupper, der det har vore brei involvering frå tilsette og tillitsvalde både i Tussa og Tafjord.

Hovudtrekk ved tilrådd løysing:


